

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Teams
Dato:	07.03.25
Tid:	Kl. 09.00-12.00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet til Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarleg til Pernille.Moseng.Rieber@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00 Orientering ved rektor

Kl. 09:10 Sakshandsaming

Oddmund Klakegg
Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 03/25	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 04/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 24.01.25	2022/486	

Referatsaker

RS 04/25	Orientering om vedtak om akkreditering av fagområdet helse ved Fagskulen Vestland	2022/486	
----------	---	----------	--

Vedtaksaker

VS 06/25	Årsrekneskap 2024 og budsjett for 2025	2022/486	
VS 07/25	Årsmelding 2024 for Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 08/25	Ny studieforskrift for Fagskulen Vestland	2022/486	
VS 09/25	Kvalitetsmelding for skuleåret 2023/24	2022/486	
VS 10/25	Funksjonar ved Fagskulen Vestland	2022/486	

Eventuelt

Saksnr:	2022/486-199
Saksbehandlar	Pernille Moseng Rieber
Dato:	28.02.2025

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Orientering om vedtak om akkreditering av fagområdet helse ved Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland har søkt NOKUT om akkreditering av fagområdet helse.

Styret i NOKUT har fatta følgjande vedtak om søknaden:

«Fagområdet *helse* ved Fagskulen Vestland akkrediterast med heimel i lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 5 med den avgrensinga av fagområdet som kjem fram i akkrediteringsrapporten».

I vedtaket går det fram krav til rapportering for Fagskulen Vestland til NOKUT. Sjå vedtaket med rapporten vedlagt i saka.

Sjå også pressemeldinga frå NOKUT:

<https://www.nokut.no/nyheter/tre-nye-fagomrade-er-akkrediterte/>

Vedlegg

- 1 Orientering om vedtak om akkreditering av fagområdet helse ved Fagskulen Vestland med vedlegg

FAGSKULEN VESTLAND NORDNES
Postboks 1876 Nordnes
5817 BERGEN

Saksbehandler: Anna Svele

Vår ref: 23/00799-15

Vår dato: 13.02.2025

Deres ref:

Deres dato:

Orientering om vedtak om akkreditering av fagområdet helse ved Fagskulen Vestland

Vi viser til søknaden fra Fagskulen Vestland om akkreditering av fagområdet *helse og oppvekst* sendt 1. november 2023. Søknaden ble endra til akkreditering av fagområdet *helse* i tilsvaret frå fagskolen sendt 17. januar 2025.

NOKUT har vurdert at Fagskulen Vestland tilfredsstillter krava til akkreditering slik dei er utforma i fagskoleloven, fagskoleforskriften og fagskoletilsynsforskriften. Vurderinga er gjort på grunnlag av ei innstilling frå ein sakkunnig komité. Akkrediteringsrapporten blei lagt fram for styret i NOKUT 13. februar 2025.

Styret fatta følgjande vedtak:

Fagområdet *helse* ved Fagskulen Vestland akkrediterast med heimel i lov om høyere yrkesfaglig utdanning § 5 med den avgrensinga av fagområdet som kjem fram i akkrediteringsrapporten.

Rapportering

Fagskulen skal melde i frå til NOKUT om

- nye utdanningar innafor eit akkreditert fagområde
- nye studiestader for ei utdanning
- endring av studiestad for ei utdanning
- endring av namn på ei utdanning
- endring av det samla læringsutbyttet for ei utdanning
- endring av utdanningsform for ei utdanning

Fagskulen skal også melde i frå til NOKUT ved oppretting av nye utdanningar innan fagområdet, jf. fagskoletilsynsforskriften § 5-1.

De melder i frå om at de har oppretta eller endra ei utdanning gjennom skjemaet «Melde fra om endring i akkreditert fagskoleutdanning» i institusjonsportalen til NOKUT. De må også sende den same informasjonen til Kunnskapsdepartementet (postmottak@kd.dep.no), Lånekassen (postmottak@lanekassen.no) og Statistisk sentralbyrå (utdanning_koder@ssb.no).

SSB tildeler alle norske utdanningar ein NUS-kode (Norsk standard for utdanningsgruppering), til bruk i statistikkar der utdanning inngår som ein variabel. De treng NUS-koden for rapportering til SSB og DBH-Fagskolestatistikk. Når de sender melding til SSB, vil de få ein NUS-kode for den nyetablerte utdanninga som blir oppretta under fagområdet. SSB treng ein kopi av studieplanen for å gi riktig NUS-kode.

Med helsing

Christin Drangslund
fungerande seksjonssjef

Anna Svele
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til: DBH Fagskolestatistikk
Det kongelige kunnskapsdepartement
Statens lånekasse for utdanning
FAGSKULEN VESTLAND NORDNES v/Adeline Berntsen Landro

Vedlegg: 23_00799-12 Fagskulen Vestland_akkrediteringsrapport_Fagområdet Helse

AKKREDITERINGS- RAPPORT

Fagskulen Vestland
Akkreditering av fagområdet Helse

2025



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eige styre og er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører vi forvaltingsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.



NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	Fagskulen Vestland
Sakkyndige	Sanja Maksimovic, Line Narvesen Jørgentvedt og Ingrid Marie Aarre
Dato for vedtak	13. februar 2025
NOKUTs saksnummer	23/00799

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

Føreord

Fagskular som oppfyller bestemte vilkår kan søkje akkreditering for eit fagområde, og slik få fullmakt til sjølv å opprette fagskuleutdanningar innan dette fagområdet jf. § 5 i lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven). NOKUT akkrediterer fagområde etter forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften) og forskrift om akkreditering av og tilsyn med høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoletilsynsforskriften).

Denne rapporten inneheld vurdering av akkreditering for fagområdet *helse og oppvekst* (endra til *helse* etter foreløpig rapport) for Fagskulen Vestland. Vurderinga av krava til eit akkreditert fagområde i fagskoletilsynsforskriften er gjennomført av ein sakkunnig komité på bakgrunn av søknaden frå fagskulen datert 1. november 2023, institusjonsbesøk i april 2024 og tilbakemeldinga frå fagskulen datert 22. januar 2025.

NOKUT har konkludert med at Fagskulen Vestland på ein tilfredsstillande måte oppfyller krava i fagskoleloven, fagskoleforskriften og fagskoletilsynsforskriften.

Fagområdet *helse* ved Fagskulen Vestland akkrediterast med den avgrensinga av fagområdet som kjem fram i akkrediteringsrapporten.

Innhold

1 Om søkeren og søknadsbehandlingen	5
1.1 Fagskulen Vestland	5
1.2 Søknadsbehandlingen	5
2 Krav for å kunne søke akkreditering	6
2.1 Primærverksemda til fagskulen	6
2.2 Uteksaminerte kandidatar	6
2.3 Garanti- og forsikringsordningar	7
3 Krav til kvalitetsarbeid ved fagskulen	8
4 Sakkunnig vurdering av krav til akkrediterte fagområde.....	9
4.1 Avgrensing av fagområdet	9
4.2 Fagmiljøet som er tilknytt fagområdet	13
4.3 Samarbeid med yrkesfeltet	16
5 Konklusjon	18
6 Tilsvar frå fagskulen til den sakkunnige vurderinga.....	19
6.1 Tilbakemelding frå fagskulen	19
6.2 Sakkunnig vurdering av tilbakemeldinga	20
6.3 Endeleg konklusjon frå den sakkunnige komiteen.....	21
7 Vedtak	21
Vedlegg 1: Oversikt over dokumentasjonen vedtaket bygger på	22
Vedlegg 2: Presentasjon av den sakkunnige komiteen.....	23

1 Om søkjaren og søknadsbehandlinga

1.1 Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland er ein offentleg fagskule og er eigd av Vestland fylkeskommune. Han blei oppretta i 2022 då fagskulane Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane blei slått saman. Fagskulen Vestland har fleire studiestader i Vestland fylke (mellom anna i Bergen, Førde, Voss, Austevoll, på Måløy og Hjeltnes). Hovudadministrasjonen held til i Bergen, på Nordnes.

Fagskulen Vestland har ei akkreditering for fagområde frå før: akkreditering for *teknisk* fagområde frå 2021 (ved Fagskolen i Hordaland).

Fagskulen har i dag omkring 50 ulike fagskuleutdanningar, innanfor maritime, marine, tekniske, petroleumtekniske, grønne- og helsefaglege retningar. Fagskulen har både nettbaserte (med eller utan samlingar) og stadbaserte utdanningar. Innan helsefag var det totalt 80 studentar skuleåret 2023/24 fordelt på fem klasser. Studentane gjekk ved dei tre utdanningane *Psykisk helsearbeid og rusarbeid, Rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi* og *Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta*. Fagskulen har også akkreditering for andre helseutdanningar, sjølv om dei ikkje tilbyr aller per i dag.

1.2 Søknadsbehandlinga

Fagskulen Vestland sende inn søknad om akkreditering for fagområdet *helse og oppvekst* til søknadsfristen 1. november 2023. Fagskulen har som nemnt ei fagområdeakkreditering frå før.

NOKUT har vurdert at fagskulen oppfyller krava for å kunne søkje om fagområdeakkreditering i fagskoleforskriften § 48 første avsnitt om primærverksemd, uteksaminerte kandidatar, og garanti- og forsikringsordning. NOKUT har også vurdert at fagskulen har utarbeidd tilfredsstillande rutinar for å opprette utdanningar han sjølv vil få fullmakt til å akkreditere, og at han har utarbeidd tilfredsstillande rutinar for å gjennomføre vesentlege endringar, jf. fagskoletilsynsforskriften § 4-2 andre avsnitt.

Etter at NOKUT hadde gjort desse innleiande vurderingane, blei det oppnemnt ein sakkunnig komité til å vurdere krava til eit akkreditert fagområde i fagskoletilsynsforskriften kapittel 3. NOKUT skal oppnemne sakkunnige for å gjennomføre vurderingar ved akkreditering av fagområde, og dei sakkunnige skal gi rapport med anbefalingar om vedtak til NOKUT, jf. fagskoleforskriften § 46. Krava til kompetanse blant dei sakkunnige er regulert i fagskoletilsynsforskriften § 5-4. Komiteen består av Sanja Maksimovic (leder), Line Jørgentvedt og Ingrid Marie Aarre. Se vedlegg til denne rapporten, for presentasjon av kompetansen til dei sakkunnige.

NOKUT gjennomførte et fysisk institusjonsbesøk ved Fagskulen Vestland den 11. april 2024. Den sakkunnige komiteen intervjuar då representantar frå den faglege og administrative leiinga ved fagskulen, fagleg og pedagogisk ansvarlege for fagområdet, lærarar innan fagområdet, studentar innan fagområdet, eksterne samarbeidspartnarar og styret ved fagskulen. Dei sakkunnige har basert vurderingane sine på den skriftlege dokumentasjonen som er sendt inn frå institusjonen, intervju under institusjonsbesøket og tilsvaret frå

fagskulen til den foreløpige rapporten. I tilsvaret frå fagskulen endra fagskulen søknaden frå «helse og oppvekst» til «helse».

Den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i eInnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

2 Krav for å kunne søkje akkreditering

2.1 Primærverksemda til fagskulen

Fagskoleforskriften § 48 (1) a)

Fagskolens primærvirksomhet skal være utdanning og være tydelig avgrenset fra eventuell annen virksomhet.

Skildring av dokumentasjonen

Fagskulen er registrert som ei eining under Vestland fylkeskommune. Den primære verksemda til Fagskulen Vestland er utdanning, og dei har inga verksemd utover fagskuleutdanning og kursverksemd.

Vurdering

NOKUT vurderer at kravet – om at den primære verksemda til fagskulen skal vere utdanning – er oppfylt.

Konklusjon

Kravet i fagskoleforskriften § 48 første avsnitt bokstav a er oppfylt.

2.2 Uteksaminerte kandidatar

Fagskoleforskriften § 48 (1) b)

Fagskolen må ha uteksaminert kandidatar i minst én akkreditert fagskuleutdanning i minst to år.

Skildring av dokumentasjonen

Forløparen til Fagskulen Vestland (før samanslåinga) har eksistert som fagskule sidan 2006. Fagskulen har hatt helsefagskuleutdanning sidan 2008, og har uteksaminert kandidatar i akkrediterte fagskuleutdanningar i mange år. Fagskulen uteksaminerte 127 studentar i 2024 og 126 studentar i 2023. (Tala er henta frå DBH.)

Vurdering

NOKUT vurderer at kravet om uteksaminerte kandidatar er oppfylt.

Konklusjon

Kravet i fagskoleforskriften § 48 første avsnitt bokstav b er oppfylt.

2.3 Garanti- og forsikringsordningar

Fagskoleforskriften § 48 (1) c)

Fagskolen må dokumentere deltakelse i garanti- eller forsikringsordning som sikrer studenter refusjon av innbetalte skolepenger dersom fagskolen frivillig eller pålagt stanser en fagskoleutdanning og dette medfører at noen studenter ikke får fullført utdanningen etter oppsatt plan. Garanti- eller forsikringsordningen skal dekke innbetalte skolepenger for fagskoleutdanninger som enten blir avbrutt eller ikke starter.

Skildring av dokumentasjonen

Vestland fylkeskommune er skuleeigar for Fagskulen Vestland, og fylkeskommunen er sjølvassurandør. I tillegg har Fagskulen Vestland inngått ei gjensidig avtale med Fagskolen Rogaland om overtaking av studentar innan samanfallande utdanningar dersom det skulle oppstå ein situasjon der studentane ikkje kan fullføre ei utdanning dei har starta på.

Vurdering

Studentar skal vere sikra refusjon av innbetalte skolepengar dersom fagskolen frivillig eller pålagt stansar ein fagskoleutdanning slik at studentar ikkje får fullført utdanninga. NOKUT vil presisere at dette er eit sjølvstendig vilkår for å få behandla ein søknad om akkreditering for fagområde, og at studentane difor har rett til å få tilbake skolepengane sine uavhengig av om studentane får plass på eit tilsvarende tilbud ved ein annan fagskole. NOKUT føreset difor at fagskolen omformulerer garanti- og forsikringsordninga si, slik at ein ikkje kan misforstå at studentane har rett til refusjon av skolepengar.

NOKUT vurderer at kravet om garanti- og forsikringsordningar er oppfylt.

Konklusjon

Kravet i fagskoleforskriften § 48 første avsnitt bokstav c er oppfylt.

3 Krav til kvalitetsarbeid ved fagskulen

Fagskoletilsynsforskriften § 4-2 (2)

For fagskoler med fagområdeakkreditering skal systemet for kvalitetssikring også vise prosedyrer for hvordan fagskolen

- a) oppretter utdanninger den selv har fullmakt til å akkreditere
- b) gjennomfører vesentlige endringer av utdanninger som hører inn under fagområdet

Skildring av dokumentasjonen

Fagskulen Vestland har allerede akkreditering for eit fagområde, og prosedyren deira for oppretting av utdanningar og gjennomføring av vesentlege endringar blei vurdert den gong fagskulen (Hordaland fagskole) fekk akkreditering. Føremålet med rutinane er å ivareta den kontrollfunksjonen som NOKUT elles ville ha hatt. Sidan fagskulen fekk ei akkreditering har han vore igjennom ein fusjon. Fagskulen har sendt med den nye prosedyren deira som ein del av søknaden: Ei «rutine for å utvikle ny fagskuleutdanning innan akkreditert fagområde» og ei «Rutine for å endre utdanning innan akkreditert fagområde».

Vurdering

NOKUT har vurdert om fagskulen har gjort endringar i prosedyren som ikkje er i tråd med krava.

NOKUT vurderer at fagskulen ikkje har gjort endringar som endrar den opphavlege vurderinga til NOKUT. Krava til prosedyre for å opprette og gjere endringar i utdanningar er framleis oppfylt.

Konklusjon

Kravet i fagskoletilsynsforskriften § 4-2 andre avsnitt er framleis oppfylt.

4 Sakkunnig vurdering av krav til akkrediterte fagområde

4.1 Avgrensing av fagområdet

Fagskoletilsynsforskriften § 3-1 Avgrensning av fagområdet

(1) Fagområdet skal være relatert til ett eller flere yrkesfelt. Fagområdet skal være tydelig definert og avgrenset, men ha tilstrekkelig faglig bredde til å inkludere flere utdanninger

(2) Fagskolen skal ha en strategi med mål og tiltak for å utvikle fagområdet, og kunne gjennomføre denne

Skildring av dokumentasjonen

Avgrensing

Fagskulen Vestland søker om akkreditering av fagområdet *helse og oppvekst*. Om yrkesfelt skriv fagskulen at dei vil utdanne personell i helsesektoren og i oppvekstsektoren. I søknaden står det at «Fagområdet *helse og oppvekst* byggjer på utdanningsprogramma som ligg under programområdet *helse- og oppvekstfag* på vidaregåande opplæringsnivå.».

Fagskulen skriv vidare i søknaden sin at «Fagområdet helse- og oppvekst bygger på sjukepleie- og vernepleievitskap, spesialpedagogikk og pedagogikk for barn og unge. Yrkeserfaring innan fagområdet er i hovudsak frå helse- og omsorgssektoren i spesialisthelsetenesta og kommunale tenester, samt frå oppvekstsektoren (barnehage, skule, SFO, barnevern).» Fagskulen ønskjer å utvikle «skreddarsydd» fleksible utdanningar som møter kommunar og spesialisthelsetenesta sitt behov med tanke på oppgåvegilding. Parallelt med desse tilboda ser fagskulen eit behov for å utvikle studieplanar innan oppvekstsektoren. Fagskulen skriv at dei har mange studentar frå oppvekstsektoren i *Psykisk helsearbeid og rusarbeid og Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi*, og at dei «ønskjer å gje tilbod som i enno større grad er retta mot oppvekstsektoren». Fagskulen tilbyr ingen reine oppvekstfaglege utdanningar i dag. Fagskulen tilbyr tre fagskuleutdanningar som ifølge søkjaren vil gå inn i fagområdet med den avgrensinga som er gjort her. Dei tre fagskuleutdanningane er:

- *Psykisk helsearbeid og rusarbeid*
- *Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi*
- *Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta*

Under institusjonsbesøket kom det fram at fagskulen ønskjer å utvikle utdanningar som ligg i skjæringspunktet mellom helse og oppvekst, altså utdanningar innan meistring, miljøarbeid og psykisk og fysisk helse frå 0 til 18 år. Fagskulen har i søknaden omtala dei følgjande utdanningane som aktuelle å opprette med ei fagområdeakkreditering i helse og oppvekst: Under overskrifta «Fagområde oppvekst»:

- *Psykososialt arbeid med barn og unge*

- *Administrasjon og leiing*
- *Rettleiing*
- *Heilheitleg miljøarbeid*

Fagskulen skriv her at dei tre utdanningane *Administrasjon og leiing*, *Rettleiing* og *Heilheitleg miljøarbeid* er «aktuelle utdanningar innan oppvekst også kan sortera under fagområdet helse». Om utdanninga *Psykososialt arbeid med barn og unge* skriv fagskulen at «helse og oppvekst ikkje lenger kan vera to skilde fagområde. Fagleg meistring, sosial kompetanse og psykisk helse heng nært saman og skulen treng meir enn nokon gong eit styrkebasert fokus i opplæringa». Dei argumenterer for at dette er naudsynt for å kunne innfri dei nye krava om «rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring» i opplæringslova.

Under overskrifta «Fagområde helse» nemner fagskulen desse utdanningane som aktuelle:

- *Observasjons- og vurderingskompetanse*
- *Barsel og barnepleie*
- *Palliasjon*
- *Eldre og livsmeistring*
- *Nevrologiske sjukdommar og skadar*
- *Administrasjon og leiing*
- *Sterilteknikk og aseptikk for personell på tannlegekontor, poliklinikkar og legekontor*
- *Rettleiing*
- *Livsstil og kroniske sjukdommar*
- *Heilheitleg miljøarbeid*

Strategi

Fagskulen har lagt ved ein strategi for fagskulen: «Strategi 2023 – 2027», og ein strategiplan/handlingsplan for fagområdet: «Strategi og handlingsplan for fagområde helse og oppvekst» (ettersendt 21. mars 2024).

Fagskulen skriv i eit styreframlegg som er lagt ved søknaden at

«Strategien tek utgangspunkt i fagskulen sin overordna strategi og omtalar hovudmål, delmål og tiltak, gjennom ein handlingsplan, for å vidareutvikle fagfeltet helse og oppvekst. Som overordna strategi for Fagskulen Vestland vektlegg også helseavdelinga fagleg vidareutvikling av eksisterande og nye tilbod, samt styrking av fagmiljø og vidareutvikling av samarbeid med arbeidslivet. Fleksibilitet og digitale løysingar er også vektlagt i strategien som satsingsområde.»

Strategi- og handlingsplanen for fagområdet inneheld delmål knytt til kvart av hovudmåla til fagskulen, og fagskulen har satt delmål, formulert tiltak, fordelt ansvar, utarbeida kritiske suksessfaktorar, satt fristar og oppgitt korleis dei skal evaluere tiltaka. Døme på tiltak relatert til fagområdet er:

- «Opprette tverrfagleg referansegruppe med sektorovergripande fokus på helse og oppvekst, årleg møte
- Oppretta fagråd innan fagområdet oppvekst»

og

- «I tillegg til 120, 60 og 30 studiepoengs-utdanningar vil vi laga kortare utdanningar (f. eks 10 stp) og kurs innan aktuelle tema som arbeidslivet etterspør, og på dette viset styrka arbeidslivet i arbeidet med oppgåvegliding og kompetanseheving
- Utvikla nytt studietilbod: Psykososialt arbeid med barn og unge 60 st.p
- Utvikla nytt studietilbod: Observasjons- og vurderingskompetanse 60 st.p
- Utvikla nytt studietilbod Administrasjon og leiing 120 stp (fagspesifikk del 60 stp + adm. og leiing 60 stp)»

Når det gjeld økonomiske ressursar og evna til å gjennomføre strategien, har fagskulen i søknaden gitt informasjon om budsjett og kvar pengane kjem frå. Dei skriv at det ved helseavdelinga har vore satsa dei fem siste åra, og at det er tilført meir ressursar for å drive utvikling. Vidare nemner fagskulen ulike utviklingsprosjekt i høve til pedagogisk utvikling og utvikling av nye utdanningar. Fagskulen skriv at dei «planlegg også å søkje om utviklingsmidlar i 2024 for å etablere eit ferdigheitsrom for trening.»

Fagskulen har også skildra lokalar, infrastruktur og utstyr som er relevant for å gjennomføre strategien. Fagskulen skriv mellom anna

«Ved helseavdelinga er det i dag ikkje kjøpt inn konkret utstyr til utdanningane, utan om det digitale utstyret som er for alle utdanningar, men skulen samarbeider mellom anna med Helse Bergen og Høgskulen på Vestlandet om bruk av utstyr knytt til utdanningane der dette er naudsynt. Som nemnt planlegg fagskulen å investere i eit ferdigheitsrom og skal søkje utviklingsmidlar til dette.»

For å kunne gjennomføre strategien må fagskulen ha den nødvendige kompetansen til å utvikle utdanningane. Fagskulen skriv at dei har «brei kompetanse innan lærar, sjukepleie, vernepleie frå ulike arbeidsfelt i helse og oppvekstsektoren», men at «Det planleggast for å tilsette ein barnehagelærar i fast stilling for å styrke kompetansen innan oppvekstsektoren.»

Vurdering

Avgrensing

Fagskulen har søkt akkreditering for eit fagområde som er relatert til fleire yrkesfelt. Vidare har fagområdet helse- og oppvekst tilstrekkeleg fagleg breidde til å inkludere fleire utdanningar. Komiteen vurderer at det same gjeld for fagområdet *helse* og fagområdet *oppvekst* om ein ser dem kvar for seg. Fagskulen har relatert fagområdet til utdanningsprogram i helse og oppvekst i vidaregåande opplæring. Både helse- og oppvekst samla og kvar for seg, er fagområde som vil kunne gje ei breidde i opptak av studentar med relevant startkompetanse.

Fagskulen har inga erfaring med å tilby oppvekstfaglege utdanningar per i dag, men lang erfaring med å tilby helsefaglege fagskuleutdanningar. Fagskulen skriv at dei ønskjer å gje fleire helsefaglege tilbod (og gjere vesentlege endringar i utdanningar dei allereie tilbyr),

men også tilbud som i større grad er retta mot oppvekstsektoren. Dei utdanningane fagskulen listar opp som aktuelle å starte opp, rettar seg mot den delen av oppvekst som inkluderer fysisk, psykisk, sosial og kognitiv utvikling.

Fagskulen har berre til ei viss grad gjort greie for korleis dei forstår den reint oppvekstfaglege dimensjonen av fagområdet, men dei har ikkje definert kva som er dei viktigaste delane av oppvekst. Komiteen meiner at eit fagområde som oppvekst treff bredt og at det famnar om alderstrinna heilt frå 0 til 20 år. I søknaden er det uvisst om fagskulen planlegg å opprette oppvekstutdanningar retta mot alle desse alderstrinna. Det er også uvisst om fagskulen ønskjer å kunne opprette oppvekstutdanningar som i mindre grad har med helse å gjere, til dømes utdanningar som *Arbeid med dei yngste borna* eller *Språkleg og kulturelt mangfald i oppvekstsektoren*. Komiteen vurderer uansett at fagskulen ikkje har tilstrekkeleg kompetanse (utdanning og yrkeserfaring) relatert til barnehagesektoren og pedagogisk arbeid med dei yngste borna, og at fagmiljøet dimed ikkje er stort nok til å dekke det ein må anta vil være dei viktigaste delane av fagområdet oppvekst. (Se vurderinga av krava til fagmiljøet i kapittel 4.2.) Komiteen er open for at fagområdet *helse* kan ha ei avgrensing som også opnar for utdanningar som fremjar meistring og betre psykisk helse hos barn og unge.

Komiteen vurderer at fagområdet *helse og oppvekst* er relatert til fleire yrkesfelt, og at det har ei tilstrekkeleg fagleg breidde til å inkludere fleire utdanningar, men at den oppvekstfaglege delen av fagområdet ikkje er tydeleg definert.

Strategi

Den sakkunnige komiteen vurderer at fagskulen – gjennom strategidokumenta og handlingsplanen – har vist at han har ein strategi med mål og tiltak for å utvikle fagområdet.

Strategien er tydeleg på kva for fagskuleutdanningar fagskulen ønskjer å opprette.

Fagskulen har i søknaden argumentert for at dei har økonomisk handlingsrom til å gjennomføre strategien for fagområdet. Samtidig ser fagskulen at dei har behov for å «tilsette ein barnehagelærer i fast stilling for å styrke kompetansen innan oppvekstsektoren». Komiteen vurderer også at det er naudsynt å styrke kompetansen i fagmiljøet om fagskulen skal opprette oppvekstutdanningar. Basert på den innsende dokumentasjonen vurderer dei sakkunnige at fagskulen har kompetanse til å gjennomføre strategiens mål og tiltak som gjelder helse-delen av fagområdet, men at det ikkje er dokumentert at han har tilstrekkeleg kompetanse til å gjennomføre måla og tiltak i strategien som gjeld oppvekst.

Utdanninga *Psykososialt arbeid for barn og unge*, som fagskulen vil opprette, ligg som nemnt i skjeringspunktet mellom helse og oppvekst, og ho kan hamne inn under *helse*. Komiteen vurderer at fagskulen vil ha betre forutsetningar for å gjennomføre strategien for oppvekstdelen av fagområdet om dei tilsett ein barnehagelærer i fast stilling, slik dei har planer om. Komiteen vurderer samtidig at éin person med utdanning og erfaring frå barnehagesektoren ikkje vil vere tilstrekkeleg for å opprette alle andre tenkelege oppvekstfaglege utdanningar. Oppsummert kan ikkje komiteen anbefale NOKUT å gje fagskulen akkreditering for *oppvekst*, men komiteen meiner likevel at dei nemnte utdanningane fagskulen ønskjer å opprette kan sortere under *helse*, og at fagskulen – med ein ekstra barnehagelærer i fagmiljøet – vil kunne gjennomføre strategien med ei akkreditering for *helse*.

Samla sett vurderer komiteen at krava i fagskoletilsynsforskriften § 3-1 er oppfylt for fagområdet helse, men at dei ikkje er oppfylt for fagområdet «helse og oppvekst». Komiteen anbefaler følgeleg at fagskulen i eit tilsvaret endrar søknaden til å omfatte «helse» i staden for «helse og oppvekst». I det same tilsvaret bør fagskulen tydeleg definere kva som sorterer innanfor og utanfor det eventuelle nye fagområdet «helse», slik at det ikkje er tvil om kva for utdanningar fagskulen eventuelt får fullmakt til å opprette.

Konklusjon

Krava i fagskoletilsynsforskriften § 3-1 er ikkje oppfylt.

4.2 Fagmiljøet som er tilknytt fagområdet

Fagskoletilsynsforskriften § 3-2

I fagmiljøet tilknyttet fagområdet skal det finnes personer med utdanning og yrkeserfaring innanfor de viktigste delene av fagområdet. I fagmiljøet skal det være personer med utdanning på nivå over fagskoleutdanning innanfor fagområdet eller et beslektet fagområde som er ansatt i minst 50 prosent stilling ved fagskolen.

I fagmiljøet tilknyttet fagområdet skal det være mange nok fast ansatte til å bidra til å utvikle nye og eksisterende utdanninger innanfor fagområdet. Det skal være mange nok fast ansatte ved fagskolen med utdanningsfaglig utdanning til å utvikle pedagogiske metode og verktøy innanfor fagområdet.

Fagmiljøet skal delta i relevante regionale, nasjonale eller internasjonale samarbeid og nettverk.

Minst halvparten av antallet lærere eller antallet lærerårsverk som er tilknyttet utdanningene i fagområdet, skal være fast ansatte ved fagskolen.

Skildring av dokumentasjonen

Kompetansen til fagmiljøet, samansetting og tilsettingsforhold

Fagskulen skriv i søknaden at fagmiljøet har følgjande utdanning som er relevant for fagområdet:

«Ved avdelinga er det 9 fast tilsette i 100 % stilling, inklusiv utdanningsleiar. Altså 9 årsverk. I tillegg vert det leig inn forelesarar, sensorar og andre ressurspersonar ved behov. Inntil nyleg har det i tillegg vore ei tilsett i 80 % engasjementstilling frå august 2021-september 2023. Ho fortsett som timelærar / utviklingsarbeid.»

I søknaden har fagskulen lagt ved ein tabell med informasjon om personane som går inn i fagmiljøet. Tabellen og søknaden viser at alle har kompetanse minimum på bachelornivå, slik fagskulen også skriv i søknaden:

«Dei tilsette har grunnutdanning på bachelornivå, sjukepleie, vernepleie, utviklingsstudier, psykologi, samt vidareutdanningar innan: veiledning, geriatri, operasjonsjukepleie,

rehabilitering, psykisk helsearbeid blant barn og unge, psykisk helsearbeid, rusarbeid, master i samfunnsarbeid med fokus på barn og unges oppvekstvilkår, master i yrkespedagogikk, master i psykisk helsearbeid- fokus på helsefremmende arbeidsmiljø, master i klinisk sykepleie, master i samfunnsarbeid, master i sykepleievitenskap.»

Om utdanningsfagleg kompetanse skriv fagskulen at

«8 av 9 tilsette har formell pedagogisk utdanning. Nr 9 har starta utdanning innan pedagogikk for fagskule PPF (tilsvarer PPU). Alle har pedagogisk erfaring. Fleire har meir enn 10 års erfaring frå lærararbeid i fagskule.

Alle tilsette har tatt eller held på med studier i nettpedagogikk og nettstudier.»

Fagskulen skriv vidare om yrkeserfaring at dei «tilsette har erfaring som sjukepleiare, lærar i ungdomsskole, videregående skule, fagskule og høgskule».

Fagskulen har ikkje erfaring med å tilby oppvekstfaglege utdanningar, og fagmiljøet har heller ikkje utdanning eller yrkeserfaring frå barnehage eller anna arbeid med yngre born som ikkje er relatert til det helse- og sosialfaglege feltet. I søknaden står det at «Skulen har mange studentar frå oppvekstsektoren i dei eksisterande utdanningane, men vi arbeider også mot å etablere eigne utdanningar rette mot oppvekstsektoren. (...) Skulen startar hausten 2023 med å utvikle ei 60 studiepoengs-utdanning i Psykososialt arbeid med barn og unge». Fagskulen skriv vidare at «Det planleggast for å tilsette ein barnehagelærar i fast stilling for å styrke kompetansen innan oppvekstsektoren».

Tabellen over fagmiljøet viser at det er personar i fagmiljøet som har arbeidd med yngre born, men erfaringa har hovudsakeleg vore i ein helse- eller sosialfagleg samanheng. Til dømes er det personar med erfaring frå barneklinnikk eller avdeling for nyfødde. Ein person har utdanning som vernepleiar i botn og erfaring frå å følgje opp born og familiar som tilsett i barneverntenesta og som støttepedagog ved pedagogisk fagsenter med ansvar for å følgje opp barn med særskilte behov i barnehage (fram til 2015). Det er ein person (lektor) i fagmiljøet som har erfaring som lærar i grunnskole og ungdomsskole, men yrkeserfaringa er frå langt tilbake i tid (1980-talet).

Om å halde seg fagleg oppdatert skriv fagskulen at tilsette jamleg deltek på kurs både internt og eksternt, både for oppdatering innan eige fagfelt og for pedagogisk utvikling. Fagskulen skriv også at ein nyttar hospitering for fagleg oppdatering.

I det ettersende dokumentet «Oversikt over aktivitet og deltakelse i fagmiljøet på tvers av studiene innenfor helsefag» (sendt 21. mars 2024) kjem det fram at fagpersonar har gjennomført hospitering våren 2022 ved Rehabiliteringsklinikken Helse-Bergen Nordås, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, Førde sentral sjukehuset og Stiftelsen Betanien Bergen. Fagskulen skriv også at hospitering har vore eit aktuelt tema på fleire av samarbeidsmøta deira med kommunane, og at dei planlegg for ny hospitering skoleåret 2024/2025. I det same dokumentet har fagskulen lista opp ulike kurs og utdanningar som personar i fagmiljøet har teke i perioden 2020 til 2024, under overskrifta «Kompetanseutvikling hos ansatte i tråd med faglig utvikling og framtidig behov».

Deltaking i samarbeid og nettverk

Fagskulen skriv i søknaden at «Fleire tilsette (5 stk) har vore innleigd til oppdrag for DIKU/HK-dir til arbeid med nasjonalt planarbeid innan helse og oppvekst». Med søknaden har fagskulen også lagd ved eit dokument som viser deltaking i eit prosjekt om «ei ny digital

helse- og omsorgsteneste». Vidare har fagskulen i den ettersende oversikta gitt meir informasjon om korleis fagmiljøet deltek i relevante samarbeid og nettverk. Dei skriv at dei er opptekne av å delta på regionale, nasjonale og internasjonale konferansar og delta i samarbeid på ulike nivå for å oppretthalde og byggje nye faglege nettverk. Dokumentet gir ei oppsummerande oversikt over aktivitet, deltaking og samarbeid dei har hatt og skal ha med arbeidslivet det kommande året. I oversikten finn komiteen deltaking på nasjonale og regionale konferansar relatert til helse (om tema som e-helse, meistring, sterilforsyning og helse og rus, mellom anna). Av internasjonalt samarbeid har fagskulen lista opp mellom anna deltaking på internasjonale webinar om sterilforsyning og smittevern i helsetenesta og deltaking i prosjekt i Erasmus+. Ingen av prosjekta er direkte oppvekstfaglege, men helsefaglege. Fagskulen listar også opp døme på samarbeidsmøte med andre helse- og sosialfaglege aktørar under overskrifta «Faglig samarbeid gjennom etablering og vedlikehold av fagnettverk». Komiteen finn her døme på samarbeid med mellom anna Digi Vestland, Region Nordhordland helsehus, Helse-Bergen, senteret ROS («Rådgivning om spiseforstyrrelser»), Byråd for eldre, helse og omsorg i Bergen kommune, ei avdeling for rusmedisin og fleire kommunar i Vestland fylke.

I tabellen for fagmiljøet går det fram at éin av dei tilsette er medlem av «nasjonalt VR nettverk-helse», ein person «samarbeider i faglig nettverk innen sterilforsyning i fagskole og ift sjukehus» og ei anna deltek i «nettverk for faglig utvikling sykepleiefag/pedagogisk mot fag innen sykepleie». Vidare står det om ein av dei tilsette at ho «deltar i fleire fagnettverk ift barn og unge».

Vurdering

Vurdering av kompetanse og samansetting i fagmiljøet

Ni av ti personar i fagmiljøet er fast tilsett i over 50 prosent stilling, og alle er utdanna på nivå over fagskule. Kravet om at det skal vere personar med utdanning på nivå over fagskuleutdanning innanfor fagområdet eller eit tilgrensande («beslektet») fagområde som er tilsatt i minst 50 prosent stilling ved fagskulen, er dimed oppfylt. Dette viser også at kravet om at minst halvparten av lærarane som er tilknytt utdanningane i fagområdet skal vere fast tilsette ved fagskulen, er oppfylt.

Den faglege tyngda i fagmiljøet ligg innanfor helse og sosial. Dei tilsette har utdanning på bachelor- og masternivå, og fagmiljøet har både breidde- og spisskompetanse innan helse og sosial. Ingen av personane har direkte oppvekstfagleg utdanning. Det er til dømes ingen personar med utdanning som barnehagelærer. Den sakkunnige komiteen vurderer difor at personane i avdelinga til saman har ei brei kompetanse innanfor *helsedelen* av fagområdet, men at fagmiljøet ikkje har tilstrekkeleg kompetanse (utdanning og yrkeserfaring) innanfor *oppvekst*. Fagmiljøet skal bidra til å utvikle nye og eksisterande utdanningar innanfor fagområdet *helse og oppvekst*, og komiteen kan ikkje sjå at det er mange nok tilsette med oppvekstfagleg kompetanse til å utvikle reint oppvekstfaglege utdanningar.

For å få ei fagområdeakkreditering må fagmiljøet ha personar med utdanning og yrkeserfaring innanfor dei viktigaste delane av fagområdet. Oppvekst er ein vesentleg del av fagområdet, som igjen er sett saman av fleire viktige delar. Det er difor naudsynt at fagmiljøet har kompetanse i desse delane av oppvekstfeltet. Fagskulen ser sjølv behovet for å rekruttere oppvekstfagleg kompetanse i og med at dei skriv at dei planlegg for å «tilsette ein barnehagelærer i fast stilling for å styrke kompetansen innan oppvekstsektoren». Komiteen vurderer at fagmiljøet må ha personar (i fleirtal) med kompetanse retta mot

pedagogisk arbeid med barn, unge og vaksne (til dømes barnehage, skole og SFO) om fagskulen skal opprette oppvekstfaglege utdanningar, og at det er naudsynt med yrkeserfaring frå oppvekstsektoren i fagmiljøet. Komiteen vurderer dimed at kravet om utdanning og yrkeserfaring innanfor dei viktigaste delane av fagområdet ikkje er oppfylt.

Når det gjeld kravet om at det må vere mange nok fast tilsette til å bidra til å utvikle nye og eksisterande utdanningar innanfor fagområdet, vurderer komiteen at ni fast tilsette med utdanningsbakgrunn innanfor helse og sosial, er tilstrekkeleg for å utvikle utdanningar innanfor *helse*. Med brei utdanningsfagleg kompetanse (inkludert nettpedagogikk) er det også mange nok fast tilsette ved fagskulen med utdanningsfagleg utdanning til å utvikle pedagogiske metodar og verktøy, men innanfor fagområdet *helse*.

Deltaking i samarbeid og nettverk

Fagskulen Vestland har vist til fleire døme på at personar i fagmiljøet deltek i nasjonale, regionale eller internasjonale helse- og sosialfaglege samarbeid og nettverk.

Fagskulen har dokumentert samarbeid som involverer andre utdanningsinstitusjonar, kommunar i Vestland fylke, helsehus og Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir), mellom anna. Lærarar ved avdelinga har delteke i utvikling av nasjonale planar (HK-dir), og dei deltek på helse- og sosialfaglege konferansar og i Erasmus+ prosjekt, mellom anna.

Den sakkunnige komiteen meiner tilsette i avdelinga deltek i samarbeid og nettverk som er relevante for *helsedelen* av fagområdet. Når det gjeld *oppvekst* kan ikkje komiteen sjå at fagmiljøet deltek i tilstrekkeleg grad i regionale, nasjonale eller internasjonale samarbeid og nettverk som er direkte oppvekstfaglege.

Samla sett vurderer komiteen at krava i fagskoletilsynsforskriften § 3-2 er oppfylt for fagområdet *helse*, men at dei ikkje er det for fagområdet *helse og oppvekst* som fagskulen har søkt om akkreditering for.

Komiteen anbefaler følgeleg at fagskulen i eit tilsvar endrar søknaden til å omfatte *helse* i staden for *helse og oppvekst*.

Konklusjon

Krava i fagskoletilsynsforskriften § 3-2 er ikkje oppfylt for fagområdet *helse og oppvekst*.

4.3 Samarbeid med yrkesfeltet

Fagskoletilsynsforskriften § 3-3

Fagskolen skal samarbeide med relevante aktører i yrkesfeltet om å utvikle og gjennomføre utdanningar innan fagområdet.

Skildring av dokumentasjonen

Fagskulen Vestland viser i søknaden sin til at dei har samarbeid med yrkesfeltet som er relevant for den helse- og sosialfaglege delen av fagområdet. Fagskulen gir døme på samarbeid om praksisplassar, ekskursjonar og bruk av gjesteforelesarar. I tillegg skriv dei i den ettersende dokumentasjonen at dei har fagråd for helseutdanningane og at dei er i gang med å opprette eit fagråd for oppvekst:

- «Per i dag har vi fagråd innen helsefag knyttet til studiene sterilforsyning og smittevern i helsetjenester, psykiske helsearbeid og rusarbeid, rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi. Når det gjelder studiet demensomsorg og psykisk helse for eldre er det et studie som er utarbeidet med bakgrunn i tett samarbeid med utgangspunkt i behov ved Luranetunet bo- og behandlingssenter og Bjørnefjorden kommune, fagrådet vil i den anledning bli etablert i løpet av høsten 2024.
- Vi har også etablert et nytt fagråd innen oppvekst med tanke på at vi på sikt håper å kunne tilby, psykososialt arbeid for barn og unge. Et fagråd knyttet til oppvekst er også sentralt på studiene psykisk helsearbeid og rusarbeid og på rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi da flere av studentene har fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget.»

Fagskulen har dokumentert fagråda med mandat og referat frå fagrådet for *Sterilforsyning og Smittevern og Rehabilitering*. I mandatet kjem det fram at fagrådet skal vurdere innhald i studieplanar i forbindelse med utvikling av nye og vidareutvikling av eksisterande studieplanar. Fagrådet skal også leggje til rette for kurs, prosjektoppgåver, bedriftsbesøk og hospiteringsordningar.

Når det gjeld fagrådet for oppvekst har fagskulen lista opp kandidatar som har bekrefta at dei skal stille. Blant personane som er tiltenkt ei rolle i fagrådet for oppvekst er det éin person med erfaring frå barnehage og utdanning som barnehagelærer, ein barne- og ungdomsarbeidar og gruppeleiar ved barneskule/SFO, ein sosionom og familierapeut som gir opplæring/kurs av tilsette i barnehage og skoler i tillegg til klinisk oppfølging av barn og unge ved BUP, ein person frå spesialisthelsetenesta, ein leiar for barnas hus, ein omsorgsarbeidar og miljøarbeidar, ein vernepleiar, mellom anna.

Fagskulen har dokumentert eit formalisert samarbeid med

- føretaket Helse Førde (avtale om å leggje til rette for nettbasert undervising og praksis for studentar ved Spesialreinhald og sterilforsyning)
- Austevoll kommune - Helse og velferd (avtale om å delta i fagråd for utdanningar i helse og oppvekstfag – avtalen blei ettersendt)
- Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus (avtale om praksis, gjennomføring og evaluering av utdanninga Psykisk helsearbeid og rusarbeid)
- Pleie og omsorg Bjørnaforden kommune (avtale om å delta i fagråd og å «utvikle utdanningar i fagområdet knyttet til yrkesfeltet virksomheten opererer i»)
- Kvinnherad kommune (avtale om å delta i fagråd og å «utvikle utdanningar i fagområdet knyttet til yrkesfeltet virksomheten opererer i»)
- Osterøy kommune (avtale om å delta i fagråd for utdanningar i helse og oppvekstfag, mellom anna)

Samarbeidet er mellom anna knytt til *gjennomføringa* av fagskuleutdanningane som fagskulen tilbyr per i dag og som ville hamne inn under fagområdet fagskulen søker akkreditering for. Fagskuleutdanningane er som nemnt helse- og sosialfaglege, ikkje direkte oppvekstfaglege. Praksis er ein integrert og obligatorisk del av dei fleste helsefagutdanningar, og fagskulen har dokumentert eit samarbeid som gjeld gjennomføring av praksis i helse- og sosialfaglege fagskuleutdanningar.

Når det gjeld samarbeid om å *utvikle* utdanningar innan fagområdet er til dømes samarbeid om nye vidareutdanningar for helsefagarbeidarar og barne- og ungdomsarbeidarar nemnt i eit referat frå eit møte med rettleiingstenesta Vestland fylkeskommune. Elles skal fagråda, som nemnt over, arbeide med utvikling av nye og vidareutvikling av eksisterande studieplanar.

Vurdering

Fagskulen har dokumentert eit samarbeid med aktørar i yrkesfeltet, og komiteen vurderer at aktørane og arenaene er relevante og hensiktsmessige for den helse- og sosialfaglege delen av fagområdet. Samarbeidet vil kunne sikre utbyttet i dei helse- og sosialfaglege utdanningane og halde utdanningane fagleg oppdaterte og relevante for yrkesfeltet, spesielt gjennom praksisperiodar og andre avtaler som gjelder utvikling og vidareutvikling av utdanningar.

Fagskulen har ikkje eit etablert samarbeid med relevante aktørar i yrkesfeltet om å utvikle og gjennomføre fagskuleutdanningar innan *den oppvekstfaglege delen* av fagområdet. Fagskulen har planar om å opprette eit fagråd for oppvekst, men dette er ikkje etablert enno. Kandidatane som er aktuelle til fagrådet for oppvekst har relevant kompetanse, men den sakkunnige komiteen vurderer at samarbeidet er i startfasen og at det ikkje er dokumentert at fagskulen per i dag har eit etablert samarbeid med oppvekstfaglege aktørar.

Samla sett vurderer komiteen at krava i fagskoletilsynsforskriften § 3-3 er oppfylt for den helsefaglege delen av fagområdet, men at dei ikkje er det for fagområdet *helse og oppvekst* som fagskulen har søkt om akkreditering for.

Komiteen anbefaler følgeleg at fagskulen i eit tilsvar endrar søknaden til å omfatte *helse* i staden for *helse og oppvekst*.

Konklusjon

Krava i fagskoletilsynsforskriften § 3-3 er ikkje oppfylt for fagområdet *helse og oppvekst*.

5 Konklusjon

Den sakkunnige komiteen anbefaler ikkje å akkreditere fagområdet *helse og oppvekst* ved Fagskulen Vestland. Som det kjem fram i rapporten vil fleire krav vere oppfylt for fagområdet *helse*, sjølv om dei ikkje er det for fagområdet *oppvekst*. Ved å avgrense fagområdet til helse, vil fagskulen lettare kunne oppfylle krava. Dei sakkunnige anbefaler også å tydeleggjere kva som famnar innanfor og utanfor fagområdet helse i eit eventuelt tilsvar om endring av fagområdet.

6 Tilsvar frå fagskulen til den sakkunnige vurderinga

NOKUT mottok 22. januar 2025 tilbakemelding frå fagskulen, på vurderinga til dei sakkunnige i den foreløpige rapporten. Under presenterer vi tilsvaret frå fagskulen på den sakkunnige vurderinga og tilleggsvurderinga frå dei sakkunnige.

6.1 Tilbakemelding frå fagskulen

Tilsvar sakkunnig vurdering av krav til akkrediterte fagområde

Avgrensing av fagområdet

Fagskulen Vestland ønsker å følge NOKUT sin tilråding om å endre søknaden om fagområdeakkreditering frå fagområdet helse og oppvekst til fagområdet helse. Med bakgrunn i denne endringa vil me i tilsvaret derfor gjera greie for og definera fagområdet helse.

Fagskulen Vestland definerer fagområdet helse med referanse til avgrensingane i yrkesfeltet «Helse» omfattar helse - og omsorgstenester og spesialisthelsetenester. Me viser til mål frå regjeringa om å heva det faglege nivået, skapa større fagleg breidde og styrke dei kommunale tenestenes kunnskapsgrunnlag. Difor treng me å auke fagarbeidaranes kompetanse. Fagskulen Vestland prioriterer å tilby helsefaglege utdanningar for fagarbeidarar med relevante fagbrev/realkompetanse innan helse.

I planar om utvikling av nye utdanningar for området helse vil me mellom anna fokusera på administrasjon og leiing, observasjons- og vurderingskompetanse, aktivisering og eigenmestring, vidareutvikling av medisinske og pleiefagleg kompetanse hos fagarbeidarar, slik at oppfølginga og koordineringa av tenestene til brukarar i sjukeheim og heimetenesta blir styrka. Vi ynskjer òg ei vidareutvikling av kompetanse innan lindrande behandling og omsorg ved slutten av livet, både innanfor den kommunale helsetenesta og i spesialisthelsetenesta. Utdanningar me har per i dag som psykisk helsearbeid og rusarbeid, rehabilitering, kvardagsmestring og velferdsteknologi, sterilforsyning og smittevern i helsetenesta og demensomsorg inngår i fagområdet helse. I tillegg ser me for oss å utvikla utdanningar som inngår innan fagområdet helse som til dømes:

- Observasjons- og vurderingskompetanse
- Barsel og barnepleie
- Palliasjon
- Eldre og livsmestring
- Nevrologiske sjukdommar og skadar
- Administrasjon og leiing
- Sterilteknikk og aseptikk for personell på tannlegekontor, poliklinikkar og legekontor
- Rettleiing
- Livsstil og kroniske sjukdommar
- Helseitleg miljøarbeid
- Rehabilitering i eit livsløpsperspektiv
- Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge

Viser til sakkunnig vurdering om at utdanninga tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge med fokus på faktorar som fremjar meistring og betra psykisk helse hos barn og unge kan inngå som utdanning innan fagområdet helse. Psykososialt arbeid fremja r den emosjonelle og sosiale utviklinga til barn og unge, styrkar meistringsevnene deira og bidreg til tidleg intervensjon og førebygging av helseproblem. Ved å tilby opplæring i korleis støtte barn i stressmeistring og utvikling av sosiale ferdigheiter, har psykososialt arbeid ein direkte positiv effekt på både mental og fysisk helse. Vi vil her knytte til ein barnehagelærer til fagmiljøet innan helse slik sakkunnige tilrår oss.

Fagmiljøet som er tilknytt fagområdet

Vi ser oss einig i sakkunnige si vurdering om at vi når krava i fagskuletilsynsforskrift a §3-2 for fagområdet helse og vil difor berre søkje akkreditering for fagområdet helse.

Samarbeid med yrkesfeltet

Vi har per dags dato oppretta fagråd innan psykisk helsearbeid og rusarbeid, demensomsorg og rehabilitering og velferdsteknologi.

Vi kan også nemne at fagråd innan tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge er oppretta med tanke på å opprette dette studiet innan fagområdet helse.

6.2 Sakkunnig vurdering av tilbakemeldinga

Fagskulen skriv i tilsvaret sitt at dei ønskjer å endre søknaden om fagområdeakkreditering frå fagområdet *helse og oppvekst* til fagområdet *helse*. Med bakgrunn i denne endringa gjer dei også greie for og definerer fagområdet *helse*. Dei sakkunnige har tatt endringa til informasjon og vurdert den nye definisjonen.

Fagskulen skriv i tilsvaret sitt at dei definerer fagområdet *helse* med referanse til avgrensingane i yrkesfelta «Helse» omfattar: helse- og omsorgstenester og spesialisthelsetenester. Dei skriv vidare at dei prioriterer å tilby helsefaglege utdanningar for fagarbeidarar med relevante fagbrev/realkompetanse innan helse. Vidare har fagskulen lista opp døme på utdanningar dei ser for seg å utvikle som går inn under fagområdet *helse*. Dei sakkunnige har inga innvendingar til lista over utdanningar, men ei av utdanningane er «Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge». Dei sakkunnige er einige i at fagområdet kan famne om denne utdanninga, men under definisjonen av fagområdet vurderer dei sakkunnige dimed at fagområdet *helse* ved Fagskulen Vestlanda dekkjer helsefaglege utdanningar for fagarbeidarar med relevante fagbrev/realkompetanse innan helse og *oppvekst*.

Som dei sakkunnige skreiv i den foreløpige rapporten ville fleire krav vere oppfylt for fagområdet *helse*. Fagskulen har avgrensa søknaden til fagområdet *helse*. Dei sakkunnige vurderer følgjeleg at krava i fagskuletilsynsforskriften § 3-1, § 3-2 og § 3-3 er oppfylt for fagområdet *helse*.

6.3 Endeleg konklusjon frå den sakkunnige komiteen

Den sakkunnige komiteen anbefaler å akkreditere fagområdet *helse* ved Fagskulen Vestland.

7 Vedtak

NOKUT akkrediterer fagområdet *helse* ved Fagskulen Vestland med heimel i lov om høgere yrkesfaglig utdanning § 5 med den avgrensinga av fagområdet som kjem fram i akkrediteringsrapporten.

Vedlegg 1: Oversikt over dokumentasjonen vedtaket bygger på

- 23/00799-3 Vestland Fagskule - søknad om fagområdeakkreditering - helse- og oppvekst
- 23/00799-7 Supplerende dokumentasjon - Vestland Fagskule - søknad om fagområdeakkreditering - helse- og oppvekst
- 23/00799-13 Tilsvar til foreløpig rapport - Fagskulen Vestland - søknad om fagområdeakkreditering - helse- og oppvekst

Vedlegg 2: Presentasjon av den sakkunnige komiteen

- **Sanja Maksimovic**

Maksimovic er fagansvarleg for fagområdet helse og oppvekst ved Fagskolen Kristiania, og er for tida tilsett i ei eittårig stilling hos Utdanningsdirektoratet. Her arbeidar ho med yrkesfag. Ho er utdanna barnehagelærer med master i barnehagepedagogikk. Maksimovic har tidlegare erfaring frå barnehagesektoren og har jobba i barnehagar med ulike satsingsområde og pedagogisk grunnsyn, samt med barn og foreldre som er i ulike livssituasjonar, med ulike forutsetningar og behov for tilrettelegging. Ho har erfaring som både faglærer og fagansvarleg for oppvekstutdanningane Barn med særskilte behov, Arbeid med de yngste borna (0-3) i barnehagen og Arbeid med språk, fleirspråklegheit og fleirspråkleg kompetanse i barnehagen. I tillegg har ho leia utviklingsarbeid av to nye oppvekstutdanningar innan berekraftig utvikling og digital praksis i barnehagen i tett samarbeid med arbeidslivet. Ho har leia ein arbeidsgruppe som jobba med oppgradering av ein av dei nasjonale planane i oppvekstfag i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Maksimovic har tidlegare erfaring som sakkunnig for NOKUT.

- **Line Narvesen Jørgentvedt**

Jørgentvedt er assisterande rektor og avdelingsleiar for helsefag ved Fagskolen Innlandet. Ho er sjukepleier med spesialutdanning i anestesi og har i tillegg ein master i sjukepleie. Jørgentvedt har i over 20 år jobba som spesialsjukepleier, fagutviklingssjukepleier og sekretær i klinisk etisk komite (KEK) ved Sykehuset Innlandet, Gjøvik. Ho har også jobba deltid som lektor ved Institutt for helsevitenskap i Gjøvik, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), og har brei erfaring i bruk av simuleringsbasert trening. Av pedagogisk utdanning har ho fagskulepedagogikk, nettpedagogikk og prosessleiing. Ved Fagskolen Innlandet har ho ansvar for kvalitetsarbeid, utvikling og godkjenning av studie innanfor akkrediterte fagområde og enkelte prosjekt. Ho har vore ansvarleg for søknaden om fagområdeakkreditering av fagområdet helsefag ved Fagskolen Innlandet. Jørgentvedt har tidlegare erfaring som sakkunnig for NOKUT.

- **Ingrid Marie Aarre**

Aarre er nestleiar i Organisasjonen for norske fagskolestudenter (ONF). Aarre er faglært blomsterdekoratør og har ein fagskulegrad i botanisk design og leing frå Norges grønne fagskole – Veia (2021). Ho blei som fagskulestudent valt som leiar i studentorganet, og ho var også studentrepresentant i fagskulestyret i same periode. Som del av verva har ho jobba tett med kvalitetsarbeidet ved fagskolen. Ho har lese mange studieplanar i samband med fagskolen sitt arbeid med akkreditering på eiga fullmakt. Ho har også vore sekretær for eit fagutval for kunsthistorie ved Universitet i Oslo. Aarre har tidlegare erfaring som sakkunnig for NOKUT.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 |

Saksnr: 2022/486-195**Saksbehandlar:** Lars Arne Førde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 06/25	07.03.2025

Årsrekneskap 2024 og budsjett for 2025

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek årsrekneskap for 2024 til orientering, og vedtek budsjett for 2025 som det kjem fram av saka.

Samandrag

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland i 2024 viser eit underforbruk på ca 5.6 mill. Resultatet ville ha vist eit overforbruk om det ikkje vare for ekstraordinære forhold gjennom budsjettåret i 2024. Netto budsjett er i tråd med samla tilskot frå Vestland fylkeskommune på 183,5 mill. I tillegg til det som er presentert i tabell under så tar vi med oss eit positivt resultat på kr 4,2 mill. frå år 2024 etter at mindreforbruk frå 2023 er dekt inn.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram årsrekneskap for 2024 og framlegg til budsjett for 2025.

Årsrekneskap 2024

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland i 2024 viser eit underforbruk på ca 5.6 mill. Hovudårsaka til underforbruket er ekstra tilskott mottatt frå fylket gjennom året, det er også løyst opp bundne prosjektmidlar, vidare er kursverksemd litt betre enn budsjett og det er gjort mykje godt arbeid i forhold til innsparingar og strukturelle endringar ved utdanningstilbodet. Resultatet ville derimot vist eit overforbruk hadde det ikkje vore for ekstraordinære forhold. Justert for det negative disposisjonsfondet på kr 1.6 mill. som Fagskulen Vestland tok med seg inn i 2024, så tar Fagskulen Vestland med seg eit positivt disposisjonsfond på ca. kr 4 mill. inn i år 2025.

Total oversikt:

Totalt oversikt er spesifisert på einingsnivå

Eining	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
3880 Administrasjon og leiing (FAH)	(128 609 453)	(129 984 009)	(1 374 556)
3881 Undervisning (FAH)	153 845 593	158 073 320	4 227 727
3888 Oppdragsverksemd (FAH)	(1 479 260)	(1 218 430)	260 830
Prosjekt/prosjekt i arbeid	(2 928 514)	(436 706)	2 491 808
Årsoppgjørdisposisjoner – Disposisjonsfond	3 974 095	-	(3 974 095)
Årsoppgjørdisposisjoner – Disposisjonsfond	1 631 714	-	(1 631 714)
Totalsum	26 434 175	26 434 175	-

Detaljert oversikt:

Detaljert oversikt viser einingar fordelt per kostnadsstad. I tillegg er nokon vesentlege postar/spesielle postar vist på eigen linje.

Eining/Kostnadsstad/avd	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
Administrasjon og leiing (FAH)			
388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	4 536 096	11 912 400	7 376 304
388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	(147 521 000)	(147 521 000)	-
388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	-	(10 071 870)	(10 071 870)
388010 OPK-FV - Administrasjon	9 204 009	9 171 601	(32 408)
388011 OPK-FV - Stab	5 123 233	5 521 670	398 437
388012 OPK-FV - Skolelokale/Felles	4 514 786	4 930 000	415 214
388013 OPK-FV - Fagskulestyre	194 366	673 190	478 824
388014 OPK-FV - Markedsføring	2 038 719	1 500 000	(538 719)
388015 OPK-FV - Semester- og studieavgift	(6 822 170)	(6 600 000)	222 170
388016 OPK-FV - IT	122 508	500 000	377 492
Delsum	(128 609 453)	(129 984 009)	(1 374 556)
Undervisning (FAH)			
388120 OPK-FV - Undervisning felles	3 320 143	2 957 620	(362 523)
388122 OPK-FV - Bygg Nordnes	18 994 418	20 808 320	1 813 902

388123 OPK-FV - Bygg Førde	17 241 456	17 373 430	131 974
388124 OPK-FV - Elektro Nordnes	25 380 698	25 165 080	(215 618)
388125 OPK-FV - Maskin og Prosess	18 507 425	18 102 740	(404 685)
388126 OPK-FV - Elektro og Maskin Førde	10 863 380	11 315 970	452 590
388127 OPK-FV - Maritim Austevoll	8 460 500	8 023 710	(436 790)
388128 OPK-FV - Maritim Måløy	10 270 973	11 820 480	1 549 507
388129 OPK-FV - Maritim Nygård	18 250 255	19 763 940	1 513 685
388130 OPK-FV - Grønne og gastronomiske	8 086 829	5 947 740	(2 139 089)
388131 OPK-FV - Anlegg Voss	3 164 070	3 839 770	675 700
388132 OPK-FV - Helse	6 354 973	8 235 100	1 880 127
388133 OPK-FV - Petroleum Nygård	4 950 473	4 719 420	(231 053)
Delsum	153 845 593	158 073 320	4 227 727

Oppdragsverksemd (FAH)

388802 OPK-FV - Kurs og kompetanse Bergen	(1 479 260)	(1 218 430)	260 830
Delsum	(1 479 260)	(1 218 430)	260 830

Årsoppgjørdisposisjoner

388099/388121 Årsoppgjørdisposisjoner - Prosjekter/prosjekter i arbeid	(2 928 514)	(436 706)	2 491 808
388099 Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	3 974 095	-	(3 974 095)
388099 Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	1 631 714	-	(1 631 714)
Delsum	2 677 295	(436 706)	(3 114 001)

Totalsum	26 434 175	26 434 175	-
-----------------	-------------------	-------------------	----------

Tildeling av tilskot til drift av nye studietilbud høgare yrkesfagleg utdanning 2025

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har tildelt tilskot til nye studietilboda som vist i tabellen under.

Studietilbud	Studie poeng	Studie plassar	Studiestad	Del heltid	Startdato	Sluttdato	Driftstilskot haust 2025
Industriell isolering D	30	30	Stord	0.5	01.08.2025	01.06.2026	634 380
Robotteknologi og digital produksjon	120	20	Nordnes	0.67	01.08.2025	01.06.2028	563 893
Grøn omstilling i byggenæringa	60	30	Førde	0.50	01.08.2025	01.06.2027	618 150
Solenergi	120	30	Førde	0,67	01.08.2025	01.06.2028	845 840
Sum utbetaling haust 2025							2 662 263

Tildeling av tilskot for 2025

	2024	2025	Endring
Grunntilskot inkl styrking driftstilskot 2024	100 752 000	107 434 000	6 682 000
Resultatbasert tilskot	29 261 000	31 542 000	2 281 000
Samla tildeling nye studie plassar 2020-2025	17 508 000	23 339 000	5 831 000
Sum statleg tilskot	147 521 000	162 317 025	14 796 025
Fylkeskommunalt tilskot	19 113 000	21 233 000	2 120 000
Samla tilskot	166 634 000	183 550 025	16 916 025

Statleg tilskot

Det resultatbaserte tilskotet er justert etter endring i tal produserte studiepoeng frå 2022 til 2023.

Fylkeskommunalt tilskot

For 2025 er det innarbeidd ein auke i det fylkeskommunale driftstilskotet til Fagskulen Vestland på kr 2,1 mill. Endring består av pluss kr 1 mill. i inflasjonsjustering, pluss kr 3,6 i midlertidige studiar løyva av fylkestinget og nedtrekk på permanent kr 2,5 mill. (sistnemnte er netto av nedtrekk på kr 7,5 mill. og at fylkestinget i ettertid vedtok å styrka drifta av Fagskulen Vestland med permanent kr 5 mill.).

Ny kontoplan

Det er vedtatt innføring av ny kontoplan i VLFK, noko som vil få innverknad på Fagskulen Vestland. Tidspunktet for innføring er litt variabelt men innføring vil skje i løpet av 2025. I ny kontoplan legg det opp til samkøyring mellom Visma HR og Visma økonomi, dette betyr igjen at det vil bli endringar i bruk av dimensjonar i kontoplan. Dette vil skape litt utfordringar med rapportering i 2025. Vi vil sjå ein miks av gamal og ny kontoplan i rapportering i 2025, administrasjonen vil derimot prøve å gjere dette så saumløyst som mogeleg for styret til å forstå økonomien til Fagskulen Vestland.

Budsjett 2025

Netto budsjett er i tråd med samla tilskot frå Vestland fylkeskommune.

I tillegg til det som er presentert i tabell under så tar vi med oss eit positivt resultat på kr 4,2 mill. frå år 2024. Vidare er det også gjeve føringar frå OPK om ein ytterlegare permanent styrking av driftstilskot på kr 5 mill. i 2025. Utover dette så er det også snakk om ei midlertidig styrking av driftstilskotet til nye studietilbod på totalt kr 10 mill., så sant vi kan synleggjere bruk av tilskotet i tråd med vilkåra. Alt i alt så vil dette krevje endringar i framtidig tilbodsstruktur knytt til dimensjonering av det vedtekne tilbodet, samtidig som tilskot også vil resultere i auka kostnadsbase.

Stad	Tekst	Budsjett 2025
388000	Administrasjon og leing	(157 056 414)
388010	Administrasjon	11 039 324
388011	Stab	6 619 289
388012	Skolelokale/Felles	4 330 000
388013	Fagskulestyre	200 000
388014	Markedsføring	1 500 000
388015	Semester- og studieavgift	(6 900 000)
388016	IT	500 000
388099	Årsoppgjer (FAH)	-
		(139 767 801)
388120	Undervisning felles	4 785 795
388121	Prosjekt	-
388122	Bygg Nordnes	20 321 007
388123	Bygg Førde	18 788 921
388124	Elektro Nordnes	25 455 588
388125	Maskin og Prosess	18 018 269
388126	Elektro og Maskin Førde	10 054 600
388127	Maritim Austevoll	8 507 607
388128	Maritim Måløy	11 108 579
388129	Maritim Nygård	18 676 762
388130	Grønne og gastronomiske	9 859 290
388131	Anlegg Voss	3 573 568
388132	Helse	8 577 726
388133	Petroleum Nygård	4 650 864
		162 378 576
388802	Kurs og kompetanse Bergen	(1 377 775)
		(1 377 775)
Budsjett 2025	Fylkeskommunalt tilskot	21 233 000

Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigeidom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

Konklusjon

Rektor vil tilrå at rekneskapan for 2024 vert teke til orientering og at budsjettet for 2025 vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Saksnr: 2022/486-196**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 07/25	07.03.2025

Årsmelding 2024 for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Årsmelding 2024 for Fagskulen Vestland vert teke til orientering, og sendt til skuleeigar

Samandrag

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2024 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, samt årsrekneskap for 2024. I tråd med fagskulestyret sine vedtekter skal årsmeldinga sendast til skuleeigar.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1

Årsmelding 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert Fagskulen Vestland si årsmelding for 2024 lagt fram for handsaming i styret. Årsmeldinga syner dei viktigaste aktivitetane gjennom året, og tek mellom anna for seg organiseringa og drifta av Fagskulen Vestland, fagskulestyret, kvalitet og strategi for fagskulen, samt årsrekneskap for 2024.

Vedtakskompetanse

I tråd med vedtektene for fagskulestyret, fastsett av fylkestinget, skal årsmeldinga sendast til skuleeigar:

§ 2-2 Ansvar og oppgåver

9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år.

Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at styret tek Fagskulen Vestland si årsmelding for 2024 til orientering, og at meldinga vert sendt til skuleeigar.

Årsmelding 2024

Innhald


1. Fagskulen Vestland.....	3
1.1 Organisasjons- og leiarstruktur	3
1.2 Berekraft, miljø og klima.....	4
1.3 Utdanningstilbodet.....	4
1.4 Studentar	5
1.5 Søkjarar.....	9
2. Styret for Fagskulen Vestland.....	9
2.1 Samansetjing	9
2.2 Aktivitetar og viktige saker	10
2.3 Klagesaker	11
3. Kvalitet i utdanninga.....	12
4. Strategi for Fagskulen Vestland	13
4.1 Arbeidslivsrelevans - det grønne skiftet	13
4.2 Arbeidslivsrelevans – internasjonalisering	14
4.3 Profesjonalisering	15
4.4 Læringsmiljø.....	15
4.5 Vere synleg – Profil og kommunikasjonsstrategi	16
4.6 Vere synleg – Nasjonalt arbeid og utvikling i sektoren	17
4.7 Strategisk arbeid i fortsettinga og justering av strategi og ambisjonar	17
5. Årsrekneskap 2024 og tilskot	18
5.1 Årsrekneskap	18
5.2 Tilskotsoversikt.....	20
5.3 Oversikt over prosjektmidlar 2024.....	20

1. Fagskolen Vestland

Fagskolen Vestland er ein av dei største offentlege fagskulane i Norge og har ein desentral profil med åtte studiestader i Vestland fylkeskommune. Fagskolen har eit breitt fagleg tilbod av høgare yrkesfagleg utdanning, med både korte og lengre utdanningar inntil 120 studiepoeng. I 2024 var det om lag 1900 studentar ved fagskolen og om lag 160 årsverk. Fagskolen hadde eit budsjett på vel kr 182 millionar.

1.1 Organisasjons- og leiarstruktur

Fagskolen Vestland er organisert med ein rektor og to prorektorar. Prorektor for utdanning er pedagogisk leiar og har personalansvar for utdanningsleiarane i Måløy og i Førde. Prorektor utdanning har også ansvar for EVU-avdelinga som er under oppbygging. Prorektor for organisasjon og samhandling leiar den administrative delen av organisasjonen og har personalansvar for stab og administrasjonsleiar.



Figur 1. Organisasjons- og leiarstruktur for Fagskolen Vestland per 31.12.2024.

Tabell 1 under syner at Fagskolen Vestland per desember 2024 hadde 159,2 årsverk, og i tillegg er det om lag 6,5 årsverk i engasjement. Gjennomsnittsalder for dei tilsette ved fagskolen er 50 år, og kjønnsfordelinga er om lag 30 prosent kvinner og 70 prosent menn. Sjukefråværet i 2024 var på om lag 4,8 prosent for heile året, dette er ei auke frå 2023 då sjukefråværet låg på 2,5 prosent.

Avdeling	Årsverk
Øvste leiing	3,0
Stab	7,3
Administrasjon	11,5
Bygg Nordnes	19,1
Elektro Nordnes	22,8
Maskin/prosess Nordnes	16,9
Maritim Austevoll	6,4
Grøne og gastronomiske Hjeltnes	8,4
Bygg Førde	13,9

Elektro Maskin Førde	10,5
Helse Nordnes	9,0
Maritim Måløy	9,4
Petroleum og maritim Nygård	20,0
EVU-avdelinga	1,0
Totalt	159,2

Tabell 1. Tal årsverk pr. 31.12.2023

1.2 Berekraft, miljø og klima

I fylkeskommunen sin regionale planstrategi står det følgjande: "Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. For å nå bærekraftmåla til FN må vi jobbe på tvers av fag og sektorar, og mellom forvaltningsnivå". Fagskulen utpeika derfor ein miljøkoordinator som skal vere eit bindeledd mellom Vestland fylkeskommune og fagskulen, og som skal koordinere oppgåver knytt til miljø- og klimaarbeid.

Miljøkoordinator ved fagskulen har hatt møte med avdeling for næring, plan og innovasjon for planarbeid knytt til miljø og klima ved Fagskulen Vestland. I 2024 gjennomførte fagskulen følgjande tiltak:

- Det vart gjennomført ein sykkelkampanje, med tilskot frå fylkeskommunen til sykkelservice for tilsette i fagskulen.
- Kantinemedarbeidarane ved fagskulen deltok på ein to-dagars samling om berekraftig matlaging og matsvinn, som ein del av prosjektet "Berekraftig kantine i Vestland".
- Miljøtala er rapportert inn til avdeling for næring, plan og innovasjon VLFK vinter 2024
- Miljørapportering i miljøfyrtårnportalen våren 2024

I samband med skulen sine nye retningslinjer for prosjektarbeid, er det ein forventning om at tilsette ved skulen alltid skal vurdere digitale alternativ i staden for reiser. Ein skal og alltid vurdere om miljøvennlege transportalternativ er mogleg og/eller hensiktsmessig.

1.3 Utdanningstilbodet

Fagskulen Vestland har eit breitt fagleg tilbod, og det er styret som vedtek kva tilbod som skal starte opp kvar haust. Tabell 2 under syner kva tilbod styret vedtok å starta opp ved fagskulen hausten 2024.

Stadiestad	Utdanningstilbod
Førde	Anlegg FTB02N
	BIM-tekniker FTI53N
	Bygningssakkyndig FTB58N
	Elkraft FTE13N
	Maskinteknikk FTT04N
	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K
Måløy	Dekksfiser FTM01H
	Maskinoffiser FTM02H
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N
	Bygg FTB01H
	Bygg FTB01N,
	Automatisering FTE01N
	Elkraft FTE03H

	Elkraft FTE03N
	Maskinteknikk FTT04N
	Prosessteknikk FTK01N
	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K
	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D
Stord	Maskinteknikk FTT04H
Nygård	Maskinoffiser FTM02H
	Dekkoffiser FTM01H
	Boring FTP01H
Austevoll	Dekkoffiser FTM01H
	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N
Hjeltnes	Arborist FPS01D
	Lokal matkultur FTK51N
Voss	Anlegg FTB02N

Tabell 2. Tilbod som var starta opp ved fagskulen hausten 2024. Siste bokstav (H, D, K eller N) syner til H – heiltid, H – deltid, K og N – er nettbasert med samlingar eller reint nettbasert.

I hovudopptaket 2024 var det 1519 søkarar som hadde Fagskulen Vestland som førsteprioritet, medan vi på same tidspunkt i 2023 hadde 1330 søkjarar. Fagskulen hadde eit mål om auke søkjartala med 5 prosent, og auken vart på heile 14 prosent. Det var stor variasjon mellom utdanningane, og tilboda Automatisering, Elkraft og dei maritime utdanningane hadde særleg god søknad.

Studiane med lågast søkjartal var Lokal matkultur, Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse, Demensomsorg og psykisk helsearbeid for eldre og Grøn omstilling i byggenæringa.

Nye studieplassar

Over statsbudsjettet for 2024 vart det gjeve 500 nye studieplassar til fagskulesektoren og fagskulen søkte fylkeskommunen om nye studieplassar vinteren 2023 med oppstart hausten 2024. Tabell 3 under syner kva tilbod fagskulen søkte nye studieplassar til, og kva plassar som fekk innvilga tilskot.

Utdanningstilbod	Tal studieplassar (H)	Tal studieplassar innvilga (H)
Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre	15	10
Grøn omstilling i byggenæringa	15	10
Automatisering	30	6
Havbunnsinstallasjonar	30	0
Pommelier	15	0
Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	20	0

Tabell 3. Oversikt over søknad og tildeling av nye studieplassar i heiltidsekvivalentar hausten 2024.

Som det kjem fram av tabell 3 vart det gjeve nye studieplassar til tre av dei tilboda som fagskulen søkte om, med til saman 26 studieplassar. Totalt hadde vi søkt om tilskot til 125 studieplassar, der noko var ei opptrapping og noko var til nye tilbod. Vestland fylkeskommune fekk få studieplassar av dei 500 studieplassane nasjonalt, og tildelinga vidare til oss vart derfor også svært mykje lågare enn det vi søkte om. Tilbodet Automatisering som det berre var gitt 6 studieplassar til vart brukt på automatisering på deltid i staden for heiltid, fordi det ikkje er mogleg å starte eit heiltidstilbod med finansiering for berre 6 studentar. Tilbodet innan automatisering på deltid vart såleis trappa opp i tråd med tildelinga.

1.4 Studentar

Den typiske studenten ved Fagskulen Vestland er ein mann mellom 20 og 29 år som studerer naturvitskaplege fag, handverksfag eller tekniske fag, og som går på eit studium som er nettbasert med samlingar.

Studenter etter fagfelt 2024 Høst



Figur 2. Studenter fordelt på fagfelt hausten 2024 (SSB/DBH-Fagskole).


Tabell 4 under syner studenttalet ved teljetidspunktet 1. oktober i 2023 og 2024, både i tal studenter og tal studenter rekna som heiltid (heiltidsekvivalent). Tabell 4 syner vidare at det var registrert 1930 aktive studenter hausten 2024, noko som er 20 studenter fleire enn i 2023. Rekna i heiltidsekvivalent var det 1380 i 2024, medan det i 2023 var 1342 og veksten i delen av heiltidsekvivalentar var såleis større en auken i studenter rekna i hovud og betyr at heiltidstilbodet også har auka.

Studiestad	2023		2024	
	Haust		Haust	
	Tal studenter	Heiltidsekvivalent	Tal studenter	Heiltidsekvivalent
Studiestad Austevoll	40	36,5	50	48,5
Studiestad Førde	505	305,39	480	296,39
Studiestad Hjeltnes	40	23,41	55	31,91
Studiestad Måløy	55	55	70	66,5
Studiestad Nordnes	970	674,73	980	693,64
Studiestad Nygård	150	150	150	150
Studiestad Odda	15	1,92		
Studiestad Stord	70	53,4	70	49,12
Studiestad Voss	65	44,22	65	44,22
Sum	1910	1342,57	1930	1380,28

Tabell 4. Studenttal og heiltidsekvivalent pr. 1. oktober 2023 og 2024. Heiltidsekvivalent syner studenttalet rekna om til heiltid (SSB/DBH-Fagskole). Tala er avrunda til næraste 5 av personomsyn.

I 2024 studerte om lag 68 prosent av studentane ved fagskulen eit studium som er nettbasert med samlingar som er den største delen av studiane vi tilbyr. Fagskulen har få tilbod som er reine nettbaserte, og diagrammet syner at om lag 8 prosent av studentane ved fagskulen følgjer ei slik undervisningsform. Det er om lag 24 prosent som går på eit stadbasert tilbod på heiltid. Det er i

hovudsak berre studiestad Nordnes, Stord, Austevoll og Måløy som tilbyr heiltidsutdanningar i dag. Delen studentar som studerer heiltid har over fleire år gått ned, medan deltidstilbodet har auka. Stadbaserte undervisning har difor vore dimensjonert mindre enn dei nettbasert med samlingar innan einskilde tilbod. I år blei dei fleste stadbaserte klassane fylt opp tidleg i opptaket og enkelte stader tok vi inn fleire enn tiltenkt, medan nettbasert med samling og nettbasert, som har større klasser låg lengre ute som ledige studieplassar. Når opptaket var ferdig var det framleis venteliste på enkelt stadbaserte studiar.




Figur 3. Diagrammet syner del av studentar ved utdanningar med utdanningsform; nettbasert med samlingar, nettbasert og stadbasert ved Fagskulen Vestland hausten 2024 (SSB/DBH-Fagskole).

Av figur 4 under ser vi at det var 87 prosent mannlege studentar ved skulen hausten 2024, medan det var 13 prosent kvinnelege studentar. Det låge talet kvinner må sjåast i samanheng med kva studiar som vert tilbydd. Det er tradisjonelt låg del kvinner på tekniske og maritime studiar som skulen er stor på, og dette gjeld også for kurs og kortare utdanningar.



Figur 4. diagrammet syner kjønnsfordelinga ved Fagskulen Vestland hausten 2024 (SSB/DBH-Fagskole).

Figur 5 under syner aldersfordelinga ved fagskulen hausten 2024 og det er flest studentar i gruppa 20-29 år medan det er nest flest i gruppa 30-39 år. Det er ved heiltidsutdanningane vi ser flest av dei yngre studentane, desse kjem ofte rett etter fullført fagbrev. Studentane som studerer på deltid er ofte i full jobb ved sida av studia, har arbeidd nokre år, og er gjerne etablerte.



Figur 5. Grafen syner aldersfordeling ved Fagskulen Vestland hausten 2024 (SSB/DBH-Fagskole).

1.5 Søkjarar

Fagskulen Vestland deltek i det nasjonale opptaket gjennom Samordna opptak, og det er søknadsfrist 15. april kvart år. Det er eit lovkrav at offentlege fagskular skal vere ein del av det samordna opptaket. Fagskulen kan, etter løyve frå HK-dir, handtere opptak lokalt når dette er utanom tidsperioden for Samordna opptak, eller når det er opptak til ein skilde emne eller korte utdanningar under 30 studiepoeng.

Av tabellen under ser vi at skulen i 2024 fekk 2117 søkjarar kor 1519 var førsteprioritetssøkjarar. Tilsvarande tal for opptak 2023 var 1920 søkjarar, kor 1330 hadde Fagskulen Vestland som førsteval. I 2022 hadde fagskulen 2096 søkjarar, og 1452 førsteprioritetssøkjarar. Det var ein positiv utvikling frå 2023 til 2024 med ein auke på 197 søkjarar totalt og ein auke med 189 søkjarar som hadde fagskulen som førsteval.

Søkjartal	2021	2022	2023	2024
Søkjantar totalt	2090	2096	1920	2117
Førsteprioritetssøkjarar	1477	1452	1330	1519

Tabell 5. Søkjartal over tid (Samordna opptak).

2. Styret for Fagskulen Vestland

Styret er det øvste styringsorganet for Fagskulen Vestland. I 2024 hadde styret ni medlemmar frem til juni, og ti medlemmar frå og med juni, alle med personlege vara. Direktør for avdeling for opplæring og kompetanse stilte i møta som fast observatør frem til juni. I juni vart styresamansettinga endra i fylkestinget, slik at direktør for opplæring og kompetanse er fast medlem av styret.

Styret er med heimel i fagskulelova mellom anna ansvarleg for kvaliteten i utdanningane, drift og dimensjonering av utdanningstilbodet ved fagskulen, og studentane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.

2.1 Samansetting

I 2024 hadde styret følgjande samansetting:

Januar - juni	Juni - desember
Oddmund Klakegg <i>Leiar</i> Eigarrepresentant (Sp)	Oddmund Klakegg <i>Leiar</i> Eigarrepresentant (Sp)
Karianne Alette Torvanger <i>Nestleiar</i> Eigarrepresentant (Ap)	Karianne Alette Torvanger <i>Nestleiar</i> Eigarrepresentant (Ap)
Tora Hodneland Kildehaug <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (H)	Tora Hodneland Kildehaug <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (H)
Gustav Bahus <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (Frp)	Gustav Bahus <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (Frp)
Bård Sandal <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (Adm.)	Bård Sandal <i>Medlem</i> Eigarrepresentant (Adm.)
	Bjørn Lyngedal <i>Medlem</i>

	Eigarrepresentant (Adm.)
Helene Frihammer <i>Medlem</i> Arbeidslivsrepresentant (NHO)	Helene Frihammer <i>Medlem</i> Arbeidslivsrepresentant (NHO)
Nils Petter Støyva <i>Medlem</i> Arbeidslivsrepresentant (LO)	Nils Petter Støyva <i>Medlem</i> Arbeidslivsrepresentant (LO)
Viggo Leikanger <i>Medlem</i> Tilsettrepresentant	Viggo Leikanger <i>Medlem</i> Tilsettrepresentant
Sigurd Bergsvik <i>Medlem</i> Studentrepresentant	Sigurd Bergsvik <i>Medlem</i> Studentrepresentant

Tabell 6. Styremedlemmar i styret for Fagskulen Vestland. Styresamansettinga vart endra i juni 2024, ved at direktør for avdelinga for opplæring og kompetanse no er fast medlem av styret.

2.2 Aktivitetar og viktige saker

I 2024 vart det gjennomført seks ordinære styremøte. I tillegg vart det gjennomført fire ekstraordinære styremøte. Kwart år er det fleire faste saker som skal handsamast av styret, til dømes budsjett, rekneskap, tilbudsstruktur og kvalitetsmelding. Andre viktige saker som vart handsama i 2024 vert omtala i det følgjande.

Ny studieforskrift for Fagskulen Vestland

I juni 2024 vedtok styret å sende forskrift om studium ved Fagskulen Vestland på høyring, med høyringsfrist i oktober 2024. Det kom inn høyringsinnspel frå 11 høyringspartar. Administrasjonen ved fagskulen vurderte høyringsinnspela og justerte forskrifta ut ifrå innspela. I desember 2024 la administrasjonen fram endeleg forslag til ny studieforskrift for styret. Det er styret som kan vedta forskrifta. Styret utsette behandlinga av saka til 2025.

Ny lokasjon for studiestadene i Bergen

I samband med handsaming av sak i fylkestinget om ny lokasjon for fagskulen sin aktivitet i Bergen vedtok styret i november 2024 ei uttale der dei ber fylkestinget om å finne løysingar som gjer at fagskulen får tidsriktige, sentrale, samla og store nok lokale til å vere eit flaggskip i Bergen for høgare yrkesfagleg utdanning. Det går fram av styrets vedtak at ei oppdeling av fagskulen ikkje er tilrådeleg.

Fylkestinget handsama sak om ny lokasjon for studiestadene i Bergen i PS 157/24 Investeringar i skulesektoren i desember 2024. I vedtaket frå fylkestinget går det fram at fylkestinget ønskjer å samlokalisere Fagskulen Vestland si eining i Bergen. Fylkestinget bad fylkesdirektøren om å greie ut ulike lokasjonar for ein samlokalisert fagskule i Bergen. Alternativa er:

- Nybygg på Årstad som skal huse både den vedtekne utvidinga for Årstad vgs og ein samla fagskule
- BIR-tomta i Møllendal eller Mindemyren m.fl.

Det går vidare fram av vedtaket at utgreiinga må skje i god dialog med tilsette og styret ved fagskulen. Administrasjonen må legge vekt på pris, kvalitet for brukarane og nærleik til kollektiv, samt moglegheiter for samfinansiering.

Fylkestinget ber i vedtaket om at utgreiinga blir lagt fram innan juni 2025. I vedtaket går det fram at nytt bygg for fagskulen skal vere klart innan 2031.

Søknad til NOKUT om fagområdeakkreditering

Fagskulen Vestland arbeider stadig med å utvikle nye tilbud og vidareutvikle eksisterande tilbud. Ei fagområdeakkreditering gir fagskulen moglegheit til sjølv å akkreditere nye utdanningar og til å gjere endringar i allereie akkrediterte utdanningstilbod, utan først å måtte søkje NOKUT om godkjenning.

I oktober 2024 vedtok styret å gi løyve til fagskulen om å søkje NOKUT om akkreditering for fagområdet Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi. Fagskulen søkte NOKUT om fagområdeakkreditering innan fristen 1. november 2024.

Søknadar og sjølvakkreditering av nye utdanningar

I august 2024 vedtok styret å gi løyve til fagskulen om å søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning innan Rådgevingande arborist, 30 studiepoeng med utdanningsform «nettbasert med samlingar», ved studiestad Hjeltnes. Styret vedtok samstundes å gi løyve til fagskulen om å søke NOKUT om akkreditering av ny utdanning innan Tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge, 60 studiepoeng med utdanningsform «nettbasert med samlingar» og «nettbasert», ved studiestad Nordnes og Førde. Fagskulen søkte NOKUT om begge utdanningane innan fristen 15. september 2024.

I desember 2024 vedtok styret å akkreditere utdanninga Energioverføring og høyspenningsteknologi, 30 studiepoeng med utdanningsform «stadbasert utdanning med nettstøtte», ved studiestad Stord og Nordnes.

Arbeidstidsavtale

I 2024 vart arbeidstidsavtalen for undervisningspersonale ved fagskulen ferdig forhandla, og trådde i kraft i samband med skuleåret 2024/2025. Dette er ein avtale som har teke lang tid å få på plass. Forhandlingane starta allereie i 2022. Det har vore krevjande å kome til einigheit mellom partane særleg pga. dei store skilnadane som låg i arbeidstidsavtalane ved dei to fagskulane før samanslåinga.

2.3 Klagesaker

Fagskulen Vestland skal etter fagskulelova § 20 opprette ei lokal klagenemnd, som skal handsame klager på fagskulen sine enkeltvedtak. Styret for Fagskulen Vestland har vedteke¹ at den lokale klagenemnda også skal handsame saker etter fagskulelova §§ 23-27, § 43 og § 16 a. Dette omfattar saker om formelle feil, annullering, bortvising, utestenging, skikkaheit, politiattest, klesplaggforbod og falske dokument ved opptak.

Vedtak i saker som gjeld klage på fagskulen sine enkeltvedtak, kan ikkje bli påklaga. I saker etter fagskulelova § 23-27, § 43 og § 16 a kan den lokale klagenemnda sine vedtak bli påklaga til Nasjonal klagenemnd for høgare yrkesfagleg utdanning.

Fagskulen Vestland samarbeider med Kunstskolen i Bergen og yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet om ei felles lokal klagenemnd. Fagskulen Vestland ivaretek sekretariatsfunksjonen for klagenemnda. Klagenemnda blir leia av ein ekstern jurist, og består i tillegg av to tilsettrepresentantar og to studentrepresentantar, alle med personlege vara.

Den lokale klagenemnda ved fagskulen har fast møtedato den siste fredagen i kvar månad, og blir innkalla av sekretariatet når det ligg føre saker som treng handsaming i nemnda. Dersom det ikkje er saker, blir møtet avlyst. I 2024 vart det gjennomført 4 møte, med følgjande fordeling av saker:

¹ Instruks for lokal klagenemnd for fagskular i Vestland, VS 14/21, 03.12.2021

Sakstype	Antal
Fusk på eksamen, prøve, innlevering o.l.	4

Resultat	Antal
Annullering av oppgavesvar	4
Utestenging i inntil eitt år	3
Utestenging i eitt semester	1

Eit vedtak frå lokal klagenemnd, om annullering og utestenging i eitt år, vart oppheva av lokal klagenemnd etter behandling av klage over vedtaket.

Antal klager til nasjonal klagenemnd	2
--------------------------------------	---

Tabell 7. Oversikt over saker i lokal og nasjonal klagenemnd i 2024.

Vedtaka frå lokal klagenemnd vart stadfesta i nasjonal klagenemnd.

3. Kvalitet i utdanninga

Fagskulen legg i desember kvart år fram ei kvalitetsmelding for styret som baserer seg på funn gjennom Studiebarometeret, lærarundersøkinga og tilbakemelding frå arbeidslivet, samt kvantitative data. Styret skulle handsama sak om kvalitetsmelding for skuleåret 2023/2024 i desember 2024, men grunna forseinkingar vart meldinga utsett til våren 2025.

Studiebarometeret er eit svært viktig verktøy for å få tilbakemeldingar frå studentane, og fagskulen hadde i 2024 ei svarprosent på 55 prosent. I 2023 var svarprosenten berre 26 prosent, og såleis er det ei oppgang frå året. Fagskulen arbeider aktivt for å auke svarprosenten og sikre eit representativt resultat.

Enkeltspørsmåla i undersøkinga er gruppert i 9 hovudområde, og kvart hovudområde består av fleire enkeltspørsmål innanfor eit overordna tema. Det vert nytta ein skala som er frå 1 til 5, kor 1 er lågast. I oversikta under står resultatata for 2024 i parentes, medan endringa frå året før er illustrert med negativt eller positivt forteikn.

Hovudområda er:

- Startkompetanse og studiestart (3,6) + 0,1
- Undervisning (3,6) + 0,1
- Sosialt og fagleg læringsmiljø (4,0) + 0,1
- Organisering av studieprogrammet (3,6) + 0,2
- Arbeidslivstilknytning (3,7) + 0,3
- Vurderingsformar (4,0) + 0,1
- Eige engasjement (3,8) - 0,1
- Bruk av digitale verktøy* (3,6) Ingen data
- Overordna tilfredsheit. (3,9) + 0,2

*Spørsmålsbatteriet vart ikkje nytta året før.

Samanlikna med 2023 er det ei auke i skåra på alle område utanom «Eige engasjement», der det er ei nedgang på 0,1 poeng. Det kan verke rart at studentane svarar at dei generelt er meir nøgd i 2024 enn året før, samtidig som eige engasjement går ned. Når ein ser på studiebarometeret i 2023 så ser ein at området «Eige engasjement» hadde auka med heile 0,3 poeng frå 2022, og kan såleis vere ei naturleg variasjon.

4. Strategi for Fagskulen Vestland

Styret vedtok i 2022 ein visjon og ein strategi for Fagskulen Vestland for perioden 2023-2027.

Fagskulen sin visjon er som følgjer:

«Fagskulen Vestland – den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland»

Strategien for fagskulen har følgjande hovudtema:

- Arbeidslivsrelevans
- Profesjonalisering
- Læringsmiljø
- Vere synleg

Målsettinga for perioden er som følgjer:

- Vi skal arbeide for vidare studentvekst i heile regionen og på fleire stader enn i dag, og utfordre oss sjølv på måten å organisere utdanningane på for å sikre fleksibilitet for studentar og arbeidsliv.
- Vi skal vere ein trygg og god partner for arbeidslivet og samarbeide enda tettare om å utvikle utdanningar som styrkar arbeidskrafta, berekraft og grøn omstilling i regionen.
- Vi skal styrke kvaliteten i undervisninga med fleire dyktige lærarar og nye undervisningsmetodar.
- Vi skal vidareutvikle læringsmiljøet for studentane ved dei fleksible tilboda.
- Vi skal vere meir synleg for samfunnet med ein heilskapleg profil og aktiv deltaking i det offentlege ordskiftet

I fortsettinga vert det gjeve ei omtale av kva fagskulen har arbeidd med i 2024 for å oppnå strategien og målsettingane.

4.1 Arbeidslivsrelevans - det grønne skiftet

Under satsingsområdet om arbeidslivsrelevans er det mellom anna ei målsetting om å vere aktiv i satsinga innan karbonnøytrale energikjelder, sirkulærøkonomi og berekraft. Fagskulen arbeider med å implementere element kring grøn omstilling i det eksisterande studietilbodet, men har også arbeidd med å etablere nye tilbod.

Gjennom den nye EVU-avdelinga ønskjer vi at berekraftige løysingar skal integrerast i alle aspekt ved etter- og vidareutdanning, og at alle utdanningar skal reflektere det grønne skiftet, særleg innan teknologi og grøn industri.

I 2024 vart det arbeidd med å utvikle ei ny utdanning innan Fartøyvern som både skal ivareta norske handverkstradisjonar og kulturminne, men som også skal fremme bevaring i eit miljøperspektiv. Innan utdanninga Klassisk bygningshandverk og restaurering har det også vore gitt kompetansehevande tilbod retta mot den statlege satsinga Kyrkjebevaringsprogrammet. Dette er eit viktig tilbod for å bevare og restaurere gamle kyrkjebygg. Innan fagområdet bygg har det også vore arbeidd med tilpassing i studieplanane i høve til ny energilovgivning og sirkulærøkonomi.

Fagskulen søkte i 2024 om ei fagområdeakkreditering innan Matproduksjon, ressursutnytting og gastronomi som mellom anna er sterkt knytt til berekraftig landbruk, auka sjølvforsyning og berekraftig turisme.

Gjennom Vestland fylkeskommune si ordning for berekraftig verdiskaping i Vestland fylke fekk Fagskulen Vestland i 2024 full poengscore til prosjektet HavbruksHorisont. Prosjektet skal vidareutvikle høgare yrkesfagleg akvakulturutdanning ved studiestad Austevoll, med fokus på grøn omstilling i havbruksnæringa.

Fagskulen har også delteke i to europeiske prosjekt som handlar om nye berekraftige energiformer; CaBatt (batteri) og H2COVE (hydrogen), i tillegg til eit nordisk samarbeid om berekraftig reiseliv; FARE Green. Prosjekta vert omtala i neste avsnitt.

4.2 Arbeidslivsrelevans – internasjonalisering

Fagskulen har i 2024 styrka det internasjonale arbeidet i tråd med strategien, og har utarbeidd ein mål- og tiltaksplan for det internasjonale engasjementet. Planen legg grunnlaget for eit systematisk og målretta arbeid med internasjonalisering, både for studentar og tilsette. Som ein del av dette arbeidet har skulen inngått to nye samarbeidsavtalar, med VIA University College i Horsens, Danmark, og Tallinn Health Care College i Estland. Desse avtalane vil bidra til auka moglegheiter for tilsett- og studentmobilitet, kunnskapsutveksling og fagleg utvikling.

Gjennom Vestland fylkeskommune sitt Erasmus+-konsortium har fagskulen fått midlar til å sende 25 tilsette på jobbskyggingar til utanlandske institusjonar i løpet av 2024. I tillegg har fleire lærarar delteke på internasjonale kurs arrangert i internasjonale samarbeidsprosjekt. Fagskulen har i løpet av året søkt om og oppnådd akkreditering for Erasmus+ mobilitet innan fag- og yrkesopplæring, noko som legg til rette for stabil og langsiktig internasjonal utveksling. Mobilitet bidreg til kompetanseheving og kvalitetsutvikling ved skulen, og vil gjere det mogleg å knyte kontaktar med utdanningsinstitusjonar og næringsliv i andre land.

I 2024 held vi fram som aktiv samarbeidspartnar i to Erasmus+-prosjekt; Capacity Building for Battery Teachers in Vocational Education and Training (CaBatt), eit samarbeidsprosjekt som skal gje lærarar i høgare yrkesfagleg utdanning auka kompetanse om batterisektoren. Prosjektet vert leia av VAMIA i Finland og med partnarar i Noreg, Portugal, Sverige og Tsjekia. I tillegg er vi med som partnar i H2CoVE, eit stort europeisk prosjekt som skal auke kompetanse kring hydrogen gjennom etablering av ei rekkje regionale europeiske sentre for yrkesfagleg ekspertise. Prosjektet vert leia av Vestland fylkeskommune og har 20 partnarar i Norge, Austerrike, Nederland, Estland og Ukraina.

Med delfinansiering frå NORA-programmet, som ligg under Nordisk Ministerråd, er Fagskulen Vestland aktiv partnar i eit nytt internasjonalt prosjekt kalla FARE Green-Green Education Empowering Communities. Prosjektet rettar seg mot berekraftig småskalaturisme i kystnære strok i Norden, og skal utvikle ei rekkje nettressursar for entreprenørar i reiselivsbransjen. Prosjektet er leia av Fagskolen Rogaland og har partnarar på Færøyene, Island og Canada, forutan Norge.

På tampen av året fekk fagskulen, saman med andre nordiske partnarar, innvilga ei søknad gjennom Nordplus-programmet til eit forberedande besøk på Island om mogleg prosjektsamarbeid innan etter- og vidareutdanningsfeltet.

Samla har fagskulen i løpet av 2024 styrka si rolle som ein internasjonal aktør, og lagt eit solid grunnlag for vidare satsing på internasjonalt samarbeid. Skulen sin internasjonale koordinator har deltatt med innlegg, og i paneldebatt på eit internasjonalt seminar for norske fagskular på Fagskolen Rogaland, noko som har bidratt til synleggjering av det internasjonale arbeidet vårt. I 2025 vil vi søke om mobilitetar for tilsette og studentar gjennom Erasmus+, vi skal forsette å vere ein aktiv partnar i dei internasjonale prosjekta vi er del av, og vi skal vurdere andre moglege prosjektsamarbeid.

4.3 Profesjonalisering

Fagskulen har som målsetning å styrke profesjonaliseringa i fagmiljø og i administrasjon for å sikre høg kvalitet i utdanninga, effektiv drift og god studentoppfølging. Eit profesjonelt fagmiljø legg til rette for oppdatert undervisning, relevant kompetanse og tett samarbeid med arbeidslivet, medan ein velfungerande administrasjon sikrar smidige prosessar knytt til opptak, kommunikasjon/marknadsføring, eksamen, studiekvalitet (analysearbeid), studentrådgjeving og studiestøtte.

Fagskulen har jobba systematisk med å styrke utviklingskapasiteten både i fagmiljø og administrasjon for å kunne utvikle og gjennomføre gode utviklingsprosjekt. I løpet av fjoråret deltok fleire lærarar på internasjonale train-the-trainer-kurs. Denne type kurs gir moglegheit for fagleg og pedagogisk utvikling, og er viktige for styrka nettverk og samarbeid med utdanningsinstitusjonar og verksemdar i andre land, samt internasjonal og interkulturell forståing for den einskilde lærar. Fagskulen har også arrangert nokre interne kurs knytt til både pedagogikk, digital undervisning og KI, og dette vil vi satse meir på framover.

Hausten 2024 oppretta skulen ein ny avdeling for etter- og vidareutdanning – EVU-avdelinga. Avdelinga skal ha ansvar for å sikre at etter- og vidareutdanningstilbodet ved skulen er framtidsretta, fleksibelt og relevant for arbeidslivet, og vektlegg samarbeid med både offentlege og private aktørar. EVU-avdelinga bidrar til auka kapasitet til å søke finansiering gjennom offentlege tilskotsordningar som bransjeprogrammet og industrifagskulen for å kunne tilby meir kompetanseheving i regionen.

HK-dirs utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning er ein viktig tilskotsordning for fagskulen, og i 2024 fekk skulen finansiell støtte til utvikling av fleire nye utdanningar, inkludert påbyggings-utdanningar, og til eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur gjennom denne ordninga.

I løpet av dei siste åra har Fagskulen Vestland tilsette fire personar med ansvar for ulike felt i administrasjonen. Ein opptaksansvarleg, ein kommunikasjon og marknadsansvarleg, ein studiekvalitetsansvarleg og ein eksamensansvarleg. Dette for å løfta dei ulike feltene og for å sikra god kvalitet og profesjonalisering.

Tilsette ved fagskulen har også delteke på kurs som er arrangert av Vestland fylkeskommune innan mellom anna prosjektstyring, forvaltningsrett og kurs retta mot leiarar. Desse kursa vil me satse meir på i 2025 som ein del av arbeidet med å styrke forvaltningskompetansen.

I 2024 fekk fagskulen akkreditering for fag- og yrkesopplæring i Erasmus+. Denne viktige anerkjenninga legg til rette for internasjonalt samarbeid, kompetanseutvikling og kvalitetsheving, og vil gi tilsette og studentar tilgang til nye metodar, teknologi og beste praksis, noko som styrkar både undervisninga og skulen sin faglege tyngde.

Det er utarbeidd ei ny studieforskrift for fagskulen som skal sikre betre forvaltning og sakshandsaming kring studentane sine rettar og pliktar. Det er store endringar som vert føreslått i den nye forskrifta, og i samband med at studieforskrifta var på høyring vart det gjennomført høyringsmøte ved alle avdelingane på skulen. Dette vart gjort både for å gå igjennom endringane saman med dei tilsette, men også for å jobbe med å heve kompetanse knytt til forvaltningsarbeidet ved fagskulen.

I tillegg har avdeling for stab og administrasjon fortsett arbeidet med å utarbeide rutinar og retningslinjer for ulike administrative arbeidsoppgåver, til dømes for prosjektarbeid, opptak, eksamen, HR og løn og økonomi. Dette sikrar etterleving av lover og forskrifter, gir betre ressursstyring og meir effektiv drift.

4.4 Læringsmiljø

Satsingsområdet læringsmiljø omhandlar både studentdemokratiet og det faglege miljøet i og utanfor klasserommet.

I 2024 fekk fagskulen midlar til eit prosjekt for intern opplæring av alle lærarar om tilrettelegging og universell utforming. "Læringsverkstad for inkluderande undervisning", som prosjektet heiter, skal

haldast ved fleire av våre studiestadar for å gi lærarane gode verktøy til betre tilrettelegging av undervisninga, med fokus på digital tilgjengelegheit, pedagogisk tilpassing og gode fysiske læringsmiljø.

I 2024 etablerte fagskulen eit samarbeid om felles studentombod med Universitetet i Bergen. Fagskulen er ansvarleg for at studentane har tilgang til eit studentombod. Studentombodet sin viktigaste funksjon er å gje råd om rettar og pliktar i studentsaker til både studentar og tilsette. Dette kan vere i klagesaker, saker om fusk, skikkavurdering eller bortvising, men også om studentar er utsett for trakassering av medstudentar eller tilsette.

Under pandemien etablerte fagskulen ei ordning med studentassistentar gjennom eit prosjekt kalla «Student hjelper student». Dette har blitt ei god og populær ordning som er vidareført også i 2024. Ordninga går ut på at fagskulen lønner studentar som meistrar faga godt til å hjelpe andre studentar som har trong for det i einskilde emne eller tema. Studentassistentane kan også hjelpe med studieteknikk og motivasjon. Studentane kan sjølve kontakte ein studentassistent om dei ønskjer det.

Eit aktivt studentdemokrati er viktig i arbeidet med eit godt læringsmiljø. Leiinga har jamlege møter med studentrådsleiar, der ein får drøfta viktige saker som vedkjem studentane. Dei siste åra har vi fokusert på å sikre meir aktivitet knytt til studentdemokratiet lokalt på studiestadene og vi ser at dette har nytta. Samtidig ser vi at studentdemokratiet sentralt gjerne ikkje har vore like prioritert av studentane. På bakgrunn av dette har studentrådet, med hjelp frå skulen sin studentkoordinator, starta eit arbeid med å omstrukturere studentrådet, slik at det kan stimulerast til meir engasjement også sentralt.

4.5 Vere synleg – Profil og kommunikasjonsstrategi

I strategien er ei av dei overordna målsettingane at fagskulen skal bli meir synleg i samfunnet. Eit av tiltaka for å oppnå denne målsettinga har vore å utvikle ein heilskapleg og tydeleg visuell profil. Den nye visuelle profilen og tilhøyrande logo blei utvikla av MediaPlus og ei intern arbeidsgruppe, og vart vedteken av styret i 2023. Etter vedtaket starta arbeidet med merkevareplattform og kommunikasjonskonsept, også dette i regi av MediaPlus. Her deltok ei arbeidsgruppe som bestod av utdanningsleiarane ved fagskulen og ei styringsgruppe som bestod av rektoratet. Merkevareplattforma, som vart ferdigstilt vinteren 2024, skal ligge til grunn for korleis Fagskulen Vestland kommuniserer.

I januar og februar vart det arbeidd med å sette opp nye annonsemalar basert på den nye visuelle profilen, merkevareplattforma og kommunikasjonskonseptet. Dei nye annonsane var fyrste gong nytta i reklamekampanjen for Open dag i Bergen.

Marknadsføringsåret 2024

I 2024 har alle annonsane våre vore sett opp etter den nye grafiske profilen. Hovudtyngda av marknadsføringa vår går føre seg digitalt, i sosiale medium og i nettaviser/andre nettstadar. Den største kampanjen gjekk frå februar og fram til søknadsfrist. Elles har vi hatt kampanjar knytt til Open dag og restplassar både før og etter sommaren. Det har også vore gjennomført nokre mindre kampanjar (både digitale og trykte) i ulike magasin/aviser eller meir målretta i sosiale medium. Totalt hadde vi i 2024 over 11 millionar visningar av dei digitale annonsane våre og generelt sett leverer dei som forventa. Vi har også hatt eit eige arbeid knytt til betalt søkemotormarknadsføring.

Sosiale medium

Fagskulen Vestland har kontoar på Facebook, Instagram, Snapchat (berre til annonsebruk) og LinkedIn. I 2024 har vi reaktivert LinkedIn-kontoen som har vore ute av drift ei stund og nyttar denne kanalen til å profilere skulen sine utdanningar, internasjonale aktivitetar og kompetansmiljø for studentar og samarbeidspartnarar. I tillegg har enkelte utdanningar og fagområde eigne Instagram-kontoar.

Om nettsida

For å betre kunne dra nytte av den nye profilen vart det også sett i gang ein design-revisjon av nettsidene våre. Vestland fylkeskommune sin avtalepartner og systemadministrator Bouvet vart sett i gang med eit prosjekt for å sjå på korleis nettsidene til Fagskulen Vestland kunne ta i bruk den nye visuelle profilen. Designprosjektet vart fullført i februar 2024, og vidare vart det arbeidd med utvikling og implementering, samt oppbygging av innhald. Det er også arbeidd med å gjere ein del utbetringar knytt til søkemotoroptimalisering.

Dette har først og fremst vore ein design-revisjon for å betre synleggjere vår nye grafiske profil og for å skape eit reinare og meir moderne uttrykk. Vidare har ein jobba med å forenkle ting og å samle informasjon på meir naturlege stadar. Ikkje minst har det vore eit ønske å gjere det enklare å få oversikt over dei ulike utdanningstilboda våre.

Målingar frå nettsida

I februar 2024 fekk vi installert trafikkmåling på fagskulen.no for lettare å kunne analysere effekten av annonsering, medieoppslag og andre hendingar og handlingar med mål om auka synlegheit. Frå målingane starta og ut 2024 hadde nettsidene til fagskulen i overkant av 97 000 unike besøkande og cirka 336 000 sidevisningar. Ein ser at besøkstala følger hovudkampanjen vår ganske godt frå starten av og toppar seg med 1000 besøkande ved søknadsfrist 15. april. Så ser ein nokre mindre toppar rundt lansering av restplassar (med tilhøyrande kampanjar) og rundt studiestart i august. Så roar det seg utover hausten. Desse målingane vil verte meir og meir verdifulle etter kvart som vi kan samanlikne trendar på tvers av år.

4.6 Vere synleg – Nasjonalt arbeid og utvikling i sektoren

Det er ei strategisk prioritering at fagskulen skal delta i samfunnsdebatten. Dette vert gjort gjennom representasjon i ulike råd og utval, samt gjennom å vere aktiv i innspelsrundar og høyringar når det er viktige saker som vedkjem fagskulesektoren. I 2024 har fagskulen vore representert i:

- Styret for HØY (interesseorganisasjon for offentlege fagskular)
- Rektorforum for offentlege fagskular
- Nasjonale fagråd og fagsamlingar

Gjennom deltaking i nasjonale råd og utval får skulen eit godt innblikk i dei nasjonale trendane og ein moglegheit for å delta aktivt i samfunnsdebatten. I 2024 sendte fagskulen skriftlege innspel til den komande stortingsmeldinga for høgare yrkesfagleg utdanning som skal handsamast av stortinget våren 2025. Fagskulen og sektoren har vore oppteken av følgjande tema i innspela:

- Høgare yrkesfagleg utdanning sin plassering i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR).
- Innføring av ECTS i fagskulen
- Finansiering av fagskulesektoren

Skulen har som nemnt tidlegare også bidratt med innlegg og deltatt i paneldebatt på eit internasjonalt seminar for fagskulesektoren i Norge, noko som har gitt god synleggjering av vårt internasjonale engasjement.

4.7 Strategisk arbeid i fortsettinga og justering av strategi og ambisjonar

Fagskulen arbeider strategisk med utvikling av skulen som heilskap, og med styrking av dei einskilde studiestadene. Det har i 2024 blitt akkreditert nye utdanningar, og vi har fått utviklingsmidlar til å utvikle fleire. Tilboda vert utvikla på førespurnad frå arbeidslivet, og skal imøtekomme det kompetansebehovet som arbeidslivet har i Vestland fylkeskommune. Det er stor merksemd rundt fagskulesektoren både i høve til utvikling og vekst. Likevel ser vi at vi ikkje får tilstrekkeleg med nye studieplassar for å kunne starte alt som vert utvikla. Dette gjer at skulen sin evne til å vere fleksibel, og raskt kome i gang med nye tilbod vert redusert. For å motverke dette etablerte fagskulen ei eiga

avdeling for EVU som skal sikre meir kompetanseheving til fagarbeidarar i heile Vestland. I 2024 stod fagskulen overfor store budsjettkutt i åra framover, men desse vart delvis reversert av fylkestinget i samband med fylkesbudsjettet for 2025. I tillegg har fagskulen fått styrkingar gjennom det statlege tilskotet. Dette var viktige vedtak for fagskulen som bidreg til å styrka skulen sin evne til vidare utvikling.

I 2024 bad styret om ei sak med ein tidsplan for ei ny strategi for fagskulen som skal vise veg 5 eller 10 år fram i tid. Fagskulen vil legge fram ny strategi for styret i desember 2025. Den nye strategien må sjåast i samanheng med dei komande endringane i den nye stortingsmeldinga som er venta våre 2025, samt sjå på utviklinga i arbeidslivet og dimensjoneringa i den vidaregåande skulen i regionen knytt til yrkesfag.

5. Årsrekneskap 2024 og tilskot

5.1 Årsrekneskap

Rekneskapstala for Fagskulen Vestland i 2024 viser eit underforbruk på ca. 5,6 mill. Hovudårsaka til underforbruket er ekstra tilskot frå fylkeskommunen gjennom året, det er løyst opp bundne prosjektmidlar, kursverksemd er litt betre enn budsjettert og det er gjort mykje godt arbeid i høve til innsparingar og strukturelle endringar i studiane. Resultatet ville derimot vist overforbruk hadde det ikkje vore for ekstraordinære forhold. Justert for det negative disposisjonsfondet på kr 1,6 mill. som Fagskulen Vestland tok med seg inn i 2024, så tar fagskulen med seg eit positivt disposisjonsfond på ca. kr 4,0 mill. inn i år 2025.

Total oversikt:

Totalt oversikt er spesifisert på einingsnivå

Eining	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
3880 Administrasjon og leing (FAH)	(128 609 453)	(129 984 009)	(1 374 556)
3881 Undervisning (FAH)	153 845 593	158 073 320	4 227 727
3888 Oppdragsverksemd (FAH)	(1 479 260)	(1 218 430)	260 830
Prosjekt/prosjekt i arbeid	(2 928 514)	(436 706)	2 491 808
Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	3 974 095	-	(3 974 095)
Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	1 631 714	-	(1 631 714)
Totalsum	26 434 175	26 434 175	-

Detaljert oversikt:

Detaljert oversikt viser einingar fordelt per kostnadsstad. I tillegg er nokon vesentlege postar/spesielle postar vist på eigen linje.

Eining/Kostnadsstad/avd	Rekneskap	Budsjett	(Meir)/mindre
Administrasjon og leing (FAH)			
388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	4 536 096	11 912 400	7 376 304
388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	(147 521 000)	(147 521 000)	-

388000 OPK-FV - Fagskulen Vestland	-	(10 071 870)	(10 071 870)
388010 OPK-FV - Administrasjon	9 204 009	9 171 601	(32 408)
388011 OPK-FV - Stab	5 123 233	5 521 670	398 437
388012 OPK-FV - Skolelokale/Felles	4 514 786	4 930 000	415 214
388013 OPK-FV - Fagskulestyre	194 366	673 190	478 824
388014 OPK-FV - Markedsføring	2 038 719	1 500 000	(538 719)
388015 OPK-FV - Semester- og studieavgift	(6 822 170)	(6 600 000)	222 170
388016 OPK-FV - IT	122 508	500 000	377 492
Delsum	(128 609 453)	(129 984 009)	(1 374 556)

Undervisning (FAH)

388120 OPK-FV - Undervisning felles	3 320 143	2 957 620	(362 523)
388122 OPK-FV - Bygg Nordnes	18 994 418	20 808 320	1 813 902
388123 OPK-FV - Bygg Førde	17 241 456	17 373 430	131 974
388124 OPK-FV - Elektro Nordnes	25 380 698	25 165 080	(215 618)
388125 OPK-FV - Maskin og Prosess	18 507 425	18 102 740	(404 685)
388126 OPK-FV - Elektro og Maskin Førde	10 863 380	11 315 970	452 590
388127 OPK-FV - Maritim Austevoll	8 460 500	8 023 710	(436 790)
388128 OPK-FV - Maritim Måløy	10 270 973	11 820 480	1 549 507
388129 OPK-FV - Maritim Nygård	18 250 255	19 763 940	1 513 685
388130 OPK-FV - Grønne og gastronomiske	8 086 829	5 947 740	(2 139 089)
388131 OPK-FV - Anlegg Voss	3 164 070	3 839 770	675 700
388132 OPK-FV - Helse	6 354 973	8 235 100	1 880 127
388133 OPK-FV - Petroleum Nygård	4 950 473	4 719 420	(231 053)
Delsum	153 845 593	158 073 320	4 227 727

Oppdragsverksemd (FAH)

388802 OPK-FV - Kurs og kompetanse Bergen	(1 479 260)	(1 218 430)	260 830
Delsum	(1 479 260)	(1 218 430)	260 830

Årsoppgjørdisposisjoner

388099/388121 Årsoppgjørdisposisjoner - Prosjekter/prosjekter i arbeid	(2 928 514)	(436 706)	2 491 808
388099 Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	3 974 095	-	(3 974 095)
388099 Årsoppgjørdisposisjoner - Disposisjonsfond	1 631 714	-	(1 631 714)
Delsum	2 677 295	(436 706)	(3 114 001)

Totalsum	26 434 175	26 434 175	-
-----------------	-------------------	-------------------	----------

5.2 Tilskotsoversikt

	Statleg tilskot	VLFK	Totalt
Tilskot	148 757 000	19 113 000	167 870 000
Styrking driftstilskot	3 067 425	-	3 067 425
Styrking gjennom disposisjonsfond	-	2 100 000	2 100 000
Nye studieplassar	1 052 154	-	1 052 154
Lønnsjusteringsmidlar	502 931	-	502 931
Totalsum	153 379 510	21 213 000	174 592 510

Tabell 8. Årsrekneskap 2024 for Fagskulen Vestland.

5.3 Oversikt over prosjektmidlar 2024

Fagskulen Vestland søker kvart år ekstern finansiering til nye prosjekter, og i 2024 fekk skulen innvilga totalt kr. 20,8 mill. i tilskot til 10 nye prosjekt. Prosjekta omfattar både utvikling og/eller drift av nye utdanningar, kompetanseheving av tilsette, innkjøp av utstyr og internasjonalt samarbeid. Fleire av prosjekta har krav til eigenandel. Ved årsskiftet 2024/2025 omfattar prosjektporteføljen vår 20 aktive prosjekt knytt til ulike einingar ved skulen, og samla er prosjektporteføljen på kr. 48,6 mill.

Prosjektnamn	Tilskotsgeivar	Tilskot, NOK
Utvikling av tverrfagleg teknisk lab i Førde	HK-dir	2 000 000
Påbygg byggeadministrasjon	HK-dir	800 000
Påbygg rådgjevande arborist	HK-dir	350 000
Vann- og avløpsteknikk	HK-dir	800 000
Psykososialt arbeid med barn og unge	HK-dir	1 200 000
Observasjons- og vurderingskompetanse	HK-dir	1 200 000
Læringsverkstad for inkluderande undervisning	HK-dir	150 000
Industrifagskulen 2025-2027*	HK-dir	12 994 000
HavbruksHorisont	Vestland fylkeskommune	915 625
FARE Green – Green Education Empowering communities (DKK 300 000)	NORA	450 000
Til saman		20 859 625

Tabell 9. Oversikt over nye prosjekt med ekstern finansiering i 2024.* Midlane vart løyvd i 2024 men overført i 2025.

Saksnr: 2022/486-194
Saksbehandlar: Astrid Nytun Steffensen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 08/25	7. mars 2025

Ny studieforskrift for Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

Styret for Fagskulen Vestland vedtar forslaget til ny forskrift om studium ved Fagskulen Vestland, med ikraftsetjing 1. august 2025. Frå same tid blir forskrift 17. september 2021 nr. 3061 om studium ved Fagskulen Vestland oppheva.

Samandrag

I denne saka blir det lagt fram forslag til ny studieforskrift for Fagskulen Vestland. Forslaget har vore på open høyring. Det er styret ved fagskulen som kan vedta forskrifta. Rektor tilrår at styret vedtar forslaget til ny studieforskrift ved Fagskulen Vestland med ikraftsetjing frå 1. august 2025.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Gjennomgang av høyringsinnspel til ny studieforskrift
- 2 Forskrift om studium ved Fagskulen Vestland

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Administrasjonen viser til vedtak frå styret i sak VS 07/24. Forslaget til ny studieforskrift har vore på open høyring, og det har kome høyringsinnspel frå 11 høyringspartar.

For å systematisere høyringsinnspela er alle føresegn som det er kome innspel til presentert kronologisk i vedlegget «Gjennomgang av høyringsinnspel til ny studieforskrift», slik føresegna var utforma då forskrifta vart sendt på høyring. Under kvar føresegn er alle innspela tilknytt den aktuelle føresegna lagde inn i ein tabell. I tabellen har administrasjonen kommentert kor vidt innspelet er tatt til følge i det endelege forslaget til ny studieforskrift. For høyringsinnspel som ikkje er tatt til følge har administrasjonen gjort greie for bakgrunnen for dette. Under tabellen er det endelege forslaget til føresegn presentert, med eventuelle justeringar frå då føresegna var på høyring.

Administrasjonen har på denne måten gjennomgått og vurdert alle innspela som har kome inn. Sjå også vedlegg med forskrifta i sin heilskap slik den no blir foreslått.

Tidlegare prosess

I møte 24. juni 2024 behandla styret utkast til ny studieforskrift, og sende utkastet på open høyring med frist 6. oktober 2024. (Sak VS 07/24). Høyringsprosessen vart gjennomført, innspela vurdert av administrasjonen og forskrifta gjennomarbeidd i lys av innspela.

Forslag til endeleg studieforskrift vart lagt fram i styremøte 17. desember 2024 (sak VS 27/24). Styret vedtok å utsette behandlinga av saka til møte 7. mars 2025. Styret ønskte betre tid til å vurdere forslaget og å kome med skriftlege innspel til forskrifta.

I referatsak til møte 14. januar 2025 (sak RS 01/25) orienterte administrasjonen om planlagt prosess og at administrasjonen førebels ikkje hadde motteke innspel frå styret til forslaget. I saka vart det òg orientert om at ikraftsetjinga av forskrifta måtte bli sett til 1. august 2025, om forskrifta blir vedtatt i møte 7. mars 2025. I møtet bad administrasjonen om at eventuelle innspel til forskrifta kom i god tid før styremøtet 7. mars, slik at desse kunne bli vurdert og ev. innarbeida i forskrifta.

Administrasjonen v/rådgjever Pernille Rieber sende 4. februar 2025 e-post til styret der det vart bedt om at eventuelle innspel seinast vart sendt til administrasjonen innan 21. februar 2025. Administrasjonen har ikkje registrert at det har kome innspel. Det har difor ikkje vore aktuelt å vurdere fleire justeringar, og forslaget til forskrift er difor med to unntak det same som forslaget til møtet 17. desember 2024. Punkta som er justert blir uttømmende nemnt under.

Endra ikraftsetjingstidspunkt

I forskriftsforslaget til møtet 17. desember 2024 var føresegna § 12-1 om ikraftsetjing slik:

«§ 12-1. Ikraftsetjing og oppheving
Forskrifta trer i kraft 01.01.2025. Frå same tid blir forskrift 17. september 2021 nr. 3061 om studium ved Fagskulen Vestland oppheva».

Pga. behov for å justere ikraftsetjinga er føresegna no endra til:

«§ 12-1. Ikraftsetjing og oppheving
Forskrifta trer i kraft 01.08.2025. Frå same tid blir forskrift 17. september 2021 nr. 3061 om studium ved Fagskulen Vestland oppheva».

Ikraftsetjinga vil dermed samanfalle med oppstarten av studieåret 2025/2026.

Justering av overgangsregel

I forskriftsforslaget til møtet 17. desember 2024 var denne overgangsregelen i § 12-2:

«§ 12-2. Overgangsreglar

- (1) Ordningar i studieplanar vedtatt før denne forskrifta tredde i kraft, som er i strid med nye reglar i forskrifta, kan gjennomførast etter tidlegare vedtatt ordning i studieåret 2024/2025.
- (2) Dersom det er motstrid mellom ny og gammal studieforskrift, blir den løysinga som er til gunst for studenten lagt til grunn ut studieåret 2024/2025.»

Behovet for overgangsregel var grunnlagt i at forskrifta var planlagt iverksett midt i eit studieår. Ein måtte difor ta høgde for at studieplanar ikkje nødvendigvis ville vere i samsvar med ny forskrift. I tillegg var ønsket å sikre at ein student, ved eventuell motstrid mellom gamal og ny forskrift, ut studieåret 24/25 skulle bli underlagt den løysinga som var mest til gunst for studenten.

Sidan ny studieforskrift no vil settast i kraft frå starten av eit nytt studieår, er det i utgangspunktet ikkje same behov for overgangsreglar. Administrasjonen ser samstundes at det er grunnar for å halde på ein overgangsregel for studieplanane (første ledd), og at denne bør gjelde ut studieåret 2025/2026. Fagskulen Vestland har studiar som går over fleire år og ein overgangsregel vil gi tilstrekkeleg tid til å gjere tilpassingar. Føresegna blir difor no foreslått endra til:

«§ 12-2. Overgangsregel

Ordningar i studieplanar vedtatt før denne forskrifta tredde i kraft, som er i strid med nye reglar i forskrifta, kan gjennomførast etter tidlegare vedtatt ordning i studieåret 2025/2026.»

Det blir elles vist til vedlagte gjennomgang av høyringsinnspel og forslag til endeleg forskrift.

Vedtakskompetanse

Styret for Fagskulen Vestland skal med heimel i fagskulelova og fagskuleforskrifta lage utfyllande reglar for studia ved fagskulen. Styret har kompetanse til å vedta forskrifta, jf. føresegnene under:

Fagskulelova § 21 siste ledd:

«Styret selv gir forskrift om gjennomføring av eksamener, prøver og annet arbeid. Dette omfatter vilkår for å gå opp til en eksamen eller prøve på nytt, adgangen til en ny praksisperiode og oppmelding. Styret kan delegere til en avdeling ved fagskolen å gi utfyllende forskrift om forhold som er særegne for den enkelte eksamen.»

Fagskulelova § 26 første ledd:

«Fagskolen skal gjennom hele utdanningen gjøre en løpende skikkethetsvurdering av alle studenter som er omfattet av kravet om slik vurdering. Fagskolen fastsetter i forskrift hvilke utdanninger som er omfattet av skikkethetsvurdering. En skikkethetsvurdering skal vise om en student har de nødvendige forutsetningene for å kunne utøve et yrke.»

Fagskulelova § 28 a siste ledd:

«Fagskolene kan gi forskrift om permisjon.»

Konklusjon

Basert på saksframlegget med vedlegg vil rektor tilrå at styret vedtar ny forskrift om studium ved Fagskulen Vestland med ikraftsetjing frå 1. august 2025. Frå same tid blir forskrift 17. september 2021 nr. 3061 om studium ved Fagskulen Vestland oppheva.

Gjennomgang av høyringsinnspel til ny studieforskrift

§ 1-1. Verkeområde

[...]

(3) Lov og forskrift gitt av lovgivar eller NOKUT skal ved motstrid gå framfør føresegner gitt i denne forskrifta.

Lærarane ved studiestad Førde 2: <u>Om (3):</u> Korrektur: «framfor».	Kommentar: Ordet «framfør» er retta til «framfor», i samsvar med innspelet.
Dekkoffiser: <u>Om heile § 1-1:</u> Innspill: Det burde vært en paragraf i starten som inneheld definisjoner av ulike begrep, som obligatoriske læringsaktiviteter, vurdering, osv.	Kommentar: I staden for ei innleiande føresegn med definisjonar, er det i studieforskrifta valt å gi definisjonar fortløpande etter kvart som definisjonane gjer seg gjeldande. Begge formatval er moglege. Fagskulen ser ikkje tungtvegande grunnar for å justere på formatvalet.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 1-1. Verkeområde

(1) Forskrifta fastset hovudreglane for studium ved Fagskulen Vestland, innanfor rammene av fagskoleloven og sentrale forskrifter frå departementet og NOKUT.

(2) Forskrifta gjeld for alle studium ved Fagskulen Vestland.

(3) Lov og forskrift gitt av lovgivar eller NOKUT skal ved motstrid gå framfor føresegner gitt i denne forskrifta.

§ 2-1. Organisering

(1) Ved Fagskulen Vestland er utdanningane bygd opp av emne.

[...]

Lærarane ved studiestad Førde 2: <u>Om (1):</u> Fleirtalsbøying: bygde.	Kommentar: Bøyinga av «bygde» er retta i samsvar med innspelet.
--	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 2-1. Organisering

(1) Ved Fagskulen Vestland er utdanningane bygde opp av emne.

(2) Kvar utdanning skal ha ein studieplan. Studieplanen er ein kontrakt mellom Fagskulen Vestland og studentane, og viser planlagt fagleg progresjon og gjennomføring av utdanninga. Studieplanen er grunnlag for grad og vitnemål.

(3) Studieplanen skal informere om opptakskrav, faginnhald, struktur og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer, inkludert praksis, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-1 siste ledd.

(4) Eit fullt studieår er normert til 60 studiepoeng, jf. fagskoleloven § 17 a første ledd.

§ 2-2. Oppretting, endring og nedlegging av utdanningar og emne

[...]

(2) I medhald av fagskoletilsynsforskriften § 5-1 første ledd skal styret melde NOKUT om

- a. nye utdanningar innanfor eit akkreditert fagområde
- b. nye studiestader for ei utdanning
- c. endring av studiestad for ei utdanning
- d. endring av namnet på ei utdanning
- e. endring av det samla læringsutbyttet for ei utdanning
- f. endring av utdanningsform for ei utdanning.

[...]

(5) Ved endring i utdanningar eller emne for studentar i normerte løp, skal det utarbeidast overgangsordningar som sikrar at studentane får høve til å fullføre utdanninga eller emnet etter opphavleg plan.

(6) Ved nedlegging av utdanningar eller emne for studentar i normerte løp, skal det utarbeidast overgangsordningar som sikrar at studentane får høve til å fullføre utdanninga eller emnet.

Lærarane ved studiestad Førde 2: <u>Om (2) bokstav e:</u> Greit med ein definisjon på dette. Overordna LUB + emne-LUB?	Kommentar: Fagskulen ser ikkje at det er naudsynt å definere kva som ligg i det «samla læringsutbyttet for ei utdanning» nærare i forskrifta. Omgrepet er henta direkte frå fagskoletilsynsforskrifta. NOKUT har meir rettleiing om vilkåret på sine nettsider: https://www.nokut.no/fagskule-hogare-yrkesfagleg-utdanning/regelverk-for-fagskoler/nar-og-hvordan-skal-fagskolen-melde-fra-om-endringer-i-en-fagskoleutdanning/ .
	Andre kommentarar: Femte og sjette ledd kan bli slått saman, sjå forslag til nytt femte ledd som gjeld både endring og nedlegging. Det er ikkje naudsynt å ha med «studentar i normerte løp» og «opphaveleg plan». Sjette ledd er fjerna, sidan innhaldet no er regulert i femte ledd.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 2-2. Oppretting, endring og nedlegging av utdanningar og emne

(1) Ved Fagskulen Vestland skal saker om oppretting, endring og nedlegging av utdanningar og emne behandlast slik:

- a. Dersom fagskulen har akkreditering for fagområde, har styret fullmakt til sjølv å akkreditere nye fagskuleutdanningar og godkjenne vesentlege endringar i

fagskuleutdanningane innan det akkrediterte fagområdet, jf. fagskoleforskriften § 48 tredje ledd.

b. Dersom fagskulen ikkje har akkreditering for fagområde, skal styret søke NOKUT om akkreditering av nye fagskuleutdanningar og godkjenning av vesentlege endringar i allereie akkrediterte tilbod, jf. fagskoleforskriften § 47 første ledd.

c. Styret skal informere NOKUT om nedlegging av utdanningar.

(2) I medhald av fagskoletilsynsforskriften § 5-1 første ledd skal styret melde NOKUT om

- a. nye utdanningar innanfor eit akkreditert fagområde
- b. nye studiestader for ei utdanning
- c. endring av studiestad for ei utdanning
- d. endring av namnet på ei utdanning
- e. endring av det samla læringsutbyttet for ei utdanning
- f. endring av utdanningsform for ei utdanning.

(3) For endringar etter andre ledd bokstav b til f i utdanningar som ikkje inngår i eit akkreditert fagområde, vil NOKUT vurdere om endringane gjer det nødvendig å søke om ny akkreditering, jf. fagskoletilsynsforskriften § 5-1 siste ledd. Endring i totalt antal studiepoeng for ei utdanning vil alltid krevje ny akkreditering.

(4) Øvrige endringar som ikkje er omfatta av reglane i første til tredje ledd, og som ikkje endrar det samla læringsutbyttet for utdanninga, kan gjennomførast av utdanningsleiar utan søknad eller melding til NOKUT.

(5) Ved endring eller nedlegging i utdanningar eller emne, skal det utarbeidast overgangsordningar som sikrar at studentane får høve til å fullføre utdanninga eller emnet.

§ 3-3. Krav til studentane

(1) Studentane plikter å

- a. sette seg inn og halde seg oppdatert på fagskulen sine reglar og retningslinjer
- b. sette seg inn og halde seg oppdatert på organiseringa av studiet, obligatoriske læringsaktivitetar, vurdering, tidsfristar og anna relevant informasjon
- c. halde seg oppdatert på informasjon og kunngjeringar frå fagskulen.

(2) Studentane plikter å

- a. betale semesteravgift innan fristen der dette er påkravd
- b. betale anna fastsett avgift innan fristen der dette er påkravd.

(3) Studentar i permisjon skal som hovudregel ikkje betale eventuell(e) påkravd(e) avgift(er). Eventuell betaling etter andre ledd gjeld likevel for studentar i permisjon som ønsker å følge undervisning, framstille seg for vurdering eller nytte seg av velferdstenester.

(4) Brot på pliktene i andre ledd kan føre til tap av studierett, jf. § 3-5.

(5) Studentane må stille med berbar datamaskin til bruk i undervisning og vurdering.

Lærarane ved studiestad Førde 2: <u>Om (4) «kan»:</u> Med dette ordvalet vert det opna for å late studentar som ikkje har betalt semesteravgifta halde fram.	Kommentar: Bruken av «kan» viser til ei nærare konkret vurdering, og fagskulen vurderer at ein kan halde på ordlyden. I studieforskrifta § 3-5 står det no at fagskulen
---	--

<p><u>Om (5):</u> Kanskje det burde ha vore nemnt noko generelt om ytelse her? Kanskje det bør visast til studieplanane sidan ulike studium truleg har ulike krav til ytelse? (Tenkjer særskilt på dei studia der ein brukar "tunge" teikne- og berekningsprogram.)</p>	<p>med grunnlag i § 3-3 andre ledd «kan trekke» tilbake studieretten, om studentar ikkje har betalt semesteravgift/anna fastsett avgift innan fristen, der dette er påkravd. Studentar i permisjon skal i nokre høve ikkje betale avgifter, og i andre høve skal dei, jf. § 3-3 tredje ledd.</p> <p>Det er ikkje føremålstenleg å konkretisere nærare spesifikasjonskrav for berbare datamaskinar. Som høyringsinnspillet skriv varierer krava mellom utdanningane. Nærare krav til datamaskinar vil gå fram av litteratur- og utstyrslistar.</p>
---	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 3-3. Krav til studentane

- (1) Studentane plikter å
 - a. sette seg inn og halde seg oppdatert på fagskulen sine reglar og retningslinjer
 - b. sette seg inn og halde seg oppdatert på organiseringa av studiet, obligatoriske læringsaktivitetar, vurdering, tidsfristar og anna relevant informasjon
 - c. halde seg oppdatert på informasjon og kunngjeringar frå fagskulen.
- (2) Studentane plikter å
 - a. betale semesteravgift innan fristen der dette er påkravd
 - b. betale anna fastsett avgift innan fristen der dette er påkravd.
- (3) Studentar i permisjon skal som hovudregel ikkje betale eventuell(e) påkravd(e) avgift(er). Eventuell betaling etter andre ledd gjeld likevel for studentar i permisjon som ønsker å følge undervisning, framstille seg for vurdering eller nytte seg av velferdstenester.
- (4) Brot på pliktene i andre ledd kan føre til tap av studierett, jf. § 3-5.
- (5) Studentane må stille med berbar datamaskin til bruk i undervisning og vurdering.

§ 3-4. Krav til studieprogresjon

- (1) Studentar som ikkje fullfører eller ikkje består meir enn eitt emne kan ikkje gå vidare med utdanninga, med mindre det er fastsett andre krav til studieprogresjon i studieplanen. Det er ikkje mogleg å utsette eit emne fullt ut til året etter. Ved særskilde forhold kan fagskulen gi dispensasjon til å utsette eller ta opp igjen emne etter søknad frå studenten.
- (2) Fagskulen Vestland skal varsle alle studentar som ikkje følger kravet om studieprogresjon i første ledd.

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (1):</u> Kommentar: Vi opplever § 3-4 som upresis, særleg første setning som blir tolka på ulikt vis. Det er mogleg at dei to «ikkje» i setningane er med på å forvirre.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen er einig i at føresegna treng presisering. Det blir difor foreslått å heller regulere progresjon opp mot studiepoeng og ikkje emne. Dette har også innverknad på andre og tredje setning, sjå nytt forslag.</p>
--	---

<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om heile § 3-4:</u> Problemstilling som denne paragrafen bør gje svar på: må ein student som tek opp att emnet ta opp att alle obligatoriske lærings- (tidl. arbeidskrav) og vurderingsaktivitetar?</p> <p><u>Om (1) første setning:</u> Argument for å gjere denne mindre streng: Moderne utdanning baserer seg i aukande grad på modulutdanningar. Slik det står her, skapar det lite fleksibilitet. Emne kan ikkje handsamast likt, då det er ulike avhengigheiter mellom emne. T.d. bør grunnlagsemne vere bestått før ein kan gå vidare med linjeemne.</p> <p><u>Om (1) første setning «ikkje fullfører eller ikkje består»:</u> Bra formulering samanlikna med noverande § 2-2 andre ledd.</p> <p><u>Om (1) andre setning:</u> Vi er skeptiske til å ha denne med, då det gir lite fleksibilitet.</p> <p><u>Om (2) «Fagskulen Vestland»:</u> Truleg greit nok formulert i forskrifta, men det må gå fram av rettleiing eller lokal rutine kven som spesifikt skal utføre dette.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Dette er regulert andre stader i forskrifta. Gyldigheita av obligatoriske læringsaktivitetar er regulert i § 5-4 (3).</p> <p>Det er opna for fleksibilitet ved at andre krav til progresjon kan bli fastsett i studieplanen.</p> <p>Som følge av forslaget om å bruke studiepoeng som kriteriet for studieprogresjon, er det foreslått ei ny formulering, sjå forslag.</p> <p>Føresegna har fleksibilitet ved at ho opnar for dispensasjon frå krava til studieprogresjon i siste setning.</p> <p>Føresegna er formulert om og viser no ikkje til «Fagskulen Vestland», men til eit generelt krav om varsel til studenten. Det vil vere opp til fagskulen å ha rutinar for kven som skal gi varsel, t.d. lærar eller rådgivar.</p>
<p>Administrasjonen:</p> <p><u>Om (1):</u> Innspill: Om vi skal ha en slik generell bestemmelse for alle utdanningene bør vi knytte kravet om progresjon til omfang/antall studiepoeng, og ikke antall emner. Begrunnelse: et emne kan variere fra 3 studiepoeng til 60 studiepoeng.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er justert i samsvar med innspelet. Fagskulen har landa på 20 studiepoeng som mogleg etterslep, for å gi spelerom for studentane og samstundes ivareta omsynet til forsvarleg progresjon. Ei grense på 20 studiepoeng vil vere passande både for heiltids- og deltidsutdanningar.</p> <p>Om studenten ikkje kan gå vidare med utdanninga skal varsel sendast etter forvaltningslova. I varselet til studenten bør det, i lys av andre setning i første ledd, bli informert om at studenten har moglegheit til å søke eit tilpassa løp.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (1) og (2):</u> Innspill: Fra de siste års erfaringer har vi tre innspill til første ledd:</p> <p>- Hva menes med «ikkje består». Menes her inkludert et kontinueringsforsøk? I så fall bør det stå tydeligere. Hva dersom man blir syk på første gjennomføring og har lovlig fravær, men så styrker på kontinuasjonen?</p> <p>- Det mangler informasjon om tidspunkt for</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Som følge av forslaget om å bruke studiepoeng som kriteriet for studieprogresjon, er det foreslått ei ny formulering framfor formuleringa «ikkje fullfører eller ikkje består». Innspelet er difor ikkje relevant.</p>

<p>«måling»/når denne paragrafen kommer til anvendelse. Vi anbefaler målepunkt hvert semester, og ikke bare hvert studieår.</p> <p>- Ordlyden kan misforstås til helt motsatt betydning, og bør gjerne omformuleres. Når det gjelder andre ledd, så har vi litt vanskelig for å forstå varsle-plikten her. Når faktum er skjedd i første ledd, er det jo for sent å varsle. På den annen side så går det ikke an å varsle før faktum er skjedd.</p>	<p>Føresegna er justert og viser no til at studieprogresjonen må vere følgt for å gå vidare «påfølgande år».</p> <p>Ordlyden i føresegna er justert. Kravet til varsling har samanheng med at studenten etter forvaltningslova skal bli førehandsvarsla om mogleg enkeltvedtak om tap av studierett, og få sikra studenten sin rett til kontradiksjon.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (1):</u> Uklart. Hva betyr dette egentlig, Kan studenter ha ett emne som ikke er bestått, eller kan studenter gå vidare til andre året med kun et emne bestått?</p> <p><u>Om (2):</u> Hvem har ansvar for å følge opp dette?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er justert. Det blir foreslått å regulere progresjon opp mot studiepoeng og ikkje emne. Dette har også innverknad på andre og tredje setning i opphaveleg forslag. Sjå nytt forslag.</p> <p>Det vil vere opp til fagskulen å ha rutinar for kven som skal gi varsel, t.d. lærar eller rådgivar.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I første ledd andre setning er setninga «[d]et er ikkje mogleg å utsette eit emne fullt ut til året etter» fjerna, sidan studenten uansett har mogleg til å søke om unntak frå krava til studieprogresjon.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 3-4. Krav til studieprogresjon

(1) For å gå vidare med utdanninga påfølgande år, kan studentar ikkje ligge etter med meir enn 20 studiepoeng, med mindre det er fastsett andre krav til studieprogresjon i studieplanen. Ved særskilde forhold kan fagskulen gi dispensasjon frå krava til studieprogresjon etter søknad frå studenten.

(2) Studentar som ikkje følger kravet om studieprogresjon skal bli varsla.

§ 3-5. Tap av studierett

- (1) Fagskulen vil trekke tilbake studieretten dersom
- studenten melder at hen ønsker å avslutte utdanninga
 - studenten ikkje oppfyller krava i § 3-3 andre ledd der dette er påkravd
 - studenten får opptak til ei anna utdanning ved Fagskulen Vestland, jf. § 3-2 siste ledd
 - studenten ikkje oppfyller krava til studieprogresjon i § 3-4
 - studenten har brukt maksimalt antal vurderingsforsøk utan å ha bestått eit emne som er obligatorisk for utdanninga, jf. § 6-12
 - den maksimale gyldighetsperioden for studieretten er over, jf. § 3-2 sjette ledd
 - studenten blir utestengd frå utdanninga etter fagskoleloven § 26 tredje ledd
 - studenten har fullført og bestått utdanninga eller emnet som opptaket gjeld.

(2) Vedtak etter første ledd bokstav d og f skal ta omsyn til innvilga permisjon, vedtak om

tilrettelagd studieløp, gyldig fråvær ved obligatoriske læringsaktivitetar og vurdering, samt vedtak om bortvising og utestenging.

(3) Studentar som mister studieretten etter første ledd bokstav a til g må søke nytt opptak til fagskulen for å få fullføre utdanninga. Opptak kan vere avgrensa av reglar om progresjon og antal vurderingsforsøk, jf. §§ 3-4 og 6-12.

(4) Studentar som mister studieretten etter første ledd bokstav h har rett til å forbetre karakteren i inntil eitt år etter at utdanninga eller emnet er fullført og bestått.

<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (4):</u> Innspill til fjerde ledd: Kommer ikke denne i konflikt med foreslått § 6-15 (2) a. ? Det er ikke ønskelig at man skal kunne forbedre en bestått karakter. Dette vil kunne medføre et stort ekstra sensur-opdrag.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Retten til å forbetre karakterar er vanleg praksis i utdanningssektoren og kjem allereie fram av gjeldande studieforskrift.</p> <p>Til spørsmålet om motstrid: § 6-15 (ny § 6-17) gjeld kontinuasjonsvurdering og er ikkje i konflikt med føresegna her, då det gjeld to forskjellige situasjonar.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om heile § 3-5:</u> Hvordan går det an med "standpunktsvurdering" eller "emnekarakter"? Emneprøven hos oss er basert på et arbeid over tid. Det er ikke en enkelt prøve de kan ta om igjen Samme utfordring med mappevurdering der studenten må gjennomføre alle mappeelementene på nytt. Må studenten i så fall ta hele emnet på nytt? Her må vel studenten da ta hele emne på nytt?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen anbefaler å i større grad nytte obligatoriske læringsaktivitetar som format framfor ei rekke ulike vurderingar i emnet. Slik vil det vere mindre omfattande for fagskulen å praktisere ein regel om frivillig gjentak. Fagskulen viser til at obligatoriske læringsaktivitetar må bli gjennomførte og bli godkjente for å gå opp til vurdering, og det må vere ein gitt terskel/standard som må bli oppnådd for at læringsaktiviteten skal bli godkjent. Obligatoriske læringsaktivitetar er gyldige i to semester med mindre noko anna kjem fram av emneplanen.</p> <p>Uavhengig av vurderingsform, har studentane moglegheit til frivillig gjentak, sjå forslag til ny § 6-18. I dei tilfella eit emne har fleire vurderingar og/eller vurderingar som går over lang tid, meiner fagskulen at studentar sjeldan vil bruke moglegheita til frivillig gjentak, sidan det vil vere omfattande for studenten å ta opp igjen fleire vurderingar og/eller vurderingar som går over lang tid.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I første ledd er «vil» er endra til at fagskulen «kan» trekke tilbake studieretten.</p> <p>I første ledd bokstav c er «får opptak til» endra til «byter til», sidan formålet er å fange opp studentar som byter utdanning, og ikkje dei som vil ta to utdanningar på same tid.</p> <p>I første ledd bokstav h blir «eller emnet» fjerna, sidan føresegna skal innehalde reglar for studentar som har mista studierett.</p> <p>Fjerde ledd gjeld frivillig gjentak for studentar</p>

	som har fullført og bestått utdanninga. Fagskulen flyttar denne til ny § 6-18, der fagskulen i ein og same paragraf vil regulere frivillig gjentak både for studentar som ikkje har studierett (fordi utdanninga er fullført/bestått) og for dei som framleis er studentar ved Fagskulen Vestland. Sjå forslaget til § 6-18.
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 3-5. Tap av studierett

- (1) Fagskulen kan trekke tilbake studieretten dersom
- studenten melder at hen ønsker å avslutte utdanninga
 - studenten ikkje oppfyller krava i § 3-3 andre ledd der dette er påkravd
 - studenten byter til ei anna utdanning ved Fagskulen Vestland, jf. § 3-2 siste ledd
 - studenten ikkje oppfyller krava til studieprogresjon i § 3-4
 - studenten har brukt maksimalt antal vurderingsforsøk utan å ha bestått eit emne som er obligatorisk for utdanninga, jf. § 6-14
 - den maksimale gyldighetsperioden for studieretten er over, jf. § 3-2 sjette ledd
 - studenten blir utestengd frå utdanninga etter fagskoleloven § 26 tredje ledd
 - studenten har fullført og bestått utdanninga.
- (2) Vedtak etter første ledd bokstav d og f skal ta omsyn til innvilga permisjon, vedtak om tilrettelagd studieløp, gyldig fråvær ved obligatoriske læringsaktivitetar og vurdering, samt vedtak om bortvising og utestenging.
- (3) Studentar som mister studieretten etter første ledd bokstav a til g må søke nytt opptak til fagskulen for å få fullføre utdanninga. Opptak kan vere avgrensa av reglar om progresjon og antal vurderingsforsøk, jf. §§ 3-4 og 6-14.

§ 4-2. Tilrettelegging av undervisning og vurdering

[...]

- (4) Søknad om tilrettelagt undervisning og vurdering skal rettast til fagskulen innan 1. september for haustsemesteret og 1. februar for vårsemesteret, eller snarast mogleg etter at behovet oppstod. Behovet for tilrettelegging skal dokumenterast på nytt kvart semester. Fagskulen kan gjere unntak frå dette dersom grunnlaget for tilrettelegginga er av permanent karakter.

<p>Administrasjonen:</p> <p><u>Om (4):</u> Viser til innspel til § 4-5 (6): Nytt tekstforslag: (6) Frist for søknad om godskriving av eller fritak for emne er 1. oktober for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret.</p> <p>Begrunnelse: Det kan være ryddig og enklere å ha like frister (der det er naturlig), og vi spiller derfor også inn at disse fristene bør gjelde for bestemmelsen § 4-2, ledd (4).</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen støttar innspelet. I fjerde ledd er «1. september» endra til «1. oktober».</p>
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 4-2. Tilrettelegging av undervisning og vurdering

- (1) Studentar med funksjonsnedsetting og studentar med særskilde behov har etter fagskoleloven § 15 femte ledd rett til eigna individuell tilrettelegging av undervisning og vurdering. Fagskulen Vestland skal ikkje avslå eit tiltak av økonomiske eller administrative omsyn, med mindre det aktuelle tiltaket inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.
- (2) Tilrettelegginga skal ikkje føre til ein reduksjon av dei faglege krava som blir stilt i den enkelte utdanninga, jf. fagskoleloven § 15 femte ledd.
- (3) Behovet for tilrettelegging skal dokumenterast med attest frå lege, psykolog eller annan sakkunnig. Attesten skal vere utforma i tråd med helsepersonelloven § 15. Attesten skal innehalde dei opplysningane som fagskulen treng for å avgjere kva tilrettelegging(ar) som er nødvendig(e) i undervisnings- eller vurderingssituasjonen.
- (4) Søknad om tilrettelagt undervisning og vurdering skal rettast til fagskulen innan 1. oktober for haustsemesteret og 1. februar for vårsemesteret, eller snarast mogleg etter at behovet oppstod. Behovet for tilrettelegging skal dokumenterast på nytt kvart semester. Fagskulen kan gjere unntak frå dette dersom grunnlaget for tilrettelegginga er av permanent karakter.

§ 4-3. Gyldig fråvær

- (1) Følgande blir rekna som gyldig fråvær:
 - a. eigen sjukdom som gjer gjennomføringa av undervisning eller vurdering umogleg eller urimeleg å krevje
 - b. sjukdom hos barn som studenten har omsorg for, med dei avgrensingar som går fram av arbeidsmiljøloven § 12-9
 - c. dødsfall i nær familie eller andre nærstående til studenten, for ein periode på inntil to veker frå dødsfallet
 - d. gravferd ol. til personar i nær familie eller andre nærstående til studenten
 - e. lovpålagt oppmøte annan stad
 - f. andre forhold som gjer det sterkt urimeleg å krevje at studenten gjennomfører.
- (2) Gyldig fråvær på grunn av sjukdom e.l. skal dokumenterast med attest frå lege, psykolog eller annan sakkunnig. Attesten skal vere utforma i tråd med helsepersonelloven § 15. Attesten må dokumentere at studenten av helsemessige årsaker ikkje kunne gjennomføre den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, og spesifisere kva dagar fråværet gjeld. Ved dødsfall, gravferd ol. må studenten oppgi kven som har gått bort og kva for relasjon studenten hadde til avdøde. Studentar som viser til andre forhold som gyldig fråvær må dokumentere desse på eigna måte.
- (3) Dokumentasjon for gyldig fråvær skal leverast eller vere poststempla så snart som mogleg, og seinast tre vekedagar etter at den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga blei avslutta. For praksisperiodar skal dokumentasjon leverast straks.
- (4) Dersom studenten har levert inn den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, kan det ikkje registrerast gyldig fråvær i ettertid.

Administrasjonen: <u>Om (3):</u> Nytt tekstforslag: (3) Dokumentasjon for gyldig fråvær skal leverast eller vere poststempla så snart som	Kommentar: Sjå endeleg forslag.
---	---

<p>mogleg, og seinast en veke etter at den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurdering blei avslutta. For praksisperiodar skal dokumentasjon leverast straks.</p> <p>Begrunnelse: Vi foreslår å endre fristen fra tre dager til en veke, da det kan være noe knapp tid for studentene å fremskaffe dokumentasjon.</p> <p>Tilleggskommentarer: Ordet poststempla fremstår noe fremmed i 2024, men «datert» blir ikke korrekt nok. Vi har derfor ikke et forslag til det annet ord. Vi mener videre at siste setning som sier at for praksisperiodar skal dokumentasjonen leverast straks er åpen for tolkning. Hva legger vi i «straks» - hvordan skal det forstås?</p>	<p>Fagskulen er enig i at fristen er knapp, og har i staden justert tidsfristen til seinast to veker. Dette samsvarar med fristen som UiB har i si studieforskrift § 5-5 tredje ledd.</p> <p>I tredje ledd er «vere poststempla» fjerna, sidan brev ikkje lenger blir poststempla.</p> <p>Med «straks» er det meint så snart som råd, avhengig av omstenda. Formålet med «straks» er hovudsakleg å få inn dokumentasjon så tidleg som mogleg. Studenten vil likevel kunne levere innan to veker.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (1) og (2):</u> Innspill: Skal sjukdom hos barn også dokumentes ved lege/etc? Dette fremstår for oss noe uklart. Formuleringen «eigna måte» i siste setning fremstår altfor vid, og vanskelig å etterprøve/etterleve. Hvem skal godkjenne denne egnede måten...?</p> <p><u>Om (3):</u> Innspill: Formuleringen «poststemplet» fremstår litt utdatert. Det er mulig det juridisk fortsatt er et begrep, men posten stempler jo som kjent ikke lengre frimerker/konvolutter.</p> <p><u>Om (4):</u> Innspill: Noen aktiviteter krever oppmøte, der gyldig fravær ikke kan anvendes. Eksempelvis obligatoriske sikkerhetskurs for maritime utdanninger der det kreves 100 % oppmøte. Dette er kurs med eksterne leverandører, og det å ta igjen fravær kan bli komplisert og svært ressurskrevende (dyrt). Slik som denne paragrafen står nå, er ikke dette ivaretatt. Den bør omformuleres/inkludere noe innhold om at gyldig fravær her ikke kan anvendes/etc.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjukdom hos barn må også bli dokumentert. Dette er no presisert i andre ledd.</p> <p>Formuleringa «eigna måte» er brukt for å fange opp ulike situasjonar som det ikkje er føremålstenleg å definere meir konkret. Kven som skal godkjenne fråværet må bli definert nærare i rutine.</p> <p>Formuleringa er justert.</p> <p>Dette er regulert i neste føresegn, § 4-4.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 4-3. Gyldig fråvær

(1) Følgande blir rekna som gyldig fråvær:

- a. eigen sjukdom som gjer gjennomføringa av undervisning eller vurdering umogleg eller urimeleg å krevje
- b. sjukdom hos barn som studenten har omsorg for, med dei avgrensingar som går fram av arbeidsmiljøloven § 12-9
- c. dødsfall i nær familie eller andre nærstående til studenten, for ein periode på inntil to veker frå dødsfallet
- d. gravferd og liknande til personar i nær familie eller andre nærstående til studenten

- e. lovpålagt oppmøte annan stad
- f. andre forhold som gjer det sterkt urimeleg å krevje at studenten gjennomfører.

(2) Gyldig fråvær på grunn av sjukdom eller liknande skal dokumenterast med attest frå lege, psykolog eller annan sakkunnig. Attesten skal vere utforma i tråd med helsepersonelloven § 15. Attesten må dokumentere at studenten av helsemessige årsaker som nemnt i bokstav a eller b ikkje kunne gjennomføre den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, og spesifisere kva dagar fråværet gjeld. Ved dødsfall, gravferd eller liknande må studenten oppgi kven som har gått bort og kva for relasjon studenten hadde til avdøde. Studentar som viser til andre forhold som gyldig fråvær må dokumentere desse på eigna måte.

(3) Dokumentasjon for gyldig fråvær skal leverast så snart som mogleg, og seinast to veker etter at den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga blei avslutta. For praksisperiodar skal dokumentasjon leverast straks.

(4) Dersom studenten har levert inn den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, kan det ikkje registrerast gyldig fråvær i ettertid.

§ 4-4. Rettar ved gyldig fråvær

(1) Studentar med gyldig fråvær frå obligatorisk læringsaktivitet har rett til ny gjennomføring av aktiviteten før vurdering i emnet, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskolen.

(2) Studentar med gyldig fråvær til ordinær vurdering har rett til ny gjennomføring av vurderinga (kontinuasjonsvurdering). For gjennomføring av kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-15.

(3) Gyldig fråvær til vurdering tel ikkje som eit vurderingsforsøk, jf. § 6-13 andre ledd. Sjå likevel § 6-13 første ledd bokstav e.

<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (1):</u> Vi praktiserer typisk 80 % tilstedeværelse (obligatorisk læringsaktivitet) på simulatorøvelser i 9 henhold til norm innenfor maritime utdanninger. Dersom man er langtidssykemeldt vil man kunne få stort gyldig fravær, men ikke innfri kravene. Samtidig vil det ikke være mulig for oss å tilby en ny gjennomføring av alle disse øvelsene innenfor samme semester eller studieår. Vi antar at dette kommer inn under «uforholdsmessig byrde» for fagskolen. Men hva skjer da? Det står ikke noe om konsekvensene da – det bør det. For vår del vil da ikke vurdering/eksamen kunne gjennomføres, og det bør fremkomme i denne paragrafen.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Viser til at retten er avgrensa, jf. «praktisk mogleg» og «ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde».</p> <p>Fagskolen ser det ikkje som naudsynt å presisere konsekvensar ved slike tilfelle. I dei få tilfella der det ikkje er forholdsmessig for fagskolen å gjennomføre aktiviteten på nytt, kan studenten måtte ta faget på nytt.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I tredje ledd er formuleringa justert, for å henge betre saman med dei andre ledda.</p> <p>Siste setning i tredje ledd er fjerna. Denne føresegna må sjåast i samanheng med</p>

	<p>reglane i § 6-14 om antal vurderingsforsøk.</p> <p>Fagskulen gjer merksam på at det i nokre tilfelle ved gyldig fråvær kan vere aktuelt å gi studenten tilbod om lenger tid for å gjennomføre ein obligatorisk læringsaktivitet, framfor å sette opp ny obligatorisk aktivitet.</p>
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 4-4. Rettar ved gyldig fråvær

(1) Studentar med gyldig fråvær frå obligatorisk læringsaktivitet har rett til ny gjennomføring av aktiviteten før vurdering i emnet, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.

(2) Studentar med gyldig fråvær til ordinær vurdering har rett til ny gjennomføring av vurderinga (kontinuasjonsvurdering). For gjennomføring av kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-17.

(3) Studentar med gyldig fråvær brukar ikkje eit vurderingsforsøk, jf. § 6-15 andre ledd.

§ 4-5. Godskriving og fritak

[...]

(6) Frist for søknad om godskriving av eller fritak for emne er 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret.

(7) Søknad etter andre og tredje ledd må innehalde følgande dokumentasjon:

- vitnemål/karakterutskrift
- studieplan/emneplan frå det semesteret eksamen i emnet blei avlagt
- pensumliste frå det semesteret eksamen i emnet blei avlagt
- eventuelle andre relevante dokument.

[...]

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (7) bokstav b og c:</u> Kommentar: Det er ikkje alle emne som har eksamen. Bør det heller stå «dokumentasjon på gjennomført utdanning i emnet»?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen er einig i at ikkje alle emne har eksamen. I sjuande ledd bokstav b og c er «eksamen» difor endra til «vurdering».</p>
<p>Administrasjonen:</p> <p><u>Om (6):</u> Nytt tekstforslag: (6) Frist for søknad om godskriving av eller fritak for emne er 1. oktober for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret.</p> <p>Begrunnelse: Det kan være ryddig og enklere å ha like frister (der det er naturlig), og vi spiller derfor også inn at disse fristene bør gjelde for bestemmelsen § 4-2, ledd (4)</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen støttar innspelet. I sjetteste ledd er «30. september» endra til «1. oktober».</p>

Dekkoffiser:	Kommentar:
<p><u>Om (6):</u> Innspill: Vi bør benytte samme tidsfrister ved skolen. Foreslår her samme tidsfrister som i § 4-2 (4), altså 1. september og 1. februar.</p>	<p>Sjå innspel over. Fagskulen har justert tidsfristane slik at det er dei same fristane i §§ 4-2 (4) og 4-5 (6).</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 4-5. Godskriving og fritak

- (1) Fagskulen avgjer søknad om bruk av anna/tidlegare utdanning frå Fagskulen Vestland som skal inngå i ny grad ved fagskulen.
- (2) Fagskulen skal etter søknad godskrive beståtte emne frå andre fagskuleutdanningar som oppfyller dei faglege krava for emna det blir søkt om godkjenning for, dersom dei aktuelle fagskuleutdanningane ligg innanfor det same eller nært beslekta fagområdet, jf. fagskoleloven § 8 første ledd.
- (3) Ved søknad kan fagskulen etter ei fagleg vurdering gi fritak for emne på grunnlag av anna dokumentert relevant utdanning og kompetanse, eller dokumentert realkompetanse, jf. fagskoleloven § 8 andre ledd. Fritak skal bygge på ei fagleg vurdering frå den enkelte fagskule. Fritak på bakgrunn av realkompetanse må baserast på ei fagleg vurdering av om søkaren sin bakgrunn, frå arbeidsliv, frivillig sektor, utdanning og/eller anna, samla kan gi grunnlag for fritak for ein del av fagskuleutdanninga, jf. fagskoleforskriften § 37 siste ledd.
- (4) Utgangspunktet for vurderingar om godskriving og fritak er læringsutbyttebeskrivingane for den aktuelle utdanninga eller det aktuelle emnet, og studiepoeng eller andre vurderingar av omfang, nivå og arbeidsbelastning for emnet eller kompetansen det blir søkt om godskriving eller fritak for, jf. fagskoleforskriften § 37 første ledd.
- (5) Det blir ikkje gitt dobbel utteljing for det same faginnhaldet, jf. fagskoleloven § 8 første ledd.
- (6) Frist for søknad om godskriving av eller fritak for emne er 1. oktober for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret.
- (7) Søknad etter andre og tredje ledd må innehalde følgande dokumentasjon:
 - a. vitnemål/karakterutskrift
 - b. studieplan/emneplan frå det semesteret vurdering i emnet blei avlagt
 - c. pensumliste frå det semesteret vurdering i emnet blei avlagt
 - d. eventuelle andre relevante dokument.
- (8) For at Fagskulen Vestland skal kunne skrive ut vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning, må studenten avlegge studiepoeng ved fagskulen tilsvarende minste resultatberande eining i fagskuleutdanninga studenten ønsker vitnemål eller annan dokumentasjon for, jf. fagskoleforskriften § 38.

§ 5-1. Studieåret

[...]

- (3) Litteraturliste skal publiserast på fagskulen si heimeside seinast 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

(4) Plan for gjennomføring av vurdering skal vere tilgjengeleg for studentane seinast 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (3):</u> Kommentar: Byte ut «Litteraturliste» med «Læremiddel».</p>	<p>Kommentar:</p> <p>I tredje ledd er «Litteraturliste» endra til «Litteratur- og utstyrsliste». Ved å også omtale «utstyrsliste» vil studentar i forkant av semesterstart få oversikt over både litteratur og utstyr/verktøy for emnet.</p>
<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om heile (3):</u> Kanskje «liste over fagressursar» er eit betre eigna omgrep her sidan nokre av utdanningane våre stiller krav ut over bøker?</p> <p><u>Om (4):</u> Gjennomføring av vurdering vil ofte gå fram av framdriftsplanane. Vil dette leddet medføre at framdriftsplanane må vere klare innan 1. juni skuleåret før, altså før sommarferien? Bør utfjupast om dette kun er avgrensa til innhald eller om det også skal innehalde tidspunkt for gjennomføring.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Viser til justering i kommentar over.</p> <p>Tanken er at fagskulen skal ha moglegheit til å planlegge drifta. Dette har ikkje blitt praktisert, og fjerde ledd vil difor krevje endring i praksis.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (3) og (4):</u> Innspill: Vi bør benytte samme tidsfrister ved skolen. Foreslår her samme tidsfrister som i § 4-2 (4), altså 1. september og 1. februar. Det er for øvrig for ambisiøst med foreslåtte datoer i dette leddet.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå kommentar over.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (3) og (4):</u> Dette mener vi er tidlige frister. Dette er kanskje ikkje gjennomførbart, spesielt hvis det kreves et detaljnivå i studieplanen som beskrevet senere i denne forskriften. (Gjelder spesielt punktene Undervisningform og aktivitet, Vurdering og Arbeidskrav, Fagressurs). 1.juni er det ikke bestemt hvilken lærer som skal undervise et emne.</p> <p>Hva menes med plan?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå kommentar over.</p> <p>Plan for gjennomføring av vurdering skal som vanleg gå fram av emneplanen.</p>

Forslag til endelig føresegn:

§ 5-1. Studieåret

- (1) Det er undervisnings- og vurderingsfri på følgande dagar:
 - a. frå 24. desember til 1. januar
 - b. på heilagdagdar
 - c. mellom semestera.
- (2) Det kan gjerast unntak frå første ledd for praksis og liknande, inkludert førebuingar, samt for studentar med rett til ny obligatorisk læringsaktivitet eller ny vurdering etter § 4-4.

- (3) Litteratur- og utstyrsliste skal publiserast på fagskulen si heimeside seinast 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.
- (4) Plan for gjennomføring av vurdering skal vere tilgjengeleg for studentane seinast 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

§ 5-4. Obligatorisk læringsaktivitet

(1) Obligatoriske læringsaktivitetar er alle dei aktivitetane som studieplanen har sett som vilkår for vurdering. Obligatoriske læringsaktivitetar kan for eksempel vere innleveringar, krav om frammøte, prøver, gruppearbeid, rapportar, lab osv.

(2) Obligatoriske læringsaktivitetar er ikkje ein del av karaktergrunnlaget i emnet, men må vere godkjente for at studenten skal kunne framstille seg for vurdering, jf. § 6-4 første ledd.

(3) Godkjente obligatoriske læringsaktivitetar er gyldig i to semester etter godkjenninga, med mindre studieplanen fastset ein annan gyldigheitsperiode.

(4) Studentane har normalt ikkje krav på å få gjennomføre ein godkjent obligatorisk læringsaktivitet på nytt innanfor gyldigheitsperioden, jf. tredje ledd.

(5) Studentar som ikkje får godkjent ein gjennomført obligatorisk læringsaktivitet har rett til ny gjennomføring av aktiviteten før vurdering i emnet, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (1) og mogleg om (2):</u> Forslag til endring: Første setning blir meir presis om det står «...har sett som vilkår for å ha rett til å få sluttvurdering». Vi føreslår å fjerne siste setning for å unngå forvirring om kva som er del av formativ vurdering og kva som er del av summativ vurdering. Setninga høyrer meir heime i ein rettleiar til forskrifta.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Omgrepet «sluttvurdering» vil vere for avgrensande, sidan vurderingane det er tale om her også omfattar vurderingar som ikkje er sluttvurdering. For å klargjere føresegna blir det lagt til «har sett som vilkår for å få vurdering». Omgrepet «vurdering» er definert i § 6-1.</p>
<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om heile (1) første setning «for vurdering»:</u> Gjerne presisere: «[...] for å få vurdering. [...]». Går egentleg greit fram av andre ledd i denne paragrafen.</p> <p><u>Om (2):</u> Bra presisering!</p> <p><u>Om (4):</u> Kva er meint med «normalt» her?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå kommentar over, innspelet er tatt til følge.</p> <p>«[N]ormalt» er endra til «hovudregel». Utgangspunktet er at ein <i>godkjent</i> læringsaktivitet ikkje skal kunne gjennomførast på nytt, ettersom det ikkje er naudsynt for studenten og er ressurskrevjande for fagskulen. Føresegna stenger likevel ikkje for at fagskulen i enkelte tilfelle kan tillate studenten å gjennomføre den godkjente læringsaktiviteten på nytt.</p> <p>For å klargjere regelen ytterlegare er det snudd</p>

	om på formuleringa av føresegna, sjå forslaget.
<p>Anne Kari Kalve – Helse:</p> <p><u>Om (3):</u> Helse har emner, som starter og begynner ulikt gjennom studietiden. Ev. Bytte til år? (Obs og §6-12 (5)).</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna opnar for at ein kan fastsette ei anna gyldigheitsperiode.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (3):</u> Innspill: Vi foreslår her fire semester i stedet for to.</p> <p><u>Om (4) og (5):</u> Innspill: Igjen her savner vi konsekvensen. Vi tenker spesielt på praktiske øvelser i simulator/lab, som veldig raskt selvsagt vil bli en «uforholdsmessig byrde» å gjennomføre på nytt. Men hvordan tenker vi dette gjennomført i praksis?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå kommentar over.</p> <p>Kva som er «praktisk mogleg» og ikkje inneber ei «uforholdsmessig byrde» må bli vurdert konkret.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om hele § 5-4:</u> Bør det sies noe om hva som skal til for at en OLA er godkjent? Frister for eksempel?</p> <p><u>Om (2):</u> Se under "generelle betraktninger" i starten av dokumentet. Vi ønsker muligheten til å gi emnekarakter, helhetlig og inkludert OLA.</p> <p>Innleveringer som ikke omhandler prosjekt innleveringer (de blir en del av vurderingen.) må være godkjent.</p> <p>Innspill: burde være opp til læreren.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Det må gå fram av emneplanen.</p> <p>Fagskulen foreslår for dette tilfellet at utdanninga nyttar mappevurdering. I så tilfelle blir vurderinga gjort med grunnlag i heile mappa. Forskrifta stiller ikkje krav om at eit emne må ha obligatoriske læringsaktivitetar, men dette er ein mogleg måte av fleire å legge opp emnet på.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I første ledd er «osv.» fjerna, ettersom dei ulike aktivitetane er lista opp som eksempel, jf. «for eksempel».</p> <p>I første og tredje ledd er «studieplanen» endra til «emneplanen», ettersom regulering av obligatoriske læringsaktivitetar høyrer heime i emneplanen.</p> <p>Femte ledd er justert for å presisere at leddet gjeld <i>gjennomførte</i>, men ikkje godkjente, læringsaktivitetar. Det er også presisert at studenten har rett til <i>ei</i> ny gjennomføring.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 5-4. Obligatorisk læringsaktivitet

(1) Obligatoriske læringsaktivitetar er alle dei aktivitetane som emneplanen har sett som vilkår for å få vurdering. Obligatoriske læringsaktivitetar kan for eksempel vere innleveringar, krav om frammøte, prøver, gruppearbeid, rapportar, lab.

(2) Obligatoriske læringsaktivitetar er ikkje ein del av karaktergrunnlaget i emnet, men må vere godkjente for at studenten skal kunne framstille seg for vurdering, jf. § 6-4 første ledd.

(3) Godkjente obligatoriske læringsaktivitetar er gyldig i to semester etter godkjenninga, med mindre emneplanen fastset ein annan gyldigheitsperiode.

(4) Godkjente obligatoriske læringsaktivitetar kan som hovudregel ikkje bli gjennomført på nytt innanfor gyldigheitsperioden, jf. tredje ledd.

(5) Studentar som har gjennomført ein obligatorisk læringsaktivitet, men ikkje fått denne godkjent, har rett til ei ny gjennomføring av aktiviteten før vurdering i emnet. Dette føreset at ny gjennomføring er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.

§ 5-5. Om hovudprosjekt

(1) Hovudprosjektet er eit eige emne som blir gjennomført mot slutten av studiet. Hovudprosjektet inneber at studentane arbeider med ei problemstilling. Hovudprosjektet blir avslutta med ein skriftleg eksamen og ei justerande munnleg prøve, jf. § 6-3 tredje ledd.

(2) Eit hovudprosjekt kan vere individuelt eller i form av gruppearbeid. Fagskulen fastset i studieplanen om hovudprosjektet skal vere individuelt eller i form av gruppearbeid.

<p>Oddbjørn Hope – Elektro Nordnes:</p> <p><u>Om (1) andre setning:</u> Anbefales endret til: Hovudprosjektet blir avslutta i henhold til gjeldende retningslinjer for hovudprosjekt.</p> <p>Kommentar: Avslutning av hovedprosjektet ble endret for Elektro, og dette er en praksis som er brukt i to år nå. Endringen er gjennomført for å få en mer tilpasset avslutning, og utgangspunktet er slik det gjøres på HVL.</p> <p><u>Om (2) første setning:</u> Anbefales endret til: Et hovudprosjekt skal normalt være i form av gruppearbeid.</p> <p>Kommentar: Erfaringsmessig skal ikke noen få lov til å kjøre hovedprosjekt alene. Men det kan åpnes for det, derfor skriver jeg "...normalt.."</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen reknar med at kommentaren er meint for tredje punktum og ikkje andre punktum. Fagskulen foreslår å fjerne heile tredje punktum. Justeringa vil opne for at utdanningane kan regulere i emneplanen korleis hovudprosjektet skal bli avslutta.</p> <p>Det må vere opp til dei ulike utdanningane å avgjere om hovudprosjektet skal bli gjennomført individuelt eller som eit gruppearbeid. Føresegna opnar for begge delar, og at dette må fastsetjast i emneplanen.</p>
<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (1) andre setning:</u> Forslag til endring: Byte ut «ein skriftleg eksamen» med «ei heilskapleg sluttvurdering». Elles vise til studieplanen når det gjeld andre retningslinjer for vurdering av hovudprosjektet.</p> <p><u>Om (2):</u> Forslag til endring: Erstatte punkt 2 med «Studieplanen fastset korleis</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen reknar med at kommentaren er meint for tredje punktum og ikkje andre punktum. Jf. tidlegare kommentar, er tredje punktum fjerna.</p> <p>Setninga er endra delvis i tråd med innspelet, til at «[e]mneplanen fastset om hovudprosjektet skal vere individuelt eller i form av gruppearbeid».</p>

<p>hovudprosjektet skal gjennomførast.» Vi stiller spørsmål ved at hovudprosjekt som einaste emne ved fagskulen er omtalt i forskrifta.</p>	<p>Det er tilsikta med føresegna å framheve hovudprosjektet som eit sentralt emne for fleire av utdanningane ved Fagskulen Vestland.</p>
<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om hele (1) siste setning</u> om avslutta med ein skriftelg eksamen: Dette stemmer ikkje for studiestad Førde.</p> <p><u>Om (2):</u> Til internt bruk: Dette må vi passe på å få med oss i arbeidet med studieplanar. Må presisere at det må vere tungtvegande årsaker for å vere éin eller to studentar.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Setninga er fjerna, jf. tidlegare kommentar.</p>
<p>Anne Kari Kalve – Helse:</p> <p><u>Om heile § 5-5:</u> Helse har Fordjupingsoppgåve i siste emne og det arbeides nå med ny form og vurdering innen dei ulike studiene mht dette. Ein legg om fra ein individuell/gruppevis rein skriftleg akademisk skrivning med munnleg individuell høyring.</p> <p>Ev: Eige Paragraf Fordypningsoppgåva eller bare tilføyde det i overskrift §5-5 og pk (1) og (2) som:</p> <p>(2) Hovudprosjekt/ eller og fordjupingsoppgåve</p> <p>EV legge til (3) Fordjupingsoppgåve osv som høringsforslag (1), MEN skriv om spesifikt retta mot fordypingsoppgåve i studie</p> <p>Samt pk (4) Fordjupingsoppgåve osv likt høringsforslag (2)</p> <p>OBS: Kan ev. verta meir ryddig å velgja eit nytt eige punkt §5-6 Fordjupingsoppgåve</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er justert, frå at studentane «arbeider med ei problemstilling» til at hovudprosjektet «er eit fagleg fordjupande arbeid». Sjå elles tidlegare kommentarar.</p>
<p>Administrasjonen:</p> <p><u>Om heile § 5-5:</u> Forslag: Bestemmelse bør fjernes.</p> <p>Begrunnelse: Den har liten eller ingen verdi slik den står. Det vil av studieplanen og emneplanen fremgå om det er et emne for hovedprosjekt i den utdanningen. Det er ikke alle utdanningene som har hovedprosjekt. Om det skal stå noe om hovedprosjekt bør det være fordi det er knyttet noen plikter og/eller goder for studentene. Rett på veiledning for eksempel, eventuelt at det er et selvstendig arbeid</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Jf. tidlegare kommentar om at det er tilsikta å framheve hovudprosjektet som eit sentralt emne.</p>

med valgt problemstilling knyttet til utdanningen osv.	
Dekkoffiser: <u>Om (1):</u> Innspill: Ordlyden i første setning må endres. Slik det står nå er hovedprosjektet for alle utdanninger. Men det er det jo ikke.	Kommentar: Det er no presisert at gjennomføring av hovudprosjekt gjeld utdanningar kor det er fastsett i studieplanen.
Bygg Nordnes: <u>Om (1) siste setning:</u> Skriftlig eksamen? Muntlig eksamen passer ikke nødvendigvis heller. Organisert som mappevurdering kanskje?	Kommentar: Setninga er fjerna, jf. tidlegare kommentar.
	Andre kommentarar: Føresegna er plassert i kapittel 5 om undervisning, men fagskulen ser at det er meir naturleg å plassere ei føresegn om hovudprosjekt i kapittel 6 om «vurdering». Føresegna blir difor i sin heilskap flytta til ny § 6-12, slik at den kjem etter vurderingsformer, men før føresegna om justerande munnleg høyring.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 5-5 blir § 6-12.

§ 6-12. Om hovudprosjekt

(1) Hovudprosjektet er eit eige emne som blir gjennomført mot slutten av utdanninga, for dei studia som har hovudprosjekt fastsett i studieplanen. Hovudprosjektet er eit fagleg fordjupande arbeid.

(2) Eit hovudprosjekt kan vere individuelt eller i form av gruppearbeid. Emneplanen fastset om hovudprosjektet skal vere individuelt eller i form av gruppearbeid.

Tidlegare § 5-6. Om praksis

[...]

(5) Står studenten i fare for ikkje å bestå praksis, og faren oppstår før studenten er halvvegs i praksisperioden, skal studenten varslast om dette i samtale med praksisstaden og fagskulen. Samtala skal gjennomførast på eit tidspunkt som gir studenten høve til å rette opp i forholda.

Bjarte Johansen – Helse: <u>Om (5):</u> Det som kom frem i møte var et ønske om å bytte ut halvvegs med midtevalueringssamtalen? Dere får vurdere om dette er hensiktsmessig eller at paragrafen står seg slik den er formulert i dag.	Kommentar: I femte ledd er tilvisinga til «før studenten er halvvegs i praksisperioden» fjerna. Det sentrale er at studenten må varslast om faren oppstår på eit tidspunkt der studenten har høve til å rette opp i forholda. Det er difor ikkje naudsynt å knytte vurderinga opp mot «halvvegs» i praksisperioden eller til midtevalueringssamtale.
Anne Kari Kalve – Helse:	Kommentar:

Om heile § 5-6: Innspill til skikkaheit og Politiattest under (§5-6).	Her er det dessverre vanskeleg å forstå kva som er meint.
	<p>Andre kommentarer:</p> <p>I andre ledd er «studieplanen» endra til «emneplanen», ettersom føresegna omtal informasjon som er naturleg at kjem fram av emneplanen.</p>
	<p>Andre kommentar:</p> <p>«Om» tas ut frå tittelen, i tråd med resten av kapitelet og forskrifta.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 5-6 blir § 5-5.

§ 5-5. Praksis

- (1) Praksis er ein rettleidd og vurdert del av utdanninga som skal føregå i eit relevant yrkesfelt.
- (2) Det skal gå fram av emneplanen kva emne, vurderingar og obligatoriske læringsaktivitetar som må vere fullført og bestått før praksisen startar.
- (3) Det kan gjennomførast obligatoriske læringsaktivitetar knytt til praksisgjennomføringa undervegs i praksisen. Obligatoriske læringsaktivitetar må vere godkjente for at studenten skal få praksisen vurdert, jf. § 5-4 andre ledd.
- (4) Praksis blir vurdert til «bestått»/«ikkje bestått».
- (5) Står studenten i fare for ikkje å bestå praksis, og faren oppstår på eit tidspunkt kor studenten har høve til å rette opp i forholda, skal studenten varslast om dette i samtale med praksisstaden og fagskulen.
- (6) Studentar som ikkje fullfører eller består praksis må ta heile praksisperioden på nytt ved eit eventuelt nytt forsøk. Studenten må i slike tilfelle gjennomføre ny praksisperiode neste gong denne blir arrangert ordinært. Dette kan få konsekvensar for studenten sin studieprogresjon. For antal vurderingsforsøk i praksis, sjå § 6-14 fjerde ledd.
- (7) Ved gyldig fråvær skal fagskulen legge til rette for at studenten kan gjennomføre praksisperioden til ordinær tid, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen. Sjølv om fråværet er gyldig kan forseinkingar få konsekvensar for studenten sin studieprogresjon.

Tidlegare § 5-7. Krav til studentar i praksis

[...]

- (2) Farlege handlingar eller åtferd, grovt usømmeleg framferd og brot på lovfesta teieplikt i praksisopplæringa kan medføre utestenging frå fagskulen, jf. § 9-5 femte ledd.

[...]

<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om (2) «grovt»:</u> Med tanke på at forskrifta gjeld alle studium ved Fagskulen Vestland, jf. § 1-1 andre ledd, noko som inkluderer helsefaglege utdanningar, er det då noko grunn til at ein legg opp til ein så høg terskel for utestenging?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>I fagskulelova § 25 tredje ledd er vilkåret for utestenging «grovt usømmelig» framferd. Fagskulen kan difor ikkje fastsetje ei mildare terskel i den lokale studieforskrifta. Dette er regulert av lova.</p>
---	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 5-7 blir § 5-6.

§ 5-6. Krav til studentar i praksis

- (1) Ein student som i studiesamanheng får kjennskap til nokon sine personlege forhold, har teieplikt etter dei reglane som gjeld for yrkesutøvarar på vedkommande livsområde.
- (2) Farlege handlingar eller åtferd, grovt usømmelig framferd og brot på lovfesta teieplikt i praksisopplæringa kan medføre utestenging frå fagskulen, jf. § 9-5 femte ledd.
- (3) For krav om politiattest ved klinisk undervisning eller praksis, sjå § 9-7.
- (4) For vurdering av skikkaheit, sjå § 9-6.

§ 6-1. Om vurdering

- (1) Vurdering er all prøving av studentane som verkar inn på den endelege karakteren i emnet.
- (2) Formålet med vurdering er å fremme læring, og etterprøve den kunnskapen, ferdigheita og kompetansen som studentane skal ha tileigna seg i emnet.

<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (1) og (2):</u> Innspill: Vi forstår at med «vurdering» menes som oftes eksamen, og at uttrykket er brukt for å favne også andre vurderingssituasjonar. Likevel mener vi at dette lager en del utilsiktet forvirring og gjør forskriften vanskelig å lese. Vi opplever fagskoleloven til å i større grad snakke mer konkret om eksamen. Det bør vurderes å heller benytte ordet «eksamen», for så å eventuelt ha et eget kapittel om øvrige vurderinger som ikke er en eksamen. Dette for å klargjøre innholdet tydligere for lærere og ikke minst studenter.</p> <p>I dagligtale benyttes jo «vurdering» også om når man skal f. eks. godkjenne en obligatorisk læringsaktivitet. Det blir da svært vanskelig pedagogisk å forklare dette for studentene. Vi benytter jo også ord som «formativ vurdering» underveis i studiet....</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Eksamen inngår i omgrepet «vurdering». Dei ulike studia ved fagskulen nyttar ulike vurderingsformar, jf. § 6-3, og ikkje alle nyttar i like stor grad eksamen som vurderingsform.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p>	<p>Kommentar:</p>

<p><u>Om (1):</u> Kan det brukes et annet begrep?</p> <p>Så om jeg gir de formativ vurdering med en karakter, på et arbeid, så skal den uansett ha en påvirkning på endelig karakter? Eller menes det "Vurdering er alle tilbakemeldinger gitt studenten, både formelle og uformelle."?</p>	<p>Det er føremålstenleg å nytte «vurdering» som omgrep. Det kan vere behov for at fagskulen rettlegiar nærare om omgrepsbruken internt.</p>
	<p>Andre kommentar:</p> <p>«Om» tas ut frå tittelen.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-1. Vurdering

- (1) Vurdering er all prøving av studentane som verkar inn på den endelege karakteren i emnet.
- (2) Formålet med vurdering er å fremme læring, og etterprøve den kunnskapen, ferdigheita og kompetansen som studentane skal ha tileigna seg i emnet.

§ 6-2. Vurderingsspråk

- (1) Oppgavespråket ved fagskolen er norsk, med mindre anna følger av studieplanen. Studentane kan be om å få oppgåveteksta på begge målformer. Studentane kan etter søknad få oppgåveteksta på engelsk.
- (2) Oppgavesvaret skal leverast på norsk, med mindre anna følger av studieplanen. Oppgavesvaret kan leverast på begge målformer, samt svensk eller dansk. Studentane kan etter søknad få levere oppgavesvaret på engelsk.

<p>Administrasjonen:</p> <p><u>Om (2):</u> Innspill: Bør se på formuleringene på nytt. Det kan virke som bestemmelsene i andre ledd «slår hverandre i hjel», men mener det kan løses med en bedre formulering.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er no justert, sjå forslaget.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (1) og (2):</u> Innspill: Svensk og dansk kan skape komplikasjoner. Det bør heller stå i lag med engelsk i siste setning, så kan det vurderes dersom aktuelt. Eventuelt kan det spesifiseres i studieplanen, og ikke være generelt for alle utdanningene ved fagskolen. Første og andre setning er selvmotsigende.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Moglegheita til å også nytte svensk/dansk speglar fagskuleforskrifta § 9 første ledd, som opnar for at søkarar som har bestått vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifiserte for opptak utan tilleggskrav i norsk. Det må difor vere mogleg å levere på svensk/dansk, i dei tilfella der studentane også kan/skal levere på norsk.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (1) første setning:</u> Må lage to oppgaver en på bokmål og en på nynorsk?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Viser til språkloven § 4: «Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. <i>Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk».</i></p>

	<p>Andre kommentarar:</p> <p>Tilvisingane i føresegna til «studieplanen» er endra til «emneplanen», då det er naturleg at dei emna som har andre språkkrav regulerer dette i det einskilde emnet.</p>
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-2. Vurderingsspråk

(1) Oppgåvetekster ved fagskulen skal vere på norsk, med mindre anna følger av emneplanen. Studentane kan be om å få oppgåveteksta på begge målformer. Studentane kan etter søknad få oppgåveteksta på engelsk.

(2) Oppgavesvar skal leverast på norsk, svensk eller dansk, med mindre anna følger av emneplanen. Studentane kan levere oppgavesvaret på begge målformer. Studentane kan etter søknad levere oppgavesvaret på engelsk.

§ 6-3. Vurderingsform

(1) Ved Fagskulen Vestland skal studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse bli prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte, jf. fagskoleloven § 21 første ledd. Prøving og vurdering av studentane skal gjennomførast slik at fagskulen, på eit mest mogleg sikkert grunnlag, kan vurdere i kva grad studentane har nådd læringsutbyttet for utdanninga eller emnet. Fagskulen avgjer kva vurderingsformer som skal brukast for å sikre dette.

(2) Fagskulen kan bestemme at ei vurderingsform skal brukast aleine eller i kombinasjon med andre vurderingsformer. Det skal gå fram av studieplanen kva vurderingsform eit emne har.

(3) Skriftlege vurderingar av studentane kan supplerast med ei justerande munnleg prøve. Ei justerande munnleg prøve skal ha særleg tett samanheng med det føregåande skriftlege arbeidet. Justerande munnleg prøve kan justere karakteren på bestått resultat opp eller ned med éin karakter.

(4) Ei vurdering som består av fleire vurderingsdelar er ikkje bestått før alle vurderingsdelane er bestått. Vekta av kvar vurderingsdel skal gå fram av studieplanen som ein brøk eller prosentandel av den samla karakteren.

(5) Dersom ein eller fleire vurderingsdelar, og dermed endeleg karakter, ikkje er bestått, må studenten normalt ta alle vurderingsdelar på nytt ved eit eventuelt nytt vurderingsforsøk.

<p>Oddbjørn Hope – Elektro Nordnes:</p> <p><u>Om (3):</u> §6-3 tredje ledd er nok godt egnet i vanlige fag, men har vist seg å passe dårlig for akkurat hovedprosjekt. Bakgrunnen for å hevde det, er erfaringen med hvordan hovedprosjektene ble evaluert tidligere og hvordan de blir det nå. Det er lærere med mer erfaring enn meg som har anbefalt endringene som ble gjort dengang, og erfaringene fra disse to årene er vurdert som positive, også av eksterne sensorer.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Utdanningane avgjer sjølv eigna vurderingsform, og må ikkje gjennomføre justerande munnleg prøve (sjå ny § 6-13 Justerande munnleg høyring).</p>
---	--

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (3):</u> Kommentar: Stryk siste setning. Det er avgrensande at ein berre kan justere karakteren eitt hakk opp eller ned.</p> <p><u>Om (4):</u> Kommentar: Heilskapleg vurdering bør leggest til grunn, i staden for vekt, brøk og prosentdel. Det er sluttkompetansen til studenten som skal vurderast. NOKUT støttar dette synet.</p> <p><u>Om (5):</u> Kommentar: Heile punkt 5 er urimeleg, både overfor student og lærar. Det er vanskeleg å sjå kva føremålet med formuleringa.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå kommentar over og kommentar til ny § 6-13.</p> <p>Utdanningane kan velje eigna vurderingsform. Fjerde ledd regulerer vurderingar med fleire vurderingsdelar. Utdanningane kan t.d. velje mappevurdering om dette er eigna for emnet. Om eit emne går over fleire semester, bør gjerne ikkje utdanninga velje vurdering med vurderingsdelar.</p> <p>Som nemnt ovanfor kan utdanningane velje eigna vurderingsform.</p>
<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om (1) «kompetanse»:</u> Er det meint «generell kompetanse», slik det vert brukt i studieplanane?</p> <p><u>Om (3):</u> Kommentar frå Ingrid under gjennomgangen i Førde: Ho vil gjere nokre endringar i dette leddet. Det er ikkje meint at denne skal brukast for å avdekke om ein student t.d. har brukt Kl.</p> <p><u>Om (3) «justerande munnleg prøve»:</u> Dette er nok nytt for mange.</p> <p><u>Om (3) «opp eller ned med ein karakter»:</u> Ønskjer å utvide grensene. Vi finn avgrensinga på éin karakter unaturleg.</p> <p><u>Om (4) «vurderingsdelar»:</u> Grei terminologi.</p> <p><u>Om (5):</u> Kva om ein i eit emne t.d. har fem læringsnotat som utgjer vurderingsgrunnlaget og studenten underpresterer på det siste vs. det første? Det vil verte ein urimeleg stor skilnad for både lærar og student om studenten underpresterer t.d. på det siste. Her reiser det seg nokre viktige spørsmål: Kva med arbeidsbelastninga med å lage nye vurderingsdelar? Kva ønskjer vi å oppnå med dette leddet? Innstillinga vår er at studenten må ta opp att kun den vurderingsdelen som ikkje er bestått.</p> <p><u>Om (5) «normalt»:</u> Kva er meint med "normalt" her?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen skal prøve studentane sine kunnskarar, ferdigheiter og kompetanse.</p> <p>Tredje ledd er tatt ut og flytta. Sjå ny § 6-13 og kommentarar til denne.</p> <p>Sjå ny § 6-13 og kommentarar til denne.</p> <p>I slike tilfelle bør vurderingsforma gjerne vere mappevurdering.</p> <p>Dette er hovudregelen. Ved t.d. store produksjonar kan det på emnenivå bli fastsett at studentane ikkje må ta den godkjente store vurderingsdelen på nytt, sjølv om denne er ein av fleire vurderingsdelar.</p>

<p>Solbjørg Skjønhaug Sviland – Maskin / Prosess:</p> <p><u>Om (3) første og andre setning:</u> Dette vil passe dårlig i emner som faktisk har LUB-er som går på muntlig presentasjon, som i Yrkesrettet Kommunikasjon. Da må vi endre måten vi underviser på, for å få det til å passe med forskriften i stedet for å gjøre det som er best pedagogisk. Vi pleier å la studentene presentere et tverrfaglig emne, og det er ikke det samme som en muntlig prøve. Hvis vår karaktervurdering skal inneholde vurdering av alle LUB-er, må det inkludere presentasjonsteknikk.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Tredje ledd er tatt ut og flytta. Sjå ny § 6-13 og kommentarar til denne. NB: Justerande munnleg prøve (høyring) er ikkje det same som munnleg eksamen.</p>
<p>Anne Kari Kalve – Helse:</p> <p><u>Om (4):</u> Studiene på helse bør konkludere om ein skal ha flere deler i nåværende arbeid med omlegging av Fordjupingsoppgåva, samt ev, vektning % om det velges flere enn ein. Valget kan kanskje bety litt endring her.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen tolkar dette som ein intern kommentar.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (3):</u> Innspill: Siste setning må fjernes. Dette begrenser handlingsrommet til sensorene og vi har flere eksempler fra de siste årene der justeringen har vært mer enn en karakter. Det bør være nok at det står at man kan justere karakteren opp eller ned. Men det er litt avhengig av hva som menes. Vi har de siste årene praktisert en variant av denne vurderingsformen. Da har de hatt en skriftlig del, men der kandidaten kun har fått formidlet bestått/ikke bestått på den skriftlige delen før muntlig. Vi sensorer har likevel selvsagt hatt en karakter i våre interne notater, og karakteren har blitt endelig justert (eller rettere sagt satt) etter muntlig. Men da som en samlet karakter for hele vurderingen, både skriftlig og muntlig del. Slik dette leddet er formulert nå, fremstår det som om den skriftlige delen skal ha en egen karakter? Bli det ikke da mer to deler, og ikke en samlet vurdering? På innspillsmøte ble det sagt at dette var en ulik ting enn det som er beskrevet i fjerde ledd. Men faller ikke da dette bort, når det skal settes to vurderinger (ut til kandidaten)? Et annet eksempel er dersom den skriftlige delen i utgangspunktet er god, men den muntlige delen er «helt blank». Da kan man mistenke at andre har skrevet oppgaven, juks, KI-assistanse eller lignende. På innspillsmøte ble dette tatt opp, og det ble antydnet at dette kan løses med å da konstatere at «da er det juks» (dersom en kandidat møter på muntlig og ikke kan forsvare den skriftlige delen). Dette blir i</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Tredje ledd er tatt ut og flytta. Sjå ny § 6-13 og kommentarar til denne.</p>

<p>praksis umulig å bevise. Det må være mulig å stryke dersom man er «helt blank».</p>	
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (3):</u> Vi er nervøse for misforståelse her. Dette leses av mange som at det gjelder alle muntlige prøver som bygger på skriftlig arbeid. Er "justerende muntlig prøve" et begrep som brukes og som lærere og studenter kjenner til? Og bare for å presisere har vi svært store problemer med å justere kun en karakter opp/ned på de muntlige prøvene vi gjennomfører i dag. Vi er redd for misforståelser og at dette blir brukt mot oss.</p> <p>Liste med definisjon av begreper?</p> <p><u>Om (4) andre setning:</u> Denne er problematisk fra et pedagogisk standpunkt. Sluttkompetanse skal være vektlagt, det er derfor vanskelig å definere prosentandel på vurderingsdeler. Noen av emnene våre bygges opp i vanskelighetsgrad, slik at det er mulig å vise kunnskap i noe på slutten av et emne som man gjorde det dårlig på tidligere i emnet. Et annet poeng er at en muntlig høring basert på et skriftlig arbeid ikke kan skiller fra hverandre. Det ene er ikke verdt noe utan det andre. Det skriftlige arbeidet kan være gjort ved hjelp av andre, bruk av KI osv. Den muntlige høringen avdekker studentens kunnskap.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Tredje ledd er tatt ut og flytta. Sjå ny § 6-13 og kommentarar til denne.</p> <p>Omgrep er forklart undervegs i forskrifta.</p> <p>Utdanninga avgjer eigna vurderingsform. Forskrifta krev ikkje at vurdering med ulike vurderingsdeler blir nytta.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>Det er føremålstenleg å regulere justerende munnleg prøve i ei eiga føresegn plassert etter føresegnene om ulike konkrete vurderingsformer. Tredje ledd i føresegna er difor tatt ut og flytta til ei eiga føresegn, sjå ny § 6-13.</p> <p>Andre ledd og nye tredje ledd er justert slik at det er «emneplanen» som skal fastsetje vurderingsform for emnet og vekta av ulike eventuelle vurderingsdeler.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-3. Vurderingsform

(1) Ved Fagskulen Vestland skal studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse bli prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte, jf. fagskoleloven § 21 første ledd. Prøving og vurdering av studentane skal gjennomførast slik at fagskulen, på eit mest mogleg sikkert grunnlag, kan vurdere i kva grad studentane har nådd læringsutbyttet for utdanninga eller emnet. Fagskulen avgjer kva vurderingsformer som skal brukast for å sikre dette.

(2) Fagskulen kan bestemme at ei vurderingsform skal brukast aleine eller i kombinasjon med andre vurderingsformer. Det skal gå fram av emneplanen kva vurderingsform eit emne har.

(3) Ei vurdering som består av fleire vurderingsdelar er ikkje bestått før alle vurderingsdelane er bestått. Vekta av kvar vurderingsdel skal gå fram av emneplanen som ein brøk eller prosentandel av den samla karakteren.

(4) Dersom ein eller fleire vurderingsdelar, og dermed endeleg karakter, ikkje er bestått, må studenten normalt ta alle vurderingsdelar på nytt ved eit eventuelt nytt vurderingsforsøk.

§ 6-5. Gjennomføring av vurdering

(1) Så langt reglande her samsvarer med vurderingsforma, pliktar studentane å

- a. svare i samsvar med dei formelle krava til vurderinga (ordgrense mv.)
- b. følge fagskulen sine reglement
- c. ikkje bruke anna enn lovlege hjelpemiddel
- d. legitimere seg på gyldig måte
- e. levere oppgavesvaret innanfor fristen
- f. ikkje forstyrre andre i arbeidet, og
- g. rette seg etter meldingar frå fagskulen og eksamensvaktene.

(2) Fagskulen fastset i studieplanen kva hjelpemiddel som er tillate i ein vurderingssituasjon, og reglane for eventuell kontroll av desse.

(3) Studentane skal kjenne til kva reglar som gjeld for bruk av hjelpemiddel og kjelder ved den enkelte vurdering, reglane for eventuell kontroll av desse og kva som blir rekna som fusk eller forsøk på fusk ved bruk av hjelpemiddel og kjelder.

(4) Brot på føresegnene her kan bli rekna som fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk.

<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om (1):</u> Korrektur: «reglane».</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er justert i tråd med innspelet.</p>
<p>Anne Kari Kalve – Helse:</p> <p><u>Om (2):</u> Usikker på kva følgjande sitat betyr: [...] Fagskulen fastset i studieplanen kva hjelpemiddel som er tillate i ein vurderingssituasjon.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Andre ledd er justert til at «[e]mneplanen fastset kva hjelpemiddel som er tillate i ein vurderingssituasjon».</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (2):</u> Innspill: Tanken er god, men det er for tidlig å fastsette dette i studieplanen som planlegges flere år før vurderingssituasjonene. Tidspunktet bør derfor flyttes. Det bør være tilstrekkelig at dette kunngjøres f. eks. 1. september/1. februar i lag med «Plan for gjennomføring av vurdering» i henhold til forskriftens foreslåtte § 5-1 (4).</p> <p><u>Om (3) og (4):</u> Innspill: Forskriften bør regulere KI. Det er lett å tenke at dette enda er ukjent og i rivende utvikling, og at man i mange vurderingssituasjoner bør tillate KI. Likevel føler</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå kommentar over. Det er no presisert at dette skal fastsettast i emneplanen.</p> <p>I emneplanen skal det gå fram kva som er lovlege hjelpemiddel, og utdanninga kan dermed der avgrense mot bruk av KI. Fagskulen sine retningslinjer for handsaming av fusk regulerer vidare at det blir rekna som</p>

vi at på nåværende tidspunkt bør man ha en formulering som er restriktiv i utgangspunktet, for å hjelpe lærerne. Som et generelt utgangspunkt så bør forskriften ha noe tekst f. eks. om at «ulike former for kunstig intelligens er ikke tillatt benyttet ved vurderinger ved Fagskolen, så fremt ikke den spesifikke vurderingen åpner opp for dette.» Da tillater man som et utgangspunkt ikke KI, men samtidig gir man lærerne og studiene frihet til å benytte dette etter hvert som man finner gode metoder for dette.	fusk om studentar nyttar ulovlege hjelpemiddel.
Bygg Nordnes: <u>Om (2):</u> Alt for høyt detaljnivå for studieplan. <u>Om (3):</u> Vi ønsker å definere hvilke hjelpemidler som er lov, ikke liste opp alt som ikke er lov	Kommentar: Tilvisinga til «studieplanen» er endra til «emneplanen». Utdanningane kan i emneplanane definere kva hjelpemiddel som er lov/ikkje lov.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-5. Gjennomføring av vurdering

(1) Så langt reglane her samsvarer med vurderingsforma, pliktar studentane å

- a. svare i samsvar med dei formelle krava til vurderinga (ordgrense m.m.)
- b. følge fagskulen sine reglement
- c. ikkje bruke anna enn lovlege hjelpemiddel
- d. legitimere seg på gyldig måte
- e. levere oppgavesvaret innanfor fristen
- f. ikkje forstyrre andre i arbeidet, og
- g. rette seg etter meldingar frå fagskulen og eksamensvaktene.

(2) Emneplanen fastset kva hjelpemiddel som er tillate i ein vurderingssituasjon, og reglane for eventuell kontroll av desse.

(3) Studentane skal kjenne til kva reglar som gjeld for bruk av hjelpemiddel og kjelder ved den enkelte vurdering, reglane for eventuell kontroll av desse og kva som blir rekna som fusk eller forsøk på fusk ved bruk av hjelpemiddel og kjelder.

(4) Brot på føresegnene her kan bli rekna som fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk.

§ 6-7. Om munnleg eksamen

(1) Munnleg eksamen blir gitt enten som sjølvstendig vurderingsform eller som sjølvstendig vekta vurderingsdel med karakterfastsetting.

(2) Ein munnleg eksamen kan vere individuell eller i form av gruppearbeid. Fagskulen fastset i studieplanen om den munnlege eksamenen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

Anne Kari Kalve – Helse: <u>Om heile § 6-7:</u> Bør ein tilføya eit punkt om studentane skal/skal ikkje ha informasjon om karakter på skriftleg del før ein munnleg del, der	Kommentar: Fagskulen ser ikkje at det er naudsynt å presisere det som blir tatt opp ytterlegare.
---	--

hovudprosjekt/fordypingsoppgåva/anna vurdering er todelt og sluttvurderes med karakter. Eller er dette innlysande Usikker mht klagerett og` her.	
Bygg Nordnes: Om (1): Hva menes med dette?	Kommentar: Det kjem ikkje fram i innspelet kva som blir oppfatta som uklart.
	Andre kommentarar: Andre ledd er justert til at «emneplanen» fastset om den munnlege eksamenen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid, heller enn at dette skal kome fram av «studieplanen». Formuleringa av leddet er også forenkla.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-7. Om munnleg eksamen

(1) Munnleg eksamen blir gitt enten som sjølvstendig vurderingsform eller som sjølvstendig vekta vurderingsdel med karakterfastsetting.

(2) Emneplanen fastset om munnleg eksamen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-8. Om heimeeksamen

[...]

(2) Ein heimeeksamen kan vere individuell eller i form av gruppearbeid. Fagskulen fastset i studieplanen om heimeeksamenen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

	Kommentar: I andre ledd er «studieplanen» endra til «emneplanen», då denne informasjonen høyrer heime i emneplanen. Formuleringa er elles også noko justert og forenkla.
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-8. Om heimeeksamen

(1) Heimeeksamen er normalt eit skriftleg digitalt arbeid, arrangert utan tilsyn, med fastsett tid for utlevering og innlevering av oppgåva.

(2) Emneplanen fastset om heimeeksamen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-9. Om mappevurdering

(1) Ei mappevurdering er samansett av fleire arbeid som skal leverast i løpet av eit emne eller samla mot slutten av eit emnet. Sensuren skal fastsettast på grunnlag av heile mappa. Ved mappevurdering har studentane rett på rettleiing undervegs.

(2) Ved mappevurdering skal følgande gå fram av studieplanen:

- a. kva mappa skal bestå av
- b. kva som skal inngå i vurderingsgrunnlaget
- c. omfanget og vekta av dei enkelte arbeida
- d. korleis dei enkelte arbeida skal utførast, for eksempel om det er tillate eller påbode at studentane arbeider i fellesskap
- e. korleis valet skal føregå dersom det berre er utvalde arbeid som skal danne grunnlag for karakteren
- f. kva kriterium som gjeld for vurderinga
- g. rekkefølga for innlevering av dei enkelte arbeida, eventuelt om studenten sjølv kan velje rekkefølge
- h. form og omfang av rettleiing undervegs.

(3) Ei mappevurdering kan vere individuell eller i form av gruppearbeid. Fagskulen fastset i studieplanen om mappevurderinga skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (1):</u> Kommentar: Vi reagerer på at omgrepet sensur blir brukt, medan det elles blir brukt vurdering i forskrifta.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>I dette tilfellet er omgrepet «sensur» brukt for å vise til <i>handlinga</i>, det den som sensurerer gjer når hen vurderer arbeidet. Fagskulen meiner omgrepet her er passande.</p>
<p>Lærarane ved studiestad Førde 2:</p> <p><u>Om (1):</u> Korrektur: «emne».</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er justert i samsvar med innspelet.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p>Om (2) første setning: Alt for mange detaljer i studieplan.</p> <p>Om (2) bokstav c: En mappevurdering er gjerne helhetlig vurdert (punkt 1), krav om vektning må bort.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>«Studieplanen» er bytta ut med «emneplanen». I tillegg er detaljkrava i andre ledd fjerna i nytt forslag. Det kjem fram i nytt forslag at kva som skal inngå i mappa og korleis gjennomføringa skal skje, skal gå fram av emneplanen.</p> <p>Sjå kommentar over.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I første ledd er «leverast» bytta ut med «gjennomførast».</p> <p>I første ledd er siste setning om rett på rettleiing undervegs tatt bort. Det er ikkje alle delar av ei mappe som det vil vere naturleg å gi rettleiing på, t.d. ved fleirvalsoppgåver (multiple choice). Det er difor ikkje føremålstenleg å regulere rettleiinga som ei rett for studenten.</p> <p>I andre og tredje er «studieplanen» bytta ut med «emneplanen». Informasjonen det blir peikt på høyrer til emneplanar. I tredje ledd er også «Fagskulen fastset i studieplanen om [...]», endra til at «Emneplanen fastset om [...]». Formuleringa elles i leddet er også forenkla.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-9. Om mappevurdering

- (1) Ei mappevurdering er samansett av fleire arbeid som skal gjennomførast i løpet av eit emne eller samla mot slutten av eit emne. Sensuren skal fastsettast på grunnlag av heile mappa.
- (2) Ved mappevurdering skal det gå fram av emneplanen kva som skal inngå i mappa og korleis gjennomføringa skal skje.
- (3) Emneplanen fastset om mappevurderinga skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-10. Om gruppevurdering

- (1) Ved gruppevurdering skal alle deltakarane i gruppa bidra til eit felles produkt. Karakteren på produktet kan vere individuell eller lik for heile gruppa.

[...]

Dekkoffiser:	Kommentar:
<p>Om (1): Innspill: Dette er ikke i henhold til NOKUTs veiledning. Der heter det: Det er den enkelte studentens oppnådde læringsutbytte som vurderingen skal gi uttrykk for, og den må derfor være individuell. Dere kan likevel gjennomføre vurderingsaktiviteten i en gruppe. Dersom læringsutbyttet for eksempel inneholder kompetanse i å samhandle med andre arbeidstakere, vil en gruppeeksamen kunne være et aktuelt valg. Det vesentlige er at dere da må innrette gruppeeksamenen slik at det blir mulig å gjøre individuelle vurderinger av studentene. https://www.nokut.no/fagskule-hogare-yrkesfagleg-utdanning/regelverk-forfagskoler/vurdering-av-studentens-kompetanse/ Vi mener derfor at karakteren på produktet kun må være individuell.</p>	<p>Det er vanleg praksis i universitets- og høgskulesektoren å kunne ha gruppevurdering. Gruppekarakter betyr ikkje at den enkelte student ikkje har oppnådd læringsutbyttet sitt. Utdanningane må vurdere konkret kva vurderingsform som er eigna.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-10. Om gruppevurdering

- (1) Ved gruppevurdering skal alle deltakarane i gruppa bidra til eit felles produkt. Karakteren på produktet kan vere individuell eller lik for heile gruppa.
- (2) Oppstår det tvil om ein student bidreg eller har bidrege tilstrekkeleg til å få utteljing for eit felles produkt, skal det hentast inn skriftleg fråsegn frå fagleg rettleiar eller emneansvarleg. Fagskulen kan gjere vedtak om at studenten skal reknast for ikkje å ha møtt til vurdering dersom studenten ikkje bidreg eller har bidrege tilstrekkeleg. Studenten har rett til å uttale seg før det blir fatta vedtak i saka.
- (3) Heile gruppa har ansvar for å sørge for at produktet er komplett. Om produktet ikkje er i tråd med kjeldereglar og retningslinjer for vurdering, kan alle gruppedeltakarane bli mistenkt for fusk etter kapittel 9.

(4) Når munnleg, justerande munnleg og praktisk vurdering blir gjennomført i gruppe, skal sensorane sørge for at alle studentane i gruppa blir eksaminerte i eit omfang som gir tilstrekkeleg grunnlag for karakterfastsettinga.

§ 6-11. Om praktisk vurdering

(1) Ved praktisk vurdering skal studenten løyse praktiske oppgåver og bli prøvd i ferdigheiter i emnet. Praktisk vurdering kan inkludere element av skriftleg og/eller munnleg eksaminasjon. 13

(2) Ei praktisk vurdering kan vere individuell eller i form av gruppearbeid. Fagskulen fastset i studieplanen om den praktiske vurderinga skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

Anne Kari Kalve – Helse: <u>Om heile § 6-11:</u> Ev. eit punkt om kven som gjennomfører praktisk vurdering?	Kommentar: For fagskulen er det noko uklart kva som er meint i innspelet, men kan ikkje sjå at det er naudsynt å presisere meir.
Dekkoffiser: <u>Om (2):</u> Innspill: Også her er studieplanen for tidlig tidspunkt å fastsette dette. Se innspillet til §6-5 (2). Samme innspill gjelder også de foregående paragrafene om ulike vurderingsformer.	Kommentar: «Studieplanen» er endra til «emneplanen». «Studieplanen» er endra til «emneplanen» i fleire ulike føresegn, sjå tidlegare kommentarar.
	Andre kommentarar: I andre ledd er «studieplanen» endra til «emneplanen», og formuleringa elles justert til at «emneplanen fastset om [...]» framfor at «Fagskulen fastset i studieplanen om [...]». Formuleringa elles er også forenkla.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-11. Om praktisk vurdering

(1) Ved praktisk vurdering skal studenten løyse praktiske oppgåver og bli prøvd i ferdigheiter i emnet. Praktisk vurdering kan inkludere element av skriftleg og/eller munnleg eksaminasjon.

(2) Emneplanen fastset om den praktiske vurderinga skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

Ny § 6-12:

Fagskulen viser til at det under § 5-5 om hovudprosjekt er omtala at § 5-5 blir flytta til ny § 6-12, sidan føresegna har større samanheng med kap. 6 om vurdering enn kap. 5 om undervisning.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-12. Om hovudprosjekt

(1) Hovudprosjektet er eit eige emne som blir gjennomført mot slutten av utdanninga, for dei

studia som har hovudprosjekt fastsett i studieplanen. Hovudprosjektet er eit fagleg fordjupande arbeid.

(2) Eit hovudprosjekt kan vere individuelt eller i form av gruppearbeid. Emneplanen fastset om hovudprosjektet skal vere individuelt eller i form av gruppearbeid.

Ny § 6-13:

Fagskulen viser til at tredje ledd i § 6-3 er tatt ut, og blir foreslått som ny føresegn her i § 6-13.

Tidlegare § 6-3 tredje ledd:

(3) Skriftlege vurderingar av studentane kan supplerast med ei justerande munnleg prøve. Ei justerande munnleg prøve skal ha særleg tett samanheng med det føregåande skriftlege arbeidet. Justerande munnleg prøve kan justere karakteren på bestått resultat opp eller ned med éin karakter.

	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen ser det som føremålstenleg å ta ut tredje ledd frå § 6-3 i ei eiga føresegn. Utifrå høyringsinnspel var føresegna uklar. Ordet «prøve» er også endra til «høyring» for å tydeleggjere hensikta med føresegna.</p> <p>Utdanningane avgjer om justerande munnleg høyring skal nyttast. Dette må gå fram av emneplanen.</p> <p>Det er viktig å merke seg at justerande munnleg høyring ikkje er ei eiga sjølvstendig vurderingsform. Om utdanninga ønsker å teste eleven i munnlege presentasjonsevnar, må utdanninga velje vurderingsform deretter.</p> <p>Det kan t.d. vere aktuelt å bruke justerande munnleg høyring i samband med gruppearbeid, for å kunne teste den enkelte studenten sitt læringsutbytte opp mot det skriftlege arbeidet som er levert i fellesskap.</p> <p>Når det gjeld moglegheita til å justere karakteren eitt hakk opp eller ned, vil fagskulen påpeike at justerande munnleg høyring ikkje skal nyttast som eit middel for å avdekke fusk. Ved mistanke om fusk skal dette handterast etter reglane for dette. Karakter skal settast, og administrasjonen skal bli varsla.</p>
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-13. Om justerande munnleg høyring

Ved sensur av skriftlege vurderingar kan det bli gjennomført ei justerande munnleg høyring. Det må følge av emneplanen at ei slik høyring kan bli gjennomført. Ei justerande munnleg høyring skal ha særleg tett samanheng med det føregåande skriftlege arbeidet. Ved justerande munnleg

høring kan karakteren på bestått resultat bli justert opp eller ned med éin karakter.

Tidlegare § 6-12 blir § 6-14.

§ 6-12. Antal vurderingsforsøk

[...]

- (3) Praksis vurdert til ikkje bestått kan etter søknad til fagskulen gjennomførast på nytt éin gong. Praksis med bestått resultat kan ikkje gjennomførast på nytt.
- (4) Gruppevurdering vurdert til ikkje bestått kan etter søknad til fagskulen gjennomførast på nytt éin gong i løpet av dei to påfølgande semestera. Gruppevurdering med bestått resultat kan ikkje gjennomførast på nytt.

	Kommentar: I fjerde og femte ledd er formuleringane «vurdert til ikkje bestått» justert til «ikkje bestått» praksis/gruppevurdering for å presisere at ledda ikkje er avgrensa til å gjelde der praksisen/gruppevurderinga har blitt underlagt ei vurdering.
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-14. Antal vurderingsforsøk

- (1) Studentane har tre vurderingsforsøk i kvart emne. Fagskulen avgjer søknad om eit fjerde vurderingsforsøk der særskilde forhold ligg føre, og kva som eventuelt må avleggast på nytt, jf. § 6-3 siste ledd. For praksis og gruppevurdering, sjå fjerde og siste ledd.
- (2) Avgrensinga i antalet vurderingsforsøk gjeld sjølv om emnet har skifta namn, emnekode eller inngår med ulik kode i fleire utdanningar.
- (3) Avgrensinga i antalet vurderingsforsøk gjeld sjølv om studenten har fått nytt opptak til fagskulen, uavhengig av om emnet inngår i same eller ei anna utdanning enn den utdanninga studenten hadde studierett til ved tidlegare forsøk.
- (4) Ikkje bestått praksis kan etter søknad til fagskulen gjennomførast på nytt éin gong. Praksis med bestått resultat kan ikkje gjennomførast på nytt.
- (5) Ikkje bestått gruppevurdering kan etter søknad til fagskulen gjennomførast på nytt éin gong i løpet av dei to påfølgande semestera. Gruppevurdering med bestått resultat kan ikkje gjennomførast på nytt.

Tidlegare § 6-13 blir § 6-15.

§ 6-13. Teljande vurderingsforsøk

- (1) Studenten bruker eit vurderingsforsøk dersom hen
 - a. gjennomfører vurdering, uavhengig av resultatet
 - b. ikkje møter til vurdering
 - c. ikkje leverer/avbryt vurdering

- d. trekker seg etter fristen
- e. ikkje dokumenterer gyldig frávær innan fristen, eller
- f. får vurderinga annullert etter fagskoleloven § 24.

Studenten blir likevel ikkje rekna for å ha brukt eit vurderingsforsøk dersom studenten ikkje oppfyller vilkåra for vurdering, jf. § 6-4 første ledd.

- (2) Gyldig frávær til vurdering tel ikkje som eit vurderingsforsøk, jf. § 4-4 siste ledd.
- (3) Fristen for å trekke seg frå vurdering er tre veker før vurderinga startar. Denne fristen gjeld også for studentar som har meldt seg opp til kontinuasjonsvurdering eller ny ordinær vurdering i eit emne. For utfyllande reglar om kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-15.

<p>Administrasjonen:</p> <p><u>Om (3):</u> Nytt tekstforslag: (3) Fristen for å trekke seg frå vurdering er to veker før vurdering startar. Denne fristen gjeld også for studentar som har meldt seg opp til kontinuasjonsvurdering eller ny ordinær vurdering i eit emne. For utfyllende reglar om kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-15. Begrunnelse: Vi foreslår å endre fristen fra tre uker til to uker. Det er ikke nødvendig med så lang frist, og det er mer studentvennlig med kortere frist.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Antal veker i føresegna er endra til to veker i tråd med innspelet og universitets- og høgskuleregelverk. Dette er studentvennleg.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I andre ledd er formuleringa justert, for å henge betre saman med dei andre ledda.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-15. Teljande vurderingsforsøk

- (1) Studenten bruker eit vurderingsforsøk dersom hen
 - a. gjennomfører vurdering, uavhengig av resultatet
 - b. ikkje møter til vurdering
 - c. ikkje leverer/avbryt vurdering
 - d. trekker seg etter fristen
 - e. ikkje dokumenterer gyldig frávær innan fristen, eller
 - f. får vurderinga annullert etter fagskoleloven § 24.

Studenten blir likevel ikkje rekna for å ha brukt eit vurderingsforsøk dersom studenten ikkje oppfyller vilkåra for vurdering, jf. § 6-4 første ledd.

- (2) Studentar med gyldig frávær brukar ikkje eit vurderingsforsøk, jf. § 4-4 siste ledd.
- (3) Fristen for å trekke seg frå vurdering er to veker før vurderinga startar. Denne fristen gjeld også for studentar som har meldt seg opp til kontinuasjonsvurdering eller ny ordinær vurdering i eit emne. For utfyllande reglar om kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-17.

Tidlegare § 6-14 blir § 6-16.

§ 6-14. Avbrot av vurdering

[...]

(3) Ei vurdering blir rekna som påbyrja

- a. ved skriftleg skuleeksamen: straks oppgåva er utlevert eller ved førehandskontroll av hjelpemiddel.
- b. ved heimeeksamen: straks oppgåva er tilgjengeleg for studentane.
- c. ved mappevurdering: ved innleveringsfristen for det første av arbeida som går inn i vurderinga.
- d. ved munnleg eller praktisk eksamen: straks studenten tar til med eventuell førebuing, elles når eksaminasjonen startar.

(4) For andre vurderingsformer startar vurderinga på det tidspunktet som er bestemt i studieplanen.

[...]

	Kommentar: I tredje ledd er det lagt til ny bokstav e, som presiserer at praksis er rekna som påbyrja frå første praksisdag. I fjerde ledd er «studieplanen» endra til «emneplanen», då informasjonen høyrer til emneplanen.
--	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-16. Avbrot av vurdering

(1) Ei vurdering er avbroten dersom den er starta, og arbeidet ikkje er levert innanfor fristen. Det same gjeld dersom vurderinga består av fleire vurderingsdelar og studenten ikkje leverer, ikkje møter opp e.l. til éin eller fleire av vurderingsdelane.

(2) Brot på dei formelle krava til vurdering (ordgrense m.m.) skal reknast som ikkje levert.

(3) Ei vurdering blir rekna som påbyrja

- a. ved skriftleg skuleeksamen: straks oppgåva er utlevert eller ved førehandskontroll av hjelpemiddel.
- b. ved heimeeksamen: straks oppgåva er tilgjengeleg for studentane.
- c. ved mappevurdering: ved innleveringsfristen for det første av arbeida som går inn i vurderinga.
- d. ved munnleg eller praktisk eksamen: straks studenten tar til med eventuell førebuing, elles når eksaminasjonen startar.
- e. ved praksis: frå første praksisdag.

Om vurderinga består av fleire vurderingsdelar, blir vurderinga rekna som påbyrja når den første vurderingsdelen startar.

(4) For andre vurderingsformer startar vurderinga på det tidspunktet som er bestemt i emneplanen.

(5) Vurderinga sluttar på den tida som fagskulen har bestemt.

Tidlegare § 6-15 blir § 6-17.

§ 6-15. Kontinuasjonsvurdering og ny ordinær vurdering

(1) Studentar som har gyldig fråvær til eller har stroke på ordinær vurdering, har rett på kontinuasjonsvurdering. Retten gjeld med dei avgrensingar som følger av § 6-4 og føresegnene i kapittelet her. Kontinuasjonsvurdering tel som eit vurderingsforsøk, jf. § 6-13.

- (2) Rett til kontinuasjonsvurdering gjeld ikkje for studentar som
- har gjennomført vurdering med bestått resultat
 - trekker seg frå ordinær vurdering
 - ikkje møter/ikkje leverer/avbryt ordinær vurdering utan gyldig fråvær
 - ikkje dokumenterer gyldig fråvær innan fristen
 - får vurderinga annullert etter fagskoleloven § 24.

Fagskulen kan likevel etter søknad gi studenten høve til å avlegge kontinuasjonsvurdering når det blir arrangert kontinuasjonsvurdering for studentar etter første ledd.

(3) Ved kontinuasjonsvurdering skal vurderinga gjennomførast med same pensum som ved siste ordinære vurdering, og med same vurderingsform.

(4) Dersom ein student framstiller seg til ordinær vurdering på nytt, er det pensumet, vurderingsforma og eventuelle obligatoriske læringsaktivitetar som er fastsett for den nye vurderingsavviklinga som gjeld.

Anne Kari Kalve – Helse: <u>Om (4):</u> Bør det ev. henvises til §5-4 (1)/(3) eller ev. begge.	Kommentar: Det er ikkje naudsynt å legge til tilvisingane som innspelet peiker på.
Dekkoffiser: <u>Om (1) og (2):</u> Innspill: Vi forstår det som at det er en forskjell på å levere blankt å få vurdering «ikke bestått», og å f. eks. ikke levere i det hele tatt, og få «ikke vurdert» (i hen hold til punkt c. over). Vi er likevel litt undrende til praksisen i forhold til kontinuasjonsvurdering, og forskjellen på en kontinuasjonsvurdering og en «ordinær vurdering på nytt» (fjerde ledd her). I forhold til § 6-12 (1) skal jo kandidaten ha tre vurderingsforsøk. Er ikke kontinuasjonsvurderingen ett av disse forsøkene...? <u>Om (3) og (4):</u> Innspill: Vi er litt usikker på hva som menes her. Det gjøres jo endringer på LUB, emnekoder osv. Skal ikke kandidaten måles på det emnet de gikk opp i opprinnelig, på samme måte som i tredje ledd? Er det forskjell på ledd (3) og (4) her egentlig?	Kommentar: Fjerde ledd er no presisert. Ved første nye forsøk vil studenten ha rett til å bli vurdert etter same pensum/vurderingsform. Om studenten ikkje består kontinuasjonseksamen, vil studenten måtte gå opp til ny ordinær vurdering etter pensumet/vurderingsforma som då gjeld i emnet.
	Andre kommentarar: I tittelen er «ny ordinær vurdering» tatt ut, for

	<p>at det skal vere klårare at føresegna gjeld kontinuasjonsvurdering, og ikkje bli misforstått med frivillig gjentak.</p> <p>I fjerde ledd er det no i første punktum presisert at studentar som ikkje får teljande resultat etter kontinuasjonsvurdering, må framstille seg til ny ordinær vurdering.</p>
--	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-17. Kontinuasjonsvurdering

- (1) Studentar som har gyldig fråvær til eller har stroke på ordinær vurdering, har rett på kontinuasjonsvurdering. Retten gjeld med dei avgrensingar som følger av § 6-4 og føresegnene i kapittelet her. Kontinuasjonsvurdering tel som eit vurderingsforsøk, jf. § 6-15.
- (2) Rett til kontinuasjonsvurdering gjeld ikkje for studentar som
 - a. har gjennomført vurdering med bestått resultat
 - b. trekker seg frå ordinær vurdering
 - c. ikkje møter/ikkje leverer/avbryt ordinær vurdering utan gyldig fråvær
 - d. ikkje dokumenterer gyldig fråvær innan fristen
 - e. får vurderinga annullert etter fagskoleloven § 24.

Fagskulen kan likevel etter søknad gi studenten høve til å avlegge kontinuasjonsvurdering når det blir arrangert kontinuasjonsvurdering for studentar etter første ledd.

- (3) Ved kontinuasjonsvurdering skal vurderinga gjennomførast med same pensum som ved siste ordinære vurdering, og med same vurderingsform.
- (4) Dersom studenten ikkje har teljande resultat etter kontinuasjonsvurdering, må studenten framstille seg til ny ordinær vurdering. I slike tilfelle gjeld pensumet, vurderingsforma og eventuelle obligatoriske læringsaktivitetar som er fastsett for den nye vurderingsavviklinga.

Ny § 6-18:

Fagskulen viser til at fjerde ledd i § 3-5 er tatt ut, og blir foreslått som ny føresegn her i § 6-18.

Tidlegare § 6-5 fjerde ledd:

[...]

- (4) Studentar som mister studieretten etter første ledd bokstav h har rett til å forbetre karakteren i inntil eitt år etter at utdanninga eller emnet er fullført og bestått.

	<p>Kommentar:</p> <p>Som nemnt under kommentar til § 3-5 blir fjerde ledd i § 3-5 flytta til ny § 6-18. I ny § 6-18 vil fagskulen regulere frivillig gjentak både for studentar som <i>har</i> studierett, og frivillig gjentak for studentar som <i>ikkje lenger har</i> studierett fordi utdanninga er fullført og bestått. Det blir tatt atterhald om krav til søknad og tilbod av emnet.</p>
--	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 6-18. Frivillig gjentak

Studentar som har fullført og bestått eit emne kan forbetre karakterar i inntil eitt år etter at emnet er fullført og bestått, så langt det er søkt innan fristar sett av fagskulen og emnet blir tilbydd i det aktuelle studieåret. Tilsvarande gjeld for studentar som har fullført og bestått utdanninga.

§ 7-1. Vurderingsuttrykk

(1) Vurderingsuttrykket ved avsluttande vurdering, eksamen, prøve, bedømming av oppgåve eller anna vurdering skal enten vere det ugraderte vurderingsuttrykket «bestått»/«ikkje bestått», på engelsk «passed»/«not passed», eller det graderte vurderingsuttrykket A-F, jf. fagskoleforskriften § 40.

(2) Bestått resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsutbyttet.

(3) Bestått resultat med gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med karakterane A til E. Ikkje bestått resultat med gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med bokstaven F, jf. fagskoleforskriften § 40.

(4) Karakterskalaen A-F blir gitt etter følgande allmenne, kvalitative kriterium:

Sjå tabell i forskrift.

Dekkoffiser:	Kommentar:
<p><u>Om heile § 7-1:</u> Innspill: I forrige høring i 2021 foreslo vi å ha med en gradert skala som et utgangspunkt for fagskolen. I behandlingen av innspillet stod det at dette måtte etableres i fagmiljøa før det kan være en del av forskriften. Vi har nå etablert dette i de maritime utdanningene og har hatt dette med i studieplanen de siste årene. Vi foreslår likevel på nytt at det kommer inn i forskriften. Gjentar derfor innspillet fra 2021:</p> <p>Det er svært mye ulik grad av vurdering når det gjelder prosent ved fagskolen i dag. Sjøkrigsskolens forskrift for eksamen har derimot med en anbefalt skala i selve forskriften. Dersom prosentandel benyttes, er det laget en skala for å være retningsgivende for bruk av karakterskalaen. (https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-12-20-1913 se §13). (Siden 2021 er denne forskriften opphevet, men ideen er likevel den samme).</p> <p>Hadde det da kanskje vært lurt at Fagskulen Vestland i denne forskriften hadde med en anbefalt retningsgivende skala – slik at vurderingspraksisen kan bli noe likere i fremtiden? Fra den aktuelle forskriften:</p> <p>Der det er naturlig, vil angivelse av prosentandel</p>	<p>Fagskulen har valt å bruke vurderingsuttrykka som kjem fram av føresegna. Skalaen som innspelet peiker på er mogleg å gjennomføre ved fleirvalsoppgåver (multiple choice), men vil ikkje vere eigna ved alle vurderingsformer.</p>

<p>riktig ved en besvarelse kunne være retningsgivende for bruk av karakterskalaen. Det anbefales en tilnærmet lineær skala med 40 % som minimum for å bestå.</p> <p>Karakter % A 100–89 B 88–76 C 75–63 D 62–50 E 49–40 F < 40</p> <p>Denne skalaen er jo et utgangspunkt, og ikke noe tvingende styring. Den åpner jo opp for å kunne justeres med at det står «der det er naturlig» og «retningsgivende». Eksempelvis vil jo ofte en flervalgsvurdering kunne ha høyere % for å bestå.</p>	
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (3):</u> Er det mulig å benytte "Bestått/ikke bestått" på tekniske utdanninger som kan gi Mesterbrev? (krav om karakteren D eller bedre)</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Innspelet er ikkje direkte relevant for studieforskrifta. Utdanninga vil måtte sjå nærare på dette.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 7-1. Vurderingsuttrykk

- (1) Vurderingsuttrykket ved avsluttande vurdering, eksamen, prøve, bedømming av oppgave eller anna vurdering skal enten vere det ugraderte vurderingsuttrykket «bestått»/«ikkje bestått», på engelsk «passed»/«not passed», eller det graderte vurderingsuttrykket A–F, jf. fagskoleforskriften § 40.
- (2) Bestått resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsutbyttet.
- (3) Bestått resultat med gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med karakterane A til E. Ikkje bestått resultat med gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med bokstaven F, jf. fagskoleforskriften § 40.
- (4) Karakterskalaen A–F blir gitt etter følgande allmenne, kvalitative kriterium:

Nynorsk:

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk beskriving av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Studenten syner sær god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstreккеleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende.

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk beskriving av vurderingskriterium
F	Ikkje greidd	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

Bokmål:

Symbol	Betegnelse	Generell, ikke fagspesifikk beskrivelse av vurderingskriterier
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Studenten viser svært god vurderingsevne og stor grad av selvstendighet.
B	Meget god	Meget god prestasjon. Studenten viser meget god vurderingsevne og selvstendighet.
C	God	Jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder. Studenten viser god vurderingsevne og selvstendighet på de viktigste områdene.
D	Nokså god	En akseptabel prestasjon med noen vesentlige mangler. Studenten viser en viss grad av vurderingsevne og selvstendighet.
E	Tilstrekkelig	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskravene, men heller ikke mer. Studenten viser liten vurderingsevne og selvstendighet.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikke tilfredsstillar de faglige minimumskravene. Studenten viser både manglende vurderingsevne og selvstendighet.

Engelsk:

Symbol	Description	General, quantitative description
A	Excellent	An excellent performance, clearly outstanding. The candidate demonstrates excellent judgement and independent skills and/or understanding.
B	Very Good	A very good performance. The candidate demonstrates very good judgement and independent skills and/or understanding.
C	Good	A good performance in most areas. The candidate demonstrates good judgement and independent skills and/or understanding.
D	Satisfactory	A satisfactory performance, but with significant shortcomings. The candidate demonstrates a limited degree of judgement and independent skills and/or understanding.
E	Sufficient	A performance that meets the minimum criteria, but no more. The candidate meets the minimum criteria and demonstrates a very limited judgement and independent skills and/or understanding.
F	Failed	A performance that does not meet the minimum criteria. The candidate has failed because of an absence of judgement and independent skills and/or understanding of the subject.

§ 7-2. Om sensur

(1) Fagskulen skal sørge for at studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse blir prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.

(2) Studenten kan ikkje trekke tilbake eit oppgåvesvar etter innlevering. Det same gjeld for munnleg eller praktisk eksamen frå tidspunktet førebuinga eller eksaminasjonen har starta.

(3) Dersom ein student har gjennomført vurdering i same emne fleire gonger, vil den beste karakteren gjelde.

(4) Vurderingskriteria som blir brukt ved sensuren bør i størst mogleg grad vere tilgjengelege for studentane. Dersom det er gitt skriftlege retningslinjer for bedømminga, skal studentane ha tilgang til desse etter at karakteren er fastsett, jf. fagskoleloven § 22 tredje ledd.

(5) Kunngjering av sensur skjer i Visma InSchool. Fagskulen skal opplyse om retten til å krevje grunngiving og til å klage, jf. fagskoleloven §§ 22 og 23, fristane som gjeld, og kor studenten skal rette krav om grunngiving og klage. Ved munnleg og praktisk eksamen blir sensuren gitt munnleg og med ein gong.

(6) Ved ny sensur skal klagesensor ikkje få kjennskap til studenten sin opphavlege karakter, sensor si grunngiving for karakteren eller studenten si grunngiving for klaga, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.

(7) Om karakteren er fastsett på grunnlag av både skriftleg og munnleg prøve, og karakteren blir endra etter ny sensur av den skriftlege delen, skal det haldast ny munnleg prøve for å få fastsett endeleg karakter, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.

Lærarane ved studiestad Førde: <u>Om (4):</u> Kommentar: Vi reagerer på at omgrepet sensur blir brukt, medan det elles blir brukt vurdering i forskrifta.	Kommentar: Fagskulen meiner bruken av «sensur» her er passande, då det er knytt opp mot handlinga den som sensurerer/vurderer studenten sitt arbeid gjer.
Lærarane ved studiestad Førde: <u>Om (5) «Visma»:</u> Lurt å bruke produktnamn i ei forskrift? Produktnamn høyrer meir heime i ei rettleiing eller rutine. Nytt forslag: «skulen sitt digitale administrasjonssystem.»	Kommentar: Dette har blitt vurdert. Visma InSchool er eit etablert administrasjonssystem. Ved eventuelt byte av system vil det ikkje vere vanskeleg å justere føresegna.
Dekkoffiser: <u>Om (5):</u> Innspill: Å nevne spesifikk programvare bør droppes. Det bør holde at det står elektronisk. Programvare endrer seg fort... I tillegg kunngjøres ofte karakteren i Wiseflow, og tiden bør løpe fra dette tidspunktet. <u>Om (7):</u> Innspill: Se tidligere innspill på § 6-3 (3). Igjen: I forhold til vår praksis blir dette selvmotsigende. Når karakteren er gitt på muntlig må de jo klages der og da, iht § 8-3 (1) i denne forskriften og også fagskoleovens § 22, andre setning, og i tillegg nest siste ledd:	Kommentar: Sjå kommentar over. Sjuande ledd presiserer no at leddet gjeld justerande munnleg høyring.

<p>En student kan ikke klage på en bedømmelse av en muntlig prestasjon, en vurdering av praksisstudier eller lignende som etter sin art ikke lar seg etterprøve. Når vi setter en samlet karakter på både skriftlig og muntlig, høres det rart ut at man skal kunne klage på den skriftlige delen etter at den allerede er blitt vurdert i lag med den muntlige. Hvis dette egentlig er en eksamen med to separate vektete deler - da blir det en annen ting. Da er det selvsagt logisk som det står. Men da er det jo nødvendigvis ikke behov for en ny muntlig. (Da er det jo ikke en justerende muntlig, men en egen del).</p>	
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (3):</u> Så hvis man har i utgangspunktet en slutt vurdering med karakteren D, men ønsker å forbedre den. Ny vurdering gir Karakteren F så teller første vurdering?</p> <p>Gjør det for lett å prøve på nytt. Ressurskrevende for skolen om dette blir populært.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Det er riktig, den beste karakteren vil gjelde. Studentane har maks tre vurderingsforsøk. Sjå også avgrensingar i ny § 6-15 om teljande vurderingsforsøk.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>§ 7-4 fjerde ledd siste setning, om at det alltid skal vere ei ekstern <i>evaluering av vurderinga</i> eller vurderingsordningane, blir no flytta til § 7-2 første ledd, sjå siste setning. Dette blir gjort for å hindre misforståingar om krav til ekstern sensor.</p> <p>«Om» er fjerna i tittelen til føresegna, i tråd med resten av forskrifta.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 7-2. Sensur

- (1) Fagskulen skal sørge for at studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse blir prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte. Det skal alltid vere ei ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.
- (2) Studenten kan ikkje trekke tilbake eit oppgavesvar etter innlevering. Det same gjeld for munnleg eller praktisk eksamen frå tidspunktet førebuinga eller eksaminasjonen har starta.
- (3) Dersom ein student har gjennomført vurdering i same emne fleire gonger, vil den beste karakteren gjelde.
- (4) Vurderingskriteria som blir brukt ved sensuren bør i størst mogleg grad vere tilgjengelege for studentane. Dersom det er gitt skriftlege retningslinjer for bedømminga, skal studentane ha tilgang til desse etter at karakteren er fastsett, jf. fagskoleloven § 22 tredje ledd.
- (5) Kunngjering av sensur skjer i Visma InSchool. Fagskulen skal opplyse om retten til å krevje grunngeving og til å klage, jf. fagskoleloven §§ 22 og 23, fristane som gjeld, og kor studenten

skal rette krav om grunngeving og klage. Ved munnleg og praktisk eksamen blir sensuren gitt munnleg og med ein gong.

- (6) Ved ny sensur skal klagesensur ikkje få kjennskap til studenten sin opphavlege karakter, sensor si grunngeving for karakteren eller studenten si grunngeving for klaga, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.
- (7) Om karakteren er fastsett på grunnlag av skriftleg vurdering og justerande munnleg høyring, og karakteren blir endra etter ny sensur av den skriftlege delen, skal det haldast ny justerande munnleg høyring for å få fastsett endeleg karakter.

§ 7-4. Sensor

(1) Sensor skal ha kompetanse til å vurdere om studentane har oppnådd læringsutbyttet for utdanninga eller emnet, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-5.

(2) Styret for Fagskulen Vestland delegerer rektor mynde til å nemne opp sensor ved vurdering når resultatet inngår i vitnemålet eller blir rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskoleloven § 21 andre ledd.

(3) Ein sensor kan vere intern eller ekstern. Eksterne sensorar kan ikkje vere tilsett ved Fagskulen Vestland.

(4) Ved ordinær sensur kan fagskulen sjølv avgjere antalet sensorar og bruk av intern og ekstern sensor. Ved sensurering av vurderingar som ikkje lar seg etterprøve, for eksempel munnleg og praktisk eksamen, krevst det minst to sensorar. Det skal alltid vere ei ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.

(5) Ved ny sensur etter fagskoleloven §§ 22 og 23 skal éin eller fleire nye sensorar brukast. Minst éin sensor skal vere ekstern, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.

Solbjørg Skjønhaug Sviland – Maskin / Prosess: <u>Om (4) andre og tredje setning:</u> Teksten [...] er for meg tvetydig. To sensorer: Gjelder det bare vurderinger som ikke lar seg etterprøve, eller alle?	Kommentar: Kravet til to sensorar gjeld dei vurderingane som ikkje lar seg etterprøve.
Dekkoffiser: <u>Om (4) og (5):</u> Innspill: Fagskulen bør strekke seg lengre enn minimumskravet i fagskoleloven. Vi mener at det ved ny sensur (klagesensur) alltid bør være to sensorer for å ivareta rettsikkerheten til studentene. Dette også for å heve kvaliteten ved fagskolen.	Kommentar: Det er ikkje vanleg å alltid ha to sensorar, sjå også universitets- og høgskulesektoren. Ei slik ordning ville vore ressurskrevjande. Om det er bestemt at det skal vere to sensorar, skal det også vere to sensorar ved klagesensur. Ved sensurering av vurderingar som ikkje lar seg etterprøve, for eksempel munnleg og praktisk eksamen, krevst det likevel minst to sensorar, jf. fjerde ledd andre setning (nå flyttet til tredje ledd).
Bygg Nordnes: <u>Om (4) andre setning «minst to sensorar»:</u> Er dette gjennomførbart? Vi opplever at det er svært vanskelig å få tak i sensorer. Teller læreren som en sensor?	Kommentar: I tilfelle ved ikkje-etterprøvbare vurderingar er det viktig å ha krav om to sensorar, sidan vurderinga ikkje kan bli etterprøvd.

	<p>Andre kommentarar:</p> <p>Første setning i tredje ledd, om at sensor kan vere intern eller ekstern, er fjerna då dette uansett kjem fram av føresegna elles. Andre setning i tredje ledd er flytta til fjerde ledd.</p> <p>Delar av første setning i fjerde ledd er flytta til tredje ledd. Heile andre setning i fjerde ledd er flytta opp til tredje ledd.</p> <p>Siste setning i fjerde ledd – tilvisinga til at det alltid skal vere ei ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane, er fjerna og flytta opp til § 7-2 første ledd. Dette blir gjort for å hindre misforståingar om krav til ekstern sensor.</p>
--	--

Forslag til endeleg føresegn:

§ 7-4. Sensor

(1) Sensor skal ha kompetanse til å vurdere om studentane har oppnådd læringsutbyttet for utdanninga eller emnet, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-5.

(2) Styret for Fagskulen Vestland delegerer rektor mynde til å nemne opp sensor ved vurdering når resultatet inngår i vitnemålet eller blir rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskoleloven § 21 andre ledd.

(3) Ved ordinær sensur kan fagskulen sjølv avgjere antalet sensorar. Ved sensurering av vurderingar som ikkje lar seg etterprøve, for eksempel munnleg og praktisk eksamen, krevst det minst to sensorar.

(4) Ved ordinær sensur kan fagskulen sjølv avgjere bruk av intern og ekstern sensor. Eksterne sensorar kan ikkje vere tilsett ved Fagskulen Vestland.

(5) Ved ny sensur etter fagskoleloven §§ 22 og 23 skal éin eller fleire nye sensorar brukast. Minst éin sensor skal vere ekstern, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.

§ 8-3. Klage på karakterfastsetting

[...]

(2) I emne som består av fleire vurderingsdelar, kan klage på sensur settast fram etter kvar enkelt vurdering. Studenten kan ikkje klage på det endelege resultatet i emnet, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.

[...]

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p>Om (2): Kommentar: Vi forstår ikkje at studenten ikkje kan klage på karakteren i eit emne.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>I andre ledd er siste setning fjerna, om at studenten ikkje kan klage på det endelege resultatet i emnet. Setninga viste til fagskulelova § 22 fjerde ledd. Denne opnar ikkje for ei slik avgrensing. Det som er tilsikta i</p>
---	---

	fagskulelova § 22 fjerde ledd er etter ordlyden at fagskulen har moglegheit til å regulere om studenten kan klage etter kvar einskild vurderingsdel, eller om studenten må vente med klaga til hen har fått det endeleg resultatet (altså tidspunktet for klage). Her har fagskulen valt å tillate klage etter kvar einskild del.
--	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 8-3. Klage på karakterfastsetting

- (1) Studenten kan klage skriftleg på karakterfastsettinga, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd. Ved klage skal det gjennomførast ny sensur. Studenten kan ikkje klage på bedømminga av munnlege prestasjonar, vurderingar av praksisstudiar eller liknande som etter sin art ikkje let seg etterprøve, jf. fagskoleloven § 22 femte ledd.
- (2) I emne som består av fleire vurderingsdelar, kan klage på sensur settast fram etter kvar enkelt vurdering.
- (3) Det er individuell klagerett ved gruppevurdering. Ei eventuell endring av karakter etter klage vil berre gjelde for den som har klaga.
- (4) Ved ny sensur kan karakteren endrast i både favør og disfavør av klagaren, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd. Studenten kan ikkje klage på karakterfastsettinga etter ny sensur, jf. fagskoleloven § 22 siste ledd.
- (5) Klage på karakterfastsetting må settast fram innan tre veker etter at resultatet blei kunngjort. Om studenten har bedt om grunngiving for karakterfastsettinga eller klaga over formelle feil, løper klagefristen frå studenten har fått grunngivinga eller til klaga på formelle feil er endeleg avgjort, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.

§ 8-4. Klage på formelle feil

- (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, prøve eller anna arbeid som blir bedømt med karakter, kan klage på formelle feil, jf. fagskoleloven § 23 første ledd.
- (2) Eit sensurvedtak skal opphevast dersom det er gjort feil som kan ha hatt betydning for studenten sin prestasjon eller bedømminga av prestasjonen. Dersom feilen kan rettast opp gjennom ny sensur, skal dette gjennomførast. Dersom feilen ikkje kan rettast opp gjennom ny sensur, skal det haldast ny eksamen, prøve eller liknande med nye sensorar. Studenten kan klage på karakterfastsettinga ved ny sensur etter denne føresegna, jf. fagskoleloven § 23 andre ledd.

[...]

Dekkoffiser: Om (2): Innspill: Vi kan ikke forstå hvorfor det her skal benyttes nye sensorer ved ny eksamen. Det er jo ikke sensor som her har gjort feil, det er jo en formell feil. Derfor bør det ikke være krav om nye sensorer her – det gjør det bare unødvendig komplisert å få gjennomført den	Kommentar: Føresegna inneber at <i>dersom</i> feilen kan rettast opp gjennom ny sensur, skal ny sensur bli gjennomført. Om feilen ikkje kan bli retta opp gjennom ny sensur, skal det haldast ny eksamen, prøve eller liknande, med nye sensorar. Dette kravet følger direkte av
---	--

nye eksamenen. Vi foreslår derfor at dette tas bort.	fagskulelova § 23 andre ledd, og fagskulen kan difor ikkje regulere dette annleis.
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I første ledd er «som blir bedømt med karakter» bytt ut med «som blir bedømt med vurderingsuttrykk», for å omfatte både graderte og ugraderte vurderingsuttrykk.</p> <p>I andre og tredje ledd er «ny eksamen, prøve eller liknande» bytt ut med «ny vurdering» som fellesomgrep.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 8-4. Klage på formelle feil

- (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, prøve eller anna arbeid som blir bedømt med vurderingsuttrykk, kan klage på formelle feil, jf. fagskuleloven § 23 første ledd.
- (2) Eit sensurvedtak skal opphevast dersom det er gjort feil som kan ha hatt betydning for studenten sin prestasjon eller bedømminga av prestasjonen. Dersom feilen kan rettast opp gjennom ny sensur, skal dette gjennomførast. Dersom feilen ikkje kan rettast opp gjennom ny sensur, skal det haldast ny vurdering med nye sensorar. Studenten kan klage på karakterfastsettinga ved ny sensur etter denne føresegna, jf. fagskuleloven § 23 andre ledd.
- (3) Fagskulen eller den lokale klagenemnda kan bestemme at det skal gjennomførast ny sensur eller ny vurdering dersom det er gjort formelle feil som kan ha hatt innverknad på prestasjonen til éin eller fleire studentar eller bedømminga av desse, jf. fagskuleloven § 23 siste ledd.
- (4) Klage på formelle feil må settast fram innan tre veker etter at studenten blei, eller burde blitt, kjent med feilen, jf. fagskuleloven § 23 første ledd. Om studenten har bedt om grunngiving for eller klaga over karakterfastsettinga, løper klagefristen frå studenten har fått grunngivinga eller til klaga på karakterfastsettinga er endeleg avgjort, jf. fagskuleloven § 23 tredje ledd.

§ 8-5. Lokal klagenemnd for fagskular i Vestland

- (1) Fagskulen Vestland skal med heimel i fagskuleloven § 20 første ledd opprette ei lokal klagenemnd. Fagskulen kan samarbeide med andre fagskular om felles klagenemnd.
- (2) Den lokale klagenemnda skal som klageinstans behandle klager på fagskulen sine enkeltvedtak, for eksempel avgjersler om
 - a. godskriving og fritak etter fagskuleloven § 8
 - b. opptak på grunnlag av realkompetanse eller spesielle opptakskrav etter fagskuleforskriften § 7 første og fjerde ledd
 - c. formelle feil etter fagskuleloven § 23
 - d. tilrettelegging etter fagskuleloven § 15 femte ledd
 - e. tap av rettar
 - f. bortvising etter fagskuleloven § 43
 - g. permisjon etter fagskuleloven §§ 28 og 28 a.
- (3) Når den lokale klagenemnda behandlar klager på fagskulen sine enkeltvedtak, kan klagenemnda sine vedtak ikkje påklagast, jf. fagskuleloven § 20 fjerde ledd.
- (4) Den lokale klagenemnda skal som underinstans behandle følgande saker:

- a. annullering etter fagskoleloven § 24
- b. bortvising og utestenging etter fagskoleloven § 25
- c. skikkaheit etter fagskoleloven § 26
- d. politiattest etter fagskoleloven § 27
- e. utestenging etter fagskoleloven § 43
- f. inndraging og karantenetid etter fagskoleloven § 16 a.

Vedtak i saker etter § 16 a og §§ 25 – 27 skal treffast med minst to tredels fleirtal.

(5) Når den lokale klagenemnda behandlar saker etter fjerde ledd, kan klagenemnda sine vedtak påklagast til Nasjonal klagenemnd for høgere yrkesfaglig utdanning, jf. fagskoleloven § 20 siste ledd. Den nasjonale klagenemnda behandlar også klager over enkeltvedtak treft med heimel i fagskoleloven § 16 om opptak gjennom Samordna opptak. Den nasjonale klagenemnda sine vedtak kan ikkje påklagast, jf. fagskoleforskriften § 45 siste ledd.

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (3) «lokal»:</u> Korrektur: «lokale»</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Korrekturen er endra i tråd med innspelet.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p><u>Om (1):</u> Innspill: Her mangler sammensetning og antall medlemmer, slik det fremgår i dagens eksisterende forskrift § 5-1 (1). Når det ikke står noe om dette så oppleves det som at rettsikkerheten er redusert. Vi ønsker derfor at dette står.</p> <p><u>Om (2):</u> Innspill: Det bør kanskje spesifiseres at man skal behandle saker etter foreslått forskrifts paragrafer 9-3, 9-4 og 9- 5. Det er mulig dette er tenkt inn i punkt e. men det kan misforstås.</p> <p><u>Om (5):</u> Innspill: Denne paragrafen mangler tidsfrister for klagebehandlingen. Vi har de siste årene sett at den lokale klagebehandlingen i nemnden har tatt svært lang tid. For å øke profesjonaliteten bør også den lokale klagenemnden ha tidsfrist på å fatte vedtak etter at en sak er fremmet. Når det ikke står så kan det jo ta år.... Forslag: 2 måneder etter at saken er fremmet.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Det innspelet etterlyser kjem fram av fagskulelova. Det er difor ikkje naudsynt å også regulere samansetning i studieforskrifta.</p> <p>I andre ledd har fagskulen valt å vise til heimlar i fagskulelova, og ikkje i studieforskrifta. Dette er tilstrekkeleg.</p> <p>Forvaltningslova har krav om saksbehandling innan ugrunna opphald, men inneheld ikkje konkrete saksbehandlingsfristar anna enn krav om foreløpig svar om ei sak ikkje kan behandlast innan ein månad.</p> <p>Fagskulen ser at enkelte saker i lokal klagenemnd har lang saksbehandlingstid. Det er likevel ikkje naturleg å regulere saksbehandlingstida nærare i studieforskrifta.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 8-5. Lokal klagenemnd for fagskular i Vestland

(1) Fagskulen Vestland skal med heimel i fagskoleloven § 20 første ledd opprette ei lokal klagenemnd. Fagskulen kan samarbeide med andre fagskular om felles klagenemnd.

(2) Den lokale klagenemnda skal som klageinstans behandle klager på fagskulen sine enkeltvedtak, for eksempel avgjersler om

- a. godskriving og fritak etter fagskoleloven § 8
- b. opptak på grunnlag av realkompetanse eller spesielle opptakskrav etter fagskoleforskriften § 7 første og fjerde ledd

- c. formelle feil etter fagskoleloven § 23
- d. tilrettelegging etter fagskoleloven § 15 femte ledd
- e. tap av rettar
- f. bortvising etter fagskoleloven § 43
- g. permisjon etter fagskoleloven §§ 28 og 28 a.

(3) Når den lokale klagenemnda behandlar klager på fagskulen sine enkeltvedtak, kan klagenemnda sine vedtak ikkje påklagast, jf. fagskoleloven § 20 fjerde ledd.

(4) Den lokale klagenemnda skal som underinstans behandle følgande saker:

- a. annullering etter fagskoleloven § 24
- b. bortvising og utestenging etter fagskoleloven § 25
- c. skikkaheit etter fagskoleloven § 26
- d. politiattest etter fagskoleloven § 27
- e. utestenging etter fagskoleloven § 43
- f. inndraging og karantenetid etter fagskoleloven § 16 a.

Vedtak i saker etter fagskoleloven §§ 16 a og 25–27 skal treffast med minst to tredels fleirtal.

(5) Når den lokale klagenemnda behandlar saker etter fjerde ledd, kan klagenemnda sine vedtak påklagast til Nasjonal klagenemnd for høyere yrkesfaglig utdanning, jf. fagskoleloven § 20 siste ledd. Den nasjonale klagenemnda behandlar også klager over enkeltvedtak treft med heimel i fagskoleloven § 16 om opptak gjennom Samordna opptak. Den nasjonale klagenemnda sine vedtak kan ikkje påklagast, jf. fagskoleforskriften § 45 siste ledd.

§ 9-1. Fusk

(1) Forbodet mot fusk, forsøk på fusk og medverknad til fusk gjeld både under obligatoriske læringsaktivitetar og vurdering.

(2) Som fusk reknar ein mellom anna

- a. å bruke og ha ulovlege hjelpemiddel tilgjengeleg under eksamen, prøve, innlevering eller liknande
- b. å sitere kjelder eller på annan måte bruke kjelder i skriftlege arbeid utan tilstrekkelege og korrekte kjeldetilvisingar
- c. ulovleg kommunikasjon og samarbeid mellom enkeltpersonar og grupper
- d. å la ein annan gjennomføre eksamen, prøve, innlevering eller liknande for seg
- e. å tileigne seg fordelar ein ikkje har rett til ved eksamen, prøve, innlevering eller liknande
- f. å handle på andre måtar i strid med retningslinjer bestemt av fagskulen.

(3) Forbodet mot fusk, forsøk på fusk og medverknad til fusk gjeld frå det tidspunktet den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga startar.

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (3):</u> Er dette naudsynt å presisere?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Tredje ledd er no fjerna sidan fusk kan førekome også før læringsaktiviteten eller vurderinga har starta. Det er vidare ikkje naudsynt å regulere tidspunktet for når reglane om fusk gjeld, ettersom fusk knyter seg til den aktuelle vurderinga – både før, undervegs og etter vurderinga.</p>
<p>Bygg Nordnes:</p> <p><u>Om (2):</u> Når alle hjelpemidler er tillatte kan også</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Dette er dekt av føresegna. Merk at bokstav c presiserer at samarbeidet må vere <i>ulovleg</i> for</p>

<p>kommunikasjon og samarbeid mellom enkeltpersoner være tillatt, men arbeidet innlevert skal fortsatt være studentens eget arbeid. Det kan være tydeligere spesifisert mtp. Plagiat av medstudenter, eller innlevering av arbeid som ikke er studentens hele og fulle eget arbeid.</p>	<p>å bli omfatta av føresegna. Om samarbeidet er/ikkje er lovleg vil gå fram av emneplanen/vurderingskrava.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I første ledd er det presisert at forbodet mot fusk gjeld «både i forbindelse med eksamen, prøve eller liknande, og elles under gjennomføringa av emnet». Formuleringa er i større grad i samsvar med fagskulelova § 24 andre ledd.</p> <p>Difor er tilvisingane til «eksamen, prøve, innlevering eller liknande» i bokstav a og e tatt ut, då dette kjem klart fram av første ledd.</p> <p>I bokstav a er «å bruke og ha» erstatta med «å bruke eller ha», sidan det kan vere rekna som fusk å ha eit ikkje tillate hjelpemiddel tilgjengeleg, sjølv om det ikkje blir tatt i bruk.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-1. Fusk

(1) Forbodet mot fusk, forsøk på fusk og medverknad til fusk gjeld både i forbindelse med eksamen, prøve eller liknande, og elles under gjennomføringa av emnet.

(2) Som fusk reknar ein mellom anna

- a. å bruke eller ha ulovlege hjelpemiddel tilgjengeleg
- b. å sitere kjelder eller på annan måte bruke kjelder i skriftlege arbeid utan tilstrekkelege og korrekte kjeldetilvisingar
- c. ulovleg kommunikasjon og samarbeid mellom enkeltpersonar og grupper
- d. å la ein annan gjennomføre vurderinga, den obligatoriske læringsaktiviteten eller liknande for seg
- e. å tileigne seg fordelar ein ikkje har rett til
- f. å handle på andre måtar i strid med retningslinjer bestemt av fagskulen.

§ 9-2. Mistanke om fusk

(1) Oppstår det mistanke om fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk under obligatorisk læringsaktivitet eller vurdering, skal fagskulen opplyse studenten om at forholdet blir rapportert. Studenten har rett til å fullføre den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, men risikerer at den lokale klagenemnda annullerer resultatet, jf. fagskuleloven § 24 andre ledd.

[...]

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p><u>Om (1) første setning etter komma:</u> Til internt bruk:</p>	<p>Kommentar:</p>
---	--------------------------

<p>Ver bevisst på denne. Merk formuleringa «skal».</p> <p>Det kan vere greit med ei avklaring av kven "fagskulen" her er. Passar moglegens best i rutine.</p>	<p>Det er føremålstenleg å ikkje regulere nærare her kven som skal opplyse studenten. Det er naturleg å regulere dette i rutine.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p>Om (1): Innspill: I dagens forskrifts § 3-7 står det at «Det same gjeld studenter som har hjulpet andre til fusk». Dette er ikke videreført ser det ut til. Vi ber om at det tas inn igjen.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Fagskulen viser til at «medverknad til fusk» er regulert, sjå første ledd.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-2. Mistanke om fusk

(1) Oppstår det mistanke om fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk under obligatorisk læringsaktivitet eller vurdering, skal fagskulen opplyse studenten om at forholdet blir rapportert. Studenten har rett til å fullføre den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, men risikerer at den lokale klagenemnda annullerer resultatet, jf. fagskoleloven § 24 andre ledd.

(2) Inntil eventuell avgjersle i saka ligg føre, har studenten rett til å halde fram på studiet som vanleg. Studenten kan likevel bli stoppa av progresjonskrav i utdanninga.

§ 9-3. Konsekvensar av fusk

(1) Den lokale klagenemnda kan annullere godkjenninga av eit emne eller resultatet av ein eksamen, prøve eller liknande, om ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska eller forsettleg har forsøkt å fuske, jf. fagskoleloven § 24 andre ledd. Åtgangen til å annullere blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.

(2) Om ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska eller forsettleg har forsøkt å fuske, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå all utdanning ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarende gjeld for ein student som forsettleg har medverka til fusk, jf. fagskoleloven § 25 fjerde ledd.

[...]

<p>Lærarane ved studiestad Førde:</p> <p>Om (1) siste setning: Framlegg til endring i §§ 9-3 og 9-4: Ordet «åtgang» blir erstatta «tilgang».</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna er endra i tråd med innspelet.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p>Om (2): Innspill: Hva menes med formuleringen «stenges ute fra all utdanning.» Vil det her være mulig å gjennomføre en kontinuasjonsvurdering eller nytt forsøk på en eksamen?</p>	<p>Kommenter:</p> <p>Utestenging gjeld all utdanning, studenten vil difor ikkje kunne gjennomføre kontinuasjonsvurdering eller ny ordinær vurdering. Sjå i tillegg også fagskulelova § 25 andre ledd: «Utestenging fra studiet innebærer at studenten fratas retten til å gå opp til eksamen».</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-3. Konsekvensar av fusk

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere godkjenninga av eit emne eller resultatet av ein eksamen, prøve eller liknande, om ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska eller forsettleg har forsøkt å fuske, jf. fagskoleloven § 24 andre ledd. Tilgangen til å annullere blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.
- (2) Om ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska eller forsettleg har forsøkt å fuske, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå all utdanning ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarande gjeld for ein student som forsettleg har medverka til fusk, jf. fagskoleloven § 25 fjerde ledd.
- (3) Ved vedtak om annullering skal studenten levere eventuelle vitnemål eller karakterutskrifter tilbake til fagskulen, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.
- (4) Annullering av vurdering som følge av fusk eller forsøk på fusk, tel som eit vurderingsforsøk, jf. § 6-15 første ledd bokstav f.
- (5) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gi melding om annullering til vedkommande mynde.

§ 9-4. Annullering

(1) Om ein student har brukt falskt vitnemål eller andre falske dokument, eller har opptredd ureieleg på annan måte og slik fått åtgang til å avlegge eksamen, prøve eller anna arbeid som blir bedømt med karakter, kan den lokale klagenemnda annullere resultatet. Den lokale klagenemnda kan også annullere godkjenninga av eit emne om ein student på tilsvarande urettmessig grunnlag har fått rett til å studere, jf. fagskoleloven 24 første ledd.

[...]

(3) Åtgangen til å annullere blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.

[...]

Lærarane ved studiestad Førde: <u>Om (1) første setning og (3):</u> Framlegg til endring i §§ 9-3 og 9-4: Ordet «åtgang» blir erstatta «tilgang».	Kommentar: Føresegna er endra i tråd med innspelet.
Administrasjonen: <u>Om (3):</u> Innspill: Ordet «Åtgangen» bør byttes ut med et mer forståelig ord som for eksempel «høve».	Kommentar: «Åtgangen» er endra til «tilgangen», sidan sistnemnde er meir forståeleg.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-4. Annullering

(1) Om ein student har brukt falskt vitnemål eller andre falske dokument, eller har opptredd ureieleg på annan måte og slik fått tilgang til å avlegge eksamen, prøve eller anna arbeid som blir bedømt med karakter, kan den lokale klagenemnda annullere resultatet. Den lokale

klagenemnda kan også annullere godkjenninga av eit emne om ein student på tilsvarende urettmessig grunnlag har fått rett til å studere, jf. fagskoleloven § 24 første ledd.

- (2) Om ein student har fått godskriving av eller fritak for emne ved bruk av falskt vitnemål eller andre falske dokument, eller ved å opptre ureielig på annan måte, kan den lokale klagenemnda annullere godskrivinga eller fritaket, jf. fagskoleloven § 24 tredje ledd.
- (3) Tilgangen til å annullere blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.
- (4) Ved vedtak om annullering skal studenten levere eventuelle vitnemål eller karakterutskrifter tilbake til fagskolen, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.
- (5) Om fagskolen oppdagar at ein søker eller student har levert falske vitnemål, andre falske dokument eller dokument skrive ut av falske institusjonar, skal forholdet meldast til politiet, jf. fagskoleloven § 24 siste ledd.
- (6) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskolen gi melding om annullering til vedkommande mynde.

§ 9-5. Bortvising og utestenging

- (1) Rektor kan vise bort ein student med direkte verknad dersom studenten forstyrrar undervisninga eller arbeidet til medstudentar.
- (2) Om ein student, til trass for skriftleg varsel frå fagskolen, gjentatte gonger opptre på ein måte som verkar grovt forstyrrande på arbeidet til medstudentar eller verksemda ved fagskolen elles, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal visast bort i inntil eitt år. Bortvising inneber ikkje at studenten mister retten til å gå opp til eksamen, jf. fagskoleloven § 25 første ledd.

[...]

- (5) Om ein student har skapt fare for liv eller helse, eller har opptredd grovt usømeleg overfor nokon som studenten har møtt i samheng med undervisning eller praksisstudium, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium i inntil tre år. Tilsvarende gjeld om ein student har brote lovfesta teieplikt, jf. fagskoleloven § 25 tredje ledd.

[...]

Lærarane ved studiestad Førde 2:	Kommentar:
<p><u>Om heile § 9-5:</u> Bør det vere med eit ledd som eksplisitt omhandlar rusmisbruk?</p>	<p>Fagskulelova regulerer dette konkret, og rusmisbruk er regulert i anna lovverk. Merk at åtferd som «verkar grovt forstyrrande», er omfatta av andre ledd, og kan føre til utestenging.</p>
<p><u>Om (2) «grovt»:</u> Med tanke på at forskrifta gjeld alle studium ved Fagskolen Vestland, jf. § 1-1 andre ledd, noko som inkluderer helsefaglege utdanningar, er det då noko grunn til at ein legg opp til ein så høg terskel for utestenging?</p>	<p>I fagskulelova § 25 første ledd er vilkåret for bortvising «grovt forstyrrande» framferd. Fagskolen kan ikkje fastsetje ei mildare terskel i den lokale studieforskrifta.</p>
<p><u>Om (5) «grovt»:</u> Kvifor så høg terskel for utestenging? Eg tvilar</p>	<p>Terskelen for utestenging er regulert i fagskulelova § 25 tredje ledd, og</p>

<p>på om nokon verkeleg ønskjer å verte teken hand om eller måtte ha eit tillitsforhold til ein yrkesutøvar som "kun" har opptredd usømmeleg.</p>	<p>studieforskrifta kan difor ikkje fastsetje lågare terskel.</p>
<p>Dekkoffiser:</p> <p>Om (1): Innspill: Vi savner den eksisterende forskrifts paragraf 4-1 (2) som ser ut til å ikke å ha blitt videreført. Denne kunne gjerne med fordel vært enda tydeligere og gitt læreren en tydeligere veiledning av pedagogiske hensyn. Dette er aktuelt ved situasjoner som slåsskamp, ruspåvirket student eller annet. Rektor er ikke tilgjengelig nok til å måtte kontaktes her. Etter høringsrunden ved forrige forskrift ble det tatt inn «veiledninger» her angående privat eiendomsrett. Vi ønsker denne videreført og ytterligere tydeliggjort.</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Første ledd regulerer i stor grad det som er savna. «Rektor» er likevel justert til «Fagskulen». Det må bli regulert i intern rutine kven som skal kunne vise bort etter første ledd. Det vil vere naturleg om lærar har moglegheit til å kortvarig vise bort ved forstyrrende åtferd i undervisninga eller i fellesområda, for å sikre eit godt arbeids- og studentmiljø.</p> <p>Fagskulen viser til forarbeida til fagskulelova, som første ledd har grunnlag i:</p> <p><i>«En student som opptrer forstyrrende, for eksempel i en undervisningssituasjon eller i fellesområder, vil uansett kunne vises bort. Et slikt enkeltstående pålegg om å forlate stedet vil være lite inngripende overfor studenten, og det vil her ikke være snakk om bortvisning i lovens forstand».</i></p> <p>Merk at dei resterande ledda regulerer grovare tilfelle der det er aktuelt med lenger bortvising, med strengare krav til saksbehandlinga og krav om enkeltvedtak.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I fjerde ledd er det lagt til at utestenginga «også» inneber at studenten mister retten til å gå opp til eksamen. Dette er gjort for å presisere at utestenginga ikkje er avgrensa til tap av eksamensrett, men også gjeld utdanninga elles.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-5. Bortvising og utestenging

- (1) Fagskulen kan vise bort ein student med direkte verknad dersom studenten forstyrrar undervisninga eller arbeidet til medstudentar.
- (2) Om ein student, til trass for skriftleg varsel frå fagskulen, gjentatte gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrende på arbeidet til medstudentar eller verksemda ved fagskulen elles, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal visast bort i inntil eitt år. Bortvising inneber ikkje at studenten mister retten til å gå opp til eksamen, jf. fagskoleloven § 25 første ledd.
- (3) Rektor ved fagskulen kan fatte midlertidig vedtak om bortvising dersom vilkåra i fagskoleloven § 12 siste ledd er til stades. Eit slikt vedtak gjeld inntil den lokale klagenemnda kan fatte endeleg vedtak i saka, jf. fagskoleloven § 25 første ledd.

- (4) Om ein student, til trass for skriftleg varsel frå fagskulen, ikkje retter seg etter eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Utestenging inneber også at studenten mister retten til å gå opp til eksamen, jf. fagskoleloven § 25 andre ledd.
- (5) Om ein student har skapt fare for liv eller helse, eller har opptreidd grovt usømeleg overfor nokon som studenten har møtt i samanheng med undervisning eller praksisstudium, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium i inntil tre år. Tilsvarende gjeld om ein student har brote lovfesta teieplikt, jf. fagskoleloven § 25 tredje ledd.
- (6) Om ein student har brukt falskt vitnemål, andre falske dokument eller på annan måte har opptreidd ureieleg, jf. fagskoleloven § 24 første og tredje ledd, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå all utdanning ved fagskulen i inntil eitt år, jf. fagskoleloven § 25 fjerde ledd.
- (7) Ein student, som trass skriftleg varsel frå fagskulen har brukt klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet i strid med fagskoleloven § 43 første ledd, kan visast bort av rektor eller den rektor gir mynde i inntil eitt år. Om studenten, til trass for skriftleg varsel frå fagskulen, ikkje retter seg etter vedtaket om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå utdanninga i inntil eitt år, jf. fagskoleloven § 43 andre ledd.

§ 9-6. Vurdering av skikkaheit

[...]

(3) Ved Fagskulen Vestland er følgande utdanningar underlagt skikkavurdering:

- a. Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre
- b. Psykisk helsearbeid og rusarbeid
- c. Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi
- d. Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta.

[...]

<p>Anne Kari Kalve – Helse:</p> <p><u>Om heile (3):</u> Ev. tilføye Etterutdanningar til lista? Relevant? Kva med Saksgang og fristar for behandling av skikkaheit? Relevant?</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Føresegna dekker no etterutdanningar som er underlagt skikkavurdering. Nærare saksgang går fram av tilvisingar i første ledd.</p>
	<p>Andre kommentarar:</p> <p>I tredje ledd er det presisert at også andre utdanningar kan vere underlagt skikkavurdering.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-6. Vurdering av skikkaheit

- (1) Fagskulen Vestland skal vurdere om studentane i bestemte utdanningar er skikka for yrket. Skikkavurdering skal finne stad gjennom heile utdanninga, jf. fagskoleloven § 26 første ledd. Fagskulen Vestland gjennomfører skikkavurdering i tråd med reglane i fagskoleloven § 26 og fagskoleforskriften kapittel 5.

- (2) Ein student som i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og sikkerheit til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket, jf. fagskoleforskriften § 26.
- (3) Ved Fagskulen Vestland er følgande utdanningar underlagt skikkavurdering:
- Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre
 - Psykisk helsearbeid og rusarbeid
 - Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi
 - Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta.
- Andre utdanningar kan også vere underlagt skikkavurdering.
- (4) For utdanningar underlagt skikkavurdering skal rektor utnemne skikkaansvarleg(e) for skikkavurdering, jf. fagskoleforskriften 32 første ledd. Styret sjølv oppretter ei skikkanemnd i tråd med fagskoleforskriften § 31.
- (5) Den lokale klagenemnda kan etter innstilling frå skikkanemnda vedta at ein student ikkje er skikka for yrket. Blir det fatta eit slikt vedtak, kan klagenemnda vedta at studenten også skal stengast ute frå utdanninga i inntil fem år, jf. fagskoleloven § 26 tredje ledd.
- (6) Ved utestenging vil studenten miste studieplassen, og må søke nytt opptak dersom hen vil starte opp igjen på utdanninga etter utestengingsperioden, jf. fagskoleforskriften § 36 siste ledd, jf. § 3-5 første ledd bokstav g.

§ 9-7. Politiattest

- (1) I utdanningar der studenten kan komme i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksisstudium, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak, jf. fagskoleloven § 27 første ledd. Ved særlege reglar om politiattest for bestemte typar arbeid, gjeld tilsvarende reglar for studentane, jf. fagskoleloven § 27 andre ledd.
- (2) Fagskulen kan krevje politiattest ved opptak og undervegs i utdanninga, jf. fagskoleloven § 27 første ledd.

[...]

Anne Kari Kalve – Helse:	Kommentar:
<p><u>Om (1) og (2):</u> Bytt om 9.7 (2) og 9-7 (1). Dei viser til første og andre ledd i §27 Fagskolelova Bør vi ev. presisere: Nyere enn 3 månader?</p>	<p>Rekkefølga på første og andre ledd er bytt om i tråd med innspelet. I nytt første ledd er det i siste setning presisert at politiattesten ikkje må «vere eldre enn tre månadar på tidspunktet for framlegging av attesten». Dette samsvarar med fagskuleforskrifta § 20 andre ledd.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 9-7. Politiattest

- (1) Fagskulen kan krevje politiattest ved opptak og undervegs i utdanninga, jf. fagskoleloven § 27 første ledd. Politiattesten må ikkje vere eldre enn tre månadar på tidspunktet for framlegging av attesten.

- (2) I utdanningar der studenten kan komme i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksisstudium, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak, jf. fagskoleloven § 27 første ledd. Ved særlege reglar om politiattest for bestemte typar arbeid, gjeld tilsvarande reglar for studentane, jf. fagskoleloven § 27 andre ledd.
- (3) Studenten får ikkje delta i klinisk undervisning eller praksis før politiattest utan merknad er lagt fram. Ved politiattest med merknad gjeld fjerde og femte ledd.
- (4) Fagskulen Vestland skal behandle politiattest med merknad i tråd med reglane i fagskoleloven § 27 og fagskoleforskriften kapittel 4. Ved politiattest med merknad skal fagskulen snarast mogleg, og seinast innan ti dagar etter at all dokumentasjon i saka ligg føre, legge fram politiattesten til den lokale klagenemnda, jf. fagskoleforskriften § 23 andre ledd.
- (5) Den lokale klagenemnda skal snarast mogleg, og seinast innan fire veker etter at saka er mottatt, avgjere om studenten kan delta i klinisk undervisning eller praksis. Studenten får ikkje delta i klinisk undervisning eller praksis før klagenemnda har fatta positivt vedtak i saka, jf. fagskoleloven § 27 sjuande ledd og fagskoleforskriften § 23 tredje ledd.

§ 10-2. Namn på grader

- (1) Ei fagskulegrad får normalt namnet «Fagskulegrad i [namn på utdanninga]», på engelsk «Professional degree of [namn på utdanninga på engelsk]».
- (2) Ei høgare fagskulegrad får normalt namnet «Høgare fagskulegrad i [namn på utdanninga]», på engelsk «Higher professional degree of [namn på utdanninga på engelsk]».

Lærarane ved studiestad Førde 2:	Kommentar:
<p><u>Om heile § 10-2:</u> Kanskje det her kan vere ryddig å ta stilling til tittel i tillegg? I dag verserer det både «fagskuleingeniør» og «fagskuleteknikar». Eg meiner det sistnemnde er mest eigna sidan den sentrale forskrifta for elektro, «forskrift om elektroforetak mv.», brukar «fagskuleteknikar» i §§ 7 og 8. Eit anna argument for å bruke «fagskuleteknikar» er at det er ein stor nivåskilnad i t.d. matematikk og fysikk til det som tradisjonelt vert oppfatta som ingeniør sjølv om den tittelen åleine ikkje er beskytta. Det har også vore omtala at fagskulane skal ta til å utdanne på NKR nivå 6. Då vil det vere uheldig om vi "brukar opp" fagskuleingeniør-tittelen.</p>	<p>Fagskulen må halde seg til offisielle gradar og ikkje til titlar som ikkje er beskytta.</p>

Forslag til endeleg føresegn:

§ 10-2. Namn på grader

- (1) Ei fagskulegrad får normalt namnet «Fagskulegrad i [namn på utdanninga]», på engelsk «Professional degree of [namn på utdanninga på engelsk]».
- (2) Ei høgare fagskulegrad får normalt namnet «Høgare fagskulegrad i [namn på utdanninga]», på engelsk «Higher professional degree of [namn på utdanninga på engelsk]».

§ 11-1. Vitnemål

[...]

(3) Vitnemålet skal vise

- a. namnet på fagskulen og utdanninga
- b. namnet og fødselsnummeret til studenten
- c. ei beskriving av karaktersystemet
- d. karakterane til studenten
- e. det overordna læringsutbyttet for utdanninga
- f. emne og eventuell praksis i utdanninga
- g. tittel og beskriving av hovudprosjekt eller fordjupingsemne
- h. nivå i Nasjonal kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring
- i. antal studiepoeng og eventuell gradsnemning
- j. datoen for når vitnemålet er skrive ut.

[...]

(6) Vitnemålet blir skrive ut på papir, på bokmål eller nynorsk. For dei maritime utdanningane skal vitnemålet skrivast på engelsk. Fagskulen Vestland omset ikkje vitnemål.

[...]

Lærarane ved studiestad Førde: <u>Om (6) første setning:</u> Kommentar: Det er svært uheldig om det blir ståande slik for vår skule som har Vestland fylkekommune som eigar. Adminisrasjonsspråket er nynorsk. Vi krev at vitnemål og karakterutskrift blir skrive ut på begge dei norske språka. Det bør òg finnast høve til å få desse dokumenta på engelsk	Kommentar: Fagskulen skriv ut vitnemål anten på bokmål eller på nynorsk, i tråd med sjette ledd. Studentar kan med det få vitnemålet på den målforma dei ønsker. Fagskulen er ikkje forplikta til å tilby vitnemål på engelsk. På sikt kan fagskulen vurdere å få på plass eit system med «diploma supplement» på engelsk for alle utdanningar.
Administrasjonen: <u>Om (6):</u> Innspill: Må det stå at vitnemålet skrives ut på bokmål eller nynorsk? Vi antar det, men ønsker å forhøre oss. Eller bør vi kunne si at det skrives ut på nynorsk siden det er vårt administrasjonsspråk?	Kommentar: Sjå kommentar over.
Dekkoffiser: <u>Om (3) punkt g:</u> Innspill: Her bør det stå «dersom aktuelt» eller noe i den dur ettersom ikke alle har hovedprosjekt	Kommentar: I bokstav g er det presisert at punktet gjeld utdanningar som har hovudprosjekt eller fordjupingsemne.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 11-1. Vitnemål

- (1) Fagskulen Vestland skal skrive ut vitnemål til studentar for fullført fagskuleutdanning, jf. fagskoleloven § 19 første ledd. Studieplanen er grunnlag for vitnemål.

(2) For at Fagskulen Vestland skal kunne skrive ut vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning, må studenten avlegge studiepoeng ved fagskulen tilsvarande minste resultatberande eining i fagskuleutdanninga studenten ønsker vitnemål eller annan dokumentasjon for. Det er normalt den siste fagskulen som har ein student før fullført utdanningsløp, som har ansvaret for å skrive ut vitnemålet, jf. fagskoleforskriften § 38.

(3) Vitnemålet skal vise

- a. namnet på fagskulen og utdanninga
- b. namnet og fødselsnummeret til studenten
- c. ei beskriving av karaktersystemet
- d. karakterane til studenten
- e. det overordna læringsutbyttet for utdanninga
- f. emne og eventuell praksis i utdanninga
- g. tittel og beskriving av hovudprosjekt eller fordjupingsemne, om utdanninga har dette
- h. nivå i Nasjonal kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring
- i. antal studiepoeng og eventuell gradsnemning
- j. datoen for når vitnemålet er skrive ut.

For dei maritime utdanningane skal vitnemålet vise sertifikatnummeret til fagskulen.

(4) Dersom utdanninga har krav om skikkavurdering, skal vitnemålet vise dette, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-7 siste ledd.

(5) Dersom studenten har fått innvilga søknad om godskriving av eller fritak for emne, skal vitnemålet vise dette.

(6) Vitnemålet blir skrive ut på papir, på bokmål eller nynorsk. For dei maritime utdanningane skal vitnemålet skrivast på engelsk. Fagskulen Vestland omset ikkje vitnemål.

(7) Vitnemålet blir som hovudregel skrive ut etter at klagefristen for dei emna som inngår i grunnlaget for grada har gått ut, og ei eventuell klagebehandling er ferdig.

(8) Vitnemålet blir skrive ut éin gong. I særlege tilfelle kan fagskulen ved tap av vitnemål skrive ut duplikat.

§ 11-2. Karakterutskrift

(1) Studentar som ikkje fullfører ei fagskuleutdanning kan be om ei karakterutskrift som viser beståtte emne, prøver og andre vurderingar som studenten har fått, jf. fagskoleloven § 19 første ledd.

(2) Karakterutskrifta blir skrive ut på bokmål på papir. Fagskulen Vestland omset ikkje karakterutskrifter.

Lærarane ved studiestad Førde: <u>Om (2) første setning:</u> Kommentar: Det er svært uheldig om det blir ståande slik for vår skule som har Vestland fylkekommune som eigar. Adminisrasjonsspråket er nynorsk. Vi krev at vitnemål og karakterutskrift blir skrive ut på begge dei norske språka. Det bør òg finnast høve til å få desse dokumenta på engelsk	Kommentar: Føresegna er no justert til «bokmål eller nynorsk», slik som også gjeld for vitnemål. Fagskulen vil skrive ut karakterutskrift anten på bokmål eller på nynorsk. Studentar kan få karakterutskrifta på den målforma dei ønsker.
Lærarane ved studiestad Førde 2: <u>Om (2) «bokmål»:</u>	Kommentar: Sjå kommentar over.

Dette er underleg når den offisielle målforma til Vestland fylkeskommune er nynorsk.	
Administrasjonen: <u>Om (2):</u> Kommentar: Skal vel stå nynorsk og ikkje bokmål?	Kommentar: Sjå kommentar over.

Forslag til endeleg føresegn:

§ 11-2. Karakterutskrift

(1) Studentar som ikkje fullfører ei fagskuleutdanning kan be om ei karakterutskrift som viser beståtte emne, prøver og andre vurderingar som studenten har fått, jf. fagskoleloven § 19 første ledd.

(2) Karakterutskrifta blir skrive ut på papir, på bokmål eller nynorsk. Fagskulen Vestland omset ikkje karakterutskrifter.

§ 12-2. Overgangsreglar

(1) Ordningar i studieplanar vedtatt før denne forskrifta tredde i kraft, som er i strid med nye reglar i forskrifta, kan gjennomførast etter tidlegare vedtatt ordning i studieåret 2024-2025.

(2) Dersom det er motstrid mellom ny og gammal studieforskrift, blir den løysinga som er til gunst for studenten lagt til grunn ut studieåret 2024-2025.

Dekkoffiser: <u>Om (2):</u> Innspill: Overgangsreglene bør gjelde ut studieåret 2025-2026, ettersom dagens heltidsstudenter har påbegynt studiet med gammel forskrift.	Kommentar: Grunnen til at det vart foreslått ei overgangsregel ut studieåret 2024/2025 var at ny forskrift var planlagt å tre i kraft midt i eit studieår. Dette omsynet gjer seg ikkje gjeldande når det no er lagt opp til at forskrifta skal gjelde frå 1. august 2025. Når det gjeld studieplanane, har fagskulen forståing for innspelet, og foreslår ein overgangsregel som opnar for at studieplanar ved motstrid med ny forskrift, kan bli gjennomførte ut studieåret 2025/2026.
---	---

Forslag til endeleg føresegn:

§ 12-2. Overgangsregel

Ordningar i studieplanar vedtatt før denne forskrifta tredde i kraft, som er i strid med nye reglar i forskrifta, kan gjennomførast etter tidlegare vedtatt ordning i studieåret 2025/2026.

Andre innspel:

Organisasjon for Norske Fagskolestudenter (ONF):	
---	--

<p>ONF ønsker å levere følgende: «ONF støtter innspillene studentene ved fagskulen har gitt underveis i arbeidet med ny forskrift. Utover det har vi ingen merknader».</p>	
<p>Studentrådsleder Sigurd Bergsvik ved Fagskulen Vestland:</p> <p>Det er så langt ingen som har gitt en indikasjon på at det er misnøye med de nye forslagene. Jeg er positiv til at studentene er fornøyde og støtter de nye forslagene til forskrifter.</p>	
<p>Nordnes Bygg:</p> <p>Generelle betraktninger</p> <p>Detaljnivå i studieplanen</p> <p>Vi ønsker at dere tar en gjennomgang på hvilket detaljnivå som kreves i studieplanen i den nye studieforskriften. Dette er avgjørende for om vi kan drive undervisning og vurdering på den måten vi ønsker, både av faglige og pedagogiske hensyn.</p> <p>Her ønsker vi å påpeke at NOKUT (Faglærersamling HKdir, 2024) trekker frem at det er ønskelig med en balansert mengde informasjon i studieplanene. For mye informasjon i studieplanen kan gjøre at den blir vanskelig å sette seg inn i. Detaljert informasjon kan gjøres tilgjengelig for studentene i en undervisningsplan ved starten av semesteret.</p> <p>Det eneste en studieplan må inneholde er opptakskrav, faginnhold, struktur, og undervisnings-, lærings-, og vurderingsformer (Fagskoletilsynsforskriften, 2020, §2-1). Vi ønsker at studieforskriften ikke stiller ytterligere krav til innhold og detaljnivå i studieplanen, men lar dette være opp til hvert enkelt fagmiljø slik at vi får beholde vår egenart.</p> <p>Videre vil vi påpeke at mange detaljer i studieplan gjør at undervisningen låses lenge før et emne starter. Dette betyr at lærerne ikke har muligheten til å evaluere undervisningen sin, og justere for neste år. En slik praksis fremmer «å snu bunken». Det fører også til at det er vanskelig å tilpasse undervisningen til hver enkelt klasse, med eventuelle utfordringer eller styrker de har. Vi ønsker en relativ «åpen» informasjon i studieplanen, slik at lærerne har mulighet til å holde undervisningen oppdatert og relevant, og har noe handlingsrom underveis.</p> <p>Eksempler hvor vi mener at forskriften krever for mye informasjon i studieplanen er markert underveis i forskriftsteksten. Trekker likevel frem krav til vektning av mappелеlement/vurderingselement som et viktig</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Innspela er langt på veg tatt til følge, sjå dei føreslåtte endringane som gjeld detaljnivå i studieplanar og bruken av omgrepet «eksamen».</p> <p>Fleire endringar av «studieplan» til «emneplan» er nemnt fortløpande. Endringane har samanheng med at informasjonen omtala i dei ulike føresegnene inneber eit detaljnivå som det høyrer til emneplanen å regulere. Den same justeringa er med same grunngeving i tillegg gjort i følgande føresegner (som ikkje er nemnt fortløpande):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. § 3-2 tredje og femte ledd 2. § 5-2 siste punktum 3. § 5-3 andre ledd 4. § 6-4 første ledd: obligatoriske læringsaktivitetar er knytt opp mot kvar einskild emne og difor høyrer det til emneplanen å regulere dette, ikkje studieplanen.

eksempel.

Eksamen vs. emnekarakter

I den nye studieforskriften nevnes ofte eksamen. Vi lurer på hva som gjelder for oss som ikke har eksamen som vurderingsform i emnet?

Praksis hos oss er å gi emnekarakter, det vil si at vi tenker helhetlig når vi gir karakter. Sluttkompetanse er selvsagt avgjørende for emnekarakter, og måles vanligvis ved hjelp av en prøve mot slutten av emnet. Men studentene har likevel gjerne muligheten til å vise kompetanse også utenom prøvesituasjoner, for eksempel på lab, på befaring eller gjennom samtale med medstudenter i gruppearbeid.

Vi mener at denne måten å vurdere på gagnar våre studenter, hvor mange har utfordringer med å vise kompetanse skriftlig og muntlig. Den nye studieforskriften legger opp til en vurderingsform som ligner den i høyere utdanning, hvor en eller noen få prøvesituasjoner gir hele karaktergrunnlaget. Dette mener vi ikke nødvendigvis passer i høyere yrkesfaglig utdanning, og vi ønsker å beholde muligheten til å gi helhetlig vurdering i et emne.

Videre viser vi til NOKUTs ((2022)) veiledning om Vurdering av studentenes kompetanse, som åpner for at OLAer kan være en del av grunnlaget for sluttvurderingen:

«Dere må imidlertid skille mellom hva som er arbeidskrav for å kunne bli vurdert, og hva som eventuelt inngår i vurderingen av karakteren for emnet. Dersom noen av arbeidskravene også skal inngå i grunnlaget for sluttvurderingen, må dere informere studentene tydelig om dette.»

Referanser

Fagskoletilsynsforskriften. (2020). Forskrift om akkreditering av og tilsyn med høyere yrkesfaglig utdanning (FOR-2020-04-23-853). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-04-23-853>

NOKUT. (2022, 02 09). Vurdering av studentens kompetanse. Hentet fra NOKUT:
<https://www.nokut.no/fagskule--hogare-yrkesfagleg-utdanning/regelverk-for-fagskoler/vurderingav-studentens-kompetanse>

Forskrift om studium ved Fagskulen Vestland

Innhald

Kapittel 1. Verkeområde	3
§ 1-1. Verkeområde.....	3
Kapittel 2. Organisering av studia	3
§ 2-1. Organisering.....	3
§ 2-2. Oppretting, endring og nedlegging av utdanningar og emne	3
Kapittel 3. Studierett	4
§ 3-1. Opptak	4
§ 3-2. Studierett.....	4
§ 3-3. Krav til studentane.....	4
§ 3-4. Krav til studieprogresjon	5
§ 3-5. Tap av studierett	5
Kapittel 4. Tilpassing av studia og fråvær	5
§ 4-1. Permisjon	5
§ 4-2. Tilrettelegging av undervisning og vurdering	6
§ 4-3. Gyldig fråvær.....	6
§ 4-4. Rettar ved gyldig fråvær	7
§ 4-5. Godskriving og fritak	7
Kapittel 5. Undervisning.....	8
§ 5-1. Studieåret	8
§ 5-2. Undervisningsstad	8
§ 5-3. Undervisningsspråk	8
§ 5-4. Obligatorisk læringsaktivitet	8
§ 5-5. Praksis.....	9
§ 5-6. Krav til studentar i praksis.....	9
Kapittel 6. Vurdering	9
§ 6-1. Vurdering.....	9
§ 6-2. Vurderingsspråk.....	10
§ 6-3. Vurderingsform.....	10
§ 6-4. Rett til vurdering.....	10
§ 6-5. Gjennomføring av vurdering.....	10
§ 6-6. Om skriftleg skuleeksamen	11
§ 6-7. Om munnleg eksamen	11
§ 6-8. Om heimeeksamen.....	11
§ 6-9. Om mappevurdering	11
§ 6-10. Om gruppevurdering.....	11
§ 6-11. Om praktisk vurdering	12
§ 6-12. Om hovudprosjekt	12

§ 6-13. Om justerende munnleg høyring	12
§ 6-14. Antal vurderingsforsøk.....	12
§ 6-15. Teljande vurderingsforsøk	13
§ 6-16. Avbrot av vurdering	13
§ 6-17. Kontinuasjonsvurdering	14
§ 6-18. Frivillig gjentak.....	14
Kapittel 7. Vurderingsuttrykk og sensur	14
§ 7-1. Vurderingsuttrykk	14
§ 7-2. Sensur	16
§ 7-3. Sensurfrist.....	16
§ 7-4. Sensor	16
Kapittel 8. Grunngeving og klage	17
§ 8-1. Grunngeving	17
§ 8-2. Klage på enkeltvedtak	17
§ 8-3. Klage på karakterfastsetting.....	17
§ 8-4. Klage på formelle feil.....	18
§ 8-5. Lokal klagenemnd for fagskular i Vestland	18
Kapittel 9. Disiplinærsaker.....	19
§ 9-1. Fusk.....	19
§ 9-2. Mistanke om fusk	19
§ 9-3. Konsekvensar av fusk	19
§ 9-4. Annullering	20
§ 9-5. Bortvising og utestenging	20
§ 9-6. Vurdering av skikkaheit	21
§ 9-7. Politiattest.....	22
Kapittel 10. Grader	22
§ 10-1. Tildeling av grader	22
§ 10-2. Namn på grader	22
§ 10-3. Krav om tilknytning til Fagskulen Vestland ved tildeling av grad	23
Kapittel 11. Vitnemål og karakterutskrift.....	23
§ 11-1. Vitnemål.....	23
§ 11-2. Karakterutskrift.....	23
Kapittel 12. Ikraftsetjing og overgangsregel	24
§ 12-1. Ikraftsetjing og oppheving	24
§ 12-2. Overgangsregel.....	24

Kapittel 1. Verkeområde

§ 1-1. Verkeområde

- (1) Forskrifta fastset hovudreglane for studium ved Fagskulen Vestland, innanfor rammene av fagskoleloven og sentrale forskrifter frå departementet og NOKUT.
- (2) Forskrifta gjeld for alle studium ved Fagskulen Vestland.
- (3) Lov og forskrift gitt av lovgivar eller NOKUT skal ved motstrid gå framfor føresegner gitt i denne forskrifta.

Kapittel 2. Organisering av studia

§ 2-1. Organisering

- (1) Ved Fagskulen Vestland er utdanningane bygde opp av emne.
- (2) Kvar utdanning skal ha ein studieplan. Studieplanen er ein kontrakt mellom Fagskulen Vestland og studentane, og viser planlagt fagleg progresjon og gjennomføring av utdanninga. Studieplanen er grunnlag for grad og vitnemål.
- (3) Studieplanen skal informere om opptakskrav, faginnhald, struktur og undervisnings-, lærings- og vurderingsformer, inkludert praksis, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-1 siste ledd.
- (4) Eit fullt studieår er normert til 60 studiepoeng, jf. fagskoleloven § 17 a første ledd.

§ 2-2. Oppretting, endring og nedlegging av utdanningar og emne

- (1) Ved Fagskulen Vestland skal saker om oppretting, endring og nedlegging av utdanningar og emne behandlast slik:
 - a. Dersom fagskulen har akkreditering for fagområde, har styret fullmakt til sjølv å akkreditere nye fagskuleutdanningar og godkjenne vesentlege endringar i fagskuleutdanningane innan det akkrediterte fagområdet, jf. fagskoleforskriften § 48 tredje ledd.
 - b. Dersom fagskulen ikkje har akkreditering for fagområde, skal styret søke NOKUT om akkreditering av nye fagskuleutdanningar og godkjenning av vesentlege endringar i allereie akkrediterte tilbod, jf. fagskoleforskriften § 47 første ledd.
 - c. Styret skal informere NOKUT om nedlegging av utdanningar.
- (2) I medhald av fagskoletilsynsforskriften § 5-1 første ledd skal styret melde NOKUT om
 - a. nye utdanningar innanfor eit akkreditert fagområde
 - b. nye studiestader for ei utdanning
 - c. endring av studiestad for ei utdanning
 - d. endring av namnet på ei utdanning
 - e. endring av det samla læringsutbyttet for ei utdanning
 - f. endring av utdanningsform for ei utdanning.
- (3) For endringar etter andre ledd bokstav b til f i utdanningar som ikkje inngår i eit akkreditert fagområde, vil NOKUT vurdere om endringane gjer det nødvendig å søke om ny akkreditering, jf. fagskoletilsynsforskriften § 5-1 siste ledd. Endring i totalt antal studiepoeng for ei utdanning vil alltid krevje ny akkreditering.

- (4) Øvrige endringer som ikkje er omfatta av reglane i første til tredje ledd, og som ikkje endrar det samla læringsutbyttet for utdanninga, kan gjennomførast av utdanningsleiar utan søknad eller melding til NOKUT.
- (5) Ved endring eller nedlegging i utdanningar eller emne, skal det utarbeidast overgangsordningar som sikrar at studentane får høve til å fullføre utdanninga eller emnet.

Kapittel 3. Studierett

§ 3-1. Opptak

For opptak til utdanningar ved Fagskulen Vestland gjeld lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven), forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften), forskrift om opptak ved Fagskulen Vestland, samt reglane her.

§ 3-2. Studierett

- (1) Studierett er å vere tatt opp som student ved ei utdanning eller eit emne, og ha status som student.
- (2) Studentar som er tatt opp ved Fagskulen Vestland har studierett på den utdanninga eller det emnet, og ved den studiestaden, som opptaket gjeld.
- (3) Studierett gir studenten rett til å følge og delta i undervisning, medrekna plikt til å gjennomføre obligatoriske læringsaktivitetar, i samsvar med emneplanen.
- (4) Studierett gir studenten rett til å bli vurdert i samsvar med studieplanen.
- (5) Studierett gir studenten rett til å få tilgang til fagskulen sine ressursar, for eksempel lokale, lesesalar, datamaskiner osv., i samsvar med emneplanen og fagskulen sine reglement.
- (6) Ved opptak blir studenten tildelt studierett med ei varigheit lik normert studietid for utdanninga eller emnet hen er tatt opp til. For utdanningar med eitt til tre års varigheit, kan studieretten etter avtale maksimalt vere gyldig i eitt år utover normert studietid. Avgrensinga i studieretten gjeld ikkje for innvilga permisjon, vedtak om tilrettelagd studieløp, gyldig fråvær ved obligatoriske læringsaktivitetar og vurdering, samt vedtak om bortvising og utestenging.
- (7) Ved overgang eller opptak til ny utdanning ved fagskulen vil som hovudregel den eksisterande studieretten opphevast.

§ 3-3. Krav til studentane

- (1) Studentane plikter å
 - a. sette seg inn og halde seg oppdatert på fagskulen sine reglar og retningslinjer
 - b. sette seg inn og halde seg oppdatert på organiseringa av studiet, obligatoriske læringsaktivitetar, vurdering, tidsfristar og anna relevant informasjon
 - c. halde seg oppdatert på informasjon og kunngjeringar frå fagskulen.
- (2) Studentane plikter å
 - a. betale semesteravgift innan fristen der dette er påkravd
 - b. betale anna fastsett avgift innan fristen der dette er påkravd.

- (3) Studentar i permisjon skal som hovudregel ikkje betale eventuell(e) påkravd(e) avgift(er). Eventuell betaling etter andre ledd gjeld likevel for studentar i permisjon som ønsker å følge undervisning, framstille seg for vurdering eller nytte seg av velferdstenester.
- (4) Brot på pliktene i andre ledd kan føre til tap av studierett, jf. § 3-5.
- (5) Studentane må stille med berbar datamaskin til bruk i undervisning og vurdering.

§ 3-4. Krav til studieprogresjon

- (1) For å gå vidare med utdanninga påfølgande år, kan studentar ikkje ligge etter med meir enn 20 studiepoeng, med mindre det er fastsett andre krav til studieprogresjon i studieplanen. Ved særskilde forhold kan fagskulen gi dispensasjon frå krava til studieprogresjon etter søknad frå studenten.
- (2) Studentar som ikkje følger kravet om studieprogresjon skal bli varsla.

§ 3-5. Tap av studierett

- (1) Fagskulen kan trekke tilbake studieretten dersom
 - a. studenten melder at hen ønsker å avslutte utdanninga
 - b. studenten ikkje oppfyller krava i § 3-3 andre ledd der dette er påkravd
 - c. studenten byter til ei anna utdanning ved Fagskulen Vestland, jf. § 3-2 siste ledd
 - d. studenten ikkje oppfyller krava til studieprogresjon i § 3-4
 - e. studenten har brukt maksimalt antal vurderingsforsøk utan å ha bestått eit emne som er obligatorisk for utdanninga, jf. § 6-14
 - f. den maksimale gyldigheitsperioden for studieretten er over, jf. § 3-2 sjette ledd
 - g. studenten blir utestengd frå utdanninga etter fagskoleloven § 26 tredje ledd
 - h. studenten har fullført og bestått utdanninga.
- (2) Vedtak etter første ledd bokstav d og f skal ta omsyn til innvilga permisjon, vedtak om tilrettelagd studieløp, gyldig fråvær ved obligatoriske læringsaktivitetar og vurdering, samt vedtak om bortvising og utestenging.
- (3) Studentar som mister studieretten etter første ledd bokstav a til g må søke nytt opptak til fagskulen for å få fullføre utdanninga. Opptak kan vere avgrensa av reglar om progresjon og antal vurderingsforsøk, jf. §§ 3-4 og 6-14.

Kapittel 4. Tilpassing av studia og fråvær

§ 4-1. Permisjon

- (1) Studentane har etter søknad rett til permisjon frå utdanninga når dei er i teneste etter forsvarsloven § 17, når dei har verv i studentpolitiske eller folkevalde organ, og når det ligg føre andre særlege grunnar. Studentane skal få permisjon så lenge behovet tilseier det. I permisjonsperioden har studenten framleis studierett og rett til å gå opp til eksamen ved fagskulen, jf. fagskoleloven § 28 a.
- (2) Ein gravid student har etter søknad rett til utsett eksamen dersom eksamensdatoen er i perioden mellom tre veker før fastsett termin dato og seks veker etter fødsel. Barnets andre forelder har rett til utsett eksamen dersom eksamensdatoen er innanfor to veker etter fødselen, jf. fagskoleloven § 28 første ledd.

- (3) Ein student som får barn under utdanninga, har etter søknad rett til permisjon frå utdanninga under svangerskapet og til omsorg for barn. I permisjonsperioden har studenten framleis status som student ved fagskulen, og har rett til å starte opp igjen utdanninga på same nivå som før permisjonen, jf. fagskoleloven § 28 andre ledd.
- (4) Fagskulen skal legge til rette for at studentar i permisjon etter andre og tredje ledd kan starte opp igjen utdanninga så raskt som mogleg etter permisjonen, jf. fagskoleloven § 28 tredje ledd.
- (5) Søknad om permisjon må meldast til fagskulen så snart som råd. Ved søknaden skal det vedleggast dokumentasjon for permisjonsgrunnlaget, for eksempel terminstadfesting eller sjukemelding frå lege, psykolog eller annan sakkunnig. Attestar, erklæringar og liknande skal vere utforma i tråd med helsepersonelloven § 15.
- (6) Ved permisjon blir lengda på studieretten justert for permisjonsperioden. Permisjon etter første ledd blir som hovudregel innvilga for inntil eitt år om gongen.
- (7) For betaling av eventuell(e) påkravd(e) avgift(er) under permisjon, sjå § 3-3 tredje ledd.

§ 4-2. Tilrettelegging av undervisning og vurdering

- (1) Studentar med funksjonsnedsetting og studentar med særskilde behov har etter fagskoleloven § 15 femte ledd rett til eigna individuell tilrettelegging av undervisning og vurdering. Fagskulen Vestland skal ikkje avslå eit tiltak av økonomiske eller administrative omsyn, med mindre det aktuelle tiltaket inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.
- (2) Tilrettelegginga skal ikkje føre til ein reduksjon av dei faglege krava som blir stilt i den enkelte utdanninga, jf. fagskoleloven § 15 femte ledd.
- (3) Behovet for tilrettelegging skal dokumenterast med attest frå lege, psykolog eller annan sakkunnig. Attesten skal vere utforma i tråd med helsepersonelloven § 15. Attesten skal innehalde dei opplysningane som fagskulen treng for å avgjere kva tilrettelegging(ar) som er nødvendig(e) i undervisnings- eller vurderingssituasjonen.
- (4) Søknad om tilrettelagt undervisning og vurdering skal rettast til fagskulen innan 1. oktober for haustsemesteret og 1. februar for vårsemesteret, eller snarast mogleg etter at behovet oppstod. Behovet for tilrettelegging skal dokumenterast på nytt kvart semester. Fagskulen kan gjere unntak frå dette dersom grunnlaget for tilrettelegginga er av permanent karakter.

§ 4-3. Gyldig fråvær

- (1) Følgande blir rekna som gyldig fråvær:
 - a. eigen sjukdom som gjer gjennomføringa av undervisning eller vurdering umogleg eller urimeleg å krevje
 - b. sjukdom hos barn som studenten har omsorg for, med dei avgrensingar som går fram av arbeidsmiljøloven § 12-9
 - c. dødsfall i nær familie eller andre nærstående til studenten, for ein periode på inntil to veker frå dødsfallet
 - d. gravferd og liknande til personar i nær familie eller andre nærstående til studenten
 - e. lovpålagt oppmøte annan stad
 - f. andre forhold som gjer det sterkt urimeleg å krevje at studenten gjennomfører.
- (2) Gyldig fråvær på grunn av sjukdom eller liknande skal dokumenterast med attest frå lege, psykolog eller annan sakkunnig. Attesten skal vere utforma i tråd med helsepersonelloven §

15. Attesten må dokumentere at studenten av helsemessige årsaker som nemnt i bokstav a eller b ikkje kunne gjennomføre den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, og spesifisere kva dagar fråværet gjeld. Ved dødsfall, gravferd eller liknande må studenten oppgi kven som har gått bort og kva for relasjon studenten hadde til avdøde. Studentar som viser til andre forhold som gyldig fråvær må dokumentere desse på eigna måte.

- (3) Dokumentasjon for gyldig fråvær skal leverast så snart som mogleg, og seinast to veker etter at den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga blei avslutta. For praksisperiodar skal dokumentasjon leverast straks.
- (4) Dersom studenten har levert inn den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, kan det ikkje registrerast gyldig fråvær i ettertid.

§ 4-4. Rettar ved gyldig fråvær

- (1) Studentar med gyldig fråvær frå obligatorisk læringsaktivitet har rett til ny gjennomføring av aktiviteten før vurdering i emnet, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.
- (2) Studentar med gyldig fråvær til ordinær vurdering har rett til ny gjennomføring av vurderinga (kontinuasjonsvurdering). For gjennomføring av kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-17.
- (3) Studentar med gyldig fråvær brukar ikkje eit vurderingsforsøk, jf. § 6-15 andre ledd.

§ 4-5. Godskriving og fritak

- (1) Fagskulen avgjer søknad om bruk av anna/tidlegare utdanning frå Fagskulen Vestland som skal inngå i ny grad ved fagskulen.
- (2) Fagskulen skal etter søknad godskrive beståtte emne frå andre fagskuleutdanningar som oppfyller dei faglege krava for emna det blir søkt om godkjenning for, dersom dei aktuelle fagskuleutdanningane ligg innanfor det same eller nært beslekta fagområdet, jf. fagskoleloven § 8 første ledd.
- (3) Ved søknad kan fagskulen etter ei fagleg vurdering gi fritak for emne på grunnlag av anna dokumentert relevant utdanning og kompetanse, eller dokumentert realkompetanse, jf. fagskoleloven § 8 andre ledd. Fritak skal bygge på ei fagleg vurdering frå den enkelte fagskule. Fritak på bakgrunn av realkompetanse må baserast på ei fagleg vurdering av om søkaren sin bakgrunn, frå arbeidsliv, frivillig sektor, utdanning og/eller anna, samla kan gi grunnlag for fritak for ein del av fagskuleutdanninga, jf. fagskoleforskriften § 37 siste ledd.
- (4) Utgangspunktet for vurderingar om godskriving og fritak er læringsutbyttebeskrivingane for den aktuelle utdanninga eller det aktuelle emnet, og studiepoeng eller andre vurderingar av omfang, nivå og arbeidsbelastning for emnet eller kompetansen det blir søkt om godskriving eller fritak for, jf. fagskoleforskriften § 37 første ledd.
- (5) Det blir ikkje gitt dobbel uttelling for det same faginnhaldet, jf. fagskoleloven § 8 første ledd.
- (6) Frist for søknad om godskriving av eller fritak for emne er 1. oktober for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret.
- (7) Søknad etter andre og tredje ledd må innehalde følgande dokumentasjon:
 - a. vitnemål/karakterutskrift
 - b. studieplan/emneplan frå det semesteret vurdering i emnet blei avlagt

- c. pensumliste frå det semesteret vurdering i emnet blei avlagt
 - d. eventuelle andre relevante dokument.
- (8) For at Fagskulen Vestland skal kunne skrive ut vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning, må studenten avlegge studiepoeng ved fagskulen tilsvarande minste resultatberande eining i fagskuleutdanninga studenten ønsker vitnemål eller annan dokumentasjon for, jf. fagskoleforskriften § 38.

Kapittel 5. Undervisning

§ 5-1. Studieåret

- (1) Det er undervisnings- og vurderingsfri på følgende dagar:
 - a. frå 24. desember til 1. januar
 - b. på heilagdagar
 - c. mellom semestera.
- (2) Det kan gjerast unntak frå første ledd for praksis og liknande, inkludert førebuingar, samt for studentar med rett til ny obligatorisk læringsaktivitet eller ny vurdering etter § 4-4.
- (3) Litteratur- og utstyrsliste skal publiserast på fagskulen si heimeside seinast 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.
- (4) Plan for gjennomføring av vurdering skal vere tilgjengeleg for studentane seinast 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

§ 5-2. Undervisningsstad

Undervisning skal finne stad i fagskulen sine lokale, andre stader som er tilknytt til eller har avtale med fagskulen, eller på fagskulen sine digitale læringsplattformer. Praksis blir gjennomført på praksisstaden. Fagskulen kan for enkelte emne fastsette annan undervisningsstad i emneplanen.

§ 5-3. Undervisningsspråk

- (1) Undervisningsspråket ved Fagskulen Vestland er norsk.
- (2) Fagskulen kan i emneplanen fastsette at undervisning og litteratur for enkelte utdanningar eller emne skal vere på engelsk.

§ 5-4. Obligatorisk læringsaktivitet

- (1) Obligatoriske læringsaktivitetar er alle dei aktivitetane som emneplanen har sett som vilkår for å få vurdering. Obligatoriske læringsaktivitetar kan for eksempel vere innleveringar, krav om fram møte, prøver, gruppearbeid, rapportar, lab.
- (2) Obligatoriske læringsaktivitetar er ikkje ein del av karaktergrunnlaget i emnet, men må vere godkjente for at studenten skal kunne framstille seg for vurdering, jf. § 6-4 første ledd.
- (3) Godkjente obligatoriske læringsaktivitetar er gyldig i to semester etter godkjenninga, med mindre emneplanen fastset ein annan gyldigheitsperiode.

- (4) Godkjente obligatoriske læringsaktivitetar kan som hovudregel ikkje bli gjennomført på nytt innanfor gyldigheitsperioden, jf. tredje ledd.
- (5) Studentar som har gjennomført ein obligatorisk læringsaktivitet, men ikkje fått denne godkjent, har rett til ei ny gjennomføring av aktiviteten før vurdering i emnet. Dette føreset at ny gjennomføring er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen.

§ 5-5. Praksis

- (1) Praksis er ein rettleidd og vurdert del av utdanninga som skal føregå i eit relevant yrkesfelt.
- (2) Det skal gå fram av emneplanen kva emne, vurderingar og obligatoriske læringsaktivitetar som må vere fullført og bestått før praksisen startar.
- (3) Det kan gjennomførast obligatoriske læringsaktivitetar knytt til praksisgjennomføringa undervegs i praksisen. Obligatoriske læringsaktivitetar må vere godkjente for at studenten skal få praksisen vurdert, jf. § 5-4 andre ledd.
- (4) Praksis blir vurdert til «bestått»/«ikkje bestått».
- (5) Står studenten i fare for ikkje å bestå praksis, og faren oppstår på eit tidspunkt kor studenten har høve til å rette opp i forholda, skal studenten varslast om dette i samtale med praksisstaden og fagskulen.
- (6) Studentar som ikkje fullfører eller består praksis må ta heile praksisperioden på nytt ved eit eventuelt nytt forsøk. Studenten må i slike tilfelle gjennomføre ny praksisperiode neste gong denne blir arrangert ordinært. Dette kan få konsekvensar for studenten sin studieprogresjon. For antal vurderingsforsøk i praksis, sjå § 6-14 fjerde ledd.
- (7) Ved gyldig fråvær skal fagskulen legge til rette for at studenten kan gjennomføre praksisperioden til ordinær tid, dersom dette er praktisk mogleg og ikkje inneber ei uforholdsmessig byrde for fagskulen. Sjølv om fråværet er gyldig kan forseinkingar få konsekvensar for studenten sin studieprogresjon.

§ 5-6. Krav til studentar i praksis

- (1) Ein student som i studiesamanheng får kjennskap til nokon sine personlege forhold, har teieplikt etter dei reglane som gjeld for yrkesutøvarar på vedkommande livsområde.
- (2) Farlege handlingar eller åtferd, grovt usømmeleg framferd og brot på lovfesta teieplikt i praksisopplæringa kan medføre utestenging frå fagskulen, jf. § 9-5 femte ledd.
- (3) For krav om politiattest ved klinisk undervisning eller praksis, sjå § 9-7.
- (4) For vurdering av skikkaheit, sjå § 9-6.

Kapittel 6. Vurdering

§ 6-1. Vurdering

- (1) Vurdering er all prøving av studentane som verkar inn på den endelege karakteren i emnet.

- (2) Formålet med vurdering er å fremme læring, og etterprøve den kunnskapen, ferdigheita og kompetansen som studentane skal ha tileigna seg i emnet.

§ 6-2. Vurderingsspråk

- (1) Oppgåvetekster ved fagskulen skal vere på norsk, med mindre anna følger av emneplanen. Studentane kan be om å få oppgåveteksta på begge målformer. Studentane kan etter søknad få oppgåveteksta på engelsk.
- (2) Oppgavesvar skal leverast på norsk, svensk eller dansk, med mindre anna følger av emneplanen. Studentane kan levere oppgavesvaret på begge målformer. Studentane kan etter søknad levere oppgavesvaret på engelsk.

§ 6-3. Vurderingsform

- (1) Ved Fagskulen Vestland skal studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse bli prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte, jf. fagskoleloven § 21 første ledd. Prøving og vurdering av studentane skal gjennomførast slik at fagskulen, på eit mest mogleg sikkert grunnlag, kan vurdere i kva grad studentane har nådd læringsutbyttet for utdanninga eller emnet. Fagskulen avgjer kva vurderingsformer som skal brukast for å sikre dette.
- (2) Fagskulen kan bestemme at ei vurderingsform skal brukast aleine eller i kombinasjon med andre vurderingsformer. Det skal gå fram av emneplanen kva vurderingsform eit emne har.
- (3) Ei vurdering som består av fleire vurderingsdelar er ikkje bestått før alle vurderingsdelane er bestått. Vekta av kvar vurderingsdel skal gå fram av emneplanen som ein brøk eller prosentandel av den samla karakteren.
- (4) Dersom ein eller fleire vurderingsdelar, og dermed endeleg karakter, ikkje er bestått, må studenten normalt ta alle vurderingsdelar på nytt ved eit eventuelt nytt vurderingsforsøk.

§ 6-4. Rett til vurdering

- (1) Ein student som har studierett ved Fagskulen Vestland har rett til vurdering i eit emne dersom hen har etterlevd pliktene i § 3-3 andre ledd, og fått godkjent alle obligatoriske læringsaktivitetar i emnet i samsvar med emneplanen, jf. § 5-4 andre ledd.
- (2) Studentar som ikkje oppfyller vilkåra for vurdering skal varslast om dette seinast éi veke før vurderinga.
- (3) Studentar som følger normalt studieår blir automatisk meldt opp til ordinær vurdering i emnet. Studentane må sjølv søke om å få avlegge kontinuasjonsvurdering eller ny ordinær vurdering i eit emne.

§ 6-5. Gjennomføring av vurdering

- (1) Så langt reglande her samsvarer med vurderingsforma, pliktar studentane å
 - a. svare i samsvar med dei formelle krava til vurderinga (ordgrense m.m.)
 - b. følge fagskulen sine reglement
 - c. ikkje bruke anna enn lovlege hjelpemiddel
 - d. legitimere seg på gyldig måte
 - e. levere oppgavesvaret innanfor fristen

- f. ikkje forstyrre andre i arbeidet, og
 - g. rette seg etter meldingar frå fagskulen og eksamensvaktene.
- (2) Emneplanen fastset kva hjelpemiddel som er tillate i ein vurderingssituasjon, og reglane for eventuell kontroll av desse.
 - (3) Studentane skal kjenne til kva reglar som gjeld for bruk av hjelpemiddel og kjelder ved den enkelte vurdering, reglane for eventuell kontroll av desse og kva som blir rekna som fusk eller forsøk på fusk ved bruk av hjelpemiddel og kjelder.
 - (4) Brot på føresegnene her kan bli rekna som fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk.

§ 6-6. Om skriftleg skuleeksamen

- (1) Skriftleg skuleeksamen er normalt ei skriftleg, individuell prøve som blir arrangert i lokale anvist av fagskulen og under tilsyn, med fastsett tid for utlevering og innlevering av oppgåva.
- (2) Skriftleg skuleeksamen kan avviklast digitalt eller med penn og papir. Ved digital skuleeksamen er studentane sjølv ansvarlege for eige utstyr, og for å ha lasta ned nødvendig programvare.

§ 6-7. Om munnleg eksamen

- (1) Munnleg eksamen blir gitt enten som sjølvstendig vurderingsform eller som sjølvstendig vekta vurderingsdel med karakterfastsetting.
- (2) Emneplanen fastset om munnleg eksamen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-8. Om heimeeksamen

- (1) Heimeeksamen er normalt eit skriftleg digitalt arbeid, arrangert utan tilsyn, med fastsett tid for utlevering og innlevering av oppgåva.
- (2) Emneplanen fastset om heimeeksamen skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-9. Om mappevurdering

- (1) Ei mappevurdering er samansett av fleire arbeid som skal gjennomførast i løpet av eit emne eller samla mot slutten av eit emne. Sensuren skal fastsettast på grunnlag av heile mappa.
- (2) Ved mappevurdering skal det gå fram av emneplanen kva som skal inngå i mappa og korleis gjennomføringa skal skje.
- (3) Emneplanen fastset om mappevurderinga skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-10. Om gruppevurdering

- (1) Ved gruppevurdering skal alle deltakarane i gruppa bidra til eit felles produkt. Karakteren på produktet kan vere individuell eller lik for heile gruppa.

- (2) Oppstår det tvil om ein student bidreg eller har bidrege tilstrekkeleg til å få uttelling for eit felles produkt, skal det hentast inn skriftleg fråsegn frå fagleg rettleiar eller emneansvarleg. Fagskulen kan gjere vedtak om at studenten skal reknast for ikkje å ha møtt til vurdering dersom studenten ikkje bidreg eller har bidrege tilstrekkeleg. Studenten har rett til å uttale seg før det blir fatta vedtak i saka.
- (3) Heile gruppa har ansvar for å sørge for at produktet er komplett. Om produktet ikkje er i tråd med kjeldereglar og retningslinjer for vurdering, kan alle gruppedeltakarane bli mistenkt for fusk etter kapittel 9.
- (4) Når munnleg, justerande munnleg og praktisk vurdering blir gjennomført i gruppe, skal sensorane sørge for at alle studentane i gruppa blir eksaminerte i eit omfang som gir tilstrekkeleg grunnlag for karakterfastsettinga.

§ 6-11. Om praktisk vurdering

- (1) Ved praktisk vurdering skal studenten løyse praktiske oppgåver og bli prøvd i ferdigheiter i emnet. Praktisk vurdering kan inkludere element av skriftleg og/eller munnleg eksaminasjon.
- (2) Emneplanen fastset om den praktiske vurderinga skal vere individuell eller i form av gruppearbeid.

§ 6-12. Om hovudprosjekt

- (1) Hovudprosjektet er eit eige emne som blir gjennomført mot slutten av utdanninga, for dei studia som har hovudprosjekt fastsett i studieplanen. Hovudprosjektet er eit fagleg fordjupande arbeid.
- (2) Eit hovudprosjekt kan vere individuelt eller i form av gruppearbeid. Emneplanen fastset om hovudprosjektet skal vere individuelt eller i form av gruppearbeid.

§ 6-13. Om justerande munnleg høyring

Ved sensur av skriftlege vurderingar kan det bli gjennomført ei justerande munnleg høyring. Det må følge av emneplanen at ei slik høyring kan bli gjennomført. Ei justerande munnleg høyring skal ha særleg tett samanheng med det føregåande skriftlege arbeidet. Ved justerande munnleg høyring kan karakteren på bestått resultat bli justert opp eller ned med éin karakter

§ 6-14. Antal vurderingsforsøk

- (1) Studentane har tre vurderingsforsøk i kvart emne. Fagskulen avgjer søknad om eit fjerde vurderingsforsøk der særskilde forhold ligg føre, og kva som eventuelt må avleggast på nytt, jf. § 6-3 siste ledd. For praksis og gruppevurdering, sjå fjerde og siste ledd.
- (2) Avgrensinga i antalet vurderingsforsøk gjeld sjølv om emnet har skifta namn, emnekode eller inngår med ulik kode i fleire utdanningar.
- (3) Avgrensinga i antalet vurderingsforsøk gjeld sjølv om studenten har fått nytt opptak til fagskulen, uavhengig av om emnet inngår i same eller ei anna utdanning enn den utdanninga studenten hadde studierett til ved tidlegare forsøk.

- (4) Ikkje bestått praksis kan etter søknad til fagskulen gjennomførast på nytt éin gong. Praksis med bestått resultat kan ikkje gjennomførast på nytt.
- (5) Ikkje bestått gruppevurdering kan etter søknad til fagskulen gjennomførast på nytt éin gong i løpet av dei to påfølgande semestera. Gruppevurdering med bestått resultat kan ikkje gjennomførast på nytt.

§ 6-15. Teljande vurderingsforsøk

- (1) Studenten bruker eit vurderingsforsøk dersom hen
 - a. gjennomfører vurdering, uavhengig av resultatet
 - b. ikkje møter til vurdering
 - c. ikkje leverer/avbryt vurdering
 - d. trekker seg etter fristen
 - e. ikkje dokumenterer gyldig frávær innan fristen, eller
 - f. får vurderinga annullert etter fagskoleloven § 24.

Studenten blir likevel ikkje rekna for å ha brukt eit vurderingsforsøk dersom studenten ikkje oppfyller vilkåra for vurdering, jf. § 6-4 første ledd.

- (2) Studentar med gyldig frávær brukar ikkje eit vurderingsforsøk, jf. § 4-4 siste ledd.
- (3) Fristen for å trekke seg frå vurdering er to veker før vurderinga startar. Denne fristen gjeld også for studentar som har meldt seg opp til kontinuasjonsvurdering eller ny ordinær vurdering i eit emne. For utfyllande reglar om kontinuasjonsvurdering, sjå § 6-17.

§ 6-16. Avbrot av vurdering

- (1) Ei vurdering er avbroten dersom den er starta, og arbeidet ikkje er levert innanfor fristen. Det same gjeld dersom vurderinga består av fleire vurderingsdelar og studenten ikkje leverer, ikkje møter opp e.l. til éin eller fleire av vurderingsdelane.
- (2) Brot på dei formelle krava til vurdering (ordgrense m.m.) skal reknast som ikkje levert.
- (3) Ei vurdering blir rekna som påbyrja
 - a. ved skriftleg skuleeksamen: straks oppgåva er utlevert eller ved førehandskontroll av hjelpemiddel.
 - b. ved heimeeksamen: straks oppgåva er tilgjengeleg for studentane.
 - c. ved mappevurdering: ved innleveringsfristen for det første av arbeida som går inn i vurderinga.
 - d. ved munnleg eller praktisk eksamen: straks studenten tar til med eventuell førebuing, elles når eksaminasjonen startar.
 - e. ved praksis: frå første praksisdag.

Om vurderinga består av fleire vurderingsdelar, blir vurderinga rekna som påbyrja når den første vurderingsdelen startar.

- (4) For andre vurderingsformer startar vurderinga på det tidspunktet som er bestemt i emneplanen.
- (5) Vurderinga sluttar på den tida som fagskulen har bestemt.

§ 6-17. Kontinuasjonsvurdering

- (1) Studentar som har gyldig frávær til eller har stroke på ordinær vurdering, har rett på kontinuasjonsvurdering. Retten gjeld med dei avgrensingar som følger av § 6-4 og føresegnene i kapittelet her. Kontinuasjonsvurdering tel som eit vurderingsforsøk, jf. § 6-15.
- (2) Rett til kontinuasjonsvurdering gjeld ikkje for studentar som
 - a. har gjennomført vurdering med bestått resultat
 - b. trekker seg frå ordinær vurdering
 - c. ikkje møter/ikkje leverer/avbryt ordinær vurdering utan gyldig frávær
 - d. ikkje dokumenterer gyldig frávær innan fristen
 - e. får vurderinga annullert etter fagskoleloven § 24.

Fagskulen kan likevel etter søknad gi studenten høve til å avlegge kontinuasjonsvurdering når det blir arrangert kontinuasjonsvurdering for studentar etter første ledd.

- (3) Ved kontinuasjonsvurdering skal vurderinga gjennomførast med same pensum som ved siste ordinære vurdering, og med same vurderingsform.
- (4) Dersom studenten ikkje har teljande resultat etter kontinuasjonsvurdering, må studenten framstille seg til ny ordinær vurdering. I slike tilfelle gjeld pensumet, vurderingsforma og eventuelle obligatoriske læringsaktivitetar som er fastsett for den nye vurderingsavviklinga.

§ 6-18. Frivillig gjentak

Studentar som har fullført og bestått eit emne kan forbetre karakterar i inntil eitt år etter at emnet er fullført og bestått, så fram det er søkt innan fristar sett av fagskulen og emnet blir tilbydd i det aktuelle studieåret. Tilsvarende gjeld for studentar som har fullført og bestått utdanninga.

Kapittel 7. Vurderingsuttrykk og sensur

§ 7-1. Vurderingsuttrykk

- (1) Vurderingsuttrykket ved avsluttande vurdering, eksamen, prøve, bedømming av oppgåve eller anna vurdering skal enten vere det ugraderte vurderingsuttrykket «bestått»/«ikkje bestått», på engelsk «passed»/«not passed», eller det graderte vurderingsuttrykket A–F, jf. fagskoleforskriften § 40.
- (2) Bestått resultat med ugradert vurderingsuttrykk vil seie at studenten har nådd læringsutbyttet.
- (3) Bestått resultat med gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med karakterane A til E. Ikkje bestått resultat med gradert vurderingsuttrykk blir uttrykt med bokstaven F, jf. fagskoleforskriften § 40.
- (4) Karakterskalaen A–F blir gitt etter følgande allmenne, kvalitative kriterium:

Nynorsk:

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk beskriving av vurderingskriterium
A	Framifrå	Framifrå prestasjon som skil seg klart ut. Studenten syner sær god vurderingsevne og stor grad av sjølvstende.
B	Mykje god	Mykje god prestasjon. Studenten syner mykje god vurderingsevne og sjølvstende.

Symbol	Nemning	Generell, ikkje fagspesifikk beskriving av vurderingskriterium
C	God	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten syner god vurderingsevne og sjølvstende på dei viktigaste områda.
D	Nokså god	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten syner ein viss grad av vurderingsevne og sjølvstende.
E	Tilstrekkeleg	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten syner lita vurderingsevne og lite sjølvstende.
F	Ikkje greidd	Prestasjon som ikkje tilfredsstillar dei faglege minimumskrava. Studenten syner både manglande vurderingsevne og sjølvstende.

Bokmål:

Symbol	Betegnelse	Generell, ikke fagspesifikk beskrivelse av vurderingskriterier
A	Fremragende	Fremragende prestasjon som klart utmerker seg. Studenten viser svært god vurderingsevne og stor grad av selvstendighet.
B	Meget god	Meget god prestasjon. Studenten viser meget god vurderingsevne og selvstendighet.
C	God	Jevnt god prestasjon som er tilfredsstillende på de fleste områder. Studenten viser god vurderingsevne og selvstendighet på de viktigste områdene.
D	Nokså god	En akseptabel prestasjon med noen vesentlige mangler. Studenten viser en viss grad av vurderingsevne og selvstendighet.
E	Tilstrekkelig	Prestasjonen tilfredsstillar minimumskravene, men heller ikke mer. Studenten viser liten vurderingsevne og selvstendighet.
F	Ikke bestått	Prestasjon som ikke tilfredsstillar de faglige minimumskravene. Studenten viser både manglende vurderingsevne og selvstendighet.

Engelsk:

Symbol	Description	General, quantitative description
A	Excellent	An excellent performance, clearly outstanding. The candidate demonstrates excellent judgement and independent skills and/or understanding.
B	Very Good	A very good performance. The candidate demonstrates very good judgement and independent skills and/or understanding.
C	Good	A good performance in most areas. The candidate demonstrates good judgement and independent skills and/or understanding.
D	Satisfactory	A satisfactory performance, but with significant shortcomings. The candidate demonstrates a limited degree of judgement and independent skills and/or understanding.

Symbol	Description	General, quantitative description
E	Sufficient	A performance that meets the minimum criteria, but no more. The candidate meets the minimum criteria and demonstrates a very limited judgement and independent skills and/or understanding.
F	Failed	A performance that does not meet the minimum criteria. The candidate has failed because of an absence of judgement and independent skills and/or understanding of the subject.

§ 7-2. Sensur

- (1) Fagskulen skal sørge for at studentane sine kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse blir prøvd og vurdert på ein upartisk og fagleg forsvarleg måte. Det skal alltid vere ei ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane, jf. fagskoleloven § 21 første ledd.
- (2) Studenten kan ikkje trekke tilbake eit oppgavesvar etter innlevering. Det same gjeld for munnleg eller praktisk eksamen frå tidspunktet førebuinga eller eksaminasjonen har starta.
- (3) Dersom ein student har gjennomført vurdering i same emne fleire gonger, vil den beste karakteren gjelde.
- (4) Vurderingskriteria som blir brukt ved sensuren bør i størst mogleg grad vere tilgjengelege for studentane. Dersom det er gitt skriftlege retningslinjer for bedømminga, skal studentane ha tilgang til desse etter at karakteren er fastsett, jf. fagskoleloven § 22 tredje ledd.
- (5) Kunngjering av sensur skjer i Visma InSchool. Fagskulen skal opplyse om retten til å krevje grunngiving og til å klage, jf. fagskoleloven §§ 22 og 23, fristane som gjeld, og kor studenten skal rette krav om grunngiving og klage. Ved munnleg og praktisk eksamen blir sensuren gitt munnleg og med ein gong.
- (6) Ved ny sensur skal klagesensur ikkje få kjennskap til studenten sin opphavlege karakter, sensor si grunngiving for karakteren eller studenten si grunngiving for klaga, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.
- (7) Om karakteren er fastsett på grunnlag av skriftleg vurdering og justerande munnleg høyring, og karakteren blir endra etter ny sensur av den skriftlege delen, skal det haldast ny justerande munnleg høyring for å få fastsett endeleg karakter.

§ 7-3. Sensurfrist

- (1) Ordinær sensur skal vere klar innan tre veker etter at vurderinga blei gjennomført, om ikkje særlege grunnar gjer det nødvendig å bruke meir tid. Om sensuren ikkje kan vere klar innan tre veker, skal studentane varslast om det og samstundes få vite når sensuren kan ventast, jf. fagskoleloven § 21 tredje ledd.
- (2) Ny sensur skal vere klar innan same fristar som for ordinær sensur, jf. første ledd.

§ 7-4. Sensor

- (1) Sensor skal ha kompetanse til å vurdere om studentane har oppnådd læringsutbyttet for utdanninga eller emnet, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-5.

- (2) Styret for Fagskulen Vestland delegerer rektor mynde til å nemne opp sensor ved vurdering når resultatet inngår i vitnemålet eller blir rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskoleloven § 21 andre ledd.
- (3) Ved ordinær sensur kan fagskulen sjølv avgjere antalet sensorar. Ved sensurering av vurderingar som ikkje lar seg etterprøve, for eksempel munnleg og praktisk eksamen, krevst det minst to sensorar.
- (4) Ved ordinær sensur kan fagskulen sjølv avgjere bruk av intern og ekstern sensor. Eksterne sensorar kan ikkje vere tilsett ved Fagskulen Vestland.
- (5) Ved ny sensur etter fagskoleloven §§ 22 og 23 skal éin eller fleire nye sensorar brukast. Minst éin sensor skal vere ekstern, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd.

Kapittel 8. Grunniving og klage

§ 8-1. Grunniving

- (1) Studenten har rett til å få grunniving for karakterfastsettinga, jf. fagskoleloven § 22 første ledd. Retten til grunniving gjeld tilsvarende ved ny sensur. Grunnivinga kan vere munnleg eller skriftleg, jf. fagskoleloven § 22 andre ledd.
- (2) Ved munnleg eksamen eller bedømming av praktiske ferdigheiter må krav om grunniving settast fram straks etter at karakteren er formidla. Dersom karakteren blir kunngjort elektronisk, må krav om grunniving settast fram innan éi veke etter kunngjeringa. Ved anna type kunngjering må studenten krevje grunniving innan éi veke etter at studenten fekk kjennskap til karakteren, men likevel ikkje seinare enn tre veker etter at karakteren blei kunngjort, jf. fagskoleloven § 22 første ledd.
- (3) Studenten har rett på grunniving innan to veker etter at hen har bedt om den. Om grunnivinga ikkje kan vere klar innan to veker, skal studenten varslast om det og samstundes få vite når grunnivinga kan ventast, jf. fagskoleloven § 22 andre ledd.

§ 8-2. Klage på enkeltvedtak

- (1) Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan påklagast innan tre veker, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29, med dei avgrensingar som følger av § 8-5 tredje og siste ledd. Klaga må vere skriftleg, og skal rettast til fagskulen.
- (2) Ved klage skal det forvaltningsorganet som har treft det opphavlege vedtaket ta stilling til om det er grunn til å oppheve eller endre vedtaket det blir klaga på. Dersom slik grunn ikkje ligg føre, skal saka sendast til klageinstansen for endeleg behandling, jf. forvaltningsloven § 33. Klageinstans er Lokal klagenemnd for fagskular i Vestland eller Nasjonal klagenemnd for høgere yrkesfaglig utdanning, jf. § 8-5.
- (3) Ved klage på karakterfastsetting og formelle feil gjeld reglane i §§ 8-3 og 8-4.

§ 8-3. Klage på karakterfastsetting

- (1) Studenten kan klage skriftleg på karakterfastsettinga, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd. Ved klage skal det gjennomførast ny sensur. Studenten kan ikkje klage på bedømminga av

munnlige prestasjonar, vurderingar av praksisstudiar eller liknande som etter sin art ikkje let seg etterprøve, jf. fagskoleloven § 22 femte ledd.

- (2) I emne som består av fleire vurderingsdelar, kan klage på sensur settast fram etter kvar enkelt vurdering.
- (3) Det er individuell klagerett ved gruppevurdering. Ei eventuell endring av karakter etter klage vil berre gjelde for den som har klaga.
- (4) Ved ny sensur kan karakteren endrast i både favør og disfavør av klagaren, jf. fagskoleloven § 21 fjerde ledd. Studenten kan ikkje klage på karakterfastsettinga etter ny sensur, jf. fagskoleloven § 22 siste ledd.
- (5) Klage på karakterfastsetting må settast fram innan tre veker etter at resultatet blei kunngjort. Om studenten har bedt om grunngiving for karakterfastsettinga eller klaga over formelle feil, løper klagefristen frå studenten har fått grunngivinga eller til klaga på formelle feil er endeleg avgjort, jf. fagskoleloven § 22 fjerde ledd.

§ 8-4. Klage på formelle feil

- (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, prøve eller anna arbeid som blir bedømt med vurderingsuttrykk, kan klage på formelle feil, jf. fagskoleloven § 23 første ledd.
- (2) Eit sensurvedtak skal opphevast dersom det er gjort feil som kan ha hatt betydning for studenten sin prestasjon eller bedømminga av prestasjonen. Dersom feilen kan rettast opp gjennom ny sensur, skal dette gjennomførast. Dersom feilen ikkje kan rettast opp gjennom ny sensur, skal det haldast ny vurdering med nye sensorar. Studenten kan klage på karakterfastsettinga ved ny sensur etter denne føresegna, jf. fagskoleloven § 23 andre ledd.
- (3) Fagskulen eller den lokale klagenemnda kan bestemme at det skal gjennomførast ny sensur eller ny vurdering dersom det er gjort formelle feil som kan ha hatt innverknad på prestasjonen til éin eller fleire studentar eller bedømminga av desse, jf. fagskoleloven § 23 siste ledd.
- (4) Klage på formelle feil må settast fram innan tre veker etter at studenten blei, eller burde blitt, kjent med feilen, jf. fagskoleloven § 23 første ledd. Om studenten har bedt om grunngiving for eller klaga over karakterfastsettinga, løper klagefristen frå studenten har fått grunngivinga eller til klaga på karakterfastsettinga er endeleg avgjort, jf. fagskoleloven § 23 tredje ledd.

§ 8-5. Lokal klagenemnd for fagskular i Vestland

- (1) Fagskulen Vestland skal med heimel i fagskoleloven § 20 første ledd opprette ei lokal klagenemnd. Fagskulen kan samarbeide med andre fagskular om felles klagenemnd.
- (2) Den lokale klagenemnda skal som klageinstans behandle klager på fagskulen sine enkeltvedtak, for eksempel avgjersler om
 - a. godskriving og fritak etter fagskoleloven § 8
 - b. opptak på grunnlag av realkompetanse eller spesielle opptakskrav etter fagskoleforskriften § 7 første og fjerde ledd
 - c. formelle feil etter fagskoleloven § 23
 - d. tilrettelegging etter fagskoleloven § 15 femte ledd
 - e. tap av rettar
 - f. bortvising etter fagskoleloven § 43
 - g. permisjon etter fagskoleloven §§ 28 og 28 a.

- (3) Når den lokale klagenemnda behandlar klager på fagskulen sine enkeltvedtak, kan klagenemnda sine vedtak ikkje påklagast, jf. fagskoleloven § 20 fjerde ledd.
- (4) Den lokale klagenemnda skal som underinstans behandle følgande saker:
- annullering etter fagskoleloven § 24
 - bortvising og utestenging etter fagskoleloven § 25
 - skikkaheit etter fagskoleloven § 26
 - politiattest etter fagskoleloven § 27
 - utestenging etter fagskoleloven § 43
 - inndraging og karantenetid etter fagskoleloven § 16 a.

Vedtak i saker etter fagskoleloven §§ 16 a og 25–27 skal treffast med minst to tredels fleirtal.

- (5) Når den lokale klagenemnda behandlar saker etter fjerde ledd, kan klagenemnda sine vedtak påklagast til Nasjonal klagenemnd for høyere yrkesfaglig utdanning, jf. fagskoleloven § 20 siste ledd. Den nasjonale klagenemnda behandlar også klager over enkeltvedtak treft med heimel i fagskoleloven § 16 om opptak gjennom Samordna opptak. Den nasjonale klagenemnda sine vedtak kan ikkje påklagast, jf. fagskoleforskriften § 45 siste ledd.

Kapittel 9. Disiplinærsaker

§ 9-1. Fusk

- (1) Forbodet mot fusk, forsøk på fusk og medverknad til fusk gjeld både i forbindelse med eksamen, prøve eller liknande, og elles under gjennomføringa av emnet.
- (2) Som fusk reknar ein mellom anna
- å bruke eller ha ulovlege hjelpemiddel tilgjengeleg
 - å sitere kjelder eller på annan måte bruke kjelder i skriftlege arbeid utan tilstrekkelege og korrekte kjeldetilvisingar
 - ulovleg kommunikasjon og samarbeid mellom enkeltpersonar og grupper
 - å la ein annan gjennomføre vurderinga, den obligatoriske læringsaktiviteten eller liknande for seg
 - å tileigne seg fordelar ein ikkje har rett til
 - å handle på andre måtar i strid med retningslinjer bestemt av fagskulen.

§ 9-2. Mistanke om fusk

- (1) Oppstår det mistanke om fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk under obligatorisk læringsaktivitet eller vurdering, skal fagskulen opplyse studenten om at forholdet blir rapportert. Studenten har rett til å fullføre den obligatoriske læringsaktiviteten eller vurderinga, men risikerer at den lokale klagenemnda annullerer resultatet, jf. fagskoleloven § 24 andre ledd.
- (2) Inntil eventuell avgjersle i saka ligg føre, har studenten rett til å halde fram på studiet som vanleg. Studenten kan likevel bli stoppa av progresjonskrav i utdanninga.

§ 9-3. Konsekvensar av fusk

- (1) Den lokale klagenemnda kan annullere godkjenninga av eit emne eller resultatet av ein eksamen, prøve eller liknande, om ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska eller

forsettleg har forsøkt å fuske, jf. fagskoleloven § 24 andre ledd. Tilgangen til å annullere blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.

- (2) Om ein student forsettleg eller grovt aktaust har fuska eller forsettleg har forsøkt å fuske, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå all utdanning ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarande gjeld for ein student som forsettleg har medverka til fusk, jf. fagskoleloven § 25 fjerde ledd.
- (3) Ved vedtak om annullering skal studenten levere eventuelle vitnemål eller karakterutskrifter tilbake til fagskulen, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.
- (4) Annullering av vurdering som følge av fusk eller forsøk på fusk, tel som eit vurderingsforsøk, jf. § 6-15 første ledd bokstav f.
- (5) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gi melding om annullering til vedkommande mynde.

§ 9-4. Annullering

- (1) Om ein student har brukt falskt vitnemål eller andre falske dokument, eller har opptredd ureieleg på annan måte og slik fått tilgang til å avlegge eksamen, prøve eller anna arbeid som blir bedømt med karakter, kan den lokale klagenemnda annullere resultatet. Den lokale klagenemnda kan også annullere godkjenninga av eit emne om ein student på tilsvarande urettmessig grunnlag har fått rett til å studere, jf. fagskoleloven 24 første ledd.
- (2) Om ein student har fått godskriving av eller fritak for emne ved bruk av falskt vitnemål eller andre falske dokument, eller ved å opptre ureieleg på annan måte, kan den lokale klagenemnda annullere godskrivinga eller fritaket, jf. fagskoleloven § 24 tredje ledd.
- (3) Tilgangen til å annullere blir ikkje forelda, jf. fagskoleloven § 24 femte ledd.
- (4) Ved vedtak om annullering skal studenten levere eventuelle vitnemål eller karakterutskrifter tilbake til fagskulen, jf. fagskoleloven § 24 sjette ledd.
- (5) Om fagskulen oppdagar at ein søkar eller student har levert falske vitnemål, andre falske dokument eller dokument skrive ut av falske institusjonar, skal forholdet meldast til politiet, jf. fagskoleloven § 24 siste ledd.
- (6) Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gi melding om annullering til vedkommande mynde.

§ 9-5. Bortvising og utestenging

- (1) Fagskulen kan vise bort ein student med direkte verknad dersom studenten forstyrrar undervisninga eller arbeidet til medstudentar.
- (2) Om ein student, til trass for skriftleg varsel frå fagskulen, gjentatte gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrande på arbeidet til medstudentar eller verksemda ved fagskulen elles, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal visast bort i inntil eitt år. Bortvising inneber ikkje at studenten mister retten til å gå opp til eksamen, jf. fagskoleloven § 25 første ledd.

- (3) Rektor ved fagskulen kan fatte midlertidig vedtak om bortvising dersom vilkåra i fagskoleloven § 12 siste ledd er til stades. Eit slikt vedtak gjeld inntil den lokale klagenemnda kan fatte endeleg vedtak i saka, jf. fagskoleloven § 25 første ledd.
- (4) Om ein student, til trass for skriftleg varsel frå fagskulen, ikkje retter seg etter eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Utestenging inneber også at studenten mister retten til å gå opp til eksamen, jf. fagskoleloven § 25 andre ledd.
- (5) Om ein student har skapt fare for liv eller helse, eller har opptreidd grovt usømeleg overfor nokon som studenten har møtt i samband med undervisning eller praksisstudium, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium i inntil tre år. Tilsvarende gjeld om ein student har brote lovfesta teieplikt, jf. fagskoleloven § 25 tredje ledd.
- (6) Om ein student har brukt falskt vitnemål, andre falske dokument eller på annan måte har opptreidd ureieleg, jf. fagskoleloven § 24 første og tredje ledd, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå all utdanning ved fagskulen i inntil eitt år, jf. fagskoleloven § 25 fjerde ledd.
- (7) Ein student, som trass skriftleg varsel frå fagskulen har brukt klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet i strid med fagskoleloven § 43 første ledd, kan visast bort av rektor eller den rektor gir mynde i inntil eitt år. Om studenten, til trass for skriftleg varsel frå fagskulen, ikkje retter seg etter vedtaket om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta at studenten skal stengast ute frå utdanninga i inntil eitt år, jf. fagskoleloven § 43 andre ledd.

§ 9-6. Vurdering av skikkaheit

- (1) Fagskulen Vestland skal vurdere om studentane i bestemte utdanningar er skikka for yrket. Skikkavurdering skal finne stad gjennom heile utdanninga, jf. fagskoleloven § 26 første ledd. Fagskulen Vestland gjennomfører skikkavurdering i tråd med reglane i fagskoleloven § 26 og fagskoleforskriften kapittel 5.
- (2) Ein student som i utdanninga eller i framtidig yrkesutøving kan utgjere fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og sikkerheit til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar, er ikkje skikka for yrket, jf. fagskoleforskriften § 26.
- (3) Ved Fagskulen Vestland er følgande utdanningar underlagt skikkavurdering:
 - a. Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre
 - b. Psykisk helsearbeid og rusarbeid
 - c. Rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi
 - d. Sterilforsyning og smittevern i helsetenesta.

Andre utdanningar kan også vere underlagt skikkavurdering.

- (4) For utdanningar underlagt skikkavurdering skal rektor utnemne skikkaansvarleg(e) for skikkavurdering, jf. fagskoleforskriften § 32 første ledd. Styret sjølv oppretter ei skikkanemnd i tråd med fagskoleforskriften § 31.
- (5) Den lokale klagenemnda kan etter innstilling frå skikkanemnda vedta at ein student ikkje er skikka for yrket. Bli det fatta eit slikt vedtak, kan klagenemnda vedta at studenten også skal stengast ute frå utdanninga i inntil fem år, jf. fagskoleloven § 26 tredje ledd.

- (6) Ved utestenging vil studenten miste studieplassen, og må søke nytt opptak dersom hen vil starte opp igjen på utdanninga etter utestengingsperioden, jf. fagskoleforskriften § 36 siste ledd, jf. § 3-5 første ledd bokstav g.

§ 9-7. Politiattest

- (1) Fagskulen kan krevje politiattest ved opptak og undervegs i utdanninga, jf. fagskoleloven § 27 første ledd. Politiattesten må ikkje vere eldre enn tre månadar på tidspunktet for framlegging av attesten.
- (2) I utdanningar der studenten kan komme i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksisstudium, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak, jf. fagskoleloven § 27 første ledd. Ved særlege reglar om politiattest for bestemte typar arbeid, gjeld tilsvarande reglar for studentane, jf. fagskoleloven § 27 andre ledd.
- (3) Studenten får ikkje delta i klinisk undervisning eller praksis før politiattest utan merknad er lagt fram. Ved politiattest med merknad gjeld fjerde og femte ledd.
- (4) Fagskulen Vestland skal behandle politiattest med merknad i tråd med reglane i fagskoleloven § 27 og fagskoleforskriften kapittel 4. Ved politiattest med merknad skal fagskulen snarast mogleg, og seinast innan ti dagar etter at all dokumentasjon i saka ligg føre, legge fram politiattesten til den lokale klagenemnda, jf. fagskoleforskriften § 23 andre ledd.
- (5) Den lokale klagenemnda skal snarast mogleg, og seinast innan fire veker etter at saka er mottatt, avgjere om studenten kan delta i klinisk undervisning eller praksis. Studenten får ikkje delta i klinisk undervisning eller praksis før klagenemnda har fatta positivt vedtak i saka, jf. fagskoleloven § 27 sjuande ledd og fagskoleforskriften § 23 tredje ledd.

Kapittel 10. Grader

§ 10-1. Tildeling av grader

- (1) Fagskulen Vestland tildeler grada «fagskulegrad» for fullført fagskuleutdanning av eitt til halvtanna års varigheit (60-90 studiepoeng), jf. fagskoleforskriften § 41 første ledd. Fagskulen fastset nærmare krav til omfang og samansetting av grada i studieplanen.
- (2) Fagskulen Vestland tildeler grada «høgare fagskulegrad» for fullført fagskuleutdanning av to års varigheit eller meir (minimum 120 studiepoeng), jf. fagskoleforskriften § 41 siste ledd. Fagskulen fastset nærmare krav til omfang og samansetting av grada i studieplanen.
- (3) Grada er oppnådd når studenten oppfyller krava i den aktuelle studieplanen.

§ 10-2. Namn på grader

- (1) Ei fagskulegrad får normalt namnet «Fagskulegrad i [namn på utdanninga]», på engelsk «Professional degree of [namn på utdanninga på engelsk]».
- (2) Ei høgare fagskulegrad får normalt namnet «Høgare fagskulegrad i [namn på utdanninga]», på engelsk «Higher professional degree of [namn på utdanninga på engelsk]».

§ 10-3. Krav om tilknytning til Fagskulen Vestland ved tildeling av grad

For å få tildelt vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning ved Fagskulen Vestland, må studenten ha avlagt studiepoeng ved fagskulen tilsvarende minste resultatberande eining i fagskuleutdanninga studenten ønsker vitnemål eller annan dokumentasjon for, jf. fagskoleforskriften § 38.

Kapittel 11. Vitnemål og karakterutskrift

§ 11-1. Vitnemål

- (1) Fagskulen Vestland skal skrive ut vitnemål til studentar for fullført fagskuleutdanning, jf. fagskoleloven § 19 første ledd. Studieplanen er grunnlag for vitnemål.
- (2) For at Fagskulen Vestland skal kunne skrive ut vitnemål eller annan dokumentasjon for fullført utdanning, må studenten avlegge studiepoeng ved fagskulen tilsvarende minste resultatberande eining i fagskuleutdanninga studenten ønsker vitnemål eller annan dokumentasjon for. Det er normalt den siste fagskulen som har ein student før fullført utdanningsløp, som har ansvaret for å skrive ut vitnemålet, jf. fagskoleforskriften § 38.
- (3) Vitnemålet skal vise
 - a. namnet på fagskulen og utdanninga
 - b. namnet og fødselsnummeret til studenten
 - c. ei beskriving av karaktersystemet
 - d. karakterane til studenten
 - e. det overordna læringsutbyttet for utdanninga
 - f. emne og eventuell praksis i utdanninga
 - g. tittel og beskriving av hovudprosjekt eller fordjupingsemne, om utdanninga har dette
 - h. nivå i Nasjonal kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring
 - i. antal studiepoeng og eventuell gradsnemning
 - j. datoen for når vitnemålet er skrive ut.

For dei maritime utdanningane skal vitnemålet vise sertifikatnummeret til fagskulen.

- (4) Dersom utdanninga har krav om skikkavurdering, skal vitnemålet vise dette, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-7 siste ledd.
- (5) Dersom studenten har fått innvilga søknad om godskriving av eller fritak for emne, skal vitnemålet vise dette.
- (6) Vitnemålet blir skrive ut på papir, på bokmål eller nynorsk. For dei maritime utdanningane skal vitnemålet skrivast på engelsk. Fagskulen Vestland omset ikkje vitnemål.
- (7) Vitnemålet blir som hovudregel skrive ut etter at klagefristen for dei emna som inngår i grunnlaget for grada har gått ut, og ei eventuell klagebehandling er ferdig.
- (8) Vitnemålet blir skrive ut éin gong. I særlege tilfelle kan fagskulen ved tap av vitnemål skrive ut duplikat.

§ 11-2. Karakterutskrift

- (1) Studentar som ikkje fullfører ei fagskuleutdanning kan be om ei karakterutskrift som viser beståtte emne, prøver og andre vurderingar som studenten har fått, jf. fagskoleloven § 19 første ledd.

- (2) Karakterutskrifta blir skrive ut på papir, på bokmål eller nynorsk. Fagskulen Vestland omset ikkje karakterutskrifter.

Kapittel 12. Ikraftsetjing og overgangsregel

§ 12-1. Ikraftsetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft 01.08.2025. Frå same tid blir forskrift 17. september 2021 nr. 3061 om studium ved Fagskulen Vestland oppheva.

§ 12-2. Overgangsregel

Ordningar i studieplanar vedtatt før denne forskrifta tredde i kraft, som er i strid med nye reglar i forskrifta, kan gjennomførast etter tidlegare vedtatt ordning i studieåret 2025/2026.

Saksnr: 2022/486-200**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 09/25	07.03.2025

Kvalitetsmelding for skuleåret 2023/24

Forslag til vedtak

1. Styret tek Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2023/24 til orientering og vedtek følgjande målsetting (Objective Key Results) for 2025:

OKR

1. Fagskulen Vestland skal auke søkjartala med 10%
2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre på 4,0
3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre på 4,0 i studiebarometeret
4. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein minimums skåre på 4,0 i studiebarometeret
5. Auke studiepoengs produksjonen med 5%

Samandrag

I denne saka vert kvalitetsmeldinga for skuleåret 2023/24 lagt fram for handsaming. Kvalitetsmeldinga vert levert til styret årleg og er i år basert på resultatata frå studiebarometeret og lærarundersøkinga som er ein del av kvalitetssystemet. I tillegg inngår kvantitative data av mellom anna søkjartal og gjennomføring.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvalitetsmelding 23-24
- 2 Rapport_Fagskulen_Vestland_2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med årshjulet i kvalitetsutviklingssystemet for Fagskulen Vestland vert kvalitetsmeldinga for skuleåret 2023/24 lagt fram for sakshandsaming. Kvalitetsmeldinga vert levert til styret årleg og er basert på resultatata frå studiebarometeret og lærarundersøkinga, som er ein del av kvalitetssystemet. I tillegg inngår det kvantitative data som søkjartal og gjennomføring mm.

Resultata frå undersøkingane vert drøfta både i leiinga og fagmiljøa ved kvar avdeling. I tillegg drøfter utdanningsleiarane også resultatata frå studiebarometeret med dei studenttillitsvalde for å få meir informasjon om årsaka til resultatata dersom dette er uklårt. Vidare vert resultatata vurdert og analysert i tråd med dei 7 kvalitetsområda som er definert gjennom kvalitetsutviklingssystemet:

- Opptakskvalitet
- Rammekvalitet
- Programkvalitet
- Undervisningskvalitet
- Resultatkvalitet
- Relevanskvalitet
- Styringskvalitet

Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2023/24 ligg som vedlegg 1 til saka. I tillegg ligg dei overordna resultatata frå studiebarometeret som vedlegg 2.

Vedtakskompetanse

Etter fagskulelova §§ 9 og 15 er styret det øvste styringsorganet ved Fagskulen Vestland, og har ansvar for kvaliteten i utdanninga og læringsmiljøet.

Konklusjon

På bakgrunn av resultatata i undersøkingane, arbeidet med kvalitetsmeldinga og fagskulen sin strategi vedtek styret følgjande OKR-ar for 2025:

6. Fagskulen Vestland skal auke søkjartala med 10%
7. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre på 4,0
8. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre på 4,0 i studiebarometeret
9. Sikre at studentane sine innspel og forbetringar vert følgt opp. Dette skal ha ein minimums skåre på 4,0 i studiebarometeret
10. Auke studiepoengs produksjonen med 5%

Kvalitetsmelding 2023/2024

Innhold

1. Innleiing.....	3
2. Opptakskvalitet.....	3
3. Rammekvalitet.....	5
4. Programkvalitet.....	6
5. Undervisningskvalitet.....	6
6. Resultatkvalitet.....	7
7. Relevanskvalitet.....	9
8. Styringskvalitet.....	12

1. Innleiing

Fagskulen Vestland sitt kvalitetsutviklingssystem beskriv korleis fagskulen skal arbeide med kvaliteten i utdanninga. Systemet er vedteke av styret, og kvalitetsmeldinga er fagskulen sin melding til styret om korleis vi vurderer kvaliteten i utdanningane, og korleis vi vil arbeide for å betre kvaliteten. Grunnlaget for å seie noko om kvalitet i utdanningane hentar vi frå det årlege studiebarometeret som NOKUT gjennomfører, og eigne undersøkingar mot tilsette og arbeidsliv.

Kvalitetsmeldinga tek føre seg syv områder som har innverknad for studentane sin læringsbane og reise gjennom utdanninga. Desse områda er opptak, ramma for utdanningane, programmet studentane følgjer, undervisninga dei får, kva resultat eller læringsutbytte studentane oppnår, relevansen for yrkeslivet og til slutt korleis kvalitetsarbeidet vert styrt.

På bakgrunn av kvalitetsmeldinga for 2022/2023 vedtok styre følgjande kvalitetsmål for 2024:

1. Auke søkjartala med 5 %
2. Auke oppfyltingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %
3. Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar
4. Utvikle minst ei utdanning innan grøn omstilling
5. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret
6. Overordna tilfredsheit med fagskulen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret
7. Auka trafikken på heimesida vår med 20%
8. Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret
9. Jobbe for å auke gjennomføringsgraden

Kvalitetsmåla vil verte omtala innan dei ulike kvalitetsområda i høve til måloppnåing.

2. Opptakskvalitet

Årleg lyser fagskulen ut studietilbod nasjonalt gjennom Samordna opptak, og kurs og kortare utdanningar lokalt via eigne system.

Skulen hadde behov for å auke kapasiteten og kvaliteten i opptaksprosessen vår, og tilsette ein opptaksansvarleg hausten 2022 for å ivareta dette.

Desember 2022 gjorde styret ved Fagskulen Vestland vedtak om å lyse ut 42 studiar i Samordna Opptak våren 2023. Det vart gjort nokre endringar i forhold til året før:

- Robotteknologi og digital produksjon vart flytta til Stord
- Boring vart lyst ut både som stadbasert og samlingsbasert
- Psykisk helsearbeid vart lyst ut i Førde.
- Velferdsteknologi vart lyst ut i Førde

I forkant av at det vart opna for søknader i Samordna opptak 2023 køyrde skulen ulike marknadsføringskampanjar på sosiale media spesielt. I tillegg blei det i august satt i gang ekstra kampanjar retta særleg mot utdanningane i Måløy grunna nokke låge søkjartal.

Fagskulen Vestland lyste i 2023 ut 1134 studieplassar i Samordna opptak, og fekk 1920 søkjarar, av desse var det 1330 førsteprioritetssøkjarar. Skulen gav 976 tilbod som vart akseptert, og av desse møtte 816 til studiestart, sjå vedlegg 1. Vi fylte dessverre heller ikkje i dette opptaket studieplassane våre. Det at så mange valte å ikkje møte til studiestart hos oss viser at det er viktig at vi ser på kordan vi dimensjonerer utdanningane våre. Om vi må gjere endringar i fordeling av studieplassar, om vi må gje fleire tilbod på enkelte utdanningar enn me har gjort til no osb. Tilbod frå hovudopptaket i

Samordna opptak vart sendt ut til søkjarane 20. mai, med frist for å svare i slutten av mai. Skulen supplerte opptaket heilt fram til oktober.

Vi så vidare at skulen i 2023 opptaket hadde ein reduksjon i søkjarar som utgjorde 8%, samstundes som reduksjonen i førsteprioritetssøkjarar var på 9%. I 2022 var nedgangen i førsteprioritetssøkjarar 2%, medan han i 2021 var 6%. Fagskulen ynskjer å rekruttere studentar med høg motivasjon, og gjennomføringsevne, og vil i det vidare arbeidet forsøke å kartlegge kvifor del med førsteprioritetssøkjarar går ned. For 2024 opptaket blei det satt som mål å auke talet på søkjare med 5 %.

I tillegg til hovudopptaket i Samordna opptak lyste skulen ut kurs og kortare utdanningar innan Industrifagskulen, bransjeprogram med meir lokalt gjennom heile året. Følgande kurs og kortare utdanningar vart lyst ut i 2023:

Kurs/utdanningar	Studiepoeng	Takka ja til tilbud
IoT	5	23
BIM Installasjon	5	11
PLS-programmering del 1	5	32
BIM 1 grunnleggande	5	20
Design og produktutvikling	10	13
Automatisering med hydraulikk/pneumatikk	10	21
PLS-programmering del 2	5	24
Plast og kompositt	10	14
PLS- programmering del 3	5	21
Solcelle og vindkraft	5	31
Isolasjonslære	10	9
*Robotteknologi og digital produksjon for industrien	10	38
Driftsinspektør NS415	0	14
Digitalt opplæringstilbod for sjukemelding	0	11
Min arbeidsplass	10	24
**EX-elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege områder	10	46

*Utdanninga blei lyst ut og gjennomført både vår og haust 2023

** Utdanninga blei gjennomført med klasser både i Bergen og på Stord

Fagskulen er avhengig av å vere i tett dialog med arbeidslivet, som har etterspurt kompetansen og utdanningane. Marknadsføring og kommunikasjon rettar seg difor mykje direkte til bedriftene og bransjane som vi allereie er i dialog med når det gjeld å få studentar til utdanningane eller kursa våre.

Når det gjeld å realkompetansevurdere søkjarar som ikkje har formell utdanning ved både nasjonalt og lokalt opptak, oppleve vi at det er aukande forventingar til utdanningsinstitusjonane om å utvide måtar å kartlegge uformell kompetanse på. Dette heng saman med Meld. St. 14 (2019-2020) – Kompetansereformen – Lære hele livet og at «ingen skal gå ut på dato som følgje av manglande kompetanse». Målet er at fleire skal få tilgang på den kompetansen dei har behov for, for å kunne stå lenger i arbeid, samt gje dei som ikkje er i arbeid nye moglegheiter i arbeidslivet. Fagskulen har satt i gang tiltak for å auke kompetansen til tilsette innan realkompetansevurderingane i framtidige opptak. For opptaka i 2023 vart rundt 4 % av studentane tatt opp med realkompetansegrunnlag. Hovuddelen av desse er ved helse utdanningane og enkelt emnar retta direkte mot bestemte bedrifter.

Skulen opplever ein aukande konkurranse med mange andre tilbydarar av tilsvarande utdanningstilbod, og vi må arbeide meir systematisk med både kvaliteten og synlegheita av utdanningane våre for å nå måla våre.

3. Rammekvalitet

I skuleåret 2023/24 var det om lag 146 pedagogisk tilsette ved fagskulen som er fast tilsett. I tillegg til dette er det nokre årsverk gjennom engasjement og innleige. Det er høg og variert kompetanse blant dei tilsette, og berre eit fåtal har ikkje godkjent pedagogisk utdanning.

Stillingsnemning	Del tilsette
Lektor m/tilleggsutdanning	32 %
Lektor	12 %
Adjunkt m/tilleggsutdanning	37 %
Adjunkt	12 %
Lærer u/ped.	7 %
Totalt	100 %

I høve til overordna tilfredsheit gir studentane ei skåre på 3,9. Dette er 0,1 poeng over resultatet i 2022/2023, og syner såleis ei auke. Samtidig er det 0,1 poeng under landsgjennomsnittet. Når det gjeld rammekvalitet er det interessant å sjå på kor tilfreds studentane er med mellom anna bruk av utstyr ol. i undervisninga og tilfredsheit med læringsmiljøet.

I høve til bruk av utstyr i undervisninga er det spørsmål i studiebarometeret om i kva grad ulikt utstyr vert nytta i undervisninga. Det er i hovudsak spørsmål om bruk av simulatorar og laboratoria i spørsmålsbatteriet, og det er ei stor andel som svarar at det ikkje vert brukt eller lite brukt. Dette kan forklarast med at simulatorar og laboratoria ikkje er nytta ved alle utdanningane fordi dei ikkje er relevante. I høve til bruk av simulator ser ein til dømes ved dei maritime utdanningane at biletet er annleis, og at studentane svarar at simulator vert nytta mykje i undervisninga.

Vidare vert det stilt spørsmål om bruken av digitalt utstyr i undervisninga. Både på spørsmål om studentane opplever at dei vert aktivt involvert i undervisninga ved bruk av digitale verktøy, og om lærarane har naudsynt kompetanse i bruk av digitalt verktøy gjev studentane ei skåre på 3,6. Vidare gjev studentane ei skåre på 3,4 i høve til spørsmål om dei har fått opplæring i bruk av digitale verktøy og program som er relevant for utdanninga. Skåra omtalt i dette avsnittet skulle har vore noko høgare, men sett opp mot spørsmål knytt til vurdering og god tilrettelegging for bruk av digitale hjelpemiddel til eksamen ol. gjev studentane ei skåre på 4. Fagskulen har starta arbeid med å digitalisere vurderingsarbeidet, og vil ha eit større fokus på digitale og KI-baserte verktøy framover, noko som vil kome studentane til gode.

Spørsmål om god og tilstrekkeleg informasjon gjennom utdanningane er også eit sentralt område knytt til rammekvalitet. På spørsmål om informasjon om studiet er lett tilgjengeleg og om kvaliteten på informasjonen om utdanninga er god gjev studentane ei skåre på 3,5. Dette er ei auke på 0,2 poeng frå året før men lågare enn landsgjennomsnittet. Spørsmål om studentane fekk naudsynt praktisk informasjon før studiestart kjem ut med ei skåre på 3,2. Og på spørsmål om studentane får god informasjon om eksamen, t.d. gjennomføring og klagemoglegheiter gjev studentane her også ei skåre på 3,5. Å sikre god informasjon til studentane både før og under utdanninga er svært viktig for å skape gode rammer for studentane. Vi har jobba mykje med å betre informasjonen til studentane, både med nye heimesider, tydelege retningslinjer og rutinar. Dette arbeidar vi vidare med og ønskjer å undersøkje nærare korleis vi best når ut til studentane med god informasjon. Godt informasjonsarbeid ligg i fleire ledd i organisasjonen.

I 2024 arbeidet fagskulen med ei stor revidering av studieforskrifta, denne er ikkje vedteke av styret og kunngjort enda, men vil vere eit godt verktøy til å skape betre og føreseielege rammer rundt studenten.

4. Programkvalitet

Programkvalitet er knytt til design av sjølve studietilbudet; studie- og emneplanar, arbeids- og undervisningsformer, og vurderingsformane. Ein av kvalitetsindikatorane knytt til programkvalitet er studentane sin overordna tilfredsheit med utdanningstilbudet, og den gjennomsnittlege skåren frå studiebarometeret er på 3,9. Dette vart også omtala i høve til rammekvalitet over. Jf. måla for skuleåret 23/24 var det å oppnå ein skåre på 4, og vi har kome nærare målet. Når vi ser på lærarundersøkinga på spørsmål om overordna tilfredsheit med utdanningane er det ein skåre på 3,8, som er 0,1 poeng opp frå året før. Overordna ser vi at vi beveger oss mot målet, men i høve til studentane sin overordna tilfredsheit ser vi nokre forskjellar mellom studiestadene. Studiestaden med dei mest tilfredse studentane er Hjeltnes med ein skåre på heile 4,7. Den studiestaden med lågast tilfredsheit er Stord, og her er det utdanningstilbudet Elkraft på Stord som ligg svært lågt med ein skåre på 2,2. Det samanlagte tilbudet på Stord får ein skåre på 3,4. Alle dei andre studiestadene får ein skår på 4 eller over, utanom Nordnes og Nygård som ligg på 3,7. Ved studiestad Stord har vi vore vant med at studentane har vore svært nøgde med tilbudet, og dette var såleis eit uvant resultat. Leinga har teke tilbakemeldingane på alvor og følgd opp den aktuelle klassen for å løyse utfordringane.

I høve til sjølve studietilbudet vedkomande spørsmål om studentane meiner det er god samanheng mellom emna i utdanninga eller dei ulike delane i studiet gjev studentane ei skåre på 3,7. I høve til vurderingsformer er det generelt gode tilbakemeldingar frå studentane. På spørsmål om vurderingsformene krev forståing og resonnement gjev studentane ein skåre på 4,1 og på spørsmål om vurderingsformane har bidrege til fagleg utvikling gjev studentane ein skåre på 4,0. I høve til om vurderingsformane har tydelege kriterier for vurdering og karaktersetting skårar studentane noko lågare, og gjev ein skåre på 3,7. Dette er noko vi fokuserer på i fortsettinga, og arbeidet fagskulen har gjort med ny studieforskrift og studieplansrevisjonane vil legge til grunn viktige endringar kring tydelege vurderingskriterier.

Når det gjeld kva undervisnings og arbeidsformer som vert mest nytta ved fagskulen rapporterer studentane at dette er klasseromsundervisning, skriftleg arbeid til innlevering og prosjektarbeid det er mest av. Studiebarometeret seier ikkje noko om studentane er nøgde med dette, men i høve til spørsmål om undervisninga er lagt opp til at studentane skal delta aktivt så gjer dei ein skåre på 3,7 som vert vurdert som bra.

5. Undervisningskvalitet

Studentane si vurdering av undervisninga byggjer på svara deira i Studiebarometeret, der svarprosenten var 55 % med totalt 933 svar. Gjennomsnittsskåren for undervisninga ved skulen er 3,6, ein auke på 0,1 frå i fjor, men framleis under målsettinga på 4 eller betre. Det er stor variasjon mellom dei ulike utdanningsprogramma, med skårar frå 2,5 til 4,6. Nokre utdanningar har hatt betydeleg framgang sidan førre Studiebarometer, til dømes dekksoffiser i Måløy, som har økt frå 2,8 til 4,3.

Delskåren for "læraren formidlar lærestoffet/pensum på ein forståeleg måte" er 3,5, same som førre skuleår. Dette er undervisningsskåren som avvik mest frå landsgjennomsnittet på 3,9, med variasjonar frå 2,1 til 4,7 avhengig av utdanning.

Når det gjeld innføring av læringsutbytebeskrivingar for studiet/emnet, er skåren 3,3, ein auke på 0,1 frå førre skuleår, men 0,4 under landsgjennomsnittet. Det er viktig for læringa at det er samsvar mellom undervisning, læringsutbytte og vurdering. Vi har innført Edutorium, som gjer at lærarane og avdelingane har eit meir medvite forhold til læringsutbytebeskrivingane i studieplanane, og på sikt vil gi ein høgare skåre. Nokre utdanningar har ein god innføring i læringsutbytte - andre utdanningar bør ha eit meir bevist forhold til læringsutbyttet. Det er ein variasjon frå 2,2 til 4,4.

Tilbakemeldingane på kor nøgde studentane er med rettleiing og diskusjon varierer skåren frå 2,1 til 4,6, med eit snitt på 3,6, ein auke på 0,1 frå førre skuleår. Studentmedverknad er delt i moglegheita til å gi tilbakemelding og korleis innspel frå studentane blir følgde opp. Studentane si vurdering av

oppfølginga av innspel har dårlegast skår og størst variasjon, frå 1,6 til 4,8, med eit snitt på 3,3, som er 0,3 under landsgjennomsnittet.

Det sosiale og faglege miljøet ved skulen ligg over landsgjennomsnittet med ei skår på 4,1, noko som tyder på at studentane trivst godt. Ingen utdanningar skårar under 3,5. Arborist-utdanninga har toppskår med 5,0 på det sosiale miljøet og 4,9 på det faglege miljøet. Alle respondentane på Arborist utdanninga svarar at dei er svært nøgde med det sosiale miljøet.

Med så store variasjonar er det vanskeleg å finne universelle tiltak for skulen. Nokre utdanningar skårar forholdsvis lavt på mange av parameterane, og har større forbedringspotensiale. Andre utdaningar skårar høgt på alle parameter. Kvar enkelt avdeling/utdanning har utarbeidd sine eigne handlingsplanar for å forbetre resultatata.

Lærarundersøkinga er ikkje skåra i forhold til utdanningane, men vi har eit samla resultat for heile skulen. Difor er det vanskeleg å seie om det er samsvar mellom lærarundersøkinga og Studiebarometeret. Lærarundersøkinga er også ei lokal undersøking, slik at vi ikkje har ei nasjonal referanseramme. 87 lærarar har svart på undersøkinga, noko som er 43,1 % av dei som hadde moglegheit til å svare.

Om lærarane er aktive i å diskutere undervisnings- og vurderingsformer er eit av spørsmåla i undersøkinga, med ei skår på 4,1, som er 0,2 høgare enn i fjor. Lærarane er stort sett nøgde med kvaliteten på utdanninga, med ei skår på 3,8. Fire prosent av dei som svarer er i liten grad einige i at kvaliteten er god, medan resten av lærarane svarar «i nokon grad» eller betre. Innhaldet i utdanninga skårar også 3,8, noko som er 0,3 høgare enn i fjor.

Det fysiske læringsmiljøet (rom, utstyr, IKT) er blant det som skårar dårlegast. Dette vil variere mellom utdanningane og avhenge av kva studiestad den enkelte lærar underviser. Tre prosent svarar at det fysiske læringsmiljøet er svært lite godt, og 12 prosent svarar at det er lite godt. Gjennomsnittsskåren er 3,3, same som førre skuleår.

Den største framgangen samanlikna med førre skuleår er samarbeidet med arbeidslivet, med ein auke på 0,4 til 3,3. Samarbeidet med arbeidslivet er viktig for fagskulen som skuleslag, og for å ha ei relevant undervisning.

6. Resultatkvalitet

Tabellen under gjer ein oversikt over produksjon av studiepoeng sett opp mot tal på studentar fordelt på dei ulike studiestadene. Framleis produserast det mest i vårsemesteret, men det er ein auke frå haust 2023 til haust 2024 i produksjon. Vi vil sjå meir produksjon om hausten framover grunna endringar i struktur for enkelte utdanningar der ein har valt å dele opp i fleire emnar og gjere emna ferdig meir som modular fortløpande, enn å la emna gå over fleire semester.

Studiestad	Tal studentar			Studiepoengproduksjon		
	Vår 2023	Haut 2023	Vår 2024	Vår 2023	Haut 2023	Vår 2024
Austevoll	50	40	40	2065	561	1623
Førde	520	505	505	13262	1257	15381
Hjeltnes	35	40	35	352	120	1116
Måløy	55	55	50	3284	0	2904
Nordnes	880	970	915	21018	12477	23195

Nygård	130	150	145	6234	1370	7562
Stord	70	70	50	3805	608	2866
Voss	60	65	65	689	195	1814
Sum	1800	1895	1805	50709	16623	57295

Det kan vidare vere nyttig å samanlikne oss med andre fagskular når det gjeld produksjon av studiepoeng. Som tabellen under syner er vi tredje største fagskule talt i studentar, men den skulen som produserer mest studiepoeng. En meiner at dette kan ha ein samanheng med at vi er den skulen med flest studentar på heiltid, og at fleire studentar hos oss tar meir enn 10 studiepoengsemne (større omfang pr. student).

Institusjon	Tal studentar	Studiepoengproduksjon
Fagskolen Vestland	1929	57 295
Fagskolen i Viken	2646	46 541
Fagskolen Innlandet	1843	43 940
Fagskolen Rogaland	2153	28 688

Fullførte utdanningar

Våren 2024 var det 600 studentar som fullførte ei utdanning ved fagskulen, mot 530 året før.

Studiestad	2022		2023		2024
	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår
Austevoll	25		25		15
Førde	80		105		160
Hjeltnes	25		0		20
Måløy	25		25		25
Nordnes	225		280	10	260
Nygård	80		50		55
Stord	20		25	20	45
Voss	25		20		20
Sum	495	0	530	30	600

Fordeling gjennomførte vurderingar og resultat

Om ein skulle lest tabellen under etter normalfordelingsprinsippet vil ein sjå at det avvik nokke. Normalfordelt ville vi hatt flest Cer, og det ville elles fordelt seg ut på dei andre karakterane med færrast på A og F. I tabellen under er vi ikkje på emnenivå men på studiestad, og det vil sjølvstapt variere frå emne til emne innan dei ulike studiestadane. Eksempelvis har studiestad Førde eit høgare tal på Aer og Ber, sett i forhold til studiestad Nordnes som kanskje ligg nærare den fordelinga ein kan forvente (normalfordeling). Det kan vere mange ulike årsaker til dette, og det ønsker vi å undersøke nærmere.

Vår 2023								
Studiestad	B	IB	A	B	C	D	E	F
Austevoll			10	25	40	20	30	5
Førde	70	30	300	400	325	100	25	20
Hjeltnes			5	10	10			
Måløy	15		30	60	80	50	5	
Nordnes	150	15	145	505	600	205	65	30
Nygård	55	10	40	150	145	90	40	
Stord			20	85	130	60	10	
Voss				20	30	5		
Tal vurderte	290	55	550	1255	1360	530	175	55
Vår 2024								
Studiestad	B	IB	A	B	C	D	E	F
Austevoll	30	5	5	30	30	30	35	15
Førde	45		240	570	380	130	35	5
Hjeltnes			45	95	50	15	10	
Måløy	15		60	70	40	20	5	5
Nordnes	80	10	240	590	625	210	80	30
Nygård	5		55	135	205	130	40	30
Stord	5		10	60	115	40	10	
Voss				20	55	30	15	
Tal vurderte	180	15	655	1570	1500	605	230	85

B = Bestått

IB = Ikkje bestått

A-F = karakterskala

7. Relevanskvalitet

Relevanskvalitet skal seie noko om studentane sin kompetanse etter slutført utdanning er relevant for arbeidslivet. Fagskulane vert ofte omtala som arbeidslivet sin skule og det ligg eit særleg krav til våre utdanningar om at dei skal fylle eit gitt kompetansebehov i arbeidslivet. I Lov om høgare yrkesfaglig utdanning er dette presisert. Studentane skal kunne gå ut i jobb utan meir utdanning. Arbeidslivsrelevans er satt opp som eit av fire satsingsområde i strategien til Fagskulen Vestland, og fagskulen har utarbeid handlingar som skal stette dette punktet.

Fagskulen ser at det er eit aukande behov for den kompetansen som våre kandidatar skal tileigne seg i løpet av eit studium. Kompetansebehovsutvalet peikar også på eit veksande behov for fagskuleutdanningar, NHO sit årlege kompetansebarometer synleggjer også dette.

Fagskulen Vestland har ikkje eigne kandidatundersøkingar, men nasjonale undersøkingar synar at om lag 90% av kandidatane er i relevant arbeid etter at utdanninga er gjennomført. Men det er forskjellar mellom utdanningar. Særleg kan det vere verdt å nemne at fagskuleutdanningar som rettar seg inn mot økonomi og administrasjon og IKT. Dette er utdanningar som har lågare forankring i arbeidslivet, og studentar herifrå har lågare score når det gjelder relevant arbeide etter avslutta utdanning.

Fagskulen Vestland har på eit overordna nivå eit tett og godt samarbeid med relevant arbeidsliv. Dette arbeidet har vi sagt som ein del av strategien vår skal institusjonaliserast. Noko av tanken bak dette er å unngå at denne type nettverk vert for personavhengig, sjølv om kjernen i slike nettverk bygg på

personlege relasjonar. Fagråd har vi vedtatt skal vere ein del av det tette samarbeidet mellom utdanningane. I rapportering tilbake frå utdanningane ser vi at dei fleste utdanningane har slike faste møter i løpet av eit år. Men det er framleis ikkje alle utdanningane som har dette formalisert, det betyr ikkje at dei ikkje har eit tett samarbeid med arbeidslivet, men at det ikkje er like formalisert som eit fagråd skal vere. Dette vert det arbeida vidare med for å sikre fagskulen den naudsynte koplinga mot arbeidslivet.

Dei tradisjonelle tekniske utdanningane har som siste del av studiet ein oppgåve knytt til eit prosjekt. I fagskulesamanheng så kallar vi dette hovudprosjekt. Desse prosjekta er i stor grad knytt til å løyse eit problem/utfordring i ein verksemd. Prosjektoppgåva har høg verdi for verksemd. Fleire utdanningar vel etter kvart same modell som maskin avdelinga ved studiestad Nordnes, der ein innviterar inn arbeidslivet til ein utstilling av dei ulike prosjekta som studentane har jobba med det siste halve året. Vi har mange gode samarbeidspartnarar i arbeidslivet knytt til desse oppgåvene. Det at arbeidslivet kjem år etter år med problem dei ønskjer løyst er ein god kvalitativ indikator på høg relevans. Desse arbeida er med på å knytte fagskulen enda tettare til arbeidslivet og bidreg til å halde arbeidslivsrelevansen høg.

Etter og vidare utdanning- kortare utdanningar

I 2024 starta Fagskulen Vestland ei satsing på kortare utdanningar knytt til etter- og vidareutdanning (EVU) gjennom industrifagskulen og bransjeprogram. Frå hausten 2024 etablerte vi ei eiga EVU-avdeling knytt til denne satsinga.

Det er ei stor satsing nasjonalt knytt til EVU, og ordningane med etter- og vidareutdanning har eksistert nokon år og Fagskulen Vestland har vert god på denne satsinga, men vi har også sett at det kan vere vanskeleg med mobilisering av deltakarar. Det får konsekvensar for studiar vi har utvikla tett saman med arbeidslivet. I Odda hadde fagskulen ein stor satsing for kompetanseheving av fagarbeidarar knytt til digitalisering og kunstig intelligens. Dette studiet treffe veldig godt på relevans og mengda som skulle kompetansehevast var satt til om lag 200 medarbeidarar knytt til dei store verksemda i Odda. I 2024 har dette stogga opp av ulike grunnar.

I Florø har vi i 2024 haldt fram med det gode samarbeidet med arbeidslivet særleg knytt til Fjordbase miljøet og har hatt fleire utvikla studiet Min arbeidsplass, dette studiet treffer også veldig godt behovet til arbeidslivet i Florø, studiet er ein del av maskinutdanninga til fagskulen. Studiet er fullteikna våren 24, og har også vært tilbydd til arbeidslivet i Måløy regionen. Også der fullteikna.

På Stord har vi gjennomført ein ny runde med EX utdanning(arbeid med elektriske installasjonar i eksplosjons farlege omgjevnader). Det treffer veldig godt behovet til arbeidslivet i Vestland. På Stord har vi også utvikla utdanningar knytt til EMC (elektro magnetisme) og utdanning innan prosjektstyring.

Alle desse prosjekta bidreg i stor grad til at Fagskulen Vestland samla sett har god yrkesrelevans ved fleire av dei store utdanningane. Desse nye utdanningane er finansiert gjennom diverse utviklingsutlysingar frå HK-DIR, og det vert viktig for Fagskulen Vestland at skulen har vidare kapasitet til å halde fram med denne utviklinga.

Når fagskulen samarbeider tett med arbeidslivet som desse prosjekta tek utgangspunkt i, så ser vi også at relevans i studia ofte er avhengig av kva bedriftene har av trong for av arbeidskraft. Det varierer både mellom fagområde og kvar dei ulike verksemdene er lokalisert. Det er forskjell på utdanningane vi har utvikla i Florø og dei vi har utvikla på Stord, sjølv om utviklinga går føre seg innan same fagområdet- mekanisk. Dette er også viktig del av relevansen at den er tilpassa lokale behov. Dette er ikkje alltid like godt kommunisert, men er ein sær viktig del av å skape relevans både innan faga og ha det lokale perspektivet med oss. Samhandlinga Fagskulen Vestland har med dei fire studiesentera i fylke er blitt ein god hjelp for oss og bidreg til at den lokale arbeidslivsrelevansen vert ivareteken.

Korleis arbeidast det med relevans ved utdanningane

Fleire utdanningar arrangerer i løpet av året fagdagar der arbeidslivet vert invitert inn til fagskulen og vi ser gjennom desse møta at Fagskulen Vestland sine uteksaminerte kandidatar er særst attraktive i dagens arbeidsmarknad.

Det er om lag 80% av studentane ved Fagskulen Vestland som er i relevant arbeid før dei startar på eit studiet. Det er berre dei maritime utdanningane som ikkje har eit fleksibelt løp men berre har heiltidsstudentar. Desse utdanningane er styrt av internasjonale konvensjonar og er jamleg revidert slik at myndigheitene sikrar seg at utdanningane ved Fagskulen Vestland er i tråd med desse. I dei maritime utdanningane våre er relevansen sikra gjennom årelege revisjonar og fem års revisjonar frå sjøfartsdirektorat. Utdanningane våre ved studiestad Nygård og Austevoll er alle klassegodkjent i fem år fram til 2029. Alle studentane innan dei maritime faga er i relevant jobb etter avslutta utdanning.

Dei tekniske utdanningane har ein stor overvekt av studentar som er i full jobb. Ved studiestad Førde er det berre samlingsutdanningar, ved studiestad Voss og Hjeltnes er det også berre samlingsutdanningar. Dette er ein utvikling som går raskt og som gjer at attendemeldingar frå denne studentgruppa er viktig i høve til relevans. Denne organiseringsmåta av utdanningane er gull verdt for Fagskulen Vestland. Vi får inn studentar som dagleg arbeidar innan bransjane vi utdannar til. Det er desse som har skoa på.

Studentane må svare på følgjande påstand: «Eg får kompetanse som gjer at eg kan gå rett ut i arbeidslivet utan ytterlegare utdanning». I 2023 så vi at dette punktet hadde ein negativ utvikling frå 2022. Tala for 2024 synar at utviklinga går rett veg. I undersøkinga svarar 71% at dei får den kompetansen ein treng. Scoren ligg samla på 4,1 som er opp frå 3,9 i fjor. Det er ein gledeleg utvikling, som må følgast over litt tid. Det er variasjonar mellom utdanningane som syner at utdanningane må ha tydeleg fokus på dette framover.

Vidare seier 71% av studentane at dei får ein kompetanse som er viktig for arbeidslivet, også på dette spørsmålet er det ein oppgang frå i fjor (68%). Dette er ikkje store variasjonar og ser vi på tala frå 2022 så var det 70%. Men scoren er god og skulen samla ligg på 4,0 som er målsetninga.

I lærarundersøkinga svarar om lag 70 % at dei er samd i følgjande påstand: «Er pensum oppdatert og tilpassa utviklinga i samfunn og arbeidsliv?». Dette talet har ein auke frå i fjor og året før. Då var dette 60%. Dette gjer eit godt overordna bilde på at arbeidslivsrelevansen er god..

Forventningane til studentane om at fagskulen skal gje høve til å knytte kontakt med bedrifter og auke sjansane deira på arbeidsmarknaden, har fagskulen overtid ikkje vært gode nok. Men i svara frå 2024 så ser vi ein gledeleg utvikling 45% av studentane er samd eller heilt samd i følgjande påstand: «Representantar for arbeidslivet bidrar på en god måte i undervisning, prosjektarbeid, praksis, ol». I 2023 så hadde fagskulen ein negativ utvikling på denne påstanden. Den falt frå 30% til 25%. Det er ein veldig god utvikling at heile 20% av studentane svarar meir positivt på denne påstanden enn dei gjorde i 2024. Mange utdanningar leigar inn spisskompetanse frå arbeidslivet som ekstra motivasjon undervegs i utdanningane. Dette kostar oss noko ekstra, men tanken bak er at vi vert ein meir attraktiv institusjon. Så langt ser det ut til at dette treffer godt.

Speglar vi dette mot lærer undersøkinga så seier 34 % at dei er einig eller heilt einig i påstanden «samarbeider eg med arbeidslivet for å halde undervisninga oppdatert» dette er ein auke frå 28% i fjor. Utviklinga er god men framleis er dette eit arbeid som det må haldast trykk på. Fem % svarar at dei er heilt ueinig i denne påstanden. I fjor var dette 11% så det er ein god utvikling både på topp og botn i svara. I 2022 var det 16% som var heilt ueinig med påstanden, og 25% som var einig eller heilt einig. Det er å håpe at denne utviklinga hald fram med ei positiv utvikling. Den er viktig for relevansen.

Oppsummering

Spørsmåla om utdanningane til Fagskulen Vestland er relevante og om studentane opplever å gå direkte i relevant arbeid etter utdanningane, er ikkje gode nok til å belyse denne kvalitetsindikatoren. Til det trengs ein meir spesifikk kandidatundersøking. Fagskulen Vestland har i 2024 starta etableringa av ein eiga alumniordning. Dette er nybrottsarbeid for fagskulesektoren og det vil nok gå noko tid før vi ser gode resultat frå dette arbeide.

Utifrå svar vi har fått dei seinare åra er studentane, som hovudbilete trygg på at utdanningane fagskulen tilbyr er arbeidslivsrelevante. Studentane er ikkje så nøgd med fagskulen sin bruk av arbeidslivet anten i undervisning eller i andre samanhengar. Lærarane ved Fagskulen Vestland er meir positiv til dette bilete og meiner at samarbeidet er godt, men at det kan bli betre.

Fagskulen Vestland utviklar nye utdanningar med ulikt omfang som ein respons på arbeidslivets behov for kompetanse, og desse utdanningane er fagskulen trygg på er relevante.

Fagskulen Vestland har hatt som satsingsområdet at det både skal etablerast meir strukturert samarbeid med arbeidslivet kring utdanningane og at det skal vere lokale studentråd etablert ved utdanningane. Begge desse arenaene for dialog vil kunne gje oss eit betre bilete av kva forventningar både arbeidslivet og studentane våre har til utdanningane vi tilbyr. Det er ein klår forventning frå leiinga ved skulen at dette arbeidet prioriterast framover. I tillegg må det også gjerast noko med kunnskapsgrunnlaget for sektoren. I statsbudsjettet vart det satt av pengar til å starte forskingsprosjekt knytt til fagskule utdanning, der relevans vert ein del av forskinga. Det er likevel slik at Fagskulen Vestland bør prioritere arbeidet med kandidatundersøkingar og undersøkingar ut mot arbeidslivet.

8. Styringskvalitet

Fagskulesektoren har vore i ei omstilling over fleire år. Det har blitt gjennomført tydelege grep både i forhold til struktur, rammer, utvikling og kvalitet. Oppfølging av stortingsmeldinga som kom i 2016 satt ein tydeleg retning på kva fagskulane skulle bli. Meldinga inneheldt 48 tiltak som alle er vorte iverksett. Skuleslaget har fått større handlingsrom gjennom å kunne få fagområdeakkrediteringar, som betyr å få fullmakter til å akkreditere eigne utdanningar. Sektoren har hatt ein dobling i tal studentar i frå 2016 og fram til 2024. Sektoren har fått delteke saman med resten av UH sektoren i bransjeprogram, ein har etablert industrifagskulen og jamt og trutt auka beløpet til kvalitetsutviklingstiltak. Regjeringa har delvis følgd opp sine lovnadar om nye studieplassar gjennom statsbudsjett kvart år. Dei siste åra har det vorte løyvd 500 nye plassar gjennom statsbudsjettet. Statsbudsjettet for 2025 inneheldt 1000 nye plassar. Fagskulen Vestland har kvart år søkt på nye plassar. Og vi har fått nye plassar tildelt, som bidreg til at vi kan helde fram med vekst.

Gjennom skuleåret 23/24 har vi haldt fram med vekst og vi har om lag 1980 studentar som har delteke på ein av dei mange utdanningar som skulen tilbyr.

Gjennom dette året har vi haldt fram med å utvikle og akkreditere nye utdanningar, Pommelier utdanninga vår ved studiestad Hjeltnes starta opp våren 2024. Dette er verda første utdanninga innan Cider bransjen og den har vært sær populær. Vi har vidare arbeida med ein ny utdanning innan fartøyvern, Vann og avløpsteknikk og Solcelle produksjon. Alle desse utdanningane er utarbeida i tett samarbeid med arbeidslivet. Vi satsar på å få starte fleire av desse utdanningane i 2025.

I 2025 kjem ein nye fagskule melding til Stortinget, og signala som kjem er at utviklinga vil halde fram og at fagskulesektoren vil verte enda viktigare både for nasjonal og lokal kompetansepolitikk.


I 2024 vart også lov om akkreditering endra slik at Fagskulesektoren også skal kunne bli institusjonsakkreditert. Dette vil bidra til ein enda sterkare vekst i sektoren og Fagskulen Vestland skal vere ein del av dette.

I 2024 søkte Fagskulen Vestland om nye studieplassar retta mot det verdiskapande arbeidslivet i Vestland. Industrien i Vestland står overfor omstillingar og ein overgang til eit grønt skifte. Det er viktig at fagskulen er med å stettar denne omstillinga. I Førde starta vi utdanninga grøn omstilling i byggenæringa, som er eit framtidsretta studiet mot byggebransjen som etter kvart vil måtte levere rekneskap innan miljø. Foreløpig har ikkje dette vore ein stor suksess, men dette er framtida og det er å forvente at bransjen også ser dette etter kvart. Dette er den einaste utdanninga innan sitt slag i norge, utvikla i tett samhandling med bransjen. Fagskulen Vestland ønskjer også å tilby fleire utdanningar innan elektro, automasjon og digitalisering. Desse utdanningane er sentrale i overgangen til ein meir grøn industri.

Ved Fagskulen Vestland er om lag 86% av produksjonen vår innan det tekniske område; 6% innan dei maritime faga, 4% innan helsefaga og 4% innan dei grønne faga.

Samanlikna med t.d Fagskolen i Rogaland er fordelinga av produksjonen vår overraskande forskjellig, då ein gjerne tenkjer at arbeidsmarknaden er ganske lik som i Vestland. Sjå tabell under.

Fagskuletilbod fordelt på utdanningsområde



Kjelde: DBH 2023

Samanlikna med dei andre store fagskulane i landet så har også Fagskulen Vestland hatt ein god vekst dei seinaste åra, særleg er veksten ved studiestaden Førde stor. Studiestaden har dei seinaste åra utvikla fleire utdanningar som treff marknaden godt. Bygningssakkunnig starta i 2020 og BIM utdanninga starta i 2021, handverksysting starta 2021 og Grøn omstilling i byggebransjen starta hausten 2024. I tillegg har studiestaden vore aktiv innan industrifagskulen og desentral og fleksible utdanningar.

Studiepoengs produksjon 2023-2024

Fagskule	2023	2024
Vestland	50 709	57 295
Viken	47 428	46 541
Innlandet	32 627	43 990
Rogaland	43 879	28 688

Kjelde: DBH 2023

Tabellen synar at Fagskulen Vestland er den institusjonen som produserer flest studiepoeng noko som igjen synar at Fagskulen Vestland har ein høg gjennomføringsgrad blant våre studentar. Utviklinga i frå 2023 er god vi har en auke på om lag 15% i Studiepoengs produksjonen. Dette vil gje oss ein inntektsauke i 2026 på om lag 3 millionar. Vi ser av tabellen at også Fagskolen Innlandet har ein god vekst, mens både Viken og Rogaland har ein negativ utvikling. Desse tala svingar nok frå år til år, men Fagskulen Vestland har dei siste åra hatt ein god utvikling og vi er størst blant dei offentlege fagskulane.

Strategi

I desember 2022 vedtok styret den nye strategien for Fagskulen Vestland 2023-2027. Effektmålet vårt for perioden er at Fagskulen Vestland skal bli den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland. Det er sett opp fire område som skal støtte opp kring effektmålet.

Arbeidslivsrelevans

Noko av det vi har slått fast er at det skal etablerast fagråd eller anna strukturert samarbeid med arbeidslivet. I utdanningane sin gjennomgang er det framleis ikkje alle utdanningane som har fått dette på plass. Nokon er i ferd med å etablere råda og Rektor har understreka viktigeita av å denne form for samarbeid på plass.

Profesjonalisering

Fagskulen Vestland er framleis inne i oppbygging av ein ny organisasjon. Vi vil også framover trenge å bygge kompetanse for å handtere vidare vekst og behalde og utvikle kvaliteten vår i alle ledd. Fagskulen har framleis ambisjonar om ISO sertifisering og jobbar saman med åtte andre fagskular kring dette prosjektet. Ny forskrift for vurdering skal implementerast i løpet av 2025.

I 2024 var studiestad Nygård og Austevoll revidert og re klassifisert av Sjøfartsdirektoratet. Noko manglar vart avdekkja men ikkje større enn at fagskulen kan halde fram med å utdanne særskilt viktig arbeidskraft til den maritime næringa i fem år til. I 2026 skal Studiestad Måløy gjennom same klassifisering. Dei årlege revisjonane frå DNV vart gjennomført ved alle dei tre studiestadane som tilbyr maritim utdanning. I tillegg har den nye KS leiaren gjennomført interne revisjonar ved alle dei andre utdanningane ved fagskulen. Alt dette bidreg til å fremje ein god kvalitets kultur.

Læringsmiljø

I 2024 satt vi som mål at svarprosent i studiebarometeret skulle vere 60%. Resultatet vart 50% og Rektor er nøgd med at vi har ein god auke i frå 2023. Det betyr også at svara frå undersøkinga vert meir valide. Men det er også meir krevjande å ha eit slikt lågt år som vi hadde i 2023 inne i tidslina på data. Vi vil helde fram med å jobbe slik at studentane ved fagskulen svarar.

Vi har sagt i strategien vår at utdanningane skal etablere lokale studentråd. Dette for å sikre ein god og strukturert tilbakemelding og samhandling med studentane. Alle utdanningane meld tilbake at dei har eit godt og strukturert samarbeid med studentane. Ikkje alle har etablert lokale studentråd, men dette er snart på plass alle stedar.

Studentane får ein god innføring i korleis ein melder avvik i KS systemet og fagskulen får også synspunkt på læringsmiljø gjennom dette systemet.

I 2024 etablerte skulen også læringsmiljøutval som er læringsmiljøets, arbeidsmiljø utval. Dette ser vi også kjem inn som krav i lovverket i samband med forskrift om institusjonsakkreditering.

Rektor og administrasjonsleiar har hatt møte med studentrådsleiar ein gong i månaden gjennom heile 2024.

Studentassistentar har også i 2024 vorte brukt ved Fagskulen Vestland, tiltaket er godt i høve til å hindre at studentar fell frå studia. Dei bidreg også til skape gode læringsmiljø.

Vere synleg

Fagskulen Vestland tok i 2024 i bruk den nye logo og profil, samt ein ny strategi i kommunikasjon. Av søkjartala i frå våren 2024 så ser vi at søkjartala stig. Det er vanskeleg å seie om måten vi kommuniserer på er avgjerande for søkjartala, men det er sannsynleg at det har ein påverknad. Søkjartala var opp med 15% på dei studia vi la ut i samordna opptak. Det har aldri før vore ein så sterk auke i søkjartala. Nokre utdanningar hadde mellom 30 og 50% auke. Størst vekst hadde dekksoffiser i Måløy med ein tredobling av søkjartala frå 2023. Dette er særskilt gledeleg.

Det var først i februar 2024 at vi starta med å måle trafikken på heimesida vår. I løpet av tida frå februar til og med november 2024 har vi hatt om lag 90 000 unike brukarar på heimesida. Vi ser at toppane ligg rundt søkjarfrist 15 april samt når vi køyrar ulike kampanjar. I snitt er brukarene inne på sida vår i om lag fire minuttar. Om lag 50% av trafikken kjem via Google, 30% skriv adressa direkte, medan resten kjem via andre søkjemotorar og sosiale media.

Hausten 2024 spurde vi dei nye studentane kor dei fekk informasjon frå om Fagskulen Vestland. Heile 65% svara at dei fekk informasjonen frå www.fagskulen.no. Vi har i 2024 arbeida med å optimalisere heimesida til Fagskulen og vil lansere ein ny side i god tid før søkjartidspunkt i 2025.

Fagskulen gjekk også inn i ein marknadsføringskampanje i samband med Arendalsuka. I den kampanjen var det fokus på utdanninga grøn omstilling i byggenæringa.

Arbeidstidsavtalar og Økonomi

I 2024 var det framforhandla ein ny arbeidstidsavtale for det pedagogiske personalet ved Fagskulen Vestland. Avtala tok utgangspunkt i kor stor lærarressurs en treng for ein gruppe med studentar. Avtala er enkel og forhalda seg til, men det er ein dyr avtale for Fagskulen Vestland. Avtala vart delt inn i to hovudgrupper:

Gruppestorleik	Årsverk
1-14	Forhandlast på Rektornivå
15-24	1,8
25-34	1,9
Over 35	Forhandlast på Rektornivå

Avtalen har nokre svakheiter og Rektor har eit ønskje om å seie den opp og reforhandle avtala. Den er sentraliserande og den er diskriminerande for utdanningar vi skal tilby. Eit eksempel : ein gruppe med 18 studentar gjer oss ein inntekt på $18 \cdot 85\,000 = 1,53$ millionar og utgiftene berre til undervisning er på om lag 1,8 millionar. Dess større gruppene blir vert det betre balanse. Derfor er det eit mål om å ikkje ha mindre grupper enn td. 22 studentar som gjer oss ballanse, men det vil ha betyding for ein desentral struktur. Innan helsefaga har Fagskulen Vestland stor konkurranse, særleg i Bergen. Det er pt seks tilbydarar innan helsefag. Fagskulen kan konkurrere på kvalitet, men ikkje på utgifter. Våre konkurrentar leverer tilbod som kostar langt mindre enn det vi gjer.

Inntekter

Fagskulen sin hovudinntektskjelde finn vi att i årleg statsbudsjett knytt til løyvingar om nye studieplassar. Det er fylkeskommunane som får dei nye studieplassane, og så fordel dei tilskot til dei fagskulane som har søkt fylkeskommunen. Fagskulen Vestland har fleire konkurrentar om desse midlane. I 2024 fekk Vestland fylkeskommune 46 nye studieplassar, Fagskulen Vestland fekk 20 av desse. I statsbudsjettet for 2025 er det 1000 nye plassar til fagskulesektoren, 100 til industrifagskolen og 900 til ordinære plassar. Fagskulen Vestland har søkt på om lag 160 av desse.

I tillegg har også Fagskulen Vestland inntekter knytt til kursverksemd, som i hovudsak er lokalisert ved studiestad Nygård og er knytt til petroleumsnæringa. Potensialet for kursinntekter er stort. Næringa har behov for kurs, og dei betalar godt. Fagskulen sitt simulatoranlegg er blant dei beste i Norden, og vi har jamt og trutt utvikla anlegget. Vi kunne gjennomført langt fleire kurs, men dette er krevjande innimellom hovudproduksjonen vår som er studentar i utdanning.

I dei tre føregåande åra har Regjeringa løyvd 500 plassar til fagskulesektoren. Fagskulen Vestland konstaterer at Vestland fylkeskommune vel å gje hovudtyngda av plassane til helse utdanningar om lag 80%, og er lite villige til å stette opp om dei verdiskapande næringane i Vestland. Dette gjer at det kjem enda fleire private tilbydarar inn på helse sida. I 2024 vart det gitt 20 studieplassar til Folkeuniversitetet Fagskole ein skole som i august 2024 gjekk konkurs. Fagskulen Vestland har etterlyst fleire gonger ein heilskapleg kompetansepolitikk som ikkje berre tek utgangspunkt i nasjonale behov men i Vestland sitt behov. Vi er det største verdiskapande fylket i landet, der bør speglast meir i tildelingane.

Fylkestinget vedtok å gje Fagskulen Vestland ei ekstra økonomisk løyving i juni 2024, slik at vi mellom anna kunne starte ei utdanning innan Frukt og Bær ved studiestad Hjeltnes. Ei utdanning som er sær

viktig for verdiskapinga i distrikta. Fagskulen Vestland har gjentatte gonger søkt om pengar til Pommelierstudiet, til Handverksysting og det nemnte frukt og bær studiet, utan resultat.

I løpet av 2024 fekk Fagskulen Vestland etter gjentatt etterlysing etter dei statlege midlane som vart tildelt fylkeskommunen etter Regjeringa avvikla, som eit ledd i tillitsreforma, tilskotsordninga til desentrale studiar. Vedtaket i Fylkeskommunen vart fatta i slutten av mai. Statsbudsjettet vart vedtatt i desember.

Kvalitetsutvikling ved Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland er som den største maritime fagskulen i landet revidert ved jamne mellomrom frå DNV – Sjøfartsdirektoratet og egne interne revisjonar. Grunnlaget for å drive desse sertifikatgjevande utdanningane finn ein i standaren knytt til «Martime training provider» siste versjon i frå 2017. Når det gjeld dei øvre utdanningane ved Fagskulen Vestland er ikkje desse underlagt same krav. Fagskulen Vestland har likevel valt å ha eit kvalitetssystem som tek utgangpunkt i denne standaren, og har i gong eit arbeid med å verte ISO sertifisert etter ein gitt standar knytt til utdanning. Denne er ikkje ulik MTP, men er meir omfattande.

Våren 2024 fekk Fagskulen Vestland papira frå Sjøfartsdirektorat, etter ein omfattande fem års klasse revisjon, på at studiestad Nygård og studiestad Austevoll kan drive med maritim utdanning i fem nye år. Våren 2026 skal studiestad Måløy gjennom same revisjon.

For å følgje opp same revisjonspraksis ved dei øvre utdanningane har det i 2024 vorte gjennomført interne revisjonar ved alle utdanningane. Desse revisjonane gjer oss eit godt bilete av kva situasjonen er ved fagskulen. I desse revisjonane vert både studentar, lærarar og leirar spurt og prata med. Her er spørsmål om både undervisningskvalitet, styringskvalitet og lærings og arbeidsmiljø tema. Det vert også i desse revisjonane skreve avvik om det er naudsynt.

I samband med skriving av årets kvalitetsmelding, skal kvar utdanning gjennomføre ein eigen «leiingas gjennomgang». I denne gjennomgangen skal dei ha fokus på resultatmål sett i strategien samt årets KPI ar. Fem av utdanningane skal presentere sine resultat av dette for Fagskulestyret. Dette er ein ny måte å jobbe på og handlar i stor grad om å ta eigarskap til «sine» utdanningar. Ikkje alt har gått på skjener i dette arbeidet og noko skuldast eit forholdsvis høgt sjukefråvær i administrasjonen som skal støtte dette arbeidet med analysar av tal med meir. Difor er også denne meldinga forsinka for 2024.

KPI 2024

I samband med fagskulestyret si handsaming av kvalitetsmeldinga 2022-2023 vart det vedteke 9 KPI-ar som skulle følgjast opp i 2024. Under vert desse vist og omtalt i høve oppfølginga.

1. Auke søkjartala med 5 %

Fagskulen Vestland auka søkjartala våren 2024 med om lag 14%.

2. Auke oppfylingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %

Fagskulen Vestland auka oppfylingsgraden ved inntaket i 2024 i frå 72% oppfylling i 2023 til 80% oppfylling av plassane i 2024. Dette er ein auke på om lag 12%. Det er ein god utvikling og vi utnyttar meir av dei ledige plassane våre.

3. Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar

Alle utdanningane arbeider tett med arbeidslivet, men ikkje alle har fått på plass gode nok strukturar kring dette arbeidet. Målet er at alle skal etablere fagråd eller tilsvarande faste møtepunkt gjennom året. Dette må dokumenterast.

4. Utvikle minst ei utdanning innan grøn omstilling

Fagskulen har i 2024 arbeidet med å utvikle ein utdanning innan solenergi på 120 studiepoeng.

5. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret

Når det gjeld området undervisning så ligg den totale scoren for Fagskulen Vestland på 3,6, noko som er ein forbetring frå 2023, men ligg noko under nasjonale tal. Området yrkesrelevans har ein god utvikling men scoren er framleis under målsetninga om 4. Scoren er også svakt under nasjonale tal. Scoren i 2024 er 3,7.

I området vurderingsformer så har Fagskulen Vestland ein liten oppgang frå året før og hamnar på ein score på 4,0.

Desse tala visar ein total score på heile skulen. Det er noko variasjonar mellom dei ulike utdanningane. Difor er det viktig at utdanningane sjølv finn kva dei må forbetra.

6. Overordna tilfredsheit med Fagskulen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret

Den overordna tilfredsheit har ein score på 3,9 noko som må seiast er bra. Det er ein liten framgang sidan i 2023, og det arbeidast godt med arbeids og læringsmiljø ved skulen.

7. Auka trafikken på heimesida vår med 20%

Vi har hatt målingar på trafikken på heimesida vår sidan februar 2024. Det har vert jamt godt besøk på sida våre og ein har over 90 000 unike brukarar. Studentane svarar at dei som hovudregel nyttar seg av sida for informasjon om dei ulike studia. Det er eit prioritert arbeid å utvikla ein ny heimeside som er meir brukarvenleg og som speglar betre kva fagskulen har av tilbod. Denne skulle lanserast hausten 2024 men er utsett til 2025 pga. kapasitets utfordringar.

8. Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret

Fagskulen Vestland oppnådde ein score på 50% noko som er nesten ein dobling frå året før da tala var 26,4. Dei nasjonale tala ligg på 35% så vi er nøgd med scoren sjølv om målsetninga på 60% vart nådd i 2024.

9. Auka gjennomføringa ved Fagskulen Vestland.

Det er krevjande å måle godt på gjennomføring. Vi har framleis eit noko tynt kunnskapsgrunnlag kring dette. Det som er ein god variabel på dette er studiepoengs produksjon, om den aukar så er det ein av fleire indikatorar på at gjennomføringa vert betre. Men det er sjølv sagt også slik at om fagskulen aukar tal studentar mykje eit år så vil ein forvente at studiepoengs produksjonen aukar tilsvarande. I 2024 aukar studiepoengs produksjonen meir enn fagskulen har auka studenttala. Dette er då ein klår indikator på at fleire studentar fullfører den utdanninga dei har begynt på.

Oppsummering

Alt i alt er rektor nøgd med arbeidet som vert gjort ved Fagskulen Vestland. Det er framleis utfordringar med samarbeid mellom studiestadane og arbeidet med å knytte oss tettare saman held fram. Rektor gjennomførte leiarmøte ein gong i veka i 2024. Desse vart gjennomført på teams. Det har vært gjennomført tre fysiske leiarsamlingar i løpet av 2024, noko vi har trekt ned noko på grunn av trong økonomi. I august hadde vi i samband med opplæring og kompetanse sitt KI arrangement i Grieghallen ein påfølgjande samling med alle lærarane ved Fagskulen Vestland. Arrangementet vart gjennomført ved studiestad Nordnes. Dette kostar ein del, men det er ein del av naudsynt kulturbygging.

Satsingsområde for 2025

Det har vert diskutert ulike område for kva som skal prioriterast for 2025. Noko av dette arbeidet må også fange dei statlege og regionale styringssignala. I 2024 vart tal på KPI-ar ni, det er etter rektor sitt syn i overkant mykje og i 2025 vil dette verte føreslått redusert.

OKR(Objectiv Key Results)

1. Fagskulen Vestland skal auke søkjartala med 10%
2. Organisering av studieprogrammet skal ha ein skåre på 4,0
3. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformar skal ha ein skåre på 4,0 i studiebarometeret
4. Sikre at studentenes innspill og forbedringer vert fulgt opp. Dette skal ha ein minimums skåre på 4,0 i studiebarometeret
5. Auke studiepoengs produksjonen med 5%

Rektor forventar at dette vert følgd opp på dei ulike utdanningane. OKR-ane vert grunnlag for «leiingas gjennomgang» og endeleg rapport til styret i desember 2025.

Vedlegg 1: Tal for opptak

Utdanning	Studie- stad	Studie-	Studie-	Tal	Tal	Første	Første	Kvalifiserte	Kvalifiserte	Tilbod	Tilbod	Møtt	Møtt
		plassar	plassar	søkare	søkare	pri	pri	2022	2023	2022	2023	2022	2023
Total	Total	1 151	1 134	2 096	1 920	1 454	1 330	1 840	1 676	983	976	819	816
Psykisk helse- og rusarbeid	Bergen	30	30	109	68	68	38	60	35	30	22	0	17
Arborist	Hjeltnes	20	0	42	0	31	0	20	0	14	0	16	0
Lokal matkultur	Hjeltnes	30	25	23	13	19	8	18	7	16	4	12	6
Dekksoffiser	Austevoll	30	30	76	95	10	22	64	81	27	30	12	18
Dekksoffiser	Bergen	30	30	197	207	91	95	162	177	30	30	30	29
Maskinoffiser	Bergen	30	30	115	106	45	52	99	97	30	30	24	29
Boring	Bergen	40	40	60	59	33	24	44	41	27	28	20	24
Anlegg	Voss	30	30	79	76	54	42	57	63	30	30	21	26
Automatisering	Bergen	0	0	60	0	15	0	60	0	0	0	0	0
Automatisering	Bergen	40	80	155	169	73	70	145	152	43	80	37	56
Bygg	Bergen	30	30	99	111	55	64	85	101	35	34	34	36
Bygg	Bergen	80	80	137	118	84	70	123	111	80	72	64	52
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Stord	30	30	70	43	23	34	53	37	24	30	0	26
Elkraft	Bergen	30	30	149	134	82	71	143	124	30	30	27	32
Elkraft	Bergen	80	80	254	237	131	127	245	225	80	80	70	75
Prosess	Bergen	40	80	86	127	46	71	72	112	38	66	26	53
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	Bergen	40	40	105	91	58	48	94	77	40	40	35	34
Maskinteknikk	Bergen	30	30	60	67	33	29	53	58	31	30	17	17
Maskinteknikk	Bergen	40	40	103	115	47	57	98	99	46	40	37	38
Elkraft	Stord	20	0	55	0	34	0	52	0	20	0	24	0
Klassisk bygningshåndverk og restaurering	Bergen	0	20	0	30	0	20	0	22	0	15	16	12
Maskinteknikk	Stord	0	0	5	0	0	0	5	0	0	0	0	0
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvaku	Austevoll	30	30	47	32	31	18	29	23	23	18	17	9
Elkraft	Førde	30	30	101	91	52	49	100	88	33	30	29	29
Automatisering	Førde	30	30	62	43	17	8	57	40	25	13	26	9
Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	Førde	15	15	19	23	13	11	18	17	14	10	7	4
BIM - tekniker	Førde	25	30	80	81	39	36	61	56	27	27	24	24
Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	Førde	25	30	40	51	27	39	27	44	22	33	26	28
Velferdsteknologi for kommunene	Førde	0	0	29	23	10	13	29	23	0	0	0	0
Bygg	Førde	30	30	48	38	24	17	42	34	21	17	19	18
Anlegg	Førde	30	30	42	56	15	29	36	51	16	27	17	25
Klima, energi og miljø (KEM)	Førde	30	30	31	28	10	12	27	26	11	14	9	11

Maskinteknikk	Førde	29	30	36	44	15	18	32	42	21	22	19	19
Bygg	Førde	30	0	15	15	3	1	12	15	2	0	0	0
Dekksoffiser	Måløy	16	15	78	44	25	10	67	42	15	14	16	11
Maskinoffiser	Måløy	16	15	47	57	11	13	46	55	12	15	10	12
Anlegg	Førde	30	0	17	12	5	1	15	12	6	0	4	0
Maskinteknikk	Førde	0	0	11	6	4	25	11	0	0	0	0	0
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknol	Bergen	0	0	44	0	13		44	0	0	0	0	0
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknol	Bergen	40	30	65	51	22	17	38	38	19	16	11	6
Ledelse i havbruksoperasjoner	Måløy	0	0	20	23	5	6	20	23	0	0	0	0
Maskinteknikk med ISO-fag	Stord	30	0	37	0	28	0	36	0	28	0	20	0
Handverksystem – verdiskaping i mjølkeforedling	Førde	15	14	56	34	51	32	42	14	17	13	17	14
Boring (deltid over 3 år nytt 2023)	Bergen	0	0	0	60	0	19	0	60	0	0	0	0
Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten	Bergen	0	20	0	46	0	31	0	24	0	16	0	17
Psykisk helse- og rusarbeid	Førde	0	0	0	31	0	8	0	31	0	0	0	0



Studiebarometeret for fagskolestudenter

Studiebarometeret er en årlig nasjonal spørreundersøkelse om fagskolestudentenes opplevde studiekvalitet. Undersøkelsen gjennomføres av NOKUT, på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet. I denne rapporten inngår tall fra undersøkelsen som ble gjennomført i april og mai 2024.

Om rapporten

Rapporten er laget for å hjelpe institusjonene i kvalitetsarbeidet. Institusjonene får i tillegg anonymiserte rådata. Det utarbeides ikke rapporter eller vises data for program/enheter med færre enn 6 svarende. Noen få spørsmål fra undersøkelsen er ikke inkludert i rapporten. Data på alle spørsmålene vil finnes i rådataene.

Hvem inngår?

Undersøkelsen ble sendt til alle studenter som startet på studiet sitt før 1. januar 2024 på alle fagskoler i Norge. Studenter som startet på studiet sitt i 2024 fikk tilsendt undersøkelsen dersom utdanningstilbudet de gikk på var på 30 studiepoeng eller dersom fagskolen de gikk på ønsket at disse studentene skulle motta den. Undersøkelsen ble ikke sendt til studenter som det ikke var mulig å skaffe kontaktinformasjon til. Dette gjaldt kun et fåtall studenter. Undersøkelsen ble sendt til 24 832 studenter på 66 fagskoler.

Om svarprosenten

Svarprosenten som vises i denne rapporten baserer seg på alle respondenter som har startet å besvare undersøkelsen. Frafallet i skjemautfyllingen blant disse, frem til spørsmålet om overordnet tilfredshet, er på cirka 16 prosent. De aller fleste respondentene fyller ut hele eller nesten hele skjemaet.

Tema for undersøkelsen

Undersøkelsen tar for seg ulike sider av studiekvalitet. I tillegg finnes flere spørsmål om engasjement, motivasjon og tidsbruk. Studentene blir bedt om å svare med utgangspunkt i det utdanningstilbudet de er student ved når de mottar spørreskjemaet. I år er det også inkludert en rekke spørsmål som omhandler koronapandemien, blant annet i hvilken grad fysisk undervisning er erstattet med nettundervisning, og hvordan denne undervisningen har fungert, og hvordan pandemien har påvirket studentenes studiehverdag. I utgangspunktet får alle studentene de samme spørsmålene, uavhengig av type studium, men med noen få unntak. Det er for eksempel variasjon i hvilke spørsmål studentene får om fysisk læringsmiljø og infrastruktur, avhengig av om studiet de går på er nett-, samlings- eller campusbasert. De to siste spørsmålene under temaet «relevans for arbeidslivet» blir kun besvart av studenter på utdanningstilbud innenfor kreative fag. Spørsmålene i spørreskjemaet er utviklet med utgangspunkt i erfaringer fra Studiebarometeret for studenter på høyskolene og universitetene. I tillegg har vi mottatt innspill fra fagskolene, og en referansegruppe for undersøkelsen bestående av representanter for fagskolene, ONF, KD og NIFU. Vi bruker primært en 5-delt Likert-skala, der 5 er mest fornøyd / mest enig.

HOVEDOMRÅDER

I denne rapporten presenteres resultatene fra Studiebarometeret for fagskolestudenter 2024. Resultatene presenteres tematisk, slik det fremgår av overskriften øverst på hver side. Informasjon om antall respondenter i undersøkelsen og svarprosent finnes på forsiden av rapporten.

Rapporten oppsummerer resultatene av undersøkelsens hovedområder. Indikatorene er beregnet ved å legge sammen vurderingen av alle enkeltspørsmålene innenfor hvert tema, og er gjennomsnittsverdier.



TOPP OG BUNN

På side 4 vises de fem spørsmålene som skårer høyest og lavest i undersøkelsen. Grønt indikerer de mest positive resultatene, mens rødt indikerer de mest negative.




RESULTATOVERSIKT


Hoveddelen av rapporten består av resultater på enkeltspørsmål. Øverst på hver side vises hvilket hovedområde spørsmålene tilhører. Resultatene blir presentert grafisk som frekvenser (dvs. svarfordeling).

Positive svar er markert med grønne farger, mens negative svar er markert med rødt/oransje. Svaralternativet «Vet ikke» er ikke inkludert i svarfordelingen, men denne andelen vises til høyre for figuren. Til høyre i figurene vises sammenlikninger med fjorårets resultater og nasjonale resultater.

På siste side av institusjonsrapporten vises utvalgte spørsmål fordelt på utdanningstilbudene.




Enkeltspørsmålene i undersøkelsen er gruppert i hovedområder. Hvert hovedområde består av flere enkeltspørsmål innenfor et overordnet tema.



I 2024 er det et nytt spørsmål i hovedområdet «undervisning» som gjør at sammenlikningen med 2023 kan bli påvirket. Nasjonalt er snittverdien på spørsmålet nesten lik snittverdien på hovedområdet så i de aller fleste tilfeller vil ikke dette spørsmålet påvirke sammenlikningen i tid vesentlig.»


Nedenfor vises de fem enkeltspørsmålene som blir vurdert høyest og lavest av studentene. Spørsmålene kan være en indikasjon på styrker og utfordringer.




Nedenfor vises de fem enkeltspørsmålene som avviker mest positivt og mest negativt sammenlignet med resultatet fra 2023. Hvis det vises færre enn fem søyler skyldes dette at det er færre enn fem spørsmål som avviker positivt/negativt.




Nedenfor vises de fem enkeltspørsmålene som avviker mest positivt og mest negativt sammenlignet med det nasjonale gjennomsnittet. Hvis det vises færre enn fem søyler skyldes dette at det er færre enn fem spørsmål som avviker positivt/negativt.




I hvilken grad opplevde/opplever du at:




Hvor enig er du i følgende påstander:




Hvor tilfreds er du med:




Hvor enig er du i følgende påstander:




Hvor tilfreds er du med:



Hvor tilfreds er du med:




Hvilke av de følgende formene for bidrag fra arbeidslivsrepresentanter har du opplevd på utdanningen din? (Flere svar mulig)




Sammenligningen i høyre kolonne er vist som prosentpoeng.


Hvor enig er du i følgende påstander:




I hvilken grad mener du at eksamen, innleveringer og andre vurderingsformer hittil i studiet ditt:




I hvilken grad er du enig i de følgende påstandene:




Hvor enig er du i følgende påstand:




I hvilken grad brukes disse undervisnings- og arbeidsformene i studieprogrammet ditt?




I hvilken grad brukes disse undervisnings- og arbeidsformene i studieprogrammet ditt?



I hvilken grad opplever du følgende:




I hvilken grad benytter du deg av kunstig intelligens (KI) i studiearbeidet ditt?



Sammenligningen i høyre kolonne er vist som prosentpoeng.


Hva bruker du KI til? Flere svar mulig.

Studentene som svarte at de ikke brukte KI på forrige spørsmål har ikke mottatt dette spørsmålet




Sammenligningen i høyre kolonne er vist som prosentpoeng.

Her ba vi studentene fordele sin totale studieinnsats. De ble bedt om å anslå hvor mange timer per uke de i gjennomsnitt på studiet (ikke medregnet ferier) brukte på:



Gjennomsnittsverdiene på tidsbruk angis over. Tallene er gruppert i figuren under. I spørreskjemaet var det ikke mulig for studentene å skrive inn flere enn 80 timer for faglige aktiviteter eller flere enn 80 timer for betalt arbeid.



Saksnr: 2022/486-193**Saksbehandlar:** Torbjørn Mjelstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 10/25	07.03.2025

Funksjonar ved Fagskulen Vestland

Forslag til vedtak

1. Fagskulen Vestland skal ha følgjande funksjonar:

- Studentkontaktlærer/Klassekoordinator
- Fagkoordinator
- E-pedagog
- Verkstadansvarleg
- Teamleiar
- Rådgjevar

2. Det skal utarbeidast nye funksjonsbeskrivingar for studentkontaktlærer, fagkoordinator og E-pedagog.

3. Funksjonane skal ha ei virketid på to år.

Samandrag

Rektor etablerte hausten 2025 ein arbeidsgruppe som skulle sjå på kva funksjonar ein treng ved Fagskulen Vestland. Det har vorte gjennomført seks møte i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa er einig i at det er trong for funksjonar ved Fagskulen Vestland. Dette for å stette studentane sitt læringsutbytte samt å avlaste oppgåver frå utdanningsleiar. Det leggjast vekt på at profesjonsfellesskapet, saman med arbeidsgivar finn fram til kva funksjonar ei utdanning treng og kva innhald desse skal ha. Dette for å skape eit felles eigarskap til funksjonane basert på kvalitet i produkta vi leverer til studentane.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med forhandlingar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane, vart det bestemt at fagskulen skulle vedta kva funksjonar fagskulen treng. Rektor ønsket at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe med mandat om utgreiing av funksjonar og at styret får lagt fram ei sak til handsaming i januar 2025.

Arbeidsgruppa har hatt seks møter, fire i 2024 og to i 2025. Møta har vært gjennomført på teams. Arbeidsgruppa har hatt følgjande medlemmar: Sjur Inge Veim- Utdanningsforbundet, Ingvald Byrknes- NITO, Geir Magne Haugland- Tekna, Jytte Eikenes Utdanningsleiar Bygg Førde , Andrid Solås, Utdanningsleiar Grøne og Gastronomiske fag Hjeltnes, Jaap Hofmeester Utdanningsleiar Petroleum og Maritim Nygård. Gruppa har vore leia av Rektor.

Arbeidet har vert krevjande og det har ikkje vore einigheit i gruppa. Særleg punktet om Studentkontaktlærer eller klassekoordinator har vært vanskeleg å einast om. Denne funksjonen heng att frå grunnutdanninga der den er omtala som kontaktlærer. Fagskulen Vestland vil vere ein av få Fagskular i landet som beheld denne funksjonen.

Fagskulen Vestland har vore til gjennom fleire samanslåingar og har vore prega av at ting som har vore forskjellig mhp arbeidstidsordningar og funksjonar har vorte forsøkt harmonisert med vekslande hell. Det har som tidlegare nemnt ført til at Fagskulen har vorte vesentleg dyrare å drive dei seinare åra. Arbeidsgjevar har ikkje lukkast med å etablere ein økonomisk berekraftig arbeidstidsavtale. Arbeidstakarsida har eit ønskje om at ting skal vere likt ved Fagskulen Vestland noko som igjen går utover særpreget Fagskulen må ha for å overleve i ein meir og meir konkurranseprega utdanningsmarknad. Fagskulen står langt unna grunnutdanning si tydeleg regulering frå utdanningsmyndigheitene og utdanningane til Fagskulen må tilpassast dei ulike lokale tilhøve og bransjar dei arbeider med. Fagskulen sine funksjonar kan ikkje speglast i grunnutdanninga. I 2016 kom stortingsmeldinga «fagfolk for framtida» som kan sjåast på som eit tydeleg grep på å forlate ein tradisjon prega av hopehavet med grunnutdanninga. I 2025 kjem det ein ny stortingsmelding som vil forsterke desse grepa. Dette gjer at vi i fellesskap må tenkje annleis kordan vi leverer utdanningar i framtida.

Kva er ein funksjon og kva har vi ved Fagskulen Vestland i dag?

Det som best beskriv ein funksjon er at den har midlertidig karakter, det er noko som kjem i tillegg til eksisterande arbeid, og kan innebere ekstra ansvar. Vi kan skilje mellom eit kronebeløp som skal kompensere for auka ansvar, mens ein ressurs i form av tid gjer uttrykk for kompensasjon for den meirtida ein nyttar til funksjonen. Varigheita kan variere frå funksjon til funksjon. Ved Fagskulen Vestland er det i dag følgjande funksjonar(i 24/25 har vi unntak frå dette):

Klassekoordinator - 22 000 kr og 4,69 % tidsressurs (2,5% i Førde lokal forhandling før samanslåinga) I tråd med kontaktlærer i VLFK. (Koordinering, informasjon, sikre gode læringsmiljø i klassane td gjennomføre klassens time). Om lag fem årsverk og 1,6 millionar i kronebeløp.

Fagkoordinator - 10% tidsressurs (revidering av studieplanar, oppdaterte framdriftsplanar, kontakt med arbeidslivet vere deltakar i lokale fagråd). Om lag to stillingar.

Teamleiar maritimt - 10% tidsressurs og 10 000 kr (Krav til høgaste sertifikat i tråd med STCW konvensjon, revidere studieplanar, oppdatere framdriftsplanar, kontakt med arbeidslivet, vere deltakar i lokale fagråd) om lag 0,5 stilling.

Fagleg ansvarleg - 30 000 kr (vere fagleg ansvarleg i forhold til krav i NOKUT, revidering av studieplanar, oppdatere framdriftsplanar, kontakt med arbeidslivet og deltakar i lokale fagråd).

E pedagog - 20% tidsressurs (vere ein ressurs for utvikling av nye metodar knytt til digital undervisning, vere oppdatert på KI, vere støtte i bruk av ulike programvare knytt til digital undervisning teams, one note, VIS, Wiseflow med meir).

Verkstadsansvarleg - 10 000 kr (Ansvar for labar og simulatorar).

Rådgjever - 28 000 kr (Sikre at studentane sine rettigheitar knytt til tilrettelegging av prøver og eksamen, vere bindeledd mellom student og utdanningsleiar i høve til utfordringar i læringsmiljø med meir).

Samla sett nyttar Fagskulen Vestland om lag 1,8 millionar på desse funksjonane. I tall stillingar vert det brukt om lag 5,5 stillingar. I tillegg er Fagskulen Vestland omfatta av Vestland fylkeskommune sine avtalar om hovudverneombod (10 000 kr) og frikjøp av lokale arbeidsplassstillitsvalde.

Andre fagskular

Fagskulen Vestland har vore i kontakt med nokon fagskular, for å høyre korleis dette vert praktisert. Dette er vanskeleg å samanlikne direkte for fagskulane er ulikt bygga opp kring administrasjonsressursar.

Fagskulen i Viken, har avvikla klassekoordinator for fleire år sidan. Dei brukar om lag to millionar på ulike funksjonar ved denne skulen. Ulik bruk avhengig av storleik og utdanning.

Fagskulen i Rogaland, har avvikla klassekoordinatorar, men brukar ressursar på fagkoordinator funksjonen. Fagkoordinatoren har tatt ein del av oppgåvene frå tidlegare klassekoordinatorer. Ulik bruk avhengig av storleik og utdanning.

Trøndelag høgare yrkesfagskule, har avvikla klassekoordinator. Dei brukar fagkoordinator som får tid frå utviklingstida avhengig av storleik og utdanning.

Forslag frå arbeidsgruppa

Det er einigheit i arbeidsgruppa at Fagskulen Vestland har trong for funksjonar som bidreg til å avhjelpe utdanningsleiarane og sikre ein god studiekvardag for studentane. Funksjonane slik dei ligg i dag praktiserast ulikt og det er ulik trong for funksjonane ved ei ulike avdelingane. Utdanningane har dei same leiarressursane, (unntaket er Austevoll der vi nyttar 50% leiarressurs) noko som gjer at behovet for å avhjelpa utdanningsleiarar vil variere. Det er likevel slik at noko støtte vil vere naudsynt. Dei tillitsvalde i arbeidsgruppa er tydeleg i behovet om å behalde klassekoordinator funksjonen, slik den ligg føre i dagens avtaleverk for grunnutdanninga i Vestland Fylkeskommune. Dei peikar også på E-pedagog funksjonen som ein viktig funksjon.

Ein treng på utdanningane støttespelarar som sikrar god kommunikasjon både til studentane og tilsette, individuell oppfølging av studentane, praktisk tilrettelegging og eit inkluderande læringsmiljø. Fagskulen Vestland ønskjer å fortsette å tilby eit trygt og læringsfremjande miljø som hjelper studentane til å lukkast både fagleg og personleg.

Det vil også vere behov for fagleg utvikling og støtte på utdanningane, dette vil gjelde mellom anna områdar innan kunstig intelligens og utvikling av digitale undervisningsopplegg. Vidare vil også revidering av studieplanar, samhandling med arbeidslivet og sikre at utdanningane har stor grad av arbeidslivsrelevans vere aktuelt. Vidare vil også nokon av utdanningane vere avhengig av funksjon knytt til ytre krav frå td Sjøfartsdirektoratet. Alle desse forholda må ivaretakast på ein god måte.

Arbeidsgruppa er oppteken av at fagmiljøa saman med arbeidsgjever finn fram til dei løysningane som er best for deira utdanningar, for deira studentgruppe og for deira arbeidsliv.

Fagskulen Vestland er samansett av ulike utdanningar, ulike kulturar og ulik storleik. Arbeidsgruppa meiner at autonomi i fagmiljøa er viktig for vidare utvikling av nye utdanningar, tilpassingar av utdanningar til eit raskt skiftande arbeidsliv, sikre Fagskulen naudsynt økonomisk berekraft, konkurransekraft og styrke profesjonsfellesskapet.

Utdanningsleiarane saman med sitt fagmiljø får i oppdrag å sikre at både dei faglege og administrative rollane vert ivareteken, slik at utdanningane framleis held ein høg kvalitet, sikrar eit godt omdømme, og at studentane vert godt ivareteken både fagleg og menneskeleg.

Arbeidsgruppa vil foreslå følgjande funksjonar ved Fagskulen Vestland:

Studentkontaktlærer/klassekoordinator for grupper over 25 studentar.

Alle studentar skal så langt som mogeleg ha ein klassekoordinator/studentkontaktlærer som skal hjelpe studentane i deira læringsarbeid.

Ein klassekoordinator/studentkontaktlærer skal ikkje ha ansvar for meir enn 50 studentar.

Arbeidsgruppa forslår følgjande arbeidsoppgåver som bør inngå i denne funksjonen :

1. Sørge for godt arbeids og læringsmiljø i gruppene
2. Evaluere samlingsveker og framdrift mellom samlingar. Det skal utarbeidast ein enkel questback til dette.
3. Holde klasselærarmøte og sikre god framdrift i gruppene.
4. Det skal leggjast lokale arbeidsoppgåver til funksjonen. Dette gjerast i tett samhandling med profesjonsfelleskapet ute på utdanningane.

E-pedagog.

Fagskulen Vestland har etter kvart mange studiar som er samlingsbaserte og som stiller høge krav til digitale ferdigheitar hos den enkelte lærar. For å stette dette viktige arbeidet er det naudsynt at nokre personar tar på seg rolla som e-pedagog. Arbeidsgruppa forslår at det vert seks slike e-pedagogar fordelt på dei ulike studiestadane.

Det vert foreslått følgjande modell:

- Studiestad Måløy og Førde- to personar
- Studiestad Stord/Hjeltnes/Voss/Nordnes- tre personar
- Studiestad Nygård og Austevoll- ein person

Arbeidsgruppa foreslår følgjande arbeidsoppgåver mellom anna vert lagt til dette:

- Vere kontaktpunkt mellom administrasjonen og det pedagogiske personalet i samband med digital undervisning, digitalt utstyr med meir.
- Utvikle digitale undervisnings og opplærings metodar.
- Vere skulen sine beste på KI.
- Sikre god implementering av nye program, Wiseflow, Its learning og teams og nye program som kjem.

Teamansvarleg maritime fag.

Dei maritime faga har nokre særskilte behov knytt til teamleiarfunksjon. Utdanningane er sertifikatgjevande og har krav knytt til internasjonale forpliktingar.

Arbeidsgruppa foreslår å vidareføre denne funksjonen som den ligg i dag.

Verkstadsansvarleg og Rådgjevar

Arbeidsgruppa er samd i at funksjonane verkstadsansvarleg og rådgjevar vart beholdt slik som i dag. Fagskulen Vestland har mykje utstyr som simulatorar og labar. Dette er kostbare investeringar som treng tilsyn. Arbeidsgruppa foreslår å behalde desse funksjonane som dei ligg i dag.

Fagkoordinator – Teknisk, Helse og Grøne utdanningar

Våren 2025 vert stortingsmeldinga om fagskulesektoren lagt frem. Utviklinga i sektoren kjem til å ta nye steg. Fagskulane vil kunne få anledning til å tilby utdanningar på nivå seks og sju i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Det vil kunne komme endringar i finansieringsmodell som gjer at fagskulane vert meir lik resten av universitet og høgskulesektor. I dag er sektoren finansiert med 20% resultatbasert tilskot. Det er grunn til å tro at denne delen vert auka. I tillegg er det allereie lovfesta at fagskulane skal få mogelegheit til å verte institusjonsakkreditert. Det er arbeidsgruppa sitt syn at vi må vere forberedt på desse endringane, som vil stille strengare krav til kvalitet, tydelegere fokus på utviklingsarbeid og meir samarbeid med arbeidslivet. Det er viktig at vi strykar

dette arbeidet og sikrar at Fagskulen Vestland skal vere den foretrekne tilbydar av kompetanse til arbeidslivet i Vestland.

Arbeidsgruppa foreslår at det nyttast omgrepet fagkoordinator om denne funksjonen. Utdanningane vel i utgangspunktet sjølv korleis dei ønskjer å innrette denne funksjonen. Dette skal gjerast i samarbeid med dei ulike fagmiljøa. Det er arbeidsgruppa sitt syn at dette vil styrke profesjonsfellesskapet og sette utdanningane i stand til å utvikle seg i tråd med det arbeidslivet har behov for av utdanningar. Og sikre at Fagskulen Vestland har ein føreseieleg arbeidskvardag for sine tilsette.

Arbeidsgruppa vil foreslå at følgjande arbeidsoppgåver vert lagt til denne funksjonen:

1. Ansvarleg for revidering av studieplanar for sitt område og kontaktpunkt for administrasjonen.
2. Vere skulens kontakt punkt mot arbeidslivet, delta i fagråd med mer
3. Vere kontaktpunkt for EVU og den avdelinga sitt behov for samhandling
4. Utdanningane sett inn lokale arbeidsoppgåver, dette gjerast i fellesskap i profesjonsfellesskapet ute på utdanningane.

Ein lokal tilpassa modell

Det har ikkje vore einigheit i arbeidsgruppa når det gjeld forholdet mellom ein desentral og fleksibel modell og universelle ordningar. For arbeidstakarane har dei universelle ordningane knytt til funksjonen klassekoordinator vert viktig. Utdanningsleiarar har på deira side peika på meir fleksibilitet og moglegheiter for lokale tilpassingar, og erfarer at funksjonen klassekoordinator blir for vag og uklår. Det er einigheit om at det må definerast klårare kva forventningar som ligg til rolla. Rektor forventar at dette skal skje ute på utdanningane. Det vert forslått å endre namn på funksjonen frå klassekoordinator til studentkontaktlærer.

Dette arbeidet vert satt i gong når kva funksjonar fagskulen skal ha og kva godtgjersle som vart forhandla fram på sentralt nivå i fylkeskommunen er ferdig. Dette skal vere på plass til skulestart 25/26.

Vedtakskompetanse

Gjennom forhandlingane med arbeidstidsavtalen vart det bestemt at styret for Fagskulen Vestland skulle ta stilling til kva funksjonar skulen skal ha før det vert forhandla om godtgjersle. Styret er ansvarleg for kvalitet i utdanninga jfr § 9 i fagskolelova. Funksjonar skal stette kvalitetsarbeidet. Godtgjersle skal forhandlast i HR linja.

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at følgjande funksjonar vert teken i bruk ved Fagskulen Vestland, Studentkontaktlærer, Fagkoordinator, E-Pedagog, Verkstadsansvarleg, teamleiar og rådgjevar. Rektor vil også tilrå at det vert utarbeida nye funksjonsbeskrivingar for studentkontaktlærer, fagkoordinator og e-pedagog. Tilrådinga er vidare at funksjonane skal ha ein virketid på to år.